

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 123



JORDBRUKSTELJINGA I NOREG

20. JUNI 1959

FEMTE HEFTE

Census of Agriculture June 20, 1959

Fifth Volume

STATISTISK SENTRALBYRA
OSLO 1963

Noregs offisielle statistikk, rekkje XII

Norway's Official Statistics, series XII

Rekkje XII

Prenta 1963

- Nr. 96 Økonomisk utsyn over året 1962 *Economic survey*
- 97 Folkemengdens bevegelse 1960 *Vital statistics and migration statistics*
- 98 Syketrygden 1960 *Health insurance*
- 99 Sinnssykehusenes virksomhet 1960 *Hospitals for mental disease*
- 100 Samferdselsstatistikk 1961 II *Transport and communication statistics II*
- 101 Norges postverk 1962 *Statistique postale*
- 102 Skogavvirking 1958—59 til 1960—61 *Roundwood cut*
- 103 Kreditmarkedstatistikk 1961 *Credit market statistics*
- 104 Meieribruket i Noreg 1961 *Norway's dairy industry*
- 105 Elektrisitetstatistikk 1961 *Electricity statistics*
- 106 Utenrikshandel 1962 I *External trade I*
- 107 Statistisk årbok 1963 *Statistical yearbook of Norway*
- 108 Folketelling 1960 I Folkemengde og areal etter administrative inndelinger Tettbygde strøk i herredene Beboede øyer *Population census I Population and area by administrative divisions Densely populated areas in rural municipalities Inhabited islands*
- 109 Forsikringsselskaper 1961 *Sociétés d'assurances*
- 110 Lønnsstatistikk 1962 *Wage statistics*
- 111 Fiskeritelling 1. november 1960 II Fiskeflåten *Fishery census II The fishing fleet*
- 112 Folkemengdens bevegelse 1961 *Vital statistics and migration statistics*
- 113 Ulykkestrygden for sjømenn 1959 Ulykkestrygden for fiskere 1959 *Accident insurance for seamen Accident insurance for fishermen*
- 114 Syketrygden 1961 *National health insurance*
- 115 Utenrikshandel 1962 II *External trade II*
- 116 Fiskeristatistikk 1961 *Fishery statistics*
- 117 Folketelling 1960 II Folkemengden etter kjønn, alder og ekteskapelig status *Population census II Population by sex, age and marital status*
- 118 Jordbruksstatistikk 1962 *Agricultural statistics*
- 119 Alkoholstatistikk 1962 *Alcohol statistics*
- 120 Telegrafverket 1962 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
- 121 Industristatistikk 1961 *Industrial statistics*
- 122 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1961 *Medical statistical report*
- 123 Jordbrukssteljinga i Noreg 20. juni 1959 V Oversyn *Census of agriculture V General survey*

Rettingar til hefta frá Jordbruksteljinga 1959

Første Side 294. Vestfold, rubr.10. I kl. 0 står 5, skal stå -
hefte: " 294. " " 10. " " 1 " -, " " 5

Andre Side 133. Oslo, rubr.39. I kl. 6 står -, skal stå 1
hefte: " 137. Oppland, " 39. " " 10 " 386, " " 368
" 226 og 228. Østfold. Kommunenr. skal rykkjast ei line ned

Tredje Side 89. Rennebu, rubr. 9. Står 30, skal stå 69
hefte: " 89. " " 10. " 15, " " 37
" 89. Klæbu, " 9. " 69, " " 30
" 89. " " 10. " 37, " " 15

Fjerde Side 137. Line 3 ovanfrå, rubr. 13. Står 80 979, skal stå 689 569
hefte: " 137. " 7 " " 13. " 1 323 889, " " 1 932 479
" 137. " 12 " " 13. " 689 569, " " 80 979
" 137. " 18 " " 13. " 1 755 979, " " 1 147 389

Femte Side 170. I line 15 ovanfrå er vist til side 104, skal vera side 154.
hefte:

Frå Jordbruksteljinga 1959 føreligg frå før:

- Første hefte. Areal, husdyrhald m. m. N.O.S. XII 40
- Andre » Maskinar og reiskapar m. m. N.O.S. XII 53
- Tredje » Eige- og leigetilhøve, arbeidskraft m. m. ved bruk med over 5 dekar jordbruksareal N.O.S. XII 79
- Fjerde » Dei naturlege jordbruksområda N.O.S. XII 88

Frå Jordbruksteljinga 1949 føreligg desse publikasjonane:

- Første hefte. Arealet, husdyrholdet m. v. N.O.S. XI 40
- Annet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. N.O.S. XI 71
- Tredje » De naturlige jordbruksområder N.O.S. XI 87
- Fjerde » Oversikt N.O.S. XI 103

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det særskilde fullstendige jordbruksteljingar.

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 123



JORDBRUKSTELJINGA I NOREG

20. JUNI 1959

FEMTE HEFTE

OVERSYN

Census of Agriculture June 20, 1959

Fifth Volume

General Survey

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY

OSLO 1963

Føreord

Resultata frå Jordbruksteljinga 1959 er tidlegare trykt i fire tabellhefte. Dette heftet gjev eit oversyn over teljinga og teljingsresultata. Det er i stor mon gjort samanlikningar med resultata frå eldre teljingar, slik at ein kan fylgja utviklinga over eit lengre tidsrom.

Det er dessutan teke med ein del oppgåver som ikkje direkte skriv seg frå teljinga. Det gjeld t.d. oppgåver over avlingane i jord- og hagebruk, husdyrproduksjonen, prisar m. m.

Arbeidet med oversynet har i første hand vore gjort av konsulent Sigurd Lianes.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 17. april 1963.

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

Preface

The results of the Census of agriculture 1959 have been published in tabular form in four volumes.

The present volume contains a general survey of the census results. An analysis of trends during a longer period has been made on the basis of comparisons with the results of previous censuses.

This volume also gives certain data which do not refer directly to the 1959 census. This applies to the data on crop yield in agriculture and horticulture and the data on livestock production, prices etc.

The main parts of the general survey have been written by Mr. Sigurd Lianes.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 17 April 1963.

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

Innhald

Oversyn.	Side
Oversyn over jordbruksstatistikken frå Byrået	9
Planlegging og gjennomføring av Jordbruksteljinga 1959	12
Kvaliteten av oppgåvene og jamføring med andre teljingar	18
Samla areal og fordelinga av det	20
Brukstal, eige- og leigetilhøve, arbeidskraft m. m.	23
Talet på brukseiningar og fordelinga av dei	23
Bureisingsbruk	31
Bruk som sidan 1949 er blitt borte som sjølvstendige brukseiningar over 5 dekar og jordbruksareal som i tida 1949—1959 har gått til andre føremål	33
Eige- og leigetilhøve	44
Folkemengda i landet fordelt på næringar	48
Folkemengda på bruk med over 5 dekar jordbruksareal	51
Yrkestilhøva ved bruk med over 5 dekar jordbruksareal	55
Arbeidsstyrken	64
Menn	65
Kvinner	70
Arbeid av born under 15 år	75
Fagutdanning	77
Jord- og hagebruk	80
Heile arealet ved dei brukseiningar som er med i teljinga	80
Jordbruksarealet og fordelinga av det	82
Talet på bruk som dyrka dei ymse vokstrar	91
Korn og erter til mogning	94
Grønfør	100
Potet	101
Rotvokstrar og fôrmergkål	103
Grønsaker på friland	105
Jordbær og bringebær	109
Bærbuskar	109
Frukttre	110
Planteskular	119
Plantedyrking under glas	119
Eng til slått	123
Kulturbeite	125
Unytta eng	127
Areal tilsådd med engfrø	127
Produktiv skog	127
Anna areal	130
Areal skikka til oppdyrking	130
Nydyrking	132
Grøfthing	133
Kalking	134
Seterbruk	135
Beitetilhøve og beitetid	137
Avling	141
Jordbruket	141
Hagebruket	149
Frøavl	151

Husdyrhald	152
Talet på husdyr og korleis dei fordeler seg	152
Hestar	162
Storfe	164
Sauer	167
Geiter	169
Svin	170
Fjørfe	172
Kaninar	174
Bier	175
Pelsdyr	175
Medels slaktevekt pr. dyr	177
Husdyrproduksjonen	178
Kjøtt og fleisk	179
Mjølkk	182
Egg	188
Samla husdyrproduksjon	189
Maskinar og reiskapar, bygningar, driftsanlegg m. m.	196
Maskinar og reiskapar	196
Talet på brukseiningar som har, låner eller leiger ymse maskinar og reiskapar	199
Traktortimar på bruka	202
Driftsbygningar	204
Grunnflate og alder	204
Behov for nybygg, større tilbygg eller hovudreparasjon	205
Gjødseloppsamling	207
Automatiske drikkekar	207
Låveheis og tørkeanlegg	208
Halmluting	208
Siloar og silofôr	210
Lagerrom for poteter, grønnsaker m. m.	212
Vatningsanlegg	213
Køyreveg	214
Våningshus	219
Bruka etter talet på våningshus	219
Alder	219
Behov for nybygg, større tilbygg eller hovudreparasjon	221
Bad, vaskemaskin og andre hjelpemiddel	221
Utgifter til kjøp av driftsmiddel, sal av landbruksprodukt, prisar m. m.	224
Utgifter til kjøp av kraftfôr, kunstgjødsel o. a. driftsmiddel	224
Sal av landbruksprodukt	232
Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel	238
Totalrekneskapen for jordbruket	246
Produksjon og forbruk	248
Produksjonen fordelt på mat, fôr m. v.	248
Produksjon, eksport, import og forbruk av førmiddel	249
Produksjon, eksport, import og forbruk av matvarer	252
Samandrag	256
Samandrag på engelsk	261

Standardteikn

..	Oppgave vantar
.	Logisk umogleg
—	Null
0	} Mindre enn ½ av eininga
0,0	

Contents

General survey.	Page
Survey of agricultural statistics	9
Planning and realization of the Census of agriculture 1959	12
Quality of the statistics and comparison with previous censuses	18
Land area by utilization	20
Number of holdings, ownership and tenancy, labour force, etc.	23
Number of holdings by counties, agricultural regions and size of holdings ..	23
Holdings established with the aid of government grants	31
Holdings which have ceased to exist as separate holdings with more than 5 decares agricultural land 1949—1959, and agricultural land transferred to non-agricultural use in the same period	33
Ownership and tenancy	44
Resident population by industry	48
Number of persons on holdings with more than 5 decares agricultural land	51
Farm operators on holdings with more than 5 decares agricultural land, by occupational status	55
Labour force on holdings with more than 5 decares agricultural land	64
Vocational training	77
Land utilization on holdings, crop yield, etc.	80
Total area on holdings by utilization	80
Agricultural land by utilization	82
Number of holdings growing various kinds of crops	91
Grain and dry peas	94
Grain cut green for fodder	100
Potatoes	101
Root crops and fodder kale	103
Outdoor vegetables	105
Strawberries and raspberries	109
Bacciferous shrubs	109
Fruit trees	110
Nurseries	119
Plant-growing under glass.....	119
Meadows for hay	123
Pastures	125
Meadows not in use	127
Area sown with meadowseed	127
Productive forest	127
Other land	130
Cultivable, but not cultivated land	130
Land put into cultivation	132
Ditching	133
Liming	134
Mountain dairy farming	135
Grazing	137
Crop yield	141
Agriculture	141
Horticulture	149
Seed crops	151
Livestock and livestock production	152

Livestock by geographical area and by size of holdings. Holdings by number of animals	152
Horses	162
Cattle	164
Sheep	167
Goats	169
Pigs	170
Poultry	172
Rabbits	174
Bees	175
Furbearing animals	175
Average carcass weight per animal	177
Livestock production	178
Meat and pork	179
Milk	182
Eggs	188
Total livestock production	189
Machines and implements, buildings and installations	196
Machines and implements	196
Number of holdings by ownership and by use of various kinds of machines and implements	199
Hours of work performed by tractors on the holdings	202
Farm buildings (other than dwelling houses)	204
Ground area and age	204
Need of new buildings, major extensions or substantial repairs	205
Manure storage	207
Automatic drinking vessels	207
Barn elevators, grain- and hay driers	208
Straw lyeing	208
Silos and silage	210
Storerrooms for potatoes and vegetables	212
Irrigation	213
Trafficable roads	214
Dwelling houses	219
Holdings by number of dwelling houses	219
Age	219
Need of new buildings, major extensions or substantial repairs	221
Bathrooms, washing machines and other equipment	221
Expenditure in 1958 on purchase of means of production, sale of agricultural products, prices, etc.	224
Expenditure on purchase of concentrated feeds, commercial fertilizers, etc.	224
Sale of various products from the holdings	232
Prices on agricultural products and means of production	238
Aggregate account of agriculture	246
Production and consumption	248
Production by utilization	248
Production, export, import and consumption of feeding stuffs	249
Production, export, import and consumption of food	252
Summary	256
English summary	261

Explanation of Symbols

..	Data not available
.	Category not applicable
—	Nil
0	} Less than half of unit employed
0,0	

Oversyn

Oversyn over jordbruksstatistikken frå Byrået.

I grove trekk kan jordbruksstatistikken frå Byrået grupperast slik:

1. Fullstendige jordbruksteljingar
2. Årlege representative jordbruksteljingar
3. Annan årleg statistikk
4. Spesialteljingar.

Fullstendige jordbruksteljingar. Jordbruksteljinga 1959 er den sjette i rekkja av særskilde fullstendige jordbruksteljingar. Den første vart halden 30. september 1907 og den andre 1. januar 1918. Ved dei seinare teljingar, 1929, 1939, 1949 og 1959, har teljingsdatoen vore 20. juni.

Tidlegare vart jordbruksteljingane haldne saman med folketeljingane, i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900.

Etter at ein fekk dei fullstendige jordbruksteljingane, har desse vore det sentrale i vår jordbruksstatistikk. Stort sett gjev desse teljingane grunnlaget for all annan jordbruksstatistikk innan Byrået.

Teljingane i 1835—1855 gav vesentleg oppgåver over utsæde og husdyrhald, men etter kvart vart jordbruksteljingane meir vidtfermende og med meir detaljerte oppgåver.

Teljingane vart utvida mykje då ein i 1907 gjekk over til særskilde jordbruksteljingar. Utviklinga innan jordbruket og krava om meir og betre statistikk har ført til at stadig nye område har kome med ved teljingane. Samstundes har ein del teljingsobjekt falle bort. Mellom anna på grunn av omsynet til kontinuitet i statistikken, er det likevel lite som er sløyfa i høve til nye objekt som har kome med.

Årlege representative jordbruksteljingar. Dei fullstendige jordbruksteljingane har stort sett vore haldne med 10 års mellomrom. Dette tidsrommet er for stort dersom ein til ei kvar tid skal ha eit brukande oversyn over jordbruket. Det er difor bruk for supplerande oppgåver for tida mellom dei fullstendige teljingane.

Tidlegare fekk ein slike opplysningar gjennom femårsmeldingane frå amt-mennene, men dette vart etter kvart for lite. Ymse sider av jordbruksnæringa viser så sterke variasjonar frå år til år at teljing årleg eller oftare er nødvendig.

I tidsrommet 1923—1928 var det årlege representative teljingar pr. 20. juni for areal og husdyrhald. I 1929 kom så ei fullstendig jordbruksteljing. I åra 1930—1938 var det atter årlege representative teljingar, medan det kom ny fullstendig teljing i 1939.

På grunn av krigen var det ikkje representativ teljing i 1940. For å få grunnlag for avlingsstatistikken vart det frå jordstyra henta inn oppgåver, gjevne etter skjøn, over endringane i arealet til dei ymse vokstrar.

I 1941 heldt Forsyningsdepartementet ei fullstendig husdyrteljing 15. april. Seinare på sommaren vart det, etter vedtak frå Landbruksdepartementet, halde ei arealteljing ved alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Tilsvarende teljingar var det også i 1942, 1943 og 1944. Arealteljingane for desse åra galdt alle bruk utan omsyn til storleik. Husdyrteljingane i 1943 og 1944 vart haldne 1. april. Arbeidet med alle desse teljingane vart gjort i Byrået. Resultata frå teljingane er tekne inn i publikasjonen «Jordbruksstatistikk 1939—1944».

I 1945 vart det halde arealteljing og husdyrteljing kvar for seg på same måte som åra før.

I 1946 gjekk ein atter over til årlege representative jordbruksteljingar pr. 20. juni og heldt fram med det til den fullstendige teljinga kom i 1949. Deretter var det representative teljingar i åra 1950—1958. Etter den fullstendige teljinga i 1959 har dei representative teljingane halde fram.

Frå og med 1950 har det i samband med dei representative jordbruksteljingane vore halde spesialundersøkingar av ymse slag.

Dei årlege representative teljingane har siste fullstendige teljing som utgangspunkt. Opplegget av teljingane og utvalet av teljingsbruk blir difor teke opp på ny etter kvar fullstendig teljing. Ved planlegginga har ein då teke omsyn til nye krav og til dei røynsler ein har frå tidlegare.

Når det gjeld emnevalet, teljingsobjekta, har dette stort sett vore det same frå år til år. Det er først og fremst arealfordelinga og husdyrhaldet desse teljingane gjev opplysningar om. Einskilde detaljendringar har det likevel vore, for det meste når dei representative teljingane vart sette i gang på ny etter ei fullstendig teljing.

I dei årlege teljingane pr. 20. juni er det med om lag 10 prosent av dei bruka som hadde over 5 dekar jordbruksareal ved siste fullstendige teljing.

Frå og med 1953 har ein dessutan hatt ei årleg representativ husdyrteljing pr. 31. desember. Denne teljinga er mindre detaljert enn teljinga 20. juni og byggjer på eit 2 prosent utval av bruka over 5 dekar.

Resultata frå dei representative teljingane blir trykt i den årlege publikasjonen «Jordbruksstatistikk». I denne publikasjonen blir det teke med også annan jordbruksstatistikk, både statistikk som er utarbeidd i Byrået og oppgåver frå andre institusjonar.

Annan årleg statistikk. Byrået utarbeider også annan årleg statistikk enn den ein får med dei representative teljingane. På sume område har ein og kvartals- og månadsstatistikk.

Byrået reknar kvart år (frå 1925) ut avlingsmengdene i jordbruket på grunnlag av oppgåver frå jordstyra.

Det vert og rekna ut årlege oppgåver (frå 1933) over avlinga i hagebruket på grunnlag av meldingar frå hagebruksfunksjonærane i fylka.

Frå 1936 har ein hatt paringsstatistikk for svin. Til denne statistikken hentar jordstyra inn oppgåver kvartalsvis frå rånehaldarane. Statistikken gjev månadstal som blir nytta til korttidsprognosar for svinetal og fleskeproduksjon.

Byrået reknar ut årlege oppgåver over prisar på fast eigedom (skyldmarksverdien). Denne statistikken går tilbake til 1852.

Statistikken over kontrollerte slakt gjev månadsoppgåver over talet på

slakt av ymse slag som har gått gjennom offentleg kjøtkontroll. For dei siste åra har ein og fått med vektoppgåver. Oppgåvene blir samla inn av Veterinærdirektoratet, men statistikken blir no utarbeidd i Byrået. Statistikken over kjøtkontrollen går tilbake til 1900.

For arbeidslønene i jord- og skogbruk har ein årlege oppgåver tilbake til driftsåret 1915—1916.

Frå 1925 har det vore innhenta både månads- og årsoppgåver frå meieria. Månadsoppgåvene gjeld mjølkemengd, produksjon, lager m. m. Årsstatistikken har også med oppgåver over det økonomiske resultat og driftsanalysar. I tida 1875—1925 fekk ein oppgåver over meieridrifta kvart femte år. Meieristatistikken blir publisert i ein eigen årspublikasjon «Meieribruket i Noreg».

Spesialteljingar. Dette kan vera representative teljingar eller teljingar der ein har med alle bruk som har dei objekt som er med i undersøkinga.

Ein har hatt med ei spesialundersøking ved alle dei årlege representative jordbruksteljingane frå og med 1950. Det har og vore spesialteljingar i samband med dei siste fullstendige jordbruksteljingane.

I 1928 var det ei særskild representativ produksjonsteljing for husdyrbruket. Liknande teljingar var det i samband med dei representative jordbruksteljingane i 1947, 1950, 1955 og 1960.

Særskilde svineteljingar var det 1. april og 1. oktober i 1934, 1935 og 1936 og 1. april 1937.

I 1934, 1936 og 1946 var det særskilde pelsdyrteljingar.

I 1935 vart det halde ei representativ beiteteljing.

Det var ei bureisingsteljing i 1938. Den galdt bureising med statsstøtte i tidsrommet 1921—1936.

1. januar 1932 var det ei undersøking av formue- og gjeldstilhøva i jordbruket. Etter krigen var det ein liknande etterrøknad som galdt tilhøva 1. januar 1940, 1944 og 1946. Det var likningsoppgåvene som låg til grunn for desse arbeida.

I 1939 var det ei undersøking av arbeidstida i jordbruk og hagebruk. Liknande oppgåver for jordbruk og skogbruk var tidlegare henta inn av Selskapet for Norges Vel for åra 1915 og 1919. I samband med den representative jordbruksteljinga i 1956 vart det henta inn nye oppgåver over arbeidsdagen i jordbruket.

Samstundes som det var fullstendige jordbruksteljingar i 1939 og 1949, vart det i samarbeid med Landbruksdepartementet og Norsk Gartnerforening halde særskilde teljingar for plantedyrking under glas og planteskular. I 1955 vart det i samarbeid med Landbruksdepartementet og Norsk Fruktdyrkarlag halde ei særskild teljing for salsfruktdyrkinga. I 1959 vart desse teljingane knytte direkte til den fullstendige jordbruksteljinga ved eit tilleggs-skjema.

I samband med dei representative jordbruksteljingane i 1951, 1952 og 1954 vart det henta inn oppgåver over arbeidsstyrken i jordbruket og individuelle lønsoppgåver for leigehjelpa. Også i 1956 vart det innhenta oppgåver over arbeidsstyrken.

Oppgåver over ymse drifts- og omsetnadstilhøve vart samla inn saman med den representative jordbruksteljinga i 1953. I 1957 var det ei undersøking som galdt arbeidsvilkåra til husmora, m. a. oppgåver over bygningar og tekniske hjelperåder i huset.

I 1958 henta ein inn oppgåver over eigedomstilhøve og brukarskifte og i 1961 om sædskifte, haustemåtar for slåtteng, føremålet med planteproduk-

sjonen og verdien av planteprodukt til sal og heimeforbruk. Desse teljingane var og knytte til dei årlege representative teljingane.

I samarbeid med Statens Kornforretning hadde Byrået ei undersøking som viste korleis korn- og potettrygda for avlingsåret 1952 fordelte seg på bruk av ymse storleik.

Elles har Byrået til sine tider samla inn ymse oppgåver gjevne direkte av jordstyra (tidlegare av lensmennene). Det gjeld t. d. oppgåver over mjølkemengd pr. ku, prisar på husdyr og såfrø pr. dekar.

Resultata frå spesialteljingane og særundersøkingane er dels publiserte i egne publikasjonar, dels i den årlege publikasjonen for jordbruksstatistikk.

Skog- og jaktstatistikk m. v. Oppgåver over skogarealet har vore med i alle fullstendige jordbruksteljingar frå og med 1907 med unnatak av 1929-teljinga. Ved dei tre siste teljingane har ein likevel berre fått med arealet ved dei bruka der det og var jordbruksareal eller husdyr. Reine skogeigedomar og skogareal i sameige har ikkje vore med i jordbruksteljingane.

Det har til no vore to særskilde fullstendige skogbruksteljingar, Skogbruksteljinga 1927 og Skogbruksteljinga 1957.

Frå og med 1921 har det vore innhenta årlege oppgåver over tømmerfløtinga. Tidlegare, frå 1871, hadde ein desse oppgåvene som femårsmeldingar.

Ein har årlege oppgåver over gjennomsnittsprisane for tømmer m. m., skogbrann, skogsvegar, jakt og rovviltpremiar.

Det har vore særskilde teljingar over forbruket av trevyrke på gardane for åra 1936—37 og 1952—53.

Utanom publikasjonane frå dei fullstendige skogbruksteljingane, blir skogstatistikken offentleggjort i publikasjonane «Skogavvirking» og «Skogstatistikk».

Når det gjeld skogstatistikken, viser ein elles til avsnittet «Tidligere skogstatistikk» i andre hefte av «Skogbrukstelingen i Norge 1. september 1957.»

Dette korte oversynet gjeld i første rekkje den jordbruksstatistikken som blir utarbeidd i Statistisk Sentralbyrå. Det blir og utarbeidd og publisert jordbruksstatistikk av mange andre institusjonar, organisasjonar o. a. Ein del av den statistikken som er nemnt ovanfor, vart tidlegare utarbeidd av andre institusjonar. Byrået har på mange område av statistikken nær kontakt og samarbeid med ymse departement (i første rekkje Landbruksdepartementet), organisasjonar og institusjonar.

For dei som måtte ynskja eit noko breiare og meir detaljert oversyn over jordbruksstatistikken, viser ein til Paul Barca: «Utviklingen av den norske jordbruksstatistikk». Dette skriftet er utgjeve som nr. 5 i serien «Artikler» frå Statistisk Sentralbyrå.

Planlegging og gjennomføring av Jordbruksteljinga 1959.

Jordbruksteljinga 1959 er ikkje berre ei nasjonal teljing. På same måte som i 1949 er den eit ledd i ei jordbruksteljing som skal gjelda heile verda. Denne verdsteljinga var lagt til året 1960, eller så nær 1960 som mogleg. For Noreg høvde 1959 best, då vi her i landet har dei fullstendige teljingane med 10 års mellomrom, og færre teljing var i 1949.

Det er FAO, den internasjonale matvare- og jordbruksorganisasjon under dei Sameinte Nasjonane, som står for planlegginga av verdsteljingane. Ved internasjonalt samarbeid prøver denne organisasjonen å koma fram til sams retningslinjer for teljingane. Det blir lagt vinn på å få definisjonar, klassifiseringar og grupperingar så einsarta som mogleg, slik at resultatata frå teljingane i dei ymse land kan jamførast.

Så ueinsarta som jordbruket er i dei ymse land, seier det seg sjølv at det er svært vanskeleg å finna fram til planar som kan fylgjast i detalj av dei einskilde land. Kwart land må leggja opp teljinga med tanke først og fremst på dei nasjonale krav til statistikken, men slik at ein så langt som desse omsyna gjev høve til det, fylgjer dei retningslinjene FAO har lagt opp.

Under førebuinga av verdsteljinga 1960 var Noreg representert på FAO-møter i Roma i desember 1956 og september 1958. Det var i første rekkje teljingsprogrammet for Europa desse møta tok seg av. Dessutan var det eit nordisk samrådsmøte i København i september 1958.

Den norske teljinga i 1959 fylgde stort sett det programmet som FAO la opp. På mange område gav vår teljing langt meir enn det som var rekna med i planane frå FAO. På einskilde område har vi, på grunn av særigne norske tilhøve, ikkje fylgt FAO-planane heilt ut.

Visse førebuingararbeid til den norske 1959-teljinga tok til i 1956, men elles vart arbeidet sett i gang for fullt i 1958. Frå 1. juli 1958 vart arbeidet med teljinga lagt til eit eige kontor.

Våren 1958 vart det nedsett eit rådgjevande utval for planlegginga av jordbruksteljinga. Omfram representantar frå Statistisk Sentralbyrå hadde utvalet representantar frå Landbruksdepartementet, Landbrukets Sentralforbund, Norges Landbrukshøgskole, Statens Småbrukslærerskole og Norges Landbruksøkonomiske Institutt.

Dette utvalet var først med på å leggja opp retningslinjene for teljinga. Seinare var det m. a. med på utforminga av teljingsskjema og teljingsreglar.

I august 1958 var teljingsskjema m. v. frå 1949-teljinga sendt til vel 60 institusjonar, organisasjonar og enkeltpersonar, som vart bedne om å koma med framlegg om kva som burde takast med på skjemaet for komande teljing. Dei svara som kom inn frå desse, saman med ynskjemål og framlegg som kom frå andre under planleggingsarbeidet og tidlegare, vart lagt til grunn for det vidare arbeidet. Det let seg ikkje gjera å få alle framlegg innarbeidde i teljingsskjemaet. Dei ymse framlegg måtte vurderast og samordnast, samstundes som ein måtte gjera eit utval av teljingsobjekt. Til dette arbeidet hadde ein stor hjelp av det rådgjevande utvalet. Dessutan vart det søkt hjelp og rettleiing frå spesialistar på ymse område for å få best mogleg emneval og utforming av spørsmål og definisjonar innan dei ulike sektorar på teljingsskjemaet.

Då skjemaforminga var ferdig, var det kome med langt fleire teljingsobjekt enn ved dei tidlegare teljingar. Nye felt var komne med. Andre felt var sterkt utvida. Ein del spørsmål som hadde vore med tidlegare, gjekk ut, men ikkje i den grad som nye kom til.

I 1939 og 1949 vart det halde særskilde teljingar for areal under glas og planteskular over ein viss storleik. Det var Landbruksdepartementet (Hagebrukskontoret) og Norsk Gartnerforening som stod for desse teljingane, men utarbeidinga av statistikken vart gjort i Byrået. I 1959 vart desse teljingane knytte direkte til jordbruksteljinga. Det vart nytta eit eige skjema (skjema 2) som fylgde hovudskjemaet (skjema 1). Samstundes vart denne teljinga ut-

vida til også å gjelda frukt dyrking for sal (bruk med meir enn 50 frukttre).

Teknisk sett vart både skjema 1 og skjema 2 sterkt omarbeidd i høve til tidlegare. Dette vart gjort for å letta både skjema utfyllinga og arbeidet med oppgåvene i Byrået.

Teljingssskjema og teljingsinstruks er tekne inn som bilag i første hefte av publikasjonane frå teljinga.

Alt under førebuinga av teljinga i 1949 vurderte ein spørsmålet om inn-samling av oppgåver over bruk som hadde blitt nedlagte eller på annan måte blitt borte som sjølvstendige brukseiningar. På grunn av ymse praktiske vanskar ved ein slik etterrøknad vart dette ikkje teke med ved teljinga i 1949.

Utviklinga i tiårsbolken 1949—1959 førde til at det vart større og større interesse for å få oppgåver over bruk som var blitt borte. Spørsmålet vart difor teke opp att under førebuinga av 1959-teljinga. Sjølv om vanskan med å gjennomføra ei slik undersøking stort sett var dei same som ti år tidlegare, fann ein at behovet for slike oppgåver var så stort at ein likevel burde gjera ein freistnad.

Slike oppgåver vart samla inn på eige skjema. Undersøkinga vart knytt til jordbruksteljinga, men oppgåvene skulle gjevast av jordstyra ut frå det kjennskap dei hadde til bruk som var blitt borte som sjølvstendige brukseiningar sidan 1949. Oppgåvene skulle gjelda bruk som hadde over 5 dekar jordbruksareal i 1949, men som var blitt heilt borte som egne bruk i 1959.

Det ein i første rekkje tok sikte på med denne undersøkinga var å få talet på dei bruka som var blitt borte fordelt etter bruksstorleik, og korleis det jordbruksarealet dei hadde i 1949 var disponert.

For å få så gode og einsarta oppgåver som mogleg vart det ved teljinga i 1959 lagt større vekt enn tidlegare på å få orientert teljarane om deira arbeid. Samstundes vart det lagt vinn på nærare kontakt med fylkeslandbrukselskapa og jordstyra.

På eit møte som Landbruksdepartementet hadde med fylkeslandbruks-sjefane i Skien i september 1958, vart spørsmålet om slik orienteringsverk-semd diskutert mellom landbruks-sjefane og representantar frå Byrået og Landbruksdepartementet. Dette resulterte i eit slikt opplegg for orienterings-og instruksjonsverksemd:

1. Landsmøte i Oslo 26.—28. februar 1959. Til dette møtet kom det ein representant frå kvart fylke, som regel ein fylkesagronom eller ein sekretær i landbruks-selskapet. Desse var utpeika av sine landbruks-selskap til å stå for rettleiingstenesta i vedkomande fylke. På møtet var det aktuelle orienteringar om landbruksstatistikken og jordbruks-teljinga. Teljingssskjema, teljingsreglane og teljingsarbeidet vart gjen-nomgått.
2. Fylkesmøte. Desse møta vart haldne i mars—april 1959 og varte 1—2 dagar. I dei fleste fylka vart det halde eit møte for heile fylket, men sume stader delte dei fylket i to distrikt. Til desse møta møtte frå kvart herad den som skulle stå for jordbruks-teljinga i heradet. Som regel var det heradsagronomen eller eit med-lem av jordstyret. Møta vart leia av den fylkesrepresentanten som var med på landsmøtet i Oslo. På fylkesmøta orienterte han om teljinga og teljingsarbeidet og gav rettleiing om skjema utfyllinga.

3. Heradsmøte. I dei einskilde herad vart teljarane kalla saman til møte då teljingsarbeidet skulle ta til. Teljarane fekk då delt ut teljingsmaterialet. Den heradsrepresentanten som hadde vore med på fylkesmøtet, gav rettleiing om skjemautfyllinga og teljingsarbeidet elles.

Omframtopplysnings- og rettleiingsverksemda gjennom desse møta vart det og orientert om teljinga gjennom presse og kringkasting.

Jordbruksteljinga 1959 vart sett i verk i samsvar med lov av 25. april 1907 etter vedtak i Stortinget 10. mai 1958 og kongeleg resolusjon av 29. august 1958.

Teljinga skulle administrerast av Statistisk Sentralbyrå med hjelp av jordstyra i landdistrikta og ordførarane i byane.

Teljingsstyra i landdistrikta, jordstyra, fekk ved rundskriv av 12. februar 1959 ei orientering om teljinga. I rundskriv av 14. februar s.å. vart det gjeve melding til ordførarane i byane. Ordføraren vart beden om å oppnemna ein teljingsstyrrar dersom han ikkje sjølv ville ta seg av teljinga.

I rundskriv av 20. mai 1959 fekk teljingsstyra nærare melding om korleis teljinga skulle ordnast, teljingsgodtgjersla m. m.

Teljingsmaterialet, teljingssskjema og reglar for skjemautfyllinga vart sendt ut ved månadsskifte mai—juni.

Teljingsstyra skulle dela dei einskilde kommunar opp i klårt avgrensa teljingskrinsar med ein teljar for kvar krins.

Teljaren skulle syrgja for at det vart talt på alle dei brukseiningane i hans krins som det etter teljingsreglane skulle leverast oppgåve for. På grunnlag av dei røynsler ein hadde frå tidlegare teljingar, rådde ein til at teljaren skulle fylla ut teljingssskjemaet på staden etter oppgåve frå brukaren. Dersom brukarane ynskte det, eller det var turvande av andre årsaker, kunne brukarane sjølv ta seg av skjemautfyllinga.

Teljarane skulle levera dei utfylte skjema til teljingsstyret (jordstyret). Teljingsstyret skulle sjå etter at utfyllinga var i samsvar med teljingsreglane, at det var oppgaver frå alle brukseiningar som skulle vera med i teljinga, og at det ikkje var fleire oppgaver enn det skulle vera frå kvar oppgåvegjevar. Jordstyret skulle ikkje gjera noko samandrag av oppgåvene eller ta avskrift av dei.

Teljingsstyret skulle så senda dei utfylte skjema til Byrådet. Samstundes skulle dei senda rekning for teljingsarbeidet og sidan stå for oppgjeret med teljarane.

Teljingsarbeidet vart godtgjort etter desse satsane pr. utfylt skjema: Kr. 3,00 for hovudskjema (skj. 1) frå bruk med over 5 dekar jordbruksareal, kr. 2,00 for hovudskjema frå bruk inntil 5 dekar og kr. 2,00 for tilleggsskjema (skj. 2). Dessutan var det høve til å få godtgjort skyssutgifter etter visse retningslinjer.

Teljinga var lagt opp etter same mønster som i 1949. Det var likevel eit tydeleg skilje i høve til tidlegare teljingar. Tidlegare vart det henta inn mindre detaljerte oppgaver frå byane enn for bygdene. Dessutan vart oppgåvene for byane gjevne som samleoppgaver for heile teljingskrinsar, gater osv. Ein fekk t. d. ikkje oppgaver over talet på brukseiningar i byane. I 1959 vart byane talde på same måte og etter dei same teljingsreglar som bygdene. Det er m. a. grensereguleringane og dei store byutvidingane som er årsak til at teljingsreglane for byane vart endra.

Fylgjande sitat frå teljingsreglane syner kva bruk som skulle vera med i teljinga og kva skjema som skulle fyllast ut for dei einskilde brukseiningar:

«Det er to teljingsskjema til bruk for teljinga. Hovudskjemaet (skjema 1) skal fyllast ut for alle bruk, utan omsyn til storleik. Tilleggsskjemaet (skjema 2) skal berre fyllast ut for bruk som har meir enn 50 frukttre og/eller meir enn 50 m² areal under glas og/eller minst 1 dekar (1 000 m²) planteskule (ikkje skogsplanteskule). For bruk som fyller eitt eller fleire av desse krava, skal det altså fyllast ut *både* hovud- og tilleggsskjema.

Som eit bruk skal ein rekna alt det som blir brukt under eitt, som ei driftseining. Dette gjeld anten bruket har eitt eller fleire bruksnummer eller om det ikkje er særskilt skyldsett. Dersom t. d. ein brukar paktar eit bruk ved sida av sitt eige bruk, skal oppgåva gjelda det heile under eitt. Ein skal ha oppgåve frå alle som driv jordbruk, hagebruk og gartneri og husdyrhald (også pelsdyrhald) utan omsyn til kor stort eller lite arealet er. Ein skal og ha oppgåve over husdyrhald som ikkje blir drivne saman med jordbruk. For maskinstasjon som er kombinert med jordbruk, fører ein maskinar og reiskapar som høyrer stasjonen til på skjemaet for vedkomande bruk. For maskinstasjon som ikkje er knytt til noko bruk, fyller ein ut eit skjema med oppgåver over maskinar og reiskapar.

For bustader med litt jord til skal ein ha oppgåve dersom noko av jorda blir nytta til jordbruks- eller hagebruksvokstrar eller dersom det er husdyr av dei slag som er nemnde i skjemaet. For slike småeigedomar med inntil 5 dekar jordbruksareal (åker, hage og eng) fyller ein berre ut dei to første sidene av skjemaet. For alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal må ein og fylla ut tredje og fjerde side. Tilleggsskjema (skjema 2) skal fyllast ut i tilfelle bruket har frukthage, glasareal eller planteskule av slik storleik at det er krav om tilleggsskjema, anten bruket er over eller under 5 dekar. For kolonihagar fyller ein ut eitt skjema for alle parsellar under eitt. Tredje og fjerde side av hovudskjemaet fyller ein ikkje ut sjølv om kolonihagen har meir enn 5 dekar jordbruksareal. Tilleggsskjema fyller ein heller ikkje ut sjølv om kolonihagen har meir enn 50 frukttre. Gjev opp kor mange parsellar det er i kolonihagen. Skulehagar skal og teljast under eitt, utan utfylling av tredje og fjerde side på hovudskjemaet og tilleggsskjema.

Ein skal ikkje fylla ut skjema for tomter der det ikkje er noko jordbruk, hagebruk eller husdyrhald, sjølv om det er hus på tomtene. Tomter med berre prydhage, utan nyttevokstrar, skal ein ikkje ha oppgåve frå. Heller ikkje skal ein fylla ut skjema for særskilde skogeigedomar utan jordbruk. Det same gjeld idrettsanlegg, kyrkjegardar, parkar o. likn.

Heradsgrensa/bygrensa slik ho er 20. juni 1959 skal gjelda ved teljinga. Høyrer eigedomar i ymse kommunar til same bruket, skal ein gje særskild oppgåve for kvar kommune, men berre for den delen av bruket som ligg i vedkomande kommune. I slike høve gjeld altså ikkje regelen om at alt som blir drive under eitt skal førast på same skjema.»

Teljingsarbeidet skulle vera avslutta innan midten av august 1959. Oppgåvene frå dei første kommunane kom inn til Byrået i midten av juli. Pr. 1. september hadde ein fått oppgåvene frå i alt 134 kommunar. Pr. 31. desember var det framleis 54 kommunar som ikkje hadde levert oppgåver. Oppgåvene frå den siste kommunen kom inn 31. august 1960.

Revisjonsarbeidet tok til ca. 20. august og summeringsarbeidet ca. 10. september 1959.

Første arbeidstrinn i summeringa var dei to første sidene av hovudskjemaet (areal, husdyrhald, maskinar og reiskapar m. m.). Materialet vart for kvar kommune delt på klassar etter bruksstorleik. Oppgåvene vart summerte opp for kvar klasse og klassetala så summerte saman til kommunetal.

Arbeidet med tilleggsskjemaet (skj. 2) gjekk jamsides med første arbeidstrinn for skjema 1.

Etter kvart som kommunetala førelåg, vart det sendt utskrift av 1959-tala, jamført med 1949-tala, til jordstyra til vurdering og orientering.

Den 16. desember 1959 sende Byrået ut førebels resultat frå teljinga for areal- og husdyrtal. Denne meldinga bygde på resultatata frå 128 herad, spreidde over heile landet.

Deretter vart arbeidet konsentrert om å gjera ferdig fylke for fylke. Endelege tal for areal, husdyr m. v. for Vestfold vart publiserte i Statistisk ukehefte 25. april 1960. Dei siste fylkestal og endelege rikstal vart utsende 24. november.

Oppgåvene frå 3. og 4. side av teljingsskjemaet vart så summerte opp etter dei same retningslinjer som for side 1 og 2.

Førebels rikstal for eige- og leigetilhøve, arbeidskraft, bygningar m. v. vart publiserte i juni 1961. Endelege tal for dei einskilde fylke vart utsende i tida august 1961—januar 1962 og endelege rikstal i februar 1962.

Rikstal for bruk som var blitt borte som sjølvstendige brukseiningar og jordbruksareal som hadde gått til andre føremål, vart publiserte i Statistisk ukehefte i september 1962.

Første hefte av dei trykte publikasjonane frå Jordbruksteljinga 1959 vart sendt ut i juli 1961. Dette heftet gjev oppgåver for brukstal, areal, frukttre og bærbuskar, husdyrhald m. m.

Andre hefte vart sendt ut i desember 1961. Dette heftet gjev m. a. oppgåver over maskinar og reiskapar, bruka fordelte etter areal og husdyrhald, bruk som selde ymse jordbruksprodukt, oppgåver over plantedyrking under glas, planteskular og bruk med meir enn 50 frukttre.

Tredje hefte kom i september 1962. I dette heftet er det oppgåver over eige- og leigetilhøve, yrkestilhøve, arbeidskraft, fagutdanning, bygningar, kjøp av driftsmiddel m. m.

Alle dei tre første hefta gjev oppgåvene kommunevis og fylkesvis. Ein stor del av oppgåvene er og gjevne for bruk av ymse storleik innan dei einskilde fylke og for heile landet.

Fjerde hefte kom i desember 1962. Dette heftet gjev stort sett resultatata for dei same teljingsobjekta som dei tre første hefta, men i dette heftet er oppgåvene gjevne for dei naturlege jordbruksområda.

I mai 1962 vart det sendt ut ein stensilert publikasjon «Markedstall» med ein del oppgåver frå Jordbruksteljinga 1959 og Skogbruksteljinga 1957. Denne publikasjonen gjev kommunetal, og gjev elles oppgåvene grupperte etter handelsområde.

Dei samla utgifter til Jordbruksteljinga 1959 var om lag 3 mill. kroner, som fordelte seg slik:

Innhenting av oppgåvene	kr. 1 200 000
Utarbeiding av statistikken	» 1 200 000
Kontorhald, inventar og maskinar	» 350 000
Trykking og sending	» 250 000
	<hr/>
	kr. 3 000 000

Kvaliteten av oppgåvene og jamføring med andre teljingar.

Oppgåvene frå dei einskilde brukseiningar er grunnlaget for dei resultata ein kjem fram til ved jordbruksteljingane. Kvaliteten av statistikken vil difor i stor grad retta seg etter kor gode oppgåver ein får frå dei einskilde.

Skal ein få sikre oppgåver, må spørsmåla i teljingsskjemaet vera slik forma at dei ikkje kan mistydast. Den som skal svara må veta, eller lett finna fram til, kva det rette svaret skal vera og oppgåvegjevarane må ikkje gje tendensiøse svar.

Det er vanskeleg å forma spørsmåla slik at ingen kan mistyda dei. Ikkje minst gjeld dette i eit så ueinsarta land som vårt med ulike distriktsvise nemningar for eit og same omgrepet. Særleg kan dette vera tilfelle med nye teljingsobjekt som det er lite eller inkje av i sume strok av landet. Spørsmålet kan då mistydast, slik at ein får oppgjeve noko anna enn det uttrykket står for.

Elles kan mange typar av mistyding gjera seg gjeldande, og det treng heller ikkje vera mistyding av spørsmålet som gjer at svaret ikkje er rett. Urette svar kan og bli gjevne av vanvare. Som eit døme på dette, kan ein nemna at i fleire tilfelle vart alderen på hestane oppgjeven i staden for dyretalet. Det same er tilfelle når eit svar blir plassert på feil plass i skjemaet.

Ved jordbruksteljingane blir det ikkje kravt at t. d. areala skal målast opp. Sjølv sagt reknar ein med at dei blir oppgjevne etter mål dersom bruket er kartlagt eller oppmålt. Heller ikkje når det gjeld andre teljingsobjekt er det meininga at det skal føregå oppmåling, oppteljing osv. i samband med utfyllinga av teljingsskjemaet. Det er føresetnaden at brukaren har slikt kjennskap til bruket sitt at han kan gje sikre svar på dei ymse spørsmål, anten direkte eller ved hjelp av notat, rekneskap osv.

I visse tilfelle kan det vera vanskar med å gje sikre oppgåver. Det gjeld t. d. oppgåver som refererer seg til tidspunkt eller periode som ligg heller langt tilbake i tida. Det kan såleis vera vanskeleg å veta den rette alderen på bygningane. Det kan og vera vanskar med å gje fullgode oppgåver over t. d. kor mykje jord som er oppdyrka i ein tiårsperiode. Særleg vanskeleg kan det vera å gje slike oppgåver for ein som nyleg har overteke eit bruk som han ikkje kjenner nemnande til frå før.

Ein annan type oppgåver kan vera rette nok ved teljinga og i fullt samsvaret med føresetnaden, men kan likevel bli sett på som urette i framtida. Det gjeld t. d. oppgåvene over jord som ennå ikkje er dyrka, men skikka til oppdyrking. Det må vera eit vurderingsspørsmål kva som er skikka til dyrking. Her er det ikkje berre spørsmål om det er teknisk mogleg å dyrka jorda, men også om ein finn det føremålstenleg med oppdyrking. Her kjem den økonomiske vurderinga og brukaren sine disponeringsplanar sterkt inn i biletet. Den økonomiske vurderinga kan for det første vera sterkt tids- og konjunkturprega, og for det andre vil det bli ei subjektiv vurdering. Teljinga skal freista å syna kor mykje dyrkingsareal det er på teljingstidspunktet, sett på bakgrunn av dei tilhøve som då råder. Ein annan ting er at ein ofte har mindre greie på storleiken av dyrkingsfeltene enn t. d. åkerarealet.

Dei verste og mest utslagsgjevande feila ved oppgåveinnhentinga får ein likevel når svara er einsidig tendensiøse. Det har synt seg at tilhøva under t. d. ein krisesituasjon med rasjonering, tvangsdyrking, leveringsplikt m. v. kan føra til slik tendensiøs oppgåvegjeving. Ein hadde døme på det både under den første og den andre verdskrigen.

Andre ting, t. d. omsynet til skattelikning, kan føra i same lei.

Av andre årsaker til feil i oppgåvene kan ein nemna utydeleg eller useleg skjema utfylling. Noko særleg feilkjelde er ikkje dette no. Stort sett er det teljarane som fyller ut teljings skjemaet. Dei aller fleste av desse har klår og tydeleg handskrift, og skulle nokon av dei skriva einskilde tal slik at dei kan mistydast, vil dette lettare bli oppdaga og retta under revisjonen enn dersom kvar einskild brukar har fylt ut sitt skjema. Dette gjeld også eventuelle feilføringar på skjemaet.

Stort sett har ein inntrykk av at både oppgavegjevarar og teljarar gjorde godt arbeid under teljinga i 1959. Oppgåvene har truleg blitt betre frå teljing til teljing, ikkje minst fordi brukarane no har betre oversyn enn før på grunn av oppmåling, planlegging, rekneskap m. v.

Men sjølv sagt er ikkje alle teljingsresultat av same kvalitet. Generelt sett kan ein rekna med at resultatata for større geografiske einingar, t. d. fylka, er sikrere enn for dei mindre, t. d. kommunane. Resultata blir gjerne sikrast for velkjende teljingsobjekt som har vore med ved fleire teljingar. Oppgavegjevarane har lettast for å gje svar på slike spørsmål, og eldre oppgaver kan gje ein viss kontroll. Under omtalen lenger ute i denne boka har ein til dels gjort merknader om slike resultat som ein reknar for mindre sikre. Visse teljingsresultat reknar ein for å vera såpass usikre at ein ikkje har funne grunn til offentleggjera dei. Det gjeld t. d. oppgåvene over arbeidskraft til husarbeid og driftskostnader ved frukt dyrking.

Når ein skal jamføra resultatata frå ymse jordbruksteljingar, må ein ha klårt for seg om oppgåvene er einsarta. Ymse endringar kan ha ført til at dei ikkje kan jamførast utan vidare. Det kan vera endringar i sjølve omgrepet, dei geografiske einingar kan vera endra (grensereguleringar), og det kan vera endringar av teljingsdatoane. Det er såleis klårt at husdyrtalet pr. 30. september eit år ikkje utan vidare kan jamførast med dyrtalet pr. 20. juni eit anna år.

Utbygginga av statistikken kan og føra til at ein i større eller mindre mon mister grunnlaget for direkte jamføring med eldre oppgaver. Ved teljinga i 1959 var det t. d. langt meir detaljerte oppgaver over forpaktning og anna jordleige enn tidlegare. Ein fekk oppgaver som gav grunnlag for gruppering av bruka etter kor stor part leigejorda utgjorde av heile det jordbruksarealet brukaren nytta. Tidlegare var det berre spørsmål om bruket var forpakta, bygsla osv. Det kunne då bli nokså ueinsarta svar i dei tilfelle der noko av bruket var eige og noko leige. Dei fleste slike bruk vart truleg ført opp som eigne bruk dersom ikkje det leigde arealet var heilt dominerande, men ein veit ikkje kva grenser dei einskilde har fylgt i så måte. Det er difor svært vanskeleg å samanlikna desse 1959-oppgåvene med resultatata frå tidlegare teljingar.

Sjølv om ein legg vinn på kontinuitet, kan omsynet til at statistikken skal vera i pakt med tida og utviklinga føra til at ein må slå av på krava om jamføring med eldre oppgaver. Ofte blir det slik at ein nok kan samanlikna med eldre oppgaver når ein berre er merksam på kva det er som skil dei.

Ved jamføring av 1959- og 1949-oppgåvene må ein vera merksam på at i 1949 vart dei tidlegare herada Aker og Jeløy (som då var innlema i Oslo og Moss) rekna med til bygdene. I 1959 vart dei rekna saman med byane.

Generelt sett kan ein jamføra resultatata frå dei ymse fullstendige jordbruksteljingar, sjølv om ein må rekna med at oppgåvene stort sett har blitt meir pålitelege etter kvart.

Ein reknar dei fullstendige teljingane som meir sikre enn dei representative. Dei representative teljingane, som byggjer på dei fullstendige, er stort sett sikrast dei første åra etter den fullstendige teljinga. Dei taper seg til vanleg etter kvart som ein kjem lengre bort frå utgangspunktet.

Samla areal og fordelinga av det.

Dersom ein ikkje reknar med Svalbard, Jan Mayen, Bouvetøya og Peter I's øy, er samla flatevidd i Noreg 324 026,1 km². Av dette er 15 277,5 km² dekt av ferskvatn. Samla landareal vert dermed 308 748,6 km². Tabell 1 viser fordelinga av landarealet fylkesvis og etter jordbruksområde.

Tabell 1. Landarealet i einiskilde fylke

Nr.		Landarealet etter bruken. Km ²				
		Full- dyrka jord	Natureng og over- flate- dyrka jord	Produk- tiv skog	Anna areal	Land- areal i alt
	Riket.....	8 393,3	1 908,3	70 257,6	228 189,4	308 748,6
	Fylka:					
01	Østfold	753,3	38,5	1 980,9	1 115,4	3 888,1
02/03	Akershus og Oslo	814,7	66,8	2 977,6	1 165,1	5 024,2
04	Hedmark	886,9	148,7	12 578,8	12 677,1	26 291,5
05	Oppland	716,2	185,8	6 301,8	17 055,6	24 259,4
06	Buskerud	449,2	77,7	4 957,2	8 362,5	13 846,6
07	Vestfold	454,9	25,8	1 206,7	574,4	2 261,8
08	Telemark	276,9	59,1	4 309,3	9 621,7	14 267,0
09	Aust-Agder.....	143,3	17,8	3 028,5	5 439,7	8 629,3
10	Vest-Agder	187,7	36,7	1 747,2	4 856,4	6 828,0
11	Rogaland	448,1	185,7	614,2	7 309,3	8 557,3
12/13	Hordaland og Bergen.....	342,1	213,3	1 571,1	12 798,2	14 924,7
14	Sogn og Fjordane	278,3	205,6	1 736,9	15 620,8	17 841,6
15	Møre og Romsdal	434,3	174,7	1 869,8	12 201,9	14 680,7
16	Sør-Trøndelag	628,0	82,1	3 945,3	13 307,6	17 963,0
17	Nord-Trøndelag	668,9	53,3	5 965,5	14 429,3	21 117,0
18	Nordland	523,6	194,4	4 809,1	30 759,4	36 286,5
19	Troms	303,5	98,4	3 500,2	21 631,6	25 533,7
20	Finnmark	83,4	43,9	7 157,5	39 263,4	46 548,2
	Jordbruksområda:					
I.	Søraustlege slettebygder	1 908,9	116,3	4 892,1	2 326,9	9 244,2
II.	Silurbygdene inne i landet.....	796,7	123,9	3 930,5	1 845,8	6 696,9
III.	Mellom- eller skogbygder	1 020,1	159,3	15 332,8	9 578,6	26 090,8
IV.	Dal- og fjellbygder	626,4	202,9	10 156,9	36 820,5	47 806,7
	Austlandet med Telemark i alt...	4 352,1	602,4	34 312,3	50 571,8	89 838,6
V.	Kystbygder	144,6	17,3	970,5	1 234,5	2 366,9
VI.	Mellom- eller skogbygder	129,4	24,1	2 404,1	1 991,5	4 549,1
VII.	Dal- og fjellbygder	57,0	13,1	1 401,1	7 070,1	8 541,3
	Agder i alt	331,0	54,5	4 775,7	10 296,1	15 457,3

Ved teljinga i 1959 var 8 393,3 km² eller 2,7 prosent av landarealet full-dyrka jord, og 1 908,3 km² eller 0,6 prosent var natureng og overflatedyrka jord. Jordbruksareal i alt var såleis 10 301,6 km² eller 3,3 prosent. For kvar innbyggjar var jordbruksarealet 2,9 dekar, og av dette var 2,4 dekar full-dyrka. 70 257,6 km² eller 22,8 prosent av landarealet var dekt med produktiv skog. Av skogarealet var 36 599,0 km² oppgjeve å høyra direkte til bruka som var med i teljinga i 1959. I tillegg kjem sameiger og bruksrettar i allmenningar m. v.

Dei 4 siste linjene i tabell 10 viser jordbruksareal som gjekk bort frå jordbruket i perioden 1949—1959 ved at bruk vart borte som særskilde bruks-einingar eller vart reduserte til under 5 dekar. Dette arealet utgjorde 160 000 dekar eller 30 prosent av arealet som desse bruka hadde i 1949. Resten av arealet (378 000 dekar) gjekk til andre gardsbruk. Jordbruksarealet i 1959 ved dei reduserte bruka, 24 000 dekar (siste linje i tabell 10), er rekna som gått til tomter, då desse bruka kom i klasse med andre bruk under 5 dekar i 1959.

I tillegg til dei 160 000 dekar som gjekk bort frå jordbruket ved bruka som vart reduserte til under 5 dekar eller vart borte, kjem også areal som gjekk bort frå bruk med meir enn 5 dekar jordbruksareal i 1959. Dette utgjorde i alt 373 000 dekar. Tabell 13 gjev eit oversyn over total tilgang og avgang av jordbruksareal i perioden 1949—1959.

Tabell 13. Tilgang og avgang i jordbruksarealet 1949—1959
ved bruk over 5 dekar.

Jordbruksareal 1949 (utan utslåtter)	10 055 000 dekar
Tilgang 1949—1959	509 000 dekar
Avgang 1949—1959:	
Sal, bortleige o. l. til tomter, vegar o. l.	180 000 dekar
Brukt til skog	32 000 »
Annan avgang	321 000 »
Avgang i alt	533 000 dekar
Jordbruksareal 1959	10 031 000 dekar

«Annan avgang» i tabell 13 gjeld areal som i perioden er nytta til hus-tomter, vegar m. v. på eige bruk. Tap av jordbruksareal ved ras, flaum og andre naturkatastrofar er og med. Det same gjeld areal som varig har gått ut ved at det ligg unytta. Denne posten blir dessutan påverka av moglege omvurderingar av arealstorleiken sidan 1949, t. d. etter oppmåling, og må difor bli usikker. Det let seg ikkje gjera å rekna ut kor mykje av «annan avgang» som skriv seg frå slik omvurdering.

Tabell 14. Tilgang og avgang i jordbruksarealet 1949—1959
 ved bruk med over 5 dekar. Dekar.¹

	Jordbruks- areal utan utslåtter 1949	Tilgang 1949- 1959	Avstått til tomter, vegar m. v.	Brukt til skog	Annan avgang	Avgang i alt	Jordbruks- areal 1959
Riket.....	10 055 000	509 000	180 000	32 000	321 000	533 000	10 031 000
Fylka:							
Østfold	787 000	5 000	11 000	2 000	8 000	21 000	771 000
Akershus og Oslo.....	865 000	11 000	24 000	2 000	19 000	45 000	831 000
Hedmark	1 011 000	53 000	12 000	3 000	33 000	48 000	1 016 000
Oppland	920 000	25 000	12 000	4 000	45 000	61 000	884 000
Buskerud	537 000	7 000	10 000	2 000	24 000	36 000	508 000
Vestfold	486 000	5 000	9 000	1 000	20 000	30 000	461 000
Telemark	348 000	5 000	7 000	2 000	23 000	32 000	321 000
Aust-Agder.....	162 000	3 000	4 000	1 000	8 000	13 000	152 000
Vest-Agder.....	222 000	9 000	7 000	2 000	6 000	15 000	216 000
Rogaland	531 000	104 000	12 000	2 000	2 000	16 000	619 000
Hordaland og Bergen ..	529 000	33 000	15 000	4 000	6 000	25 000	537 000
Sogn og Fjordane.....	466 000	21 000	5 000	1 000	3 000	9 000	478 000
More og Romsdal.....	605 000	35 000	10 000	1 000	34 000	45 000	595 000
Sør-Trøndelag	716 000	25 000	14 000	1 000	29 000	44 000	697 000
Nord-Trøndelag	686 000	40 000	6 000	1 000	6 000	13 000	713 000
Nordland	712 000	50 000	12 000	2 000	40 000	54 000	708 000
Troms	368 000	47 000	6 000	1 000	9 000	16 000	399 000
Finmark	104 000	31 000	4 000	—	6 000	10 000	125 000
Jordbruksområda:							
Søraustlege slettebygder	2 010 000	19 000	44 000	4 000	48 000	96 000	1 933 000
Silurb. inne i landet....	928 000	14 000	13 000	3 000	33 000	49 000	893 000
Mellom- eller skogbygder	1 177 000	45 000	18 000	7 000	50 000	75 000	1 147 000
Dal- og fjellbygder.....	839 000	33 000	10 000	2 000	41 000	53 000	819 000
Austl. m. Telemark i alt	4 954 000	111 000	85 000	16 000	172 000	273 000	4 792 000
Kystbygder	166 000	2 000	7 000	2 000	9 000	18 000	150 000
Mellom-ellerskogbygder	149 000	7 000	3 000	1 000	3 000	7 000	149 000
Dal- og fjellbygder.....	69 000	3 000	1 000	0	2 000	3 000	69 000
Agder i alt.....	384 000	12 000	11 000	3 000	14 000	28 000	368 000
Skiferl. ved Boknfjorden	} 303 000	62 000	7 000	0	4 000	11 000	354 000
Jærens sletteiland		68 000	25 000	5 000	26 000	56 000	1 034 000
Andre ytre bygder.....		63 000	10 000	3 000	15 000	28 000	841 000
Indre bygder	806 000	63 000	10 000	3 000	15 000	28 000	841 000
Vestlandet i alt	2 131 000	193 000	42 000	8 000	45 000	95 000	2 229 000
Kystbygder	125 000	8 000	1 000	0	2 000	3 000	130 000
Ytre fjordbygder.....	140 000	8 000	5 000	0	0	5 000	143 000
Bygder ved Trondh.fj..	645 000	25 000	10 000	0	6 000	16 000	654 000
Dal- og fjellbygder.....	233 000	9 000	2 000	1 000	19 000	22 000	220 000
Andre indre bygder....	259 000	15 000	2 000	1 000	8 000	11 000	263 000
Trøndelag i alt.....	1 402 000	65 000	20 000	2 000	35 000	57 000	1 410 000
Øyar	336 000	26 000	8 000	0	9 000	17 000	345 000
Kystbygder	324 000	25 000	4 000	2 000	14 000	20 000	329 000
Fjord- og dalbygder ...	370 000	51 000	5 000	1 000	19 000	25 000	396 000
Innlandsbygder	154 000	26 000	5 000	0	13 000	18 000	162 000
Nord-Noreg i alt.....	1 184 000	128 000	22 000	3 000	55 000	80 000	1 232 000

¹ 0 = mindre enn 500 dekar.

Tabell 15. Tilgang og avgang i jordbruksarealet 1949—1959 i prosent av jordbruksarealet i 1949. Avgangen prosentvis etter bruken.

	Tilgang 1949— 1959 i prosent av jord- br. are- alet	Avgang 1949—1959 i pro- sent av jordbruksarealet				Avgangen prosentvis etter bruken			
		Til tom- ter, vegar m.v.	Til skog	Annan avgang	Av- gang i alt	Til tom- ter, vegar m.v.	Til skog	Annan avgang	Av- gang i alt
Riket.....	5,1	1,8	0,3	3,2	5,3	33,8	6,0	60,2	100,0
Fylka:									
Østfold	0,6	1,4	0,3	1,0	2,7	52,4	9,5	38,1	100,0
Akershus og Oslo.....	1,3	2,8	0,2	2,2	5,2	53,3	4,5	42,2	100,0
Hedmark	5,2	1,2	0,3	3,3	4,8	25,0	6,2	68,8	100,0
Oppland	2,7	1,3	0,4	4,9	6,6	19,7	6,6	73,7	100,0
Buskerud	1,3	1,9	0,4	4,4	6,7	27,8	5,6	66,6	100,0
Vestfold	1,0	1,9	0,2	4,1	6,2	30,0	3,3	66,7	100,0
Telemark	1,4	2,0	0,6	6,6	9,2	21,9	6,3	71,8	100,0
Aust-Agder.....	1,9	2,5	0,6	4,9	8,0	30,8	7,7	61,5	100,0
Vest-Agder.....	4,1	3,2	0,9	2,7	6,8	46,7	13,3	40,0	100,0
Rogaland	19,6	2,2	0,4	0,4	3,0	75,0	12,5	12,5	100,0
Hordaland og Bergen ..	6,2	2,8	0,8	1,1	4,7	60,0	16,0	24,0	100,0
Sogn og Fjordane.....	4,5	1,1	0,2	0,6	1,9	55,6	11,1	33,3	100,0
Møre og Romsdal.....	5,8	1,6	0,2	5,6	7,4	22,2	2,2	75,6	100,0
Sør-Trøndelag	3,5	1,9	0,1	4,1	6,1	31,8	2,3	65,9	100,0
Nord-Trøndelag	5,8	0,9	0,1	0,9	1,9	46,2	7,6	46,2	100,0
Nordland	7,0	1,7	0,3	5,6	7,6	22,2	3,7	74,1	100,0
Troms	12,8	1,6	0,3	2,4	4,3	37,5	6,3	56,2	100,0
Finmark	29,8	3,8	—	5,8	9,6	40,0	—	60,0	100,0
Jordbruksområda:									
Søraustlege slettebygder	0,9	2,2	0,2	2,4	4,8	45,8	4,2	50,0	100,0
Silurb. inne i landet....	1,5	1,4	0,3	3,6	5,3	26,5	6,1	67,4	100,0
Mellom- eller skogbygder	3,8	1,5	0,6	4,2	6,3	24,0	9,3	66,7	100,0
Dal- og fjellbygder.....	3,9	1,2	0,2	4,9	6,3	18,9	3,8	77,3	100,0
Austl. m. Telemark i alt	2,2	1,7	0,3	3,5	5,5	31,1	5,9	63,0	100,0
Kystbygder	1,2	4,2	1,2	5,4	10,8	38,9	11,1	50,0	100,0
Mellom-ellerskogbygder	4,7	2,0	0,7	2,0	4,7	42,9	14,2	42,9	100,0
Dal- og fjellbygder.....	4,3	1,4	0,0	2,9	4,3	33,3	0,0	66,7	100,0
Agder i alt.....	3,1	2,9	0,8	3,6	7,3	39,3	10,7	50,0	100,0
Skiferl. ved Boknfjorden	20,5	2,3	0,0	1,3	3,6	63,6	0,0	36,4	100,0
Jærens sletteland									
Andre ytre bygder.....									
Indre bygder	7,8	1,2	0,4	1,9	3,5	35,7	10,7	53,6	100,0
Vestlandet i alt	9,1	2,0	0,4	2,1	4,5	44,2	8,4	47,4	100,0
Kystbygder	6,4	0,8	0,0	1,6	2,4	33,3	0,0	66,7	100,0
Ytre fjordbygder.....	5,7	3,6	0,0	0,0	3,6	100,0	0,0	0,0	100,0
Bygder ved Trondh.fj..	3,9	1,6	0,0	0,9	2,5	62,5	0,0	37,5	100,0
Dal- og fjellbygder.....	3,9	0,9	0,4	8,2	9,5	9,1	4,5	86,4	100,0
Andre indre bygder.....	5,8	0,8	0,4	3,1	4,3	18,2	9,1	72,7	100,0
Trøndelag i alt.....	4,6	1,4	0,2	2,5	4,1	35,1	3,5	61,4	100,0
Øyar	7,7	2,4	0,0	2,7	5,1	47,1	0,0	52,9	100,0
Kystbygder	7,7	1,2	0,6	4,3	6,1	20,0	10,0	70,0	100,0
Fjord- og dalbygder ...	13,8	1,4	0,3	5,1	6,8	20,0	4,0	76,0	100,0
Innlandsbygder	16,9	3,2	0,0	8,4	11,6	27,8	0,0	72,2	100,0
Nord-Noreg i alt.....	10,8	1,9	0,3	4,6	6,8	27,5	3,8	68,7	100,0

I 10-årsperioden var det ein tilgang i jordbruksarealet på 509 000 dekar. 180 000 dekar jordbruksareal vart brukt til tomter, vegar, idrettsanlegg, flyplassar m. v. Ein del av tomtearealet vart brukt til hagar m. v. og kjem att som jordbruksareal ved bruk under 5 dekar. Også ein del av arealet som går til flyplassar blir dyrka på nytt og drive som jordbruksareal.

32 000 dekar vart brukt til skog, medan «annan avgang» utgjorde 321 000 dekar. For heile landet var avgangen 24 000 dekar større enn tilgangen. Utslåttene er då haldne utanfor både i 1949 og 1959.

I Hedmark, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Nord-Trøndelag, Troms og Finnmark var avgangen av jordbruksareal mindre enn tilgangen i 10-årsperioden. I desse fylka var det såleis større jordbruksareal ved bruka over 5 dekar i 1959 enn i 1949. I dei andre fylka var avgangen større enn tilgangen.

Tilgangen i jordbruksareal 1949—1959 var i relasjon til jordbruksarealet i 1949 størst i Finnmark og Rogaland, med 29,8 og 19,6 prosent. Den store tilgangen i Rogaland kjem av at mykje jord vart teken i bruk til kulturbeite, ofte utan særleg oppdyrking. Minst tilgang var det i Østfold, med 0,6 prosent.

Avgangen i jordbruksareal i perioden var størst i Finnmark og Telemark, med 9,6 og 9,2 prosent. Relativt minst avgang hadde Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag, med 1,9 prosent.

Bruka grupperte etter jordbruksareal i 1949 og 1959.


Dei ordinære teljingsoppgåvene til Jordbruksteljinga 1959 gav opplysningar om tilgang og avgang i jordbruksareal på dei einskilde bruk i perioden 1949—1959. På grunnlag av desse oppgåvene og oppgåvene over bruk som

Tabell 16. Bruka kryssgrupperte etter jordbruksareal i 1949 og 1959.

	Brukstal 1949			Nye bruk 1949–1959 ¹	Bruk i alt 1959			
	5,1–35 dekar	35,1–100 dekar	Over 100 dekar					
Brukstal 1959 {	5,1— 35 da.	94 309	5 959	125	3 628	104 021		
	35,1—100 »	8 832	62 295	2 256			552	73 935
	Over 100 »	110	2 247	17 858				
Blitt borte som særskilde brukseiningar sidan 1949	7 601	1 841	180	.	.			
Jordbruksarealet redusert til under 5 da. sidan 1949.....	8 696	1 489	421	.	.			
						198 315		
Bruk i alt 1949	119 548	73 831	20 840	.	214 219			

¹ Gjeld både heilt nye bruk og bruk der jordbruksarealet har auka frå under 5 dekar i 1949 til over 5 dekar i 1959.

Fig. 1. Endringar i bruksstrukturen 1949—1959.



i 10-årsperioden er blitt borte som særskilde brukseiningar, har ein fått høve til å kryssgruppera bruka etter storleiken på jordbruksarealet i 1949 og 1959. Tabell 16 syner denne grupperinga for bruk over 5 dekar. Det er nytta tre storleiksgrupper: 5,1—35 dekar, 35,1—100 dekar og over 100 dekar.

Dei tala som er understreka, gjeld bruk som var i same storleiksgruppe i 1949 og 1959. Også desse kan ha hatt endring i jordbruksarealet i perioden, men endringane har i tilfelle ikkje vore så store at bruka har gått over til anna storleiksgruppe. Særleg tala for nye bruk og bruk som er reduserte til under 5 dekar, kan vera sterkt påverka av forpakingstilhøve.

Ein må elles vera merksam på at i 1949 vart utslåtter rekna med i jordbruksarealet, medan dei ikkje vart rekna med i 1959. Hausting av utslåtter har gått så sterkt tilbake sidan 1949 at ein ikkje fann grunn til å rekna dei med i jordbruksarealet i 1959. Litt hausting av utslåtter var det likevel også i 1959, og nokre bruk kjem difor i lægre bruksklasse i 1959 enn dei hadde gjort om utslåttene hadde vore medrekna. I 1949 vart det hausta utslåtter ved 16 000 bruk, i 1959 ved vel 4 000.

Figur 1 gjev eit grafisk oversyn over strukturendringane.

Av bruka med over 100 dekar i 1949 var 180 blitt heilt borte som sjølvstendige brukseiningar. 421 var reduserte til under 5 dekar, 125 var reduserte til mellom 5 og 35 dekar, og 2 256 var reduserte til mellom 35 og 100 dekar. Av bruka over 100 dekar i 1959 var 144 komne til som nye bruk i perioden 1949—1959. 110 bruk auka frå gruppa 5—35 dekar, og 2 247 gjekk opp frå gruppa 35—100 dekar.

På same måte kan ein av tabell 16 og figur 1 sjå kva tilgang og avgang det har vore i dei andre storleiksgruppene.

Eige- og leigetilhøve.

Ved jordbruksteljingane er det brukartilhøvet som ligg til grunn for driftseininga. All jord som blir driven av ein brukar i ein kommune, blir rekna som eitt bruk, anten brukaren eig all jorda sjølv eller han leiger jorda heilt eller delvis. Etter eige- og leigetilhøve kan ein såleis dela bruka i 3 hovudgrupper:

1. Bruk der brukaren eig all jorda.
2. » » » leiger all jorda.
3. » » » eig ein del av jorda og leiger resten.

Både i gruppe 2 og 3 kan leigetilhøvet vera ordna på ulike måtar. Ved 1959-teljinga skil ein mellom forpaking, bygsel, husmannsskipnad, bruk lagt til stilling og andre leigetilhøve.

I tabell 1 i tredje hefte frå Jordbruksteljinga 1959 finn ein oppgåver for riket og fylka over eige- og leigetilhøva ved bruk av ymse storleik. I tabell 15 i fjerde hefte er det oppgåver for jordbruksområda.

Oppgåvene over eige- og leigetilhøva gjeld berre bruka med over 5 dekar jordbruksareal.

Tabell 17 gjev eit oversyn for riket etter bruksstorleik.

Tabell 17. Bruk over 5 dekar etter eige- og leigetilhøve. 1959.

	Prosent bruk der brukaren				Leigd jordbruks-areal i alt	
	eig heile jord- bruks- arealet	leiger			Dekar	I prosent av heile jord- bruks- arealet
		heile jord- bruks- arealet	50,1—99,9 pst. av jord- bruks- arealet	inntil 50 pst. av jord- bruks- arealet		
Kl. 3. 5,1— 10 dekar	89,6	8,2	1,1	1,1	14 761	5,6
» 4. 10,1— 20 »	90,1	6,8	1,1	2,0	51 353	8,3
» 5. 20,1— 35 »	89,1	6,1	1,1	3,7	95 203	7,9
» 6. 35,1— 50 »	87,3	5,7	1,3	5,7	109 634	8,1
» 7. 50,1— 75 »	85,1	6,2	1,3	7,4	159 400	8,9
» 8. 75,1— 100 »	82,2	7,1	1,7	9,0	121 162	10,4
» 9. 100,1— 200 »	76,2	10,9	2,1	10,8	318 111	15,3
» 10. 200,1— 500 »	69,5	16,7	2,6	11,2	284 189	20,7
» 11. 500,1—1000 »	70,7	9,9	3,8	15,6	38 101	16,1
» 12. Over 1000 »	67,4	16,3	4,7	11,6	15 216	25,7
I alt	86,5	7,1	1,3	5,1	1 207 130	11,7

Av i alt 198 300 brukarar med over 5 dekar jordbruksareal i 1959 var 171 600 eller 86,5 prosent eigarar av heile det jordbruksarealet dei dreiv. 14 100 eller 7,1 prosent var leigarar av heile arealet og 12 600 eller 6,4 prosent dreiv bruk der arealet dels var sjølveige, dels leigejord. Det var relativt fleire bruk med leigejord di større bruka var.

Det leigde arealet var i alt vel 1,2 mill. dekar eller knapt 12 prosent av alt jordbruksareal ved bruka over 5 dekar. Av dette var 0,9 mill. dekar ved bruk der heile jordbruksarealet var leigejord og knapt 0,2 mill. ved bruk der inntil 50 prosent var leigejord.

Stort sett var det relativt meir leigeareal di større bruka var, men det var liten skilnad mellom bruksklassane i gruppa 10,1—75 dekar.

Tabell 18 gjev eit oversyn for fylka og jordbruksområda.

Det var relativt flest bruk med leigejord på Austlandet og i Agder. På Austlandet var heilt leigde bruk det vanlegaste, medan det i Agder var relativt flest bruk med inntil 50 prosent leigejord. I dei andre landslutene var jordleige langt mindre vanleg.

Av fylka hadde Østfold relativt flest bruk med leigejord. Femteparten av alle bruka i fylket hadde berre leigejord, og dessutan var det meir eller mindre leigejord ved knapt tiandeparten av bruka. Akershus og Vestfold hadde og etter måten mange bruk med leigejord.

I Troms og Finnmark var det berre 6 prosent av brukarane som leigde jord.

I Østfold var 26 prosent av jordbruksarealet leigejord, i Akershus 20 og i Vestfold 18 prosent. I Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Troms og Finnmark vart berre 4—6 prosent drive som leigejord.

Mellom jordbruksområda skilde dei søraustlege slettebygdene på Austlandet seg ut med 22 prosent leigeareal.

I tabell 19 er det gjeve eit oversyn over leigeformene.

15 900 eller knapt 60 prosent av dei 26 700 bruka med leigeareal var forpaktningar. For 9 300 eller 35 prosent var «andre leigetilhøve» gjeve opp som leigeform. Dette gjeld leigetilhøve som ikkje går inn under dei andre nem-

Tabell 18. Bruk over 5 dekar etter eige- og leigetilhøve. 1959.¹

	Prosent bruk der brukaren				Leigd jordbruks-areal i alt	
	eig heile jordbruks-arealet	leiger			Dekar	I prosent av heile jordbruks-arealet
		heile jordbruks-arealet	50,1-99,9 pst. av jordbruks-arealet	inntil 50 pst. av jordbruks-arealet		
Fylka:						
Østfold	71,4	19,7	1,7	7,2	200 622	26,0
Akershus og Oslo.....	75,2	14,3	2,2	8,3	169 842	20,4
Hedmark	82,9	8,4	1,8	6,9	121 715	12,0
Oppland	85,5	7,2	1,5	5,8	96 937	11,0
Buskerud	84,6	8,8	1,8	4,8	72 838	14,3
Vestfold	77,7	10,8	2,0	9,5	84 534	18,3
Telemark	82,9	10,9	1,7	4,5	49 344	15,4
Aust-Agder.....	82,9	6,7	2,4	8,0	20 329	13,4
Vest-Agder	80,1	4,8	3,4	11,7	29 572	13,7
Rogaland	84,4	6,5	1,5	7,6	65 040	10,5
Hordaland og Bergen ..	90,2	5,5	0,8	3,5	42 723	8,0
Sogn og Fjordane.....	91,8	5,0	0,8	2,4	27 240	5,7
Møre og Romsdal.....	91,3	4,8	0,6	3,3	37 480	6,3
Sør-Trøndelag	89,3	4,5	1,0	5,2	55 645	8,0
Nord-Trøndelag	88,7	5,7	1,1	4,5	55 719	7,8
Nordland	90,4	5,6	1,0	3,0	52 320	7,4
Troms	93,9	4,2	0,4	1,5	19 873	5,0
Finnmark	93,9	4,0	0,7	1,4	5 357	4,3
Jordbruksområda:						
Søraustlege slettebygder	75,5	14,2	2,0	8,3	415 863	21,5
Silurb. inne i landet . . .	80,0	9,5	2,2	8,3	115 685	13,0
Mellom- eller skogbygder	81,3	10,7	1,9	6,1	193 774	16,9
Dal- og fjellbygder.....	88,0	6,8	1,2	4,0	70 510	8,6
Austl. m. Telemark i alt	81,2	10,5	1,8	6,5	795 832	16,6
Kystbygder	81,1	5,7	3,1	10,1	22 537	15,1
Mellom-ellerskogbygder	79,1	5,9	3,1	11,9	20 912	14,0
Dal- og fjellbygder.....	86,4	4,7	2,5	6,4	6 452	9,3
Agder i alt.....	81,3	5,6	3,0	10,1	49 901	13,6
Skiferl. ved Boknfjorden	90,6	6,2	0,5	2,7	3 571	8,0
Jærens sletteland	81,0	8,4	1,6	9,0	37 603	12,2
Andre ytre bygder.....	90,3	5,2	0,9	3,6	78 840	7,6
Indre bygder	90,4	5,1	0,8	3,7	52 469	6,2
Vestlandet i alt	89,6	5,4	0,9	4,1	172 483	7,7
Kystbygder	91,4	4,2	0,8	3,6	8 432	6,5
Ytre fjordbygder.....	87,9	4,6	0,7	6,8	13 552	9,5
Bygder ved Trondh.fj..	87,4	6,5	1,3	4,8	58 062	8,9
Dal- og fjellbygder.....	90,4	3,4	1,3	4,9	12 334	5,6
Andre indre bygder....	89,6	4,8	0,8	4,8	18 984	7,2
Trøndelag i alt.....	89,0	5,1	1,0	4,9	111 364	7,9
Øyar	91,3	5,4	0,9	2,4	22 379	6,5
Kystbygder	92,2	4,3	1,0	2,5	22 027	6,7
Fjord- og dalbygder ...	92,6	4,7	0,5	2,2	22 698	5,7
Innlandsbygder	92,0	6,0	0,3	1,7	10 446	6,5
Nord-Noreg i alt.....	92,0	4,9	0,8	2,3	77 550	6,3

¹ Rikstal, sjå tabell 17 side 45.

Tabell 19. Bruk med leigeareal etter leigeform. 1959.

	Bruk med leigeareal		Leigd jordbruksareal		Medels leigeareal pr. bruk Dekar
	I alt	Prosent	Dekar	Prosent	
Heilt leigde bruk:					
Forpaktning	8 624	32,3	716 654	59,4	83,1
Bygsel	580	2,2	13 797	1,1	23,8
Husmannsskipnad.....	371	1,4	6 446	0,5	17,4
Lagt til stilling	243	0,9	5 608	0,5	23,1
Andre leigetilhøve	4 151	15,5	150 438	12,5	36,2
Fleire leigetilhøve	91	0,3	8 435	0,7	92,7
I alt.....	14 060	52,6	901 378	74,7	64,1
Delvis leigde bruk:					
Forpaktning	7 254	27,1	217 789	18,0	30,0
Bygsel	153	0,6	2 355	0,2	15,4
Lagt til stilling	61	0,2	1 024	0,1	16,8
Andre leigetilhøve	5 110	19,1	82 218	6,8	16,1
Fleire leigetilhøve	105	0,4	2 366	0,2	22,5
I alt	12 683	47,4	305 752	25,3	24,1
Bruk i alt med leigeareal	26 743	100,0	1 207 130	100,0	45,1

ningane for leigeformer. «Andre leigetilhøve» finn ein ofte i samband med generasjonsskifte. Den som gjev frå seg bruket er framleis eigar, medan drifta alt er overteken av den som skal bli ny eigar. Det kan og vera at eigaren har overlata drifta t. d. til ein granne som driv jorda saman med sitt eige bruk under leigeavtale som ikkje blir karakterisert som forpaktning.

Bygsel var lite vanleg når det gjeld bruk over 5 dekar, og det var berre restar igjen av den gamle husmannsskipnaden. Det var heller ikkje mange bruk som var lagt til stilling (embetsbruk, lærarjord osv.).

Forpaktning var den dominerande leigeform på Austlandet, i Rogaland, Trøndelag og Finnmark. Elles i landet var det fleire bruk som vart drivne under «andre leigetilhøve» enn som forpaktning.

Dei forpakta bruka var mykje større enn dei som vart drivne under andre leigeformer. Medels jordbruksareal for alle heilt leigde bruk var 64 dekar, men gjennomsnittet for forpaktingsbruka var 83 dekar. Medelstorleiken på bruka med «andre leigetilhøve» var 36 dekar.

I 1959 var medelstorleiken for alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal 51 dekar. Dei forpaktingsbruka som vart drivne som særskilde bruk, var altså gjennomgåande store.

Meir enn tre fjerdepartar av alt leigeareal vart drive som forpaktning.

Det er vanskeleg å jamføra oppgåvene over eige- og leigetilhøva i 1959 med tidlegare oppgåver. Ved tidlegare teljingar vart det berre spurt etter om bruka var leigde og i tilfelle korleis leiga var ordna. Ein fekk ikkje noko deling på heilt og delvis leigde bruk og heller ikkje oppgåve over leigd areal.

Det har vore rekna med at det ein tidlegare fekk registrert som leigebruk, var dei heilt leigde bruka og dei bruka der storparten (meir enn halvparten) av arealet var leigd.

I 1949 vart det oppgjeve at 8,7 prosent av brukarane var leigarar. I 1959 var prosenten 8,4 dersom ein held bruk med inntil 50 prosent leigejord

utanfor. Dette tyder likevel ikkje at det er blitt relativt færre bruk med leigejord i 1959 enn i 1949. Det skriv seg snarare frå at det i 10-årsperioden var ei forskyving frå heilt leigde bruk til bruk med inntil 50 prosent leigejord.

I perioden 1949—1959 var det ein relativt sterk nedgang i talet på mindre bruk. Mange av desse bruka vart borte fordi eigarane på grunn av alder eller andre årsaker ikkje fann å kunna driva bruka. Dei som stod nærast til for å overta bruka (born og andre nære slektningar), var førebels ikkje interesserte i å driva bruka, men dei eller eigarane var heller ikkje interesserte i å selja til andre. Ein stor del av desse bruka er blitt bortleigde til andre brukarar som driv dei saman med egne, og ofte større bruk. Dette kan gjelda både bruk som tidlegare har vore bortleigde som særskilde bruks- einingar og bruk som eigarane sjølve har drive.

Ei jamføring etter bruksstorleik viser at det var relativt færre leigebruk (bruk der meir enn halvparten av arealet var leigejord) i 1959 enn i 1949 i bruksgruppa 5,1—35 dekar, men relativt fleire i dei høgre grupper.

	Bruksstorleik		
	5,1—35 dekar	35,1—100 dekar	Over 100 dekar
Prosent leigebruk 1949	8,8	7,2	13,9
Prosent bruk der over halvparten av jordbruksarealet var leigejord i 1959	7,9	7,5	14,5

Dessutan ser ein av tabell 17 at relativtala for bruk med inntil 50 prosent leigeareal aukar sterkt med aukande bruksstorleik.

Folkemengda i landet fordelt på næringer.

Etter folketeljinga i 1960 var det i alt 3 591 234 personar som høyrde heime i Noreg. Av desse budde 2 438 857 eller 67,9 prosent i bygdene og 1 152 377 eller 32,1 prosent i byane. Fordelinga på bygder og byar var den

Tabell 20. Folkemengd etter næringer.

	Personar i alt					Prosenttal				
	1920	1930	1946	1950	1960	1920	1930	1946	1950	1960
Jord-og skogbruk .	880 385	838 153	783 963	712 707	546 770	33,2	29,8	24,8	21,7	15,2
Fiske og fangst ...	162 085	207 413	188 302	181 557	141 400	6,1	7,4	6,0	5,5	4,0
Industri m.v.	763 126	773 465	977 185	1 122 944	1 247 086	28,8	27,5	31,0	34,3	34,7
Forretnings- verksemd	217 808	252 069	271 663	290 889	370 735	8,2	9,0	8,6	8,9	10,3
Samferdsel	216 675	246 415	285 372	302 379	366 994	8,2	8,7	9,0	9,2	10,2
Div.tenesteyting ..	195 769	223 580	311 583	323 253	473 590	7,4	7,9	9,9	9,9	13,2
Formue, pensjon m. v. og næring ikkje oppgeve.....	213 927	273 099	338 882	344 817	444 659	8,1	9,7	10,7	10,5	12,4
Riket	2 649 775	2 814 194	3 156 950	3 278 546	3 591 234	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

same også i 1950. Av heile folkemengda var 1 789 406 eller 49,8 prosent menn og 1 801 828 eller 50,2 prosent kvinner.

Tabell 20 viser folkemengda i alt fordelt etter næringar 1920—1960.

Det er hovudyrket til vedkomande person eller forsyntaren hans som ligg til grunn for grupperinga etter næring. Etter denne grupperingsmåten høyrde 33 prosent av folkemengda heime i jord- og skogbruk i 1920, men berre 15 prosent i 1960. Også for fiske og fangst var det nedgang, medan dei andre gruppene viste auke. I siste 10-årsperiode var det særleg tenesteytande næringar og pensjonistar m. v. som viste relativ auke, medan industri m. v. hadde om lag same prosent av folkemengda i 1960 som i 1950.

Av folkemengda i bygdene var 22,1 prosent knytt til jord- og skogbruk i 1960 mot 31,6 prosent i 1950.

Arbeidet til brukarane utanom bruket (sjå avsnittet «Yrkestilhøva ved bruk med over 5 dekar jordbruksareal») viser ei noko anna oppdeling på næringar enn den som er nytta i tabell 20. Frå industri m. v. har ein skilt ut bygg og anlegg som eiga gruppe. Frå forretningsverksemd har ein skilt ut varehandel og av tenesteyting har ein skilt ut offentleg og privat tenesteyting. Forretningsverksemd og tenesteyting elles er rekna som «andre yrke». Tabell 21 viser yrkesfolkemengda over 15 år etter folketeljinga, fordelt etter same næringsgruppering som er nytta i jordbrukssteljinga.

Tabell 21. Yrkesfolkemengda, 15 år og meir, etter næring.
Folketeljinga 1960.

	Jord- og skog- bruk, jakt	Fiske og fangst	Indu- stri m.v.	Bygg og anlegg	Vare- handel	Sam- ferdsl	Off. og privat teneste- yting	Andre yrke	Yrke ikkje opp- gjeve	I alt
Østfold ..	10 319	894	35 635	6 318	7 791	7 172	5 456	6 123	159	79 867
Akershus.	11 874	141	26 082	9 478	12 236	10 655	11 299	12 113	140	94 018
Oslo	1 224	79	64 070	16 032	42 045	24 592	34 490	36 954	1 198	220 684
Hedmark	25 361	155	12 814	6 858	5 552	5 748	4 577	6 030	217	67 312
Oppland .	22 110	184	13 293	7 159	4 896	4 973	4 496	5 593	187	62 891
Buskerud	11 819	241	24 335	6 625	6 391	6 124	4 955	5 480	206	66 176
Vestfold .	6 809	3 634	21 766	6 212	6 753	8 772	5 070	6 976	162	66 154
Telemark	9 933	598	20 533	5 991	5 326	5 794	4 219	4 215	150	56 759
Aust-Agder	5 792	496	6 294	3 067	2 557	5 079	2 251	2 625	83	28 244
Vest-Agder	6 011	1 015	12 169	4 224	4 265	5 858	3 595	4 213	80	41 430
Rogaland	14 204	3 294	26 749	7 641	10 567	12 143	7 152	8 265	155	90 170
Hordaland	13 050	3 718	24 119	8 678	7 649	12 069	6 051	6 463	44	81 841
Bergen ..	172	60	14 445	3 631	9 723	7 989	6 758	6 764	87	49 629
Sogn og Fjordane	12 337	2 796	7 068	3 768	2 093	3 182	2 071	2 644	168	36 127
Møre og Romsdal	13 555	8 299	20 850	6 806	7 478	9 348	5 366	5 932	288	77 922
Sor-Trøn- delag .	14 332	3 147	17 393	8 036	11 282	10 533	8 130	9 601	413	82 867
Nord-Trøn- delag .	14 533	1 103	8 026	3 897	3 076	3 891	3 070	4 327	225	42 148
Nordland	14 030	11 355	14 034	10 300	7 451	13 766	5 921	9 332	535	86 724
Troms ..	8 847	8 185	5 565	5 364	4 271	6 418	3 396	5 637	414	48 097
Finmark	3 272	5 141	4 873	3 151	2 127	3 358	1 978	3 044	354	27 298
I alt.	219 584	54 535	380 113	133 236	163 529	167 464	130 301	152 331	5 265	1 406 358

Tabell 22. Yrkesfolkemengda, 15 år og meir, prosentvis etter næring og fylke. Folketeljinga 1960.

	Jord- og skog- bruk, jakt	Fiske og fangst	Indu- stri m.v.	Bygg og anlegg	Vare- han- del	Sam- ferd- sel	Off.og privat tene- ste- yting	Andre yrke	Yrke ikkje opp- gjeve	I alt
a. Etter næring										
Østfold	12,9	1,1	44,6	7,9	9,8	9,0	6,8	7,7	0,2	100,0
Akershus.....	12,6	0,2	27,7	10,1	13,0	11,3	12,0	12,9	0,2	100,0
Oslo.....	0,5	0,0	29,0	7,3	19,1	11,2	15,6	16,8	0,5	100,0
Hedmark	37,7	0,2	19,0	10,2	8,3	8,5	6,8	9,0	0,3	100,0
Oppland	35,1	0,3	21,1	11,4	7,8	7,9	7,2	8,9	0,3	100,0
Buskerud	17,8	0,4	36,8	10,0	9,7	9,2	7,5	8,3	0,3	100,0
Vestfold	10,3	5,5	32,9	9,4	10,2	13,3	7,7	10,5	0,2	100,0
Telemark	17,5	1,0	36,2	10,6	9,4	10,2	7,4	7,4	0,3	100,0
Aust-Agder.....	20,5	1,7	22,3	10,9	9,0	18,0	8,0	9,3	0,3	100,0
Vest-Agder.....	14,5	2,4	29,4	10,2	10,3	14,1	8,7	10,2	0,2	100,0
Rogaland	15,8	3,6	29,6	8,5	11,7	13,5	7,9	9,2	0,2	100,0
Hordaland	15,9	4,5	29,5	10,6	9,4	14,7	7,4	7,9	0,1	100,0
Bergen	0,3	0,1	29,1	7,3	19,6	16,1	13,6	13,7	0,2	100,0
Sogn og Fjordane	34,2	7,7	19,6	10,4	5,8	8,8	5,7	7,3	0,5	100,0
Møre og Romsdal	17,4	10,6	26,8	8,7	9,6	12,0	6,9	7,6	0,4	100,0
Sør-Trøndelag ..	17,3	3,8	21,0	9,7	13,6	12,7	9,8	11,6	0,5	100,0
Nord-Trøndelag.	34,4	2,6	19,1	9,3	7,3	9,2	7,3	10,3	0,5	100,0
Nordland	16,2	13,1	16,2	11,9	8,6	15,9	6,8	10,7	0,6	100,0
Troms	18,3	17,3	11,5	11,1	8,9	13,3	7,0	11,7	0,9	100,0
Finnmark	11,9	18,8	17,9	11,5	7,8	12,3	7,3	11,2	1,3	100,0
Riket	15,6	3,9	27,0	9,5	11,6	11,9	9,3	10,8	0,4	100,0
b. Etter fylke										
Østfold	4,7	1,6	9,4	4,8	4,8	4,3	4,2	4,0	3,0	5,7
Akershus.....	5,4	0,3	6,9	7,1	7,5	6,4	8,7	8,0	2,7	6,7
Oslo.....	0,6	0,2	16,8	12,0	25,7	14,7	26,5	24,3	22,8	15,7
Hedmark	11,5	0,3	3,4	5,2	3,4	3,4	3,5	4,0	4,1	4,8
Oppland	10,1	0,3	3,5	5,4	3,0	3,0	3,5	3,7	3,5	4,5
Buskerud	5,4	0,5	6,4	5,0	3,9	3,7	3,8	3,6	3,9	4,7
Vestfold	3,1	6,7	5,7	4,7	4,1	5,2	3,9	4,6	3,1	4,7
Telemark	4,5	1,1	5,4	4,5	3,2	3,5	3,2	2,8	2,8	4,0
Aust-Agder.....	2,6	0,9	1,6	2,3	1,6	3,0	1,7	1,7	1,6	2,0
Vest-Agder.....	2,7	1,9	3,2	3,2	2,6	3,5	2,8	2,8	1,5	3,0
Rogaland	6,5	6,0	7,0	5,7	6,5	7,2	5,5	5,4	2,9	6,4
Hordaland	6,0	6,8	6,3	6,5	4,7	7,2	4,6	4,2	0,8	5,8
Bergen	0,1	0,1	3,8	2,7	5,9	4,8	5,2	4,4	1,7	3,5
Sogn og Fjordane	5,6	5,1	1,9	2,8	1,3	1,9	1,6	1,7	3,2	2,6
Møre og Romsdal	6,2	15,2	5,5	5,1	4,6	5,6	4,1	3,9	5,5	5,5
Sør-Trøndelag ..	6,5	5,8	4,6	6,0	6,9	6,3	6,2	6,3	7,8	5,9
Nord-Trøndelag.	6,6	2,0	2,1	2,9	1,9	2,3	2,4	2,8	4,3	3,0
Nordland	6,4	20,8	3,7	7,7	4,5	8,2	4,5	6,1	10,2	6,2
Troms	4,0	15,0	1,5	4,0	2,6	3,8	2,6	3,7	7,9	3,4
Finnmark	1,5	9,4	1,3	2,4	1,3	2,0	1,5	2,0	6,7	1,9
Riket	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Yrkesfolkemengda var 1 406 000 eller 39,2 prosent av folketalet i 1960 mot 42,3 prosent i 1950.

Fylgjande oppstilling viser yrkesfolkemengd i prosent av folkemengd i alt, fylkesvis.

Østfold	39,4	Rogaland	37,8
Akershus	40,2	Hordaland	36,3
Oslo	46,4	Bergen	42,9
Hedmark	38,0	Sogn og Fjordane	36,2
Oppland	37,9	Møre og Romsdal	36,6
Buskerud	39,3	Sør-Trøndelag	39,1
Vestfold	37,9	Nord-Trøndelag	36,1
Telemark	37,9	Nordland	36,6
Aust-Agder	36,7	Troms	37,7
Vest-Agder	38,1	Finnmark	37,9

Det er særleg den store nettinnflyttinga av arbeidskraft som er årsak til den høge prosent yrkesfolkemengd i Oslo, men elles er det også jamt over relativt fleire kvinner i yrkeslivet i byane enn i bygdene.

Fordelinga etter næring viser at 15,6 prosent hadde jord- og skogbruk som hovudnæring, 3,9 prosent fiske og fangst, 27,0 prosent industri m. v., 9,5 prosent bygg og anlegg, 11,6 prosent varehandel, 11,9 prosent samferdsel, 9,3 prosent offentleg og privat tenesteyting og 10,8 prosent andre næringar (finansinstitusjonar, eigedomsdrift, offentleg administrasjon og forsvar og personleg tenesteyting). 0,4 prosent kunne ikkje spesifiserast etter næring.

Hedmark, Oppland, Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag skilde seg ut med over tredjeparten av yrkesfolkemengda knytt til jord- og skogbruk. Fiske og fangst var det mest av i Nord-Noreg og Møre og Romsdal. I Østfold var over halvparten knytt til industri, bygg og anlegg. I Hedmark, Sogn og Fjordane, Nord-Trøndelag og Nord-Noreg var mindre enn 30 prosent knytt til industri, bygg og anlegg.

Oslo hadde over dobbelt så stor yrkesfolkemengd som noko anna fylke. Deretter kom Akershus, Rogaland og Nordland.

Folkemengda på bruk med over 5 dekar jordbruksareal.

For bruk med over 5 dekar jordbruksareal vart det samla inn opplysningar om brukaren og familien hans på teljingsdagen. Det vart spurt om brukaren var mann eller kvinne, ugift, gift eller tidlegare gift, vidare om talet på born under 15 år, talet på gutar og jenter over 15 år og andre famillemedlemmer som hadde underhald på bruket. Alle personlege brukarar skulle svara på desse spørsmåla. Dessutan hadde ein med spørsmål om arbeidshjelp på bruket siste sommar- og vinterhalvår. Alle som var knytte til bruk med upersonleg brukar, vart rekna som leigd hjelp.

På grunnlag av desse oppgåvene kan ein rekna seg til folkemengda på bruka.

Tabell 23 viser brukarane fordelte etter kjønn og ekteskapeleg status.

Talet på upersonlege brukarar utgjorde berre 0,4 prosent av samla brukstal. Det var likevel relativt mange av dei største bruka som vart drivne av upersonlege brukarar. Dei fleste personlege brukarane var gifte menn, og relativt fleire di større bruka var. Ugifte og tidlegare gifte menn var det

Tabell 23. Brukarane etter kjønn og ekteskapeleg status. 1959.

	Bruk over 5 dekar	Bruk drivne av:						
		Uper- son- lege bru- karar	Menn			Kvinner		
			Ugifte	Gifta	Tidle- gare gifte	Ugifte	Gifta	Tidle- gare gifte
Riket, absolutte tal	198 315	783	26 276	151 889	6 693	3 027	1 597	8 050
Relative tal :								
Riket	100,0	0,4	13,2	76,6	3,4	1,5	0,8	4,1
Bruksklassar:								
Kl. 3. 5,1— 10 dekar . .	100,0	0,7	11,1	73,0	4,4	3,1	1,3	6,4
» 4. 10,1— 20 » ..	100,0	0,3	12,4	74,4	4,1	2,3	1,1	5,4
» 5. 20,1— 35 » ..	100,0	0,3	13,9	75,2	3,7	1,6	0,8	4,5
» 6. 35,1— 50 » ..	100,0	0,2	14,6	77,1	3,1	1,0	0,6	3,4
» 7. 50,1— 75 » ..	100,0	0,2	14,2	78,7	2,7	0,9	0,6	2,7
» 8. 75,1— 100 » ..	100,0	0,3	13,9	79,4	2,7	0,8	0,5	2,4
» 9. 100,1— 200 » ..	100,0	0,6	12,5	81,5	2,0	0,5	0,5	2,4
» 10. 200,1— 500 » ..	100,0	2,2	10,0	83,2	1,8	0,3	0,5	2,0
» 11. 500,1—1000 » ..	100,0	11,3	6,5	76,3	1,9	0,2	1,4	2,4
» 12. Over 1000 » ..	100,0	32,6	2,3	60,5	—	2,3	—	2,3
Landsdelar:								
Austlandet med Telemark . . .	100,0	0,6	13,7	76,0	3,6	1,5	0,8	3,8
Agder	100,0	0,4	16,7	69,5	4,2	2,8	0,6	5,8
Vestlandet	100,0	0,3	14,6	76,5	2,9	1,4	0,7	3,6
Trøndelag	100,0	0,3	13,0	78,1	3,0	1,4	0,8	3,4
Nord-Noreg	100,0	0,2	9,8	79,1	3,5	1,3	1,1	5,0

mest av på bruk under 100 dekar. 6,4 prosent av bruka hadde kvinneleg brukar. Det var helst mindre bruk som vart drivne av kvinner.

Tabell 24 viser brukarane fordelte etter kjønn og ekteskapeleg status i 1949 og 1959.

Tabell 24. Brukarane prosentvis etter kjønn og ekteskapeleg status. Brukarar i alt = 100.

	Bruk drivne av:							
	Upersonlege brukarar		Menn, ugifte og tidlegare gifte		Menn, gifte		Kvinner	
	1949	1959	1949	1959	1949	1959	1949	1959
Riket	0,4	0,4	16,4	16,6	76,0	76,6	7,2	6,4
Bruksklassar:								
5,1— 20 dekar	0,3	0,4	15,7	16,2	74,0	73,9	10,0	9,5
20,1— 50 »	0,2	0,2	17,1	17,6	76,0	76,0	6,7	6,2
50,1—100 »	0,2	0,3	17,1	16,8	77,6	78,9	5,1	4,0
100,1—200 »	0,7	0,6	15,5	14,5	79,4	81,5	4,4	3,4
200,1—500 »	2,3	2,2	14,3	11,8	79,0	83,2	4,4	2,8
Over 500 »	12,1	13,5	11,9	7,7	70,7	74,7	5,3	4,1
Landsdelar:								
Austlandet med Telemark	0,5	0,6	16,7	17,3	76,1	76,0	6,7	6,1
Agder	0,5	0,4	21,0	20,9	67,4	69,5	11,1	9,2
Vestlandet	0,3	0,3	16,9	17,5	76,1	76,5	6,7	5,7
Trøndelag	0,3	0,3	16,4	16,0	76,7	78,1	6,6	5,6
Nord-Noreg	0,2	0,2	13,6	13,3	78,3	79,1	7,9	7,4

Endringane i 10-årsperioden var ikkje særleg store. Det var ein mindre del av brukarar som vart driven av kvinner i 1959. Nedgangen fall i det heile på ugifte og tidlegare gifte, medan det var ein liten auke i prosent gifte kvinnelege brukarar.

Det var ein liten relativ oppgang for ugifte og tidlegare gifte mannlege brukarar på bruk under 5 dekar, men nedgang på større bruk.

Reknar ein med ektemakane til dei gifte brukarane, var det 186 455 mannlege og 164 563 kvinnelege brukarar og ektemakar i 1959 (153 486 ektepar, 32 969 einslege menn og 11 077 einslege kvinner).

Vidare vart det gjeve opp 275 815 heimeverande born og 94 914 andre familiemedlemmer som hadde underhald på bruket. Som fast knytte til brukarar må ein elles rekna fast, framand arbeidshjelp.

Tabell 25 viser samla folkemengd på brukarar i 1949 og 1959.

Tabell 25. Samla folkemengd på bruk over 5 dekar om sommaren.¹

	1949		1959	
	Personar	Prosent	Personar	Prosent
Brukarar og ektemakar:				
Menn	198 457	20,8	186 455	25,0
Kvinner	177 600	18,6	164 563	22,1
I alt.....	376 057	39,4	351 018	47,1
Heimeverande born:				
Under 15 år	212 992	22,4	188 174	25,3
Over 15 år, gutar	84 506	8,9	53 944	7,2
Over 15 år, jenter	61 233	6,4	33 697	4,5
I alt.....	358 731	37,7	275 815	37,0
Andre familiemedlemmer	169 518	17,8	94 914	12,7
Familie i alt.....	904 306	94,9	721 747	96,8
Framande arbeidsfolk:				
Menn	28 326	3,0	16 336	2,2
Kvinner	19 982	2,1	7 039	1,0
I alt.....	48 308	5,1	23 375	3,2
I alt ved bruk over 5 dekar	952 614	100,0	745 122	100,0

¹ Oppgåvene for framande arbeidsfolk gjeld sommaren 1948 og sommaren 1958, medan dei andre oppgåvene gjeld teljingsdagen.

Det var nedgang i talet på personar i alle gruppene som er nemnde i tabellen. Relativt sterkast var nedgangen i talet på born over 15 år, andre familiemedlemmer og framande arbeidsfolk. Av samla folkemengd på brukarar utgjorde såleis brukarar, ektemakar og mindreårige born 72,4 prosent i 1959 mot 61,8 prosent i 1949. Samla folkemengd ved bruk over 5 dekar vart redusert med 22 prosent frå 1949 til 1959.

Tabell 26 syner folkemengda på bruk over 5 dekar delt etter bruksstorleik.

Tabell 26. Folkemengda på bruk med over 5 dekar jordbruksareal. 1959.

	I alt	Brukar og ektefelle		Born under 15 år	Born over 15 år		Andre fam.-medl.	Framande	
		Menn	Kvinner		Gutar	Jenter		Menn	Kvinner
a) Personar i alt									
Riket.....	745 122	186 455	164 563	188 174	53 944	33 697	94 914	16 336	7 039
Bruksklassar: ¹									
Kl. 3	60 184	17 440	16 261	15 395	3 852	2 615	4 059	308	254
» 4	136 130	37 608	34 001	34 495	9 712	6 473	12 654	551	636
» 5	154 668	40 945	35 928	38 461	11 585	7 442	18 788	649	870
» 6	120 917	30 357	26 127	30 656	9 041	5 513	17 469	871	883
» 7	117 441	27 676	23 820	30 809	8 702	5 250	18 802	1 282	1 100
» 8	56 872	12 884	11 103	14 622	4 278	2 538	9 410	1 268	769
» 9	68 192	14 549	12 807	17 129	5 078	2 843	10 456	3 934	1 396
» 10	26 715	4 649	4 189	6 120	1 572	938	3 014	5 312	921
» 11	3 368	320	299	451	118	81	240	1 694	165
» 12	635	27	28	36	6	4	22	467	45
Landsdelar:									
Austlandet med									
Telemark	253 693	65 976	57 629	56 361	17 230	10 361	31 377	11 435	3 324
Agder	39 704	11 397	9 861	9 609	2 656	1 759	3 643	526	253
Vestlandet	208 112	50 614	43 928	57 635	12 965	8 288	30 849	2 134	1 699
Trøndelag	90 179	21 548	18 993	22 082	7 004	4 209	13 678	1 665	1 000
Nord-Noreg	153 434	36 920	34 152	42 487	14 089	9 080	15 367	576	763
b) Personar pr. 100 bruk									
Riket.....	375,7	94,0	83,0	94,9	27,2	17,0	47,9	8,2	3,5
Bruksklassar: ¹									
Kl. 3	310,0	89,8	83,8	79,3	19,8	13,5	20,9	1,6	1,3
» 4	332,9	92,0	83,1	84,4	23,8	15,8	30,9	1,3	1,6
» 5	353,8	93,6	82,2	88,0	26,5	17,0	43,0	1,5	2,0
» 6	380,1	95,5	82,1	96,4	28,4	17,3	54,9	2,7	2,8
» 7	408,2	96,2	82,8	107,1	30,2	18,2	65,4	4,5	3,8
» 8	425,8	96,5	83,1	109,4	32,0	19,0	70,5	9,5	5,8
» 9	452,4	96,4	85,0	113,6	33,7	18,9	69,4	26,1	9,3
» 10	548,6	95,5	86,0	125,7	32,3	19,2	61,9	109,1	18,9
» 11	905,4	86,0	80,4	121,2	31,7	21,8	64,5	455,4	44,4
» 12	1 476,7	62,8	65,1	83,7	14,0	9,3	51,2	1 085,9	104,7
Landsdelar:									
Austlandet med									
Telemark	361,6	94,0	82,2	80,3	24,6	14,8	44,7	16,3	4,7
Agder	317,0	91,0	78,8	76,7	21,2	14,0	29,1	4,2	2,0
Vestlandet	389,4	94,7	82,2	107,8	24,3	15,5	57,7	4,0	3,2
Trøndelag	397,2	94,9	83,7	97,3	30,8	18,5	60,3	7,3	4,4
Nord-Noreg	388,6	93,5	86,5	107,6	35,7	23,0	38,9	1,5	1,9

¹ Sjå note tabell 9 side 30.

Av tabell 26 ser ein at det i 1959 var gjennomsnittleg 3,76 personar pr. bruk. I 1949 var det 4,46. Det var såleis ein reduksjon på 16 prosent i 10-årsperioden. Det var størst nedgang ved bruka over 100 dekar.

Ein skal vera merksam på at ikkje heile folkemengda på bruka kan reknast som jordbruksbefolkning. Mange, særleg på dei mindre bruka, har viktigaste levevegen utanom jordbruket. Ein kan nærast seia det slik at tabell 26 gjev uttrykk for folkemengd i alt som hentar heile eller ein del av inntekta si frå bruka. Når ein ser det på denne måten, er det berre ein del tilfeldig arbeidshjelp som ikkje kjem med. I yrkesfordelinga ved folketeljingane blir ein person gruppert på den næringa der han sjølv eller forsyntaren har hovudyrket sitt.

Yrkestilhøva ved bruk med over 5 dekar jordbruksareal.

Ved jordbruksteljinga skulle alle personlege brukarar gje opp om dei dreiv bruket som einaste yrke, hovudyrke eller attåtyrke.

I teljingsreglane var det gjeve slik rettleiing:

«Når ein skal svara på spørsmåla, må ein ha klårt for seg at bruket femner om både jordbruket (med husdyrhald, hagebruk m. m.) og skogen. Men det kan vera anna verksemd på eigedomene som ikkje skal reknast med til bruket, t. d. verkstad, sagbruk o. a. Det er bruket, sett som leveveg, som skal leggjast til grunn for svaret. I visse tilfelle kan bruket vera attåtyrke eller hovudyrke sjølv om brukaren ikkje har arbeids dagar i anna yrke. Det kan gjera seg gjeldande på små bruk der brukaren er ein eldre person som ikkje har arbeid utanom bruket, men har inntekter som i hovudsaka kjem utanfrå, t. d. som pensjon eller renter av middel. På den andre sida reknar ein bruket som einaste yrke sjølv om brukaren siste året meir tilfeldig har hatt nokre arbeids dagar utanom bruket.

Dersom det er ektepar som driv bruket, skal ein taka omsyn til yrkestilhøva for begge. Om mannen berre arbeider på bruket, medan kona har fast arbeid i anna yrke, kan ein ikkje rekna bruket som einaste yrke.

Dersom bruket er attåtyrke eller hovudyrke, skal ein gje opp kva slags yrke brukaren (eventuelt ektemaken) har ved sida av bruket. I så fall skal det og gjevast opp kor mange dagar som er nytta til yrke utanom bruket. Det er alt nemnt at dette yrket kan vera av slik art at det ikkje krev arbeid.»

Tabell 27 syner yrkesfordelinga i 1959.

Tabell 27. Personlege brukarar etter yrkestilhøva. 1959.

	Menn		Kvinner		I alt	
	Brukarar	Prosent	Brukarar	Prosent	Brukarar	Prosent
Bruket var:						
Einaste yrke	69 858	37,8	7 399	58,4	77 257	39,1
Hovudyrke	42 421	22,9	2 199	17,3	44 620	22,6
Attåtyrke	72 579	39,3	3 076	24,3	75 655	38,3
I alt	184 858	100,0	12 674	100,0	197 532	100,0

Knapt 40 prosent av bruka vart drive som einaste yrke og om lag like mange som attåtyrke. At bruket er einaste yrke er langt vanlegare for dei kvinnelege brukarane enn for dei mannlege. Dette kjem m. a. av at dei fleste kvinnelege brukarane (11 100 av i alt 12 700) er einslege (enkjer og ugifte). Dei har difor lite høve til arbeid utanom bruket.

Tabell 28 viser yrkesfordelinga i tidsrommet 1929—1959.

Tabell 28. Personlege brukarar prosentvis etter yrkestilhøve.

	Einaste yrke	Hovud-yrke	Attåt-yrke	I alt
1929.....	45,1	24,6	30,3	100,0
1939.....	39,2	30,0	30,8	100,0
1949.....	40,9	25,5	33,6	100,0
1959.....	39,1	22,6	38,3	100,0

I perioden 1949—1959 var det relativt auke i talet på bruk drivne som attåtyrke, medan relativt færre vart drivne som einaste yrke eller hovudyrke. Nedgangen var særleg merkande for hovudyrkebruka. Denne forskyvinga mot relativt fleire attåtyrkebruk gjekk for seg samstundes som brukstorleiken auka.

Det er sterk samanheng mellom yrkestilhøve og bruksstorleik. Dette ser ein tydeleg av tabellane 29 og 30.

Tabell 29. Mannlege og kvinnelege brukarar ved bruk av ulik storleik, etter yrkestilhøve. 1959.

	Mannlege brukarar			Kvinnelege brukarar			Personlege brukarar i alt
	Einaste yrke	Hovud-yrke	Attåt-yrke	Einaste yrke	Hovud-yrke	Attåt-yrke	
Kl. 3. 5,1- 10 da.	1 426	1 205	14 563	786	345	960	19 285
» 4. 10,1- 20 »	4 720	5 708	26 730	1 724	707	1 166	40 755
» 5. 20,1- 35 »	9 892	11 673	19 012	1 842	578	613	43 610
» 6. 35,1- 50 »	12 637	10 109	7 408	1 148	279	174	31 755
» 7. 50,1- 75 »	16 077	8 041	3 397	923	164	105	28 707
» 8. 75,1- 100 »	9 141	2 821	859	404	58	29	13 312
» 9. 100,1- 200 »	11 761	2 229	483	432	61	22	14 988
» 10. 200,1- 500 »	3 925	589	110	126	6	5	4 761
» 11. 500,1-1000 »	262	38	15	12	1	2	330
» 12. Over 1000 »	17	8	2	2	—	—	29
I alt.....	69 858	42 421	72 579	7 399	2 199	3 076	197 532

Dei minste bruka vart for det meste drivne som attåtyrke. 80 prosent av bruka mellom 5 og 10 dekar var attåtyrke i 1959. Det vart relativt færre attåtyrkebruk med aukande bruksstorleik, men denne gruppa dominerte i alle

Tabell 30. Personlege brukarar ved bruk av ulik storleik, prosentvis etter yrkestilhøve.

	Mannlege brukarar			Kvinnelege brukarar			Personlege brukarar i alt		
	Eina- ste- yrke	Hovud- yrke	Attåt- yrke	Eina- ste- yrke	Hovud- yrke	Attåt- yrke	Eina- ste- yrke	Hovud- yrke	Attåt- yrke
Kl. 3 ¹	8,3	7,0	84,7	37,6	16,5	45,9	11,5	8,0	80,5
» 4	12,7	15,4	71,9	47,9	19,7	32,4	15,8	15,7	68,5
» 5	24,4	28,8	46,8	60,7	19,1	20,2	26,9	28,1	45,0
» 6	41,9	33,5	24,6	71,7	17,4	10,9	43,4	32,7	23,9
» 7	58,4	29,2	12,4	77,4	13,8	8,8	59,2	28,6	12,2
» 8	71,3	22,0	6,7	82,3	11,8	5,9	71,7	21,6	6,7
» 9	81,3	15,4	3,3	83,9	11,8	4,3	81,3	15,3	3,4
» 10	84,9	12,7	2,4	92,0	4,4	3,6	85,1	12,5	2,4
» 11	83,2	12,1	4,7	80,0	6,7	13,3	83,0	11,8	5,2
» 12	63,0	29,6	7,4	100,0	—	—	65,5	27,6	6,9
I alt 1959	37,8	22,9	39,3	58,4	17,3	24,3	39,1	22,6	38,3
I alt 1949	38,6	26,2	35,2	72,1	16,5	11,4	40,9	25,5	33,6

¹ Sjå note tabell 9 side 30.

storleiksklassane under 35 dekar. Av bruka over 35 dekar var dei fleste eineyrkebruk. Hovudyrkebruka gjorde seg relativt sterkast gjeldande i storleiksgruppa 20,1—75 dekar.

Mellom dei små eineyrkebruka var det ein del gartneri, større hønsehald og bruk med andre spesielle driftsformer. Elles blir mange av dei minste eineyrkebruka drivne av kvinner og eldre menn. Dette er ofte folk som bur på bruka saman med t. d. vaksne born som har anna yrke. Borna kan då i stor mon ta seg av underhaldet av den som har bruket. Ein del av desse brukarane kan og ha alderstrygd eller annan pensjon, utan å gje opp dette som ein del av levevegen.

Dei store bruka som er oppgjevne som attåtyrke, tilhøyrer folk i andre næringar. Ofte blir slike bruk drivne for eigaren (brukaren) ved hjelp av gardsstyrar.

Tabell 31 viser yrkestilhøva i dei einskilde fylke og jordbruksområde.

Nord-Noreg skil seg ut med relativt få eineyrkebruk og mange attåtyrkebruk. Det motsette finn ein i dei beste jordbruksområda på Austlandet, Vestlandet og i Trøndelag. Dette har samanheng både med bruksstrukturen og med næringsstrukturen elles i distrikta.

Ein kan nokså nær rekna seg til korleis jordbruksarealet fordeler seg på brukarar med ulike yrkestilhøve. Dette ser ein av tabell 32.

Etter denne utrekninga var medels jordbruksareal i 1959 77 dekar for eineyrkebruk, 49 for hovudyrkebruk og 24 for attåtyrkebruk.

I fylgje teljingsreglane var det bruket som leveveg som skulle leggjast til grunn for svaret om yrkestilhøvet. Dersom brukaren og/eller ektemaken hadde nemnande inntekt utanom bruket, skulle ikkje bruket reknast som einaste yrke.

Brukarar og ektemakar med bruket som hovud- eller attåtyrke, er gruperte etter kva næring dei arbeidde i ved sida av bruket. Ein fekk og oppgaver over talet på arbeids dagar utanom bruket.

Tabell 31. Personlege brukarar i einiskilde fylke og jordbruksområde, prosentvis etter yrkestilhøve. 1959.¹

	Mannlege brukarar			Kvinnelege brukarar			Personlege brukarar i alt		
	Ei-naste yrke	Ho-vud-yrke	Attåt-yrke	Ei-naste yrke	Ho-vud-yrke	Attåt-yrke	Ei-naste yrke	Ho-vud-yrke	Attåt-yrke
Fylka:									
Østfold	57,2	19,0	23,8	69,8	12,1	18,1	57,9	18,6	23,5
Akershus og Oslo	47,9	19,0	33,1	60,2	12,3	27,5	48,6	18,6	32,8
Hedmark	30,9	23,7	45,4	64,3	17,3	18,4	33,2	23,2	43,6
Oppland	49,1	24,6	26,3	64,7	18,8	16,5	49,9	24,3	25,8
Buskerud	40,4	23,9	35,7	54,5	21,0	24,5	41,2	23,8	35,0
Vestfold	54,9	19,2	25,9	57,0	13,3	29,7	55,0	18,9	26,1
Telemark	37,5	23,7	38,8	54,1	17,2	28,7	38,8	22,9	38,3
Aust-Agder	32,2	23,3	44,5	46,9	21,3	31,8	33,3	23,1	43,6
Vest-Agder	34,6	25,4	40,0	55,0	21,4	23,6	36,7	25,0	38,3
Rogaland	62,4	17,2	20,4	75,4	10,6	14,0	63,0	16,9	20,1
Hordaland og Bergen ..	36,8	20,4	42,8	56,7	17,3	26,0	37,9	20,2	41,9
Sogn og Fjordane	47,1	23,2	29,7	67,7	13,2	19,1	48,4	22,6	29,0
Møre og Romsdal	31,3	26,1	42,6	62,1	14,4	23,5	33,1	25,4	41,5
Sør-Trøndelag	47,4	23,5	29,1	67,8	15,8	16,4	48,7	23,0	28,3
Nord-Trøndelag	47,2	24,1	28,7	68,7	14,3	17,0	48,2	23,7	28,1
Nordland	17,3	24,0	58,7	45,3	19,2	35,5	19,2	23,7	57,1
Troms	16,7	25,3	58,0	51,6	21,4	27,0	19,5	25,0	55,5
Finnmark	9,8	21,8	68,4	40,8	24,3	34,9	12,5	22,0	65,5
Jordbruksområda:									
Søraustlege slettebygder	55,0	17,4	27,6	62,0	11,5	26,5	55,4	17,1	27,5
Silurb. inne i landet . . .	44,5	19,7	35,8	62,1	17,7	20,2	45,5	19,6	34,9
Mellom- eller skogbygder	29,9	25,0	45,1	56,0	19,9	24,1	31,7	24,7	43,6
Dal- og fjellbygder	46,8	26,8	26,4	66,2	17,1	16,7	48,0	26,2	25,8
Austl. m. Telemark i alt	43,4	22,5	34,1	61,0	16,8	22,2	44,5	22,2	33,3
Kystbygder	28,8	20,6	50,6	46,5	19,8	33,7	30,8	20,5	48,7
Mellom-ellerskogbygder	38,7	24,5	36,8	60,8	20,0	19,2	40,5	24,2	35,3
Dal- og fjellbygder	34,4	33,8	31,8	53,4	29,9	16,7	35,9	33,5	30,6
Agder i alt	33,6	24,5	41,9	52,1	21,4	26,5	35,3	24,2	40,5
Skiferl. ved Boknfjorden	63,2	23,1	13,7	77,1	8,6	14,3	63,8	22,5	13,7
Jærens slette	76,0	10,6	13,4	79,4	9,9	10,7	76,2	10,5	13,3
Andre ytre bygder	29,7	25,0	45,3	58,9	16,3	24,8	31,5	24,5	44,0
Indre bygder	55,3	19,6	25,1	70,2	11,7	18,1	56,1	19,2	24,7
Vestlandet i alt	43,0	21,9	35,1	64,0	14,3	21,7	44,2	21,5	34,3
Kystbygder	24,5	29,9	45,6	56,0	21,4	22,6	26,4	29,4	44,2
Ytre fjordbygder	47,4	24,8	27,8	70,0	15,3	14,7	48,6	24,3	27,1
Bygder ved Trondh.fj. .	57,0	19,9	23,1	71,9	12,1	16,0	57,7	19,5	22,8
Dal- og fjellbygder	42,1	28,5	29,4	68,7	16,5	14,8	43,9	27,7	28,4
Andre indre bygder	54,9	20,1	25,0	73,0	12,3	14,7	55,7	19,8	24,5
Trøndelag i alt	47,3	23,8	28,9	68,2	15,2	16,6	48,4	23,4	28,2
Øyar	10,9	21,9	67,2	45,7	21,3	33,0	13,4	21,8	64,8
Kystbygder	14,1	22,6	63,3	49,0	20,9	30,1	16,8	22,5	60,7
Fjord- og dalbygder . . .	16,8	27,8	55,4	45,2	21,3	33,5	19,1	27,3	53,6
Innlandsbygder	40,1	24,7	35,2	51,2	14,9	33,9	40,8	24,1	35,1
Nord-Noreg i alt	16,2	24,2	59,6	46,8	20,7	32,5	18,5	23,9	57,6

¹ Rikstal sjå tabell 30 side 57.

Tabell 32. Jordbruksarealet ved bruk over 5 dekar etter yrkestilhøve.

	1959		1949
	Dekar	Prosent	Prosent
Einaste yrke	5 934 000	59,2	60,8
Hovudyrke	2 169 000	21,6	22,9
Attåtyrke	1 823 000	18,2	15,4
Upersonlege brukarar	105 000	1,0	0,9
I alt.	10 031 000	100,0	100,0

Grupperinga etter næring byggjer på Standard for næringsgruppering i offisiell norsk statistikk. Ein har nytta fylgjande grupper:

1. Jordbruk, skogbruk, jakt
2. Fiske, fangst m. v.
3. Industri
4. Bygg og anlegg
5. Varehandel
6. Samferdsel
7. Offentleg og privat tenesteyting
8. Anna
9. Uoppgjeve.

Ein skal vera merksam på at grupperinga gjeld den næring dei har utanom bruket og ikkje kva stilling vedkomande arbeidstakar hadde.

Dei som hadde pensjon eller kapitalinntekt er tekne med under «anna» dersom dei gav opp at bruket var hovud- eller attåtyrke. I dei tilfelle der det ikkje var oppgjeve dagetal utanom bruket, anten det var pensjonistar eller andre, har ein rekna med 90 dagar utanom bruket der bruket var oppgjeve som hovudyrke og 200 dagar der det var attåtyrke.

Tabell 33. Dagsverk utanom bruket etter yrke.

	Menn		Kvinner	
	1 000 dagsverk	Prosent	1 000 dagsverk	Prosent
Jordbruk, skogbruk, jakt	2 763	14,3	25	1,7
Fiske, fangst m.v.	3 497	18,1	8	0,5
Industri	2 080	10,7	127	8,8
Bygg og anlegg	3 839	19,8	4	0,3
Varehandel	569	2,9	101	7,1
Samferdsel	1 799	9,3	127	8,9
Offentleg og privat tenesteyting.	521	2,7	217	15,1
Anna	1 792	9,3	505	35,2
Yrke ikkje oppgjeve	2 504	12,9	322	22,4
I alt.	19 364	100,0	1 436	100,0

Tabell 34. Mannlege brukarar og mannlege ektemakar med arbeid utanom bruket, prosentvis etter kva næring dei arbeidde i.

	Jord- og skog- bruk	Fiske og fangst	Indu- stri	Bygg og anlegg	Vare- han- del	Sam- ferd- sel	Off. og pri- vat te- neste- yting	Anna	Yrke ikkje opp- gjeve
Riket	16,8	18,2	9,1	18,0	2,4	7,9	2,3	9,1	16,2
Fylka:									
Østfold	29,9	2,0	14,6	12,9	3,6	7,3	3,0	10,8	15,9
Akershus og Oslo	34,5	0,2	9,4	15,7	3,8	7,0	3,0	9,2	17,2
Hedmark	52,1	0,1	6,9	13,6	1,5	4,7	1,7	7,2	12,2
Oppland	36,7	0,1	6,7	18,2	2,5	5,4	2,7	7,7	20,0
Buskerud	33,6	0,2	10,8	16,4	2,2	5,8	3,7	10,9	16,4
Vestfold	25,6	7,8	12,0	13,6	3,2	6,6	2,9	10,2	18,1
Telemark	31,2	1,1	8,1	16,1	2,6	6,2	2,9	12,0	19,8
Aust-Agder	24,2	1,9	10,6	16,2	1,9	7,6	3,4	15,4	18,8
Vest-Agder	8,0	7,9	11,1	25,3	2,6	9,8	3,6	13,8	17,9
Rogaland	6,1	23,6	13,1	15,1	2,6	10,0	3,0	8,2	18,3
Hordaland og Bergen ..	3,2	15,6	13,7	23,3	2,1	12,3	2,5	10,3	17,0
Sogn og Fjordane	3,6	25,1	10,7	22,9	2,7	10,0	2,9	6,7	15,4
Møre og Romsdal	3,0	27,6	13,1	17,4	2,6	9,7	2,1	7,7	16,8
Sør-Trøndelag	10,8	17,3	9,7	19,8	2,2	9,0	2,5	9,9	18,8
Nord-Trøndelag	26,2	12,7	9,7	17,1	1,6	8,9	2,4	7,3	14,1
Nordland	2,8	36,9	6,7	18,2	2,8	8,3	1,4	9,8	13,1
Troms	1,6	42,9	4,7	20,1	1,9	6,1	1,5	6,5	14,7
Finmark	4,4	37,4	2,2	15,1	2,7	5,8	1,3	9,8	21,3
Jordbruksområda:									
Søraustlege slettebygder	25,9	3,0	13,1	14,8	3,6	7,5	4,0	10,9	17,2
Silurb. inne i landet	36,0	0,1	11,6	17,8	2,6	5,4	2,8	8,1	15,6
Mellom- eller skogbygder	51,1	0,3	7,0	12,7	1,9	4,3	1,8	9,0	11,9
Dal- og fjellbygder	32,3	0,3	5,6	18,7	2,0	6,6	2,6	8,3	23,6
Austl. m. Telemark i alt	38,8	0,9	8,7	15,4	2,4	5,7	2,6	9,1	16,4
Kystbygder	10,1	11,0	11,8	20,8	2,5	9,0	3,2	14,5	17,1
Mellom-ellerskogbygder	20,4	0,1	11,2	23,0	2,1	9,7	3,7	13,2	16,6
Dal- og fjellbygder	17,8	0,3	8,0	19,5	2,1	6,8	3,8	17,1	24,6
Agder i alt	15,1	5,3	10,9	21,3	2,3	8,8	3,5	14,5	18,3
Skiferl. ved Boknfjorden	5,9	48,7	2,0	6,8	2,3	9,8	2,0	4,2	18,3
Jærens sletteiland	11,4	13,2	13,7	16,9	4,0	13,3	5,3	8,4	13,8
Andre ytre bygder	2,6	30,2	11,6	17,3	2,4	10,4	2,0	7,8	15,7
Indre bygder	5,0	4,7	16,2	27,6	2,3	10,8	3,6	10,1	19,7
Vestlandet i alt	3,6	22,8	12,8	20,0	2,5	10,6	2,5	8,4	16,8
Kystbygder	3,8	49,5	6,6	12,1	2,1	7,9	1,3	5,5	11,2
Ytre fjordbygder	13,8	17,4	8,9	19,0	2,3	9,9	1,9	11,1	15,7
Bygder ved Trondh.fj..	22,7	3,4	11,8	20,9	1,8	8,8	3,7	8,8	18,1
Dal- og fjellbygder	22,4	0,1	11,0	21,4	1,8	9,6	2,1	10,2	21,4
Andre indre bygder	30,3	0,2	9,3	20,2	1,4	9,2	2,9	9,8	16,7
Trøndelag i alt	18,0	15,1	9,7	18,6	1,9	8,9	2,5	8,7	16,6
Øyar	0,9	53,3	4,7	11,1	3,0	6,3	1,5	7,6	11,6
Kystbygder	1,4	43,3	5,5	17,0	2,5	7,8	1,2	7,8	13,5
Fjord- og dalbygder ...	3,7	25,7	5,6	26,5	2,0	6,7	1,2	10,3	18,3
Innlandsbygder	12,5	4,6	8,9	25,8	2,0	12,6	2,9	11,7	19,0
Nord-Noreg i alt	2,6	38,9	5,5	18,4	2,5	7,3	1,4	8,7	14,7

Det er ikkje i samsvar med standarden når det er rekna dagsverk utanom bruket der sideyrket er t. d. pensjon. Det er gjort for å redusera tal arbeidsdagar på bruket. (Arbeid på bruket vert rekna til 280 dagar med frådrag for arbeidsdagar utanom bruket.) Ein reknar såleis ikkje med at pensjonistar gjennomgåande har arbeidsinnsats på bruket som tilsvorar fullt årsverk.

Det rettaste ville vera å halda pensjonistar m. v. i ei gruppe for seg, slik at arbeidsinnsatsen i jordbruket kunne reduserast utan at det fekk innverknad på talet på dagsverk utanom bruket. Dette ville krevja eit skarpare skilje mellom bruket som leveveg og brukaren sitt yrkestilhøve enn det som til nå har vore nytta ved jordbruksteljingane. Når det gjeld arbeidsdagar på bruket, var framgangsmåten den same i 1959 som i 1949.

Arbeid utanom bruket av pensjonistar m. v. er for heile landet utrekna til om lag 64 prosent av arbeidsdagane i gruppa «anna», eller 6 prosent av alle arbeidsdagar utanom bruket.

I alt 115 000 menn og 9 500 kvinner (om lag 5 000 brukarar og 4 500 kvinnelege ektemakar) gav opp at dei hadde arbeid utanom bruket siste år. Mennene hadde i alt vel 19 mill. dagsverk utanom bruket og kvinnene knapt 1,5 mill.

Tabell 33 viser dagsverk utanom bruket fordelte etter yrke.

Tabell 34 viser talet på mannlege brukarar og mannlege ektemakar, prosentvis fordelt etter næring utanom bruket.

Tabell 35. Medels arbeidstid utanom bruket for mannlege brukarar som arbeider i ulike næringer. Dagar pr. år.

	Jord- og skog- bruk	Fiske og fangst	Indu- stri	Bygg og an- legg	Sam- ferd- sel	Anna	Yrke ikkje opp- gjeve	I alt	Med bruket som	
									hovud- yrke	attåt- yrke
Riket.....	143	167	198	185	199	181	135	168	95	210
Bruksklassar:										
Kl. 3 ¹	194	208	236	222	233	205	190	211	100	220
» 4	173	187	219	205	221	194	162	192	98	212
» 5	145	158	194	179	197	179	129	164	97	205
» 6	126	128	169	158	176	166	112	141	96	203
» 7	108	107	151	142	159	157	104	126	93	203
» 8	102	110	146	137	146	146	101	120	92	209
» 9	96	102	146	127	141	141	99	114	92	217
» 10	95	72	122	117	120	142	107	115	93	230
» 11—12 ...	103	—	157	98	254	145	104	129	85	229
Landsdelar:										
Austlandet med										
Telemark	147	182	207	193	202	177	131	164	95	210
Agder	136	173	206	186	198	174	130	168	88	214
Vestlandet	133	156	197	176	195	181	134	168	94	214
Trøndelag	124	149	185	181	183	178	125	157	91	211
Nord-Noreg	139	176	190	188	209	190	146	178	103	208

¹ Sjå note tabell 9 side 30.

Medels arbeidstid utanom bruket er ulik for dei ymse næringer og varierer mykje med bruksstorleiken. Dei distriktstise variasjonane er mindre.

I 1949 var medels dagetal utanom bruket 87 dagar der bruket var hovudyrke og 201 der det var attåtårke.

Mannlege brukarar er grupperte i tre aldersgrupper: under 40 år, 40—59 år og 60 år og eldre. Fylgjande oppstilling viser aldersfordelinga prosentvis, ved dei tre siste teljingane:

	1939	1949	1959
Under 40 år	24,8	22,8	17,8
40—59 år	50,0	53,0	54,7
60 år og eldre	25,2	24,2	27,5

Det var ei markert forskyving mot eldre brukarar i 10-året 1949—1959. Det var særleg dei mindre bruka som fekk eldre brukarar. Endringane var små ved bruka over 100 dekar.

Det var relativt store distriktstvis variasjonar i aldersfordelinga for brukarane. Særleg store var variasjonane for mindre geografiske einingar som t. d. dei einskilde kommunar. Dette skriv seg ikkje berre frå ulik bruksstruktur. Distriktstvariasjonane gjorde seg gjeldande også for bruk av same storleik. Relativt flest gamle brukarar var det i Agder.

Tabell 36. Mannlege brukarar ved bruk av ulik storleik, prosentvis etter alder.

	Mannlege brukarar i alt		Prosent					
	1949	1959	Under 40 år		40—59 år		60 år og eldre	
			1949	1959	1949	1959	1949	1959
Kl. 3. 5,1— 10 dekar.	20 832	17 194	21,4	14,4	51,7	53,4	26,9	32,2
» 4. 10,1— 20 » .	41 977	37 158	21,1	14,2	52,0	53,9	26,9	31,9
» 5. 20,1— 35 » .	45 353	40 577	21,4	15,4	53,5	53,9	25,1	30,7
» 6. 35,1— 50 » .	29 214	30 154	22,9	17,8	54,0	55,1	23,1	27,1
» 7. 50,1— 75 » .	27 527	27 515	24,2	20,7	53,5	55,9	22,3	23,4
» 8. 75,1—100 » .	12 724	12 821	24,9	22,0	53,3	56,5	21,8	21,5
» 9. 100,1—200 » .	14 805	14 473	26,9	25,3	52,9	55,9	20,2	18,8
» 10. 200,1—500 » .	4 489	4 624	30,4	28,8	52,1	55,9	17,5	15,3
» 11—12. Over 500 » .	313	342	27,9	27,8	53,6	55,5	18,5	16,7
I alt.....	197 234	184 858	22,8	17,8	53,0	54,7	24,2	27,5

Det var relativt fleire eldre brukarar (60 år og eldre) i gruppa einaste yrke enn i dei andre gruppene. Dette gjorde seg gjeldande for alle bruksklassar, men særleg for dei mindre bruk. Det er rimeleg at eldre brukarar har vanskelegare for å arbeida utanfor bruket enn dei yngre.

Tabell 38 gjev eit oversyn over aldersfordelinga ved dei ymse yrkestilhøve.

Av tabell 39 ser ein at attåtårke var relativt mest vanleg i aldersgruppa 40—59 år, når ein ser heile landet under eitt. Relativt flest eineyrkebruk finn ein i eldste aldersgruppa, medan hovudyrkebruka er mindre vanleg i alle aldersgrupper. Dei klassevise variasjonane er særst store. For alle aldrar viser det ei klår linje frå attåtårkebruk i dei lågste bruksklassane til eineyrkebruk i dei høgste.

Tabell 37. Mannlege brukarar i einsskilde fylke og jordbruksområde, prosentvis etter alder.¹

	Under 40 år		40–59 år		60 år og eldre	
	1949	1959	1949	1959	1949	1959
Fylka:						
Østfold	25,3	21,2	51,6	54,6	23,1	24,2
Akershus og Oslo.....	21,7	18,9	52,4	52,8	25,9	28,3
Hedmark	20,6	16,3	53,2	53,2	26,2	30,5
Oppland	24,9	20,4	53,6	53,0	21,5	26,6
Buskerud	22,5	18,2	50,8	52,9	26,7	28,9
Vestfold	24,3	23,4	51,6	52,6	24,1	24,0
Telemark	20,9	15,3	49,9	51,1	29,2	33,6
Aust-Agder.....	18,8	14,3	50,7	48,6	30,5	37,1
Vest-Agder	21,5	15,4	46,6	48,1	31,9	36,5
Rogaland	27,1	20,3	50,9	55,6	22,0	24,1
Hordaland og Bergen ..	24,2	18,2	54,1	56,5	21,7	25,3
Sogn og Fjordane.....	22,4	19,7	54,7	55,5	22,9	24,8
Møre og Romsdal.....	22,0	16,9	56,1	56,6	21,9	26,5
Sør-Trøndelag	21,6	17,2	54,1	56,4	24,3	26,4
Nord-Trøndelag	24,9	20,6	54,9	58,0	20,2	21,4
Nordland	22,0	14,6	53,6	57,1	24,4	28,3
Troms	22,9	16,2	54,1	56,4	23,0	27,4
Finmark	22,7	16,9	52,0	55,6	25,3	27,5
Jordbruksområda:						
Søraustlege slettebygder	23,7	21,2	52,1	53,5	24,2	25,3
Silurb. inne i landet....	22,8	19,5	53,2	54,8	24,0	25,7
Mellom- eller skogbygder	20,5	16,2	51,4	51,7	28,1	32,1
Dal- og fjellbygder.....	24,3	18,6	52,9	52,5	22,8	28,9
Austl. m. Telemark i alt	22,7	18,7	52,2	52,9	25,1	28,4
Kystbygder	18,8	14,8	47,3	47,2	33,9	38,0
Mellom- eller skogbygder	21,5	15,5	49,4	49,2	29,1	35,3
Dal- og fjellbygder.....	22,3	14,1	48,7	49,5	29,0	36,4
Agder i alt.....	20,4	14,9	48,3	48,4	31,3	36,7
Skiferl. ved Boknfjorden	28,3	20,2	49,9	58,1	21,8	21,7
Jærens sletteland	31,4	23,0	49,4	57,5	19,2	19,5
Andre ytre bygder.....	22,8	17,2	55,4	56,4	21,8	26,4
Indre bygder	23,5	19,7	53,3	55,2	23,2	25,1
Vestlandet i alt	23,8	18,6	54,1	56,1	22,1	25,3
Kystbygder	20,4	16,8	54,3	54,7	25,3	28,5
Ytre fjordbygder.....	23,2	18,3	54,2	56,3	22,6	25,4
Bygder ved Trondh.fj..	24,3	19,9	54,7	58,3	21,0	21,8
Dal- og fjellbygder.....	20,9	16,6	55,4	57,4	23,7	26,0
Andre indre bygder....	25,9	21,3	53,5	57,2	20,6	21,5
Trøndelag i alt.....	23,1	18,8	54,5	57,1	22,4	24,1
Øyar	21,7	15,2	54,6	56,8	23,7	28,0
Kystbygder	22,8	14,4	52,9	57,5	24,3	28,1
Fjord- og dalbygder ...	22,5	15,9	52,7	56,2	24,8	27,9
Innlandsbygder	23,2	17,7	54,7	55,8	22,1	26,5
Nord-Noreg i alt.....	22,4	15,4	53,6	56,7	24,0	27,9

¹ Rikststal sjå tabell 36 side 62.

Tabell 38. Mannlege brukarar med ulike yrkestilhøve, prosentvis etter alder.

	Einaste yrke			Hovudyrke			Attåtyrke		
	Under 40 år	40—59 år	60 år og eldre	Under 40 år	40—59 år	60 år og eldre	Under 40 år	40—59 år	60 år og eldre
Kl. 3 ¹	8,3	35,9	55,8	9,5	38,8	51,7	15,4	56,3	28,3
» 4	7,9	35,7	56,4	11,6	45,2	43,2	15,8	59,0	25,2
» 5	10,4	43,4	46,2	15,4	52,9	31,7	18,0	59,9	22,1
» 6	15,2	50,4	34,4	19,3	56,8	23,9	20,2	60,6	19,2
» 7	19,5	53,8	26,7	22,3	58,0	19,7	22,4	60,8	16,8
» 8	21,2	55,8	23,0	24,1	58,0	17,9	23,2	58,9	17,9
» 9	24,8	55,8	19,4	27,5	56,3	16,2	26,3	56,9	16,8
» 10	28,2	56,5	15,3	33,4	51,8	14,8	23,6	56,4	20,0
» 11—12	29,7	53,1	17,2	23,9	60,9	15,2	5,9	82,4	11,7
I alt 1959	18,1	50,9	31,0	18,4	53,9	27,7	17,3	58,9	23,8
I alt 1949	21,9	47,5	30,6	23,3	54,5	22,2	23,5	57,8	18,7

¹ Sjå note tabell 9 side 30.

Tabell 39. Mannlege brukarar i ulike aldersgrupper, prosentvis etter yrkestilhøve.

	Under 40 år			40—59 år			60 år og eldre		
	Ei-naste yrke	Hovud-yrke	Att-åt-yrke	Ei-naste yrke	Hovud-yrke	Att-åt-yrke	Ei-naste yrke	Hovud-yrke	Att-åt-yrke
Kl. 3 ¹	4,8	4,6	90,6	5,6	5,1	89,3	14,4	11,2	74,4
» 4	7,1	12,6	80,3	8,4	12,9	78,7	22,5	20,8	56,7
» 5	16,4	28,8	54,8	19,7	28,2	52,1	36,6	29,7	33,7
» 6	35,7	36,4	27,9	38,4	34,6	27,0	53,2	29,5	17,3
» 7	55,1	31,5	13,4	56,3	30,3	13,4	66,5	24,6	8,9
» 8	68,8	24,1	7,1	70,4	22,6	7,0	76,2	18,3	5,5
» 9	79,8	16,7	3,5	81,1	15,5	3,4	83,8	13,2	3,0
» 10	83,2	14,8	2,0	85,8	11,8	2,4	84,6	12,3	3,1
» 11—12	87,4	11,6	1,0	77,9	14,7	7,4	84,2	12,3	3,5
I alt 1959	38,3	23,7	38,0	35,1	22,6	42,3	42,7	23,2	34,1
I alt 1949	37,1	26,7	36,2	34,6	27,0	38,4	48,7	24,1	27,2

¹ Sjå note tabell 9 side 30.

Arbeidsstyrken.

Oppgåvene over arbeidsstyrken gjeld bruk med over 5 dekar jordbruksareal i året 14. april 1958—13. april 1959.

Den vaksne arbeidskrafta på bruka er delt i fylgjande grupper, særskilt for menn og kvinner:

1. Brukarar og ektemakar
2. Familiemedlemer over 15 år
 - a. Fast hjelp
 - b. Tilfeldig hjelp
3. Framand arbeidshjelp over 15 år
 - a. Fast hjelp
 - b. Tilfeldig hjelp

Arbeidshjelpa under punkt 2 og 3 er oppgjeven særskilt for sommar- og vinterhalvåret.

I tillegg til den vaksne arbeidskrafta er det teke med nokre oppgåver for arbeid utført av born under 15 år.

Under omtalen av yrkestilhøva i førre avsnitt er det vist kor stor del av brukarane som har bruket som einaste yrke, hovudyrke og attåtårke. Brukarar med bruket som einaste yrke, har fullt årsverk på bruket. For hovud- og attåtårkebrukarar er fullt årsverk sett til 280 dagar, og så har ein gjort frådrag for dagsverka dei har arbeidd utanom bruket. Ein brukar som har gjeve opp 70 dagar utanom bruket, får såleis $\frac{3}{4}$ årsverk på bruket osv.

Den faste arbeidshjelpa (familie og framande) blir rekna i $\frac{1}{2}$ -årsverk. Ein person i fast arbeid om sommaren gjev eit halvt årsverk, og tilsvarande for ein fast person om vinteren.

Den tilfeldige hjelpa (familie og framande) er oppgjeven i dagsverk. 140 dagsverk tilfeldig hjelp om sommaren gjev eit halvt årsverk, og tilsvarande om vinteren.

I arbeidskraftoppgåvene er inkludert alt arbeid på bruket, det vil seia arbeid med jord- og hagebruk, husdyrhald og skogbruk og dessutan arbeid med husstell, men derimot ikkje arbeid utanom primær jord- og skogbruksdrift som t. d. handelssagbruk o. l. I 1949 skulle ikkje arbeidshjelp for hogst og framdrift av tømmer til sal vera med i arbeidskraftoppgåvene. Oppgåvene frå dei to teljingane samsvarar difor ikkje heilt.

Ved teljinga i 1959 vart det for første gong prøvt å skilja ut kor stor del av arbeidsinnsatsen på bruka som fall på skogsarbeid og husarbeid. Så langt ein kan vurdera, er oppgåvene over skogsarbeid gode. Derimot var det mange mistydingar av spørsmålet om husarbeid, og Byrået har difor ikkje funne oppgåvene over husarbeid gode nok til publisering.

Oppgåver over arbeidshjelpa, personar og dagsverk, er tekne inn i tabell 8 i tredje hefte. Samla arbeidsstyrke, rekna som årsverk, finn ein oppgåve over i tabell 10. Begge tabellane gjev oppgåver fylkesvis for bruk av ymse storleik. Oppgåver for jordbruksområda finn ein i tabellane 22, 23 og 36 i fjerde hefte.

M e n n.

Talet på sysselsette på bruk over 5 dekar minka sterkt i 20-årsbolken 1938/39—1958/59. Sterkast var nedgangen dei siste 10 åra. Det var då nedgang i alle kategoriar av arbeidskraft som er nemnde i tabell 40.

Rekna i årsverk vart den mannlege arbeidskrafta redusert med 25 prosent i perioden 1949—1959. Reduksjonen var sterkast (vel 30 prosent) i Akershus, Vestfold, Vest-Agder og Hordaland. Minst reduksjon (17 prosent) var det i

Tabell 40. Mannleg arbeidskraft. Personar og årsverk.

	1938—39			1948—49			1958—59		
	Personar	Årsverk	Pro-sent	Personar	Årsverk	Pro-sent	Personar	Årsverk	Pro-sent
Brukarar og mannlege ektemakar:									
Med bruket som einaste yrke	69 849	69 849		75 881	75 881		70 664	70 664	
— » — hovudyrke	59 969	42 015		51 610	36 139		42 712	28 472	
— » — attåtårke	64 323	19 287		69 743	20 930		73 079	18 159	
Brukarar og mannlege ektemakar i alt . . .	194 141	131 151	47,5	197 234	132 950	56,1	186 455	117 295	65,7
Fast hjelp:									
Familie-medlemer } Sommar	89 517	44 758		66 076	33 038		36 279	18 140	
} Vinter	76 204	38 102		53 588	26 794		26 397	13 198	
Framand } Sommar	44 457	22 229		28 326	14 163		16 336	8 168	
hjelp } Vinter	31 296	15 648		20 370	10 185		13 595	6 798	
Fast hjelp i alt	241 474	120 737	43,6	168 360	84 180	35,5	92 607	46 304	25,9
Tilfeldig hjelp:									
Familie-medlemer } Sommar		5 344			5 500			5 528	
} Vinter		2 930			2 397			1 828	
Framand } Sommar		12 014			9 030			4 795	
hjelp } Vinter		4 090			2 902			2 871	
Tilfeldig hjelp i alt . . .		24 378	8,9		19 829	8,4		15 022	8,4
Årsverk i alt		276 266	100,0		236 959	100,0		178 621	100,0
Av disse { Brukarar og mannlege ektemakar		131 151	47,5		132 950	56,1		117 295	65,7
} Familiemedlemer		91 134	33,0		67 729	28,6		38 694	21,6
} Framande		53 981	19,5		36 280	15,3		22 632	12,7

Rogaland. Mindre enn 20 prosent var det også i Oppland, Sogn og Fjordane, Nord-Trøndelag og Finnmark.

Relativt minst var nedgangen for brukarane. 65,7 prosent av alle årsverka i 1958—59 fall på brukarane, mot 56,1 prosent i 1948—49 og 47,5 prosent i 1938—39.

Attåtårkebruka spela svært stor rolle i dei lægre bruksklassar også med omsyn til utførte årsverk av brukarane. Hovudyrke gjorde seg mest gjeldande på bruka mellom 20 og 50 dekar.

Arbeidsinnsatsen til brukarane utgjer ein stadig mindre del av samla arbeidskraft etter som bruksstorleiken aukar. Den delen av arbeidsinnsatsen som fell på familiarbeidskraft elles, er relativt konstant, bortsett frå dei største og minste bruka. På dei største bruka er framand arbeidshjelp dominerande, medan det er svært lite framand hjelp på mindre bruk.

8,5 prosent av arbeidsinnsatsen på bruka fall på skogsarbeid. Prosentdelen auka med aukande bruksstorleik frå 2,5 prosent til 21,3 prosent.

Tabell 41. Årsverk på bruka utført av mannlege brukarar, etter yrkestilhøve. 1958—59.

	Bruk med mannleg brukar	Årsverk				Prosent		
		Einaste yrke	Hovud-yrke	Attåt-yrke	I alt	Ei-naste yrke	Ho-vud-yrke	Att-åt-yrke
Kl. 3 ¹	17 440	1 433	867	3 141	5 441	26,4	15,9	57,7
» 4	37 608	4 800	3 832	6 548	15 180	31,7	25,2	43,1
» 5	40 945	9 955	7 756	5 120	22 831	43,6	34,0	22,4
» 6	30 357	12 701	6 712	2 058	21 471	59,1	31,3	9,6
» 7	27 676	16 246	5 413	947	22 606	71,9	23,9	4,2
» 8	12 884	9 329	1 927	217	11 473	81,3	16,8	1,9
» 9	14 549	11 908	1 463	105	13 476	88,4	10,8	0,8
» 10	4 649	4 000	469	19	4 488	89,1	10,5	0,4
» 11—12	347	292	33	4	329	88,8	10,0	1,2
I alt 1958—59	186 455	70 664	28 472	18 159	117 295	60,2	24,3	15,5
I alt 1948—49	197 234	75 881	36 139	20 930	132 950	57,1	27,2	15,7
I alt 1938—39	194 141	69 849	42 015	19 287	131 151	53,3	32,0	14,7

¹ Sjå note tabell 9 side 30.

Tabell 42. Årsverk på bruka utført av mannleg arbeidskraft. 1958—59.

	Årsverk					Prosent				
	Brukarar	Familiemedlemmer	Framande	I alt	Av dette skogsarbeid	Brukarar	Familiemedlemmer	Framande	I alt	Av dette skogsarbeid
Kl. 3 ¹ ...	5 441	892	411	6 744	166	80,7	13,2	6,1	100,0	2,5
» 4 ...	15 180	3 600	887	19 667	792	77,2	18,3	4,5	100,0	4,0
» 5 ...	22 831	6 621	1 288	30 740	1 831	74,3	21,5	4,2	100,0	6,0
» 6 ...	21 471	7 019	1 638	30 128	2 239	71,3	23,3	5,4	100,0	7,4
» 7 ...	22 606	8 362	2 484	33 452	2 803	67,6	25,0	7,4	100,0	8,4
» 8 ...	11 473	4 674	2 129	18 276	1 828	62,8	25,6	11,6	100,0	10,0
» 9 ...	13 476	5 610	5 616	24 702	3 163	54,6	22,7	22,7	100,0	12,8
» 10 ...	4 488	1 789	5 948	12 225	1 757	36,7	14,6	48,7	100,0	14,4
» 11—12	329	127	2 231	2 687	572	12,3	4,7	83,0	100,0	21,3
I alt.....	117 295	38 694	22 632	178 621	15 151	65,7	21,6	12,7	100,0	8,5

¹ Sjå note tabell 9 side 30.

Tabell 43 viser fordelinga på brukarar, familiemedlemmer og framande i dei enskilde fylke og jordbruksområde.

I alle distrikta fall storparten av arbeidet på brukarane. I Vest-Agder fall knapt fire femtepartar av årsverka på desse. Minst var det i Akershus og Oslo, med 55 prosent. Der fall 30 prosent av arbeidskrafta på framand hjelp og 15 prosent på familiemedlemmer utanom brukarane. Også Hedmark skil seg ut med relativt mykje framand hjelp.

I Aust-Agder fall 23 prosent av alle årsverka på skogen, i Telemark 19 prosent og i Buskerud 18 prosent. I Finnmark og Rogaland var det berre 1 prosent.

Tabell 43. Årsverk på bruka utført av mannleg arbeidskraft i
 einskilde fylke og jordbruksområde. 1958—59.¹

	Årsverk i alt	Av dette skogs- arbeid	Prosent				Av dette skogs- arbeid
			Bru- karar	Familie- med- lemmer	Fra- mande	I alt	
Fylka:							
Østfold	8 000	658	63,1	18,0	18,9	100,0	8,2
Akershus og Oslo.....	9 531	1 024	55,5	15,0	29,5	100,0	10,7
Hedmark	16 135	2 065	59,0	16,7	24,3	100,0	12,8
Oppland	16 552	1 901	63,3	17,8	18,9	100,0	11,5
Buskerud	8 419	1 550	64,7	16,6	18,7	100,0	18,4
Vestfold	5 633	659	67,7	15,2	17,1	100,0	11,7
Telemark	6 811	1 308	68,8	17,8	13,4	100,0	19,2
Aust-Agder	4 244	974	68,8	16,7	14,5	100,0	23,0
Vest-Agder	5 093	525	78,1	16,6	5,3	100,0	10,3
Rogaland	12 620	185	69,1	22,5	8,4	100,0	1,5
Hordaland og Bergen ..	11 913	467	71,1	23,2	5,7	100,0	3,9
Sogn og Fjordane.....	11 585	534	65,2	30,1	4,7	100,0	4,6
More og Romsdal.....	12 705	547	68,5	26,4	5,1	100,0	4,3
Sør-Trøndelag	12 605	765	63,6	25,9	10,5	100,0	6,1
Nord-Trøndelag	11 650	1 056	62,0	23,6	14,4	100,0	9,1
Nordland	13 919	601	70,0	25,7	4,3	100,0	4,3
Troms	8 521	307	68,4	28,2	3,4	100,0	3,6
Finmark	2 685	25	69,2	27,4	3,4	100,0	0,9
Jordbruksområda:							
Søraustlege slettebygder	21 808	2 034	60,4	15,8	23,8	100,0	9,3
Silurb. inne i landet....	12 050	1 191	57,1	13,0	29,9	100,0	9,9
Mellom- eller skogbygder	19 215	3 747	63,7	16,4	19,9	100,0	19,5
Dal- og fjellbygder.....	18 008	2 193	66,6	21,2	12,2	100,0	12,2
Austl. m. Telemark i alt	71 081	9 165	62,3	16,8	20,9	100,0	12,9
Kystbygder	3 526	376	76,7	13,9	9,4	100,0	10,7
Mellom- eller skogbygder	3 949	841	71,2	17,7	11,1	100,0	21,3
Dal- og fjellbygder.....	1 862	282	74,1	19,5	6,4	100,0	15,1
Agder i alt.....	9 337	1 499	73,9	16,6	9,5	100,0	16,1
Skiferl. ved Boknfjorden	1 016	14	67,7	23,6	8,7	100,0	1,4
Jærens sletteland	5 543	14	64,6	22,4	13,0	100,0	0,3
Andre ytre bygder.....	22 484	588	71,3	24,6	4,1	100,0	2,6
Indre bygder	19 780	1 117	66,5	27,5	6,0	100,0	5,6
Vestlandet i alt	48 823	1 733	68,5	25,5	6,0	100,0	3,5
Kystbygder	2 928	80	70,6	24,0	5,4	100,0	2,7
Ytre fjordbygder.....	2 798	203	66,2	25,5	8,3	100,0	7,3
Bygder ved Trondh.fj..	10 215	683	60,8	22,8	16,4	100,0	6,7
Dal- og fjellbygder....	4 276	341	63,2	28,8	8,0	100,0	8,0
Andre indre bygder....	4 038	514	59,7	25,6	14,7	100,0	12,7
Trøndelag i alt.....	24 255	1 821	62,8	24,8	12,4	100,0	7,5
Øyar	7 455	61	69,7	26,1	4,2	100,0	0,8
Kystbygder	6 325	174	70,0	26,0	4,0	100,0	2,8
Fjord- og dalbygder ...	8 167	346	69,0	27,6	3,4	100,0	4,2
Innlandsbygder	3 178	352	68,6	27,2	4,2	100,0	11,1
Nord-Noreg i alt.....	25 125	933	69,4	26,7	3,9	100,0	3,7

¹ Rikstal sjå tabell 42 side 67.

Tabell 44. Årsverk utført av mannleg arbeidskraft i einskilde fylke og jordbruksområde, pr. bruk og pr. 100 dekar jordbruksareal.¹

	Dekar jordbr.-areal pr. bruk over 5 da.	Årsverk pr. bruk	Årsverk pr. 100 dekar				Prosent av samla arbeidsstyrke ²
			Brukarar	Familie-med-lemer	Fra-mande	I alt	
Fylka:							
Østfold	109,2	1,13	0,65	0,19	0,20	1,04	4,5
Akershus og Oslo	99,1	1,14	0,64	0,17	0,34	1,15	5,3
Hedmark	59,2	0,94	0,94	0,27	0,38	1,59	9,0
Oppland	58,8	1,10	1,19	0,33	0,35	1,87	9,3
Buskerud	56,1	0,93	1,07	0,28	0,31	1,66	4,7
Vestfold	83,0	1,01	0,83	0,19	0,20	1,22	3,1
Telemark	40,7	0,86	1,46	0,38	0,28	2,12	3,8
Aust-Agder	28,7	0,80	1,92	0,47	0,41	2,80	2,4
Vest-Agder	29,8	0,70	1,84	0,39	0,13	2,36	2,9
Rogaland	53,3	1,09	1,41	0,46	0,17	2,04	7,1
Hordaland og Bergen ..	35,6	0,79	1,58	0,51	0,13	2,22	6,7
Sogn og Fjordane	42,2	1,02	1,58	0,73	0,11	2,42	6,5
Møre og Romsdal	38,6	0,82	1,46	0,57	0,11	2,14	7,1
Sør-Trøndelag	57,3	1,04	1,15	0,47	0,19	1,81	7,0
Nord-Trøndelag	67,6	1,11	1,01	0,39	0,23	1,63	6,5
Nordland	32,6	0,64	1,38	0,51	0,08	1,97	7,8
Troms	30,7	0,66	1,46	0,61	0,07	2,14	4,8
Finmark	26,3	0,56	1,48	0,59	0,07	2,14	1,5
Jordbruksområda:							
Soraustlege slettebygder	99,6	1,12	0,68	0,18	0,27	1,13	12,1
Silurb. inne i landet . . .	80,0	1,08	0,77	0,18	0,40	1,35	6,7
Mellom- eller skogbygder	52,0	0,87	1,07	0,27	0,33	1,67	10,8
Dal- og fjellbygder	46,7	1,03	1,47	0,46	0,27	2,20	10,1
Austl. m. Telemark i alt	68,3	1,01	0,92	0,25	0,31	1,48	39,7
Kystbygder	26,6	0,63	1,81	0,33	0,22	2,36	2,0
Mellom-ellerskogbygder	31,9	0,84	1,88	0,47	0,29	2,64	2,3
Dal- og fjellbygder	31,1	0,84	2,00	0,53	0,17	2,70	1,0
Agder i alt	29,4	0,75	1,88	0,42	0,24	2,54	5,3
Skiferl. ved Boknfjorden	51,2	1,16	1,54	0,53	0,20	2,27	0,6
Jærens sletteland	71,0	1,27	1,16	0,40	0,23	1,79	3,1
Andre ytre bygder	35,0	0,76	1,55	0,53	0,09	2,17	12,7
Indre bygder	45,1	1,06	1,56	0,65	0,14	2,35	11,0
Vestlandet i alt	41,7	0,91	1,50	0,56	0,13	2,19	27,4
Kystbygder	33,8	0,76	1,59	0,54	0,12	2,25	1,6
Ytre fjordbygder	53,8	1,05	1,30	0,50	0,16	1,96	1,6
Bygder ved Trondh.fj.	76,2	1,19	0,95	0,35	0,26	1,56	5,6
Dal- og fjellbygder	52,1	1,01	1,23	0,56	0,16	1,95	2,4
Andre indre bygder	77,6	1,19	0,92	0,39	0,23	1,54	2,3
Trøndelag i alt	62,1	1,07	1,08	0,43	0,21	1,72	13,5
Øyar	26,2	0,57	1,51	0,56	0,09	2,16	4,2
Kystbygder	31,4	0,60	1,34	0,50	0,08	1,92	3,5
Fjord- og dalbygder . . .	32,1	0,66	1,42	0,57	0,07	2,06	4,6
Innlandsbygder	46,0	0,90	1,35	0,53	0,08	1,96	1,8
Nord-Noreg i alt	31,2	0,64	1,41	0,55	0,08	2,04	14,1

¹ Rikstal sjå tabell 45 side 70. ² Riket = 100.

Tabell 45. Årsverk utført av mannleg arbeidskraft ved bruk av ulik storleik, pr. bruk og pr. 100 dekar jordbruksareal.

	Dekar jordbruksareal pr. bruk over 5 dekar	Årsverk pr. bruk	Årsverk pr. 100 dekar				Prosent av samla arbeidsstyrke
			Brukarar	Familie-medlemmer	Framande	I alt	
Kl. 3. 5,1– 10 da.	8,1	0,35	3,48	0,57	0,26	4,31	3,8
» 4. 10,1– 20 »	15,2	0,48	2,44	0,58	0,14	3,16	11,0
» 5. 20,1– 35 »	27,4	0,70	1,90	0,55	0,11	2,56	17,2
» 6. 35,1– 50 »	42,7	0,95	1,58	0,52	0,12	2,22	16,9
» 7. 50,1– 75 »	62,0	1,16	1,27	0,47	0,14	1,88	18,7
» 8. 75,1–100 »	87,2	1,37	0,98	0,41	0,18	1,57	10,2
» 9. 100,1–200 »	137,7	1,64	0,65	0,27	0,27	1,19	13,8
» 10. 200,1–500 »	282,0	2,51	0,33	0,13	0,43	0,89	6,9
» 11–12. Over 500 »	713,9	6,47	0,11	0,04	0,76	0,91	1,5
I alt 1959	50,6	0,90	1,17	0,38	0,23	1,78	100,0
I alt 1949	¹ 48,1	1,11	1,30	0,66	0,35	2,31	..
I alt 1939	¹ 51,2	1,29	1,19	0,83	0,49	2,51	..

¹ Utslåtter medrekna.

Som tabell 45 viser varierer arbeidsinnsatsen pr. arealeining mykje med bruksstorleiken. Dei minste bruka har 5 gonger så stor mannleg arbeidsinnsats pr. dekar som dei største bruka. Dei distriktstvisse variasjonane er langt mindre og i sterk grad prega av arealstorleiken.

Kvinner.

Husarbeid er medrekna i oppgåvene over kvinneleg arbeid på bruka. Som tidlegare nemnt vart det prøvt å få oppgåver over kor stor del av arbeidsinnsatsen som fall på husarbeid, men resultatet vart ikkje tilfredsstillande. Elles er framgangsmåten for å koma fram til årsverk den same som for menn.

Ved teljingane i 1939 og 1949 vart det rekna fullt årsverk på bruket for alle kvinnelege ektemakar og brukarar. I 1959 fekk ein oppgåver over deira arbeid utanfor bruket, og det er gjort frådrag for dette.

Også for kvinnene utgjer arbeidet til brukarar og ektemakar (husmora) ein større del av arbeidsinnsatsen enn før. Prosenttalet var 55,7 i 1938–39 og auka til 77,4 i 1958–59.

Den delen av arbeidsinnsatsen som fell på brukarar og ektemakar er endå meir dominerande for kvinner enn for menn. På mindre bruk kjem dette mest av at det er meir vanleg for menn enn for kvinner å ta arbeid utanom bruket.

Ein stor del av kvinnearbeidet fell på hushaldet. Bruksstorleiken har difor mindre å seia for den kvinnelege arbeidskrafta enn for den manlege. Den vil meir retta seg etter andre faktorar, t. d. familiestorleik og familiestruktur. Av den grunn vil innsatsen av kvinneleg arbeidskraft pr. bruk vera mykje jamnare for bruk av skiftande storleik enn den manlege arbeidsstyrken. Arbeidsinnsatsen pr. arealeining vil derimot skifta mykje meir for kvinneleg enn for mannleg arbeidskraft. Dette ser ein av tabell 48.

Tabell 46. Kvinneleg arbeidskraft. Personar og årsverk.

	1938—39			1948—49			1958—59		
	Personar	Årsverk	Pro-sent	Personar	Årsverk	Pro-sent	Personar	Årsverk	Pro-sent
Kv. brukarar og kv. ekte-makar	174 301	174 301	55,7	177 600	177 600	64,1	164 563	159 437	77,4
Fast hjelp:									
Familie-medlemmer { Sommar	92 836	46 418		74 685	37 342		34 133	17 066	
{ Vinter	83 307	41 654		66 501	33 251		29 346	14 673	
Framand { Sommar	43 143	21 571		19 982	9 991		7 039	3 520	
hjelp { Vinter	35 128	17 564		16 087	8 044		6 108	3 054	
Fast hjelp i alt	254 414	127 207	40,6	177 255	88 628	32,0	76 626	38 313	18,7
Tilfeldig hjelp:									
Familie-medlemmer { Sommar		2 872			3 339			3 312	
{ Vinter		1 801			1 859			1 561	
Framand { Sommar		4 950			4 073			2 409	
hjelp { Vinter		1 906			1 502			818	
Tilfeldig hjelp i alt ..		11 529	3,7		10 773	3,9		8 100	3,9
Årsverk i alt		313 037	100,0		277 001	100,0		205 850	100,0
Av disse { Kv. brukarar og									
{ kv. ekte-makar		174 301	55,7		177 600	64,1		159 437	77,4
{ Familiemedlemmer		92 745	29,6		75 791	27,4		36 612	17,8
{ Framande		45 991	14,7		23 610	8,5		9 801	4,8

Tabell 47. Årsverk på bruka utført av kvinneleg arbeidskraft. 1958—59.

	Årsverk				Prosent			
	Bru-karar og ekte-makar	Familie-med-lemmer	Fra-mande	I alt	Bru-karar og ekte-makar	Familie-med-lemmer	Fra-mande	I alt
Kl. 3 ¹	15 097	1 477	333	16 907	89,3	8,7	2,0	100,0
» 4	32 343	4 882	830	38 055	85,0	12,8	2,2	100,0
» 5	34 846	7 559	1 213	43 618	79,9	17,3	2,8	100,0
» 6	25 626	6 982	1 263	33 871	75,7	20,6	3,7	100,0
» 7	23 447	7 380	1 582	32 409	72,3	22,8	4,9	100,0
» 8	10 960	3 655	1 103	15 718	69,7	23,3	7,0	100,0
» 9	12 649	3 768	1 977	18 394	68,8	20,5	10,7	100,0
» 10	4 150	861	1 223	6 234	66,6	13,8	19,6	100,0
» 11-12 .	319	48	277	644	49,5	7,5	43,0	100,0
I alt.....	159 437	36 612	9 801	205 850	77,4	17,8	4,8	100,0

¹ Sjøå note tabell 9 side 30.

Tabell 48. Årsverk utført av kvinneleg arbeidskraft ved bruk av ulik storleik, pr. bruk og pr. 100 dekar jordbruksareal.

	Dekar jordbruksareal pr. bruk over 5 dekar	Årsverk pr. bruk	Årsverk pr. 100 dekar				Prosent av samla arbeidsstyrke
			Brukarar og ekte-makar	Familie-med-lemer	Fra-mande	I alt	
Kl. 3. 5,1- 10 da.	8,1	0,87	9,66	0,94	0,21	10,81	8,2
» 4. 10,1- 20 »	15,2	0,93	5,20	0,79	0,13	6,12	18,5
» 5. 20,1- 35 »	27,4	1,00	2,91	0,63	0,10	3,64	21,2
» 6. 35,1- 50 »	42,7	1,06	1,89	0,51	0,09	2,49	16,5
» 7. 50,1- 75 »	62,0	1,13	1,32	0,41	0,09	1,82	15,8
» 8. 75,1-100 »	87,2	1,18	0,94	0,31	0,10	1,35	7,6
» 9. 100,1-200 »	137,7	1,22	0,60	0,18	0,09	0,87	8,9
» 10. 200,1-500 »	282,0	1,28	0,30	0,06	0,09	0,45	3,0
» 11-12. Over 500 »	713,9	1,55	0,11	0,02	0,09	0,22	0,3
I alt 1959	50,6	1,04	1,59	0,36	0,10	2,05	100,0
I alt 1949	¹ 48,1	1,30	1,73	0,74	0,23	2,70	..
I alt 1939	¹ 51,3	1,46	1,59	0,84	0,42	2,85	..

¹ Utslåtter medrekna.

Tabell 49. Bruk med fast arbeidshjelp sommaren 1958 (utanom brukar og ektemake). Prosenttal.

	Prosent bruk med fast hjelp (familie eller framande)				Prosent bruk med fast mannleg hjelp		Prosent bruk med		
	Berre kvinneleg hjelp	Berre mannleg hjelp	Både kvinneleg og mannleg hjelp	I alt	1 mann	2 eller fleire menn	berre familie-hjelp	berre leige-hjelp	både familie- og leige-hjelp
Riket.....	10,5	12,1	7,9	30,5	16,2	3,8	23,7	5,0	1,8
Bruksklassar:									
Kl. 3 ¹	6,0	3,1	1,6	10,7	3,9	0,8	8,7	1,7	0,3
» 4	8,8	5,0	2,9	16,7	7,0	0,9	14,5	1,8	0,4
» 5	11,3	8,1	5,1	24,5	11,6	1,6	21,8	2,2	0,5
» 6	12,6	11,9	8,2	32,7	17,6	2,5	28,5	3,3	0,9
» 7	13,0	15,7	11,5	40,2	23,5	3,7	34,1	4,4	1,7
» 8	12,8	20,1	15,0	47,9	29,5	5,6	37,2	7,4	3,3
» 9	10,0	28,1	17,7	55,8	35,7	10,1	33,1	15,6	7,1
» 10	4,6	46,7	24,2	75,5	34,3	36,6	18,0	41,3	16,2
» 11-12	1,0	52,8	40,7	94,5	7,5	86,0	4,1	68,5	21,9
Landsdelar:									
Austlandet med									
Telemark	9,1	13,4	7,4	29,9	15,5	5,3	19,3	8,0	2,6
Agder	9,9	8,1	4,3	22,3	10,7	1,7	18,5	3,2	0,6
Vestlandet	12,6	12,3	9,6	34,5	19,0	2,9	29,2	3,6	1,7
Trøndelag	11,6	15,5	10,4	37,5	21,3	4,6	29,1	5,8	2,6
Nord-Noreg	10,0	8,7	6,2	24,9	12,5	2,4	22,4	1,9	0,6

¹ Sjå note tabell 9 side 30.

I tabell 49 er bruka grupperte etter om dei har fast arbeidshjelp om sommaren og i tilfelle om det er berre mannleg hjelp, berre kvinneleg hjelp eller begge delar. Grupperinga viser vidare om det berre er familiearbeids-hjelp, berre framande eller begge delar. Tabell 9 i tredje hefte gjev desse oppgåvene fylkesvis etter bruksstorleik, og tabell 24 i fjerde hefte gjev tal for jordbruksområda.

I alt vel 60 000 eller 30,5 prosent av bruka hadde fast arbeidshjelp (utanom brukar og ektemake) sommaren 1958 mot 48,7 prosent i 1948. Knappt 21 000 eller 10,5 prosent hadde berre kvinneleg hjelp, 24 000 eller 12,1 prosent hadde berre mannleg hjelp, og 16 000 eller 7,9 prosent hadde begge delar.

Bortimot 47 000 eller 23,7 prosent av alle bruka hadde berre familie-medlemer i fast arbeid sommaren 1958. I 1948 var prosenttalet 36,4. 10 000 eller 5,0 prosent av bruka hadde berre framande, og 3 600 eller 1,8 prosent hadde både familiehjelp og framande.

Sommaren 1958 var det såleis framand fast arbeidshjelp på i alt 6,8 prosent av alle bruka over 5 dekar. I 1948 var det 12,3 prosent.

I tillegg til dei som har fast arbeidshjelp er det mange bruk som har tilfeldig hjelp. Sommaren 1958 var det i alt 57 000 bruk som berre hadde tilfeldig hjelp. For sommarhalvåret får ein difor fylgjande oppstilling:

	Brukstal 1958	Prosent 1958	Prosent 1948
Med fast hjelp	60 466	30,5	48,7
Med berre tilfeldig hjelp	56 855	28,7	22,0
Utan hjelp (utanom brukar og ektemake og born under 15 år)	80 994	40,8	29,3
I alt	198 315	100,0	100,0

Det var relativt fleire med berre tilfeldig hjelp i 1958 enn i 1948, men langt færre med fast hjelp. Når ein ser bort frå brukaren, eventuell ekte-make og born under 15 år, var det knapt 60 prosent av bruka over 5 dekar som hadde arbeidshjelp (fast eller tilfeldig) sommaren 1958 mot vel 70 prosent i 1948.

I vinterhalvåret 1958—59 var det 121 000 eller 71 prosent av bruka over 5 dekar som ikkje gav opp hjelp av noko slag. I 1948—49 var det 45 prosent. Tabell 50 viser prosentvis endring i årsverk 1949—1959.

Arbeidsstyrken var relativt sterkast redusert i Akershus og Vestfold (med ein tredjepart sidan 1949). Reduksjonen var minst i Rogaland og Finnmark (med mindre enn ein femtepart). Elles er det ikkje særleg stor skilnad mellom fylka. Skilnaden mellom dei einskilde jordbruksområda er heller ikkje stor når ein ser bort frå kystbygdene i Agder (35 prosent reduksjon frå 1949) og skiferlandskapane ved Boknfjorden og Jæren (15—17 prosent).

Desse relativtala blir påverka av endringane i bruksstrukturen. I bruks-klassane mellom 5 og 35 dekar vart brukstalet sterkt redusert i tidsrommet 1949—1959. Reduksjonen i arbeidskrafta er då eit resultat både av generell

Tabell 50. Prosentvis endring frå 1948—49 til 1958—59
 i arbeidsstyrken rekna som årsverk.

	Menn				Kvinner				Menn og kvin- ner i alt
	Bru- karar og ekte- makar	Fami- lie- med- lemer	Fra- mande	I alt	Bru- karar og ekte- makar	Fami- lie- med- lemer	Fra- mande	I alt	
Riket.....	- 11,8	- 42,9	- 37,6	- 24,6	- 10,2	- 51,7	- 58,5	- 25,7	- 25,2
Fylka:									
Østfold	- 13,1	- 45,2	- 47,7	- 29,4	- 11,6	- 58,9	- 59,4	- 28,3	- 28,9
Akershus og Oslo.....	- 18,6	- 48,5	- 42,8	- 32,8	- 19,2	- 56,9	- 65,0	- 33,2	- 33,0
Hedmark	- 10,7	- 46,5	- 28,4	- 23,8	- 12,7	- 55,4	- 57,0	- 28,2	- 26,2
Oppland	- 6,6	- 40,6	- 25,7	- 18,8	6,7	- 49,3	- 58,8	- 23,7	- 21,3
Buskerud	- 13,7	- 46,3	- 27,4	- 24,0	- 12,9	- 54,2	- 57,8	- 27,2	- 25,7
Vestfold	- 19,5	- 52,6	- 48,2	- 33,0	- 18,3	- 66,2	- 53,3	- 33,1	- 33,0
Telemark	- 15,9	- 51,4	- 10,9	- 25,1	- 13,9	- 55,8	- 60,4	- 29,1	- 27,3
Aust-Agder.....	- 19,0	- 48,7	- 2,1	- 24,3	- 16,4	- 57,2	- 61,4	- 30,3	- 27,7
Vest-Agder.....	- 27,2	- 47,2	- 34,8	- 31,9	- 22,6	- 53,3	- 59,9	- 31,0	- 31,4
Rogaland	- 4,8	- 31,7	- 44,3	- 17,1	6,2	- 44,6	- 53,2	- 20,2	- 18,7
Hordaland og Bergen ..	- 16,5	- 50,8	- 48,2	- 30,2	- 11,0	- 58,2	- 69,7	- 29,5	- 29,8
Sogn og Fjordane.....	- 7,0	- 34,8	- 41,0	- 19,5	7,2	- 40,7	- 57,2	- 23,5	- 21,7
Møre og Romsdal	- 12,3	- 35,2	- 45,2	- 22,0	6,5	- 47,1	- 58,8	- 22,4	- 22,2
Sør-Trøndelag	- 8,6	- 37,2	- 49,0	- 23,9	6,6	- 45,5	- 53,4	- 23,8	- 23,8
Nord-Trøndelag.....	- 3,0	- 32,8	- 41,1	- 19,0	6,5	- 53,1	- 53,9	- 23,7	- 21,4
Nordland	- 13,6	- 48,2	- 48,2	- 28,0	9,1	- 55,0	- 58,1	- 23,8	- 25,5
Troms	- 7,9	- 49,2	- 52,4	- 26,9	4,2	- 49,9	- 59,0	- 21,0	- 23,4
Finmark	- 3,2	- 40,9	- 40,8	- 19,1	6,7	- 51,6	- 57,1	- 19,3	- 19,2
Bruksklassar:									
5,1— 10 dekar.....	- 36,0	- 62,4	- 26,9	- 41,0	- 24,4	- 59,6	- 49,0	- 30,4	- 33,8
10,1— 20 »	- 26,6	- 55,8	- 40,1	- 35,1	- 16,7	- 58,0	- 54,4	- 27,2	- 30,1
20,1— 35 »	- 20,2	- 49,8	- 45,2	- 30,4	- 14,3	- 53,2	- 57,5	- 26,9	- 28,4
35,1— 50 »	- 2,7	- 37,7	- 33,3	- 15,8	—	- 45,4	- 52,1	- 17,5	- 16,7
50,1— 75 »	- 2,9	- 37,2	- 36,6	- 17,4	2,4	- 47,6	- 57,8	- 22,6	- 20,0
75,1—100 »	+ 0,5	- 36,2	- 37,6	- 17,5	- 1,5	- 49,2	- 57,2	- 24,8	- 21,0
100,1—200 »	- 2,5	- 38,9	- 39,9	- 23,6	- 3,3	- 53,6	- 61,7	- 30,2	- 26,6
200,1—500 »	+ 5,0	- 35,5	- 39,0	- 27,2	+ 3,5	- 59,0	- 62,7	- 35,0	- 30,1
Over 500 »	+ 8,6	- 20,6	- 25,6	- 22,3	+ 10,8	- 43,5	- 59,1	- 38,7	- 26,2

nedgang i arbeidsstyrken pr. bruk og av nedgang i brukstalet. I dei høgste bruksklassane auka brukstalet. I ein slik bruksklasse vil reduksjonen av arbeidsstyrken berre skriva seg frå den generelle nedgangen, og auken i brukstalet gjer at reduksjonen for heile bruksklassen blir mindre enn med uendra brukstal.

Tabell 51 viser endringane i arbeidsstyrken 1948—49 til 1958—59 rekna etter årsverk pr. bruk og pr. arealeining.

Reduksjonen av den mannlege arbeidsstyrken var minst ved bruka mellom 35 og 100 dekar, medan det for kvinner var aukande reduksjon med aukande bruksstorleik.

Reduksjonen pr. dekar jordbruksareal (pr. arealeining) var sterkare enn reduksjonen pr. bruk. Dette skriv seg frå at bruksstorleiken auka frå 1949 til 1959, ikkje berre for alle bruk sett under eitt, men og i medeltal for dei einskilde bruksklassar.

Tabell 51. Prosentvis endring frå 1948—49 til 1958—59
 i arbeidsstyrken pr. bruk og arealeining.

	Menn		Kvinner		I alt	
	Pr. bruk	Pr. dekar jordbruksareal	Pr. bruk	Pr. dekar jordbruksareal	Pr. bruk	Pr. dekar jordbruksareal
Kl. 3. 5,1— 10 dekar.....	— 28,6	— 29,6	— 15,5	— 16,8	— 19,7	— 20,9
» 4. 10,1— 20 »	— 26,2	— 26,2	— 17,0	— 17,1	— 20,3	— 20,4
» 5. 20,1— 35 »	— 22,2	— 22,7	— 18,0	— 18,6	— 19,8	— 20,3
» 6. 35,1— 50 »	— 17,4	— 18,1	— 19,7	— 19,9	— 18,6	— 19,1
» 7. 50,1— 75 »	— 16,5	— 16,8	— 21,5	— 21,9	— 19,1	— 19,4
» 8. 75,1—100 »	— 17,0	— 17,4	— 23,9	— 24,6	— 20,3	— 20,9
» 9. 100,1—200 »	— 20,8	— 21,2	— 27,8	— 29,3	— 23,9	— 24,8
» 10. 200,1—500 »	— 28,1	— 28,8	— 35,7	— 36,6	— 30,8	— 31,6
» 11—12. Over 500 »	— 29,1	— 30,5	— 44,0	— 45,0	— 32,6	— 33,9
I alt.....	— 18,9	— 22,9	— 20,0	— 24,1	— 19,5	— 23,6

Arbeid av born under 15 år.

Både i 1949 og 1959 var det med spørsmål om arbeid utført av born under 15 år. I 1959 vart det spurt om dagsverk til luking og tynning, slått- og skurdonn, potetsetting og -opptaking og hausting av frukt og hagebær. I 1949 vart det ikkje spurt etter dagsverk til hausting av frukt og hagebær. Spørsmåla var elles dei same som i 1959. Det er fleire arbeidskategoriar enn dei nemnde som vert utført av born, så noko samla oversikt over dette arbeidet føreligg ikkje. Det er elles klårt at dette arbeidet er av svært vekslande verdi. Både arbeid utført av eigne born og framande born er medrekna.

Tabell 52 viser dagsverk utført av born i året 14. april 1958—13. april 1959.

Tabell 52. Arbeid utført av born under 15 år.

	Bruk over 5 dekar	Bruk med oppgjeven arbeids-hjelp av born	Dagsverk			
			Luking og tynning	Slått- og skurdonn	Potetsetting og -opptaking	Hasting av frukt og hagebær
Kl. 3. 5,1— 10 dekar.....	19 414	2 382	9 020	20 244	9 196	4 966
» 4. 10,1— 20 »	40 889	7 132	21 018	82 903	36 260	12 034
» 5. 20,1— 35 »	43 718	9 801	32 821	142 158	61 042	17 787
» 6. 35,1— 50 »	31 809	9 346	39 294	136 048	70 270	18 757
» 7. 50,1— 75 »	28 769	10 650	54 860	148 756	94 425	22 291
» 8. 75,1—100 »	13 357	5 923	36 613	70 410	64 382	8 230
» 9. 100,1—200 »	15 074	8 334	60 186	67 030	116 918	9 342
» 10. 200,1—500 »	4 870	3 006	34 551	18 156	68 381	3 819
» 11—12. Over 500 »	415	257	6 902	1 953	14 233	628
I alt 1959	198 315	56 831	295 265	687 658	535 107	97 854
I alt 1949	213 441	50 053	283 795	621 321	703 747	..

Oppgaver for fylka etter bruksstorleik er tekne inn i tabell 8 i tredje hefte, og oppgaver for områda er med i tabell 22 i fjerde hefte.

Om lag 57 000 eller 29 prosent av brukarane gav opp at dei hadde hatt hjelp av born under 15 år til dei nemnde arbeidskategoriar. Til samanlikning kan nemnast at det var born under 15 år på i alt 87 000 bruk i 1959. 12 prosent hadde hjelp til luking og tynning, 15 prosent til slått- og skurdnett, 25 prosent til potetsetting og -opptaking og 5 prosent til hausting av frukt og hagebær. Det var såleis svært vanleg at borna tok del i fleire arbeid, dersom dei hadde slik arbeidshjelp på bruka.

Tabell 53 syner korleis dagsverka fordelte seg etter arbeidskategori i dei einskilte bruksklassar og fylke.

Som gjennomsnitt for heile landet vart det av born under 15 år utført 16 dagsverk pr. 100 dekar jordbruksareal. Det er same talet som i 1949, men

Tabell 53. Dagsverk av born under 15 år prosentvis etter arbeidskategori. Dagsverk pr. bruk og pr. 100 dekar jordbruksareal. 1958—59.

	Luking og tynning	Slått- og skurd- nett	Potet- setting og -opp- taking	Hausting av frukt og hagebær	I alt	Dagsverk pr. 100 dekar jord- bruks- areal	Dagsverk pr. bruk med oppgåve
Riket	18,3	42,6	33,1	6,0	100,0	16	28
Fylka:							
Østfold	32,6	17,7	47,0	2,7	100,0	9	25
Akershus og Oslo	27,7	16,0	52,0	4,3	100,0	10	28
Hedmark	17,6	32,1	47,0	3,3	100,0	11	21
Oppland	15,4	32,2	49,9	2,5	100,0	13	24
Buskerud	25,1	27,8	32,8	14,3	100,0	13	26
Vestfold	32,0	16,1	44,3	7,6	100,0	12	28
Telemark	18,5	45,2	28,3	8,0	100,0	12	24
Aust-Agder.....	28,3	37,1	25,0	9,6	100,0	18	28
Vest-Agder.....	24,6	48,3	17,3	9,8	100,0	15	32
Rogaland	34,7	30,4	27,4	7,5	100,0	21	37
Hordaland og Bergen .	10,7	57,6	19,5	12,2	100,0	23	40
Sogn og Fjordane.....	8,9	66,4	16,8	7,9	100,0	22	41
Møre og Romsdal	14,9	52,7	26,9	5,5	100,0	24	31
Sør-Trøndelag	16,7	40,6	31,2	11,5	100,0	15	26
Nord-Trøndelag	20,2	27,0	49,3	3,5	100,0	18	25
Nordland	7,8	64,9	25,3	2,0	100,0	22	30
Troms	5,9	69,7	23,9	0,5	100,0	21	28
Finnmark	1,4	88,2	10,2	0,2	100,0	15	28
Bruksklassar:							
5,1— 10 dekar....	20,8	46,6	21,2	11,4	100,0	28	22
10,1— 20 »	13,8	54,5	23,8	7,9	100,0	24	21
20,1— 35 »	12,9	56,0	24,1	7,0	100,0	21	26
35,1— 50 »	14,9	51,4	26,6	7,1	100,0	19	28
50,1— 75 »	17,1	46,4	29,5	7,0	100,0	18	30
75,1— 100 »	20,4	39,2	35,8	4,6	100,0	15	30
100,1— 200 »	23,8	26,4	46,1	3,7	100,0	12	30
200,1— 500 »	27,7	14,5	54,7	3,1	100,0	9	42
500,1—1000 »	25,8	9,9	62,4	1,9	100,0	8	83
Over 1000 »	43,5	1,0	49,5	6,0	100,0	7	175

frukt- og bærhausting var ikkje med då. Medels dagetal pr. bruk med oppgave var 28. Det var liten skilnad etter bruksstorleik for bruka under 200 dekar, men sterk auke for høgre bruksklassar. Ved dei større bruka var det i stor mon framande born som var i arbeid. For alle bruksklassar over 100 dekar var talet på brukarar som hadde gjeve opp arbeids dagar av born, større enn talet på huslyder med born under 15 år. Skilnaden var særleg stor for bruk over 500 dekar.

Fagutdanning.

Spørsmål om fagutdanning var med for første gong ved teljinga i 1949. Ved 1959-teljninga vart avsnittet om fagutdanning noko omarbeidd og utvida. I 1949 vart det skilt mellom landbruks- og småbruksskular, i 1959 vart desse rekna saman som jordbruksskular. I 1949 vart det rekna med kurs på minst eit halvt år, i 1959 minst 5 månader. I 1949 vart det berre spurt om brukaren hadde fagutdanning, i 1959 vart spørsmåla utvida til også å gjelda ektemaken og anna arbeidshjelp på bruket. I 1959 vart det for kvinnene også spurt om husmorskule over 5 månader. Oppgaver over fagutdanning er gjevne for fylka etter bruksstorleik i tabell 6 i tredje hefte. For jordbruksområda finn ein oppgaver i tabell 21 i fjerde hefte.

Oppgåvene gjeld berre bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Uttrykket landbruksfagskule dekkjer både jordbruksskular (landbruksskular, småbruksskular m. m.), hagebruksskular (gartnarskular medrekna) og skogskular.

Tabell 54. Fagutdanning (minst 5 månaders kurs) ved bruk av ulik storleik. 1959.

	Mannlege brukarar med landbruksfagskule				Kvinnelege brukarar og ektemakar med husmorskule	Bruk i alt der det var personar med		Prosent bruk der det var personar med	
	I alt	Av desse med				landbruksfagskule	husmorskule	landbruksfagskule	husmorskule
		jordbrukskule	hagebrukskule	skogskule					
Kl. 3 ¹ ...	761	515	220	79	962	832	1 028	4,3	5,3
» 4 ...	1 611	1 247	320	133	2 061	1 814	2 226	4,4	5,4
» 5 ...	2 534	2 163	319	177	2 684	2 887	2 967	6,6	6,8
» 6 ...	3 207	2 851	299	201	2 821	3 734	3 147	11,7	9,9
» 7 ...	4 550	4 210	297	217	3 558	5 349	4 017	18,6	14,0
» 8 ...	3 100	2 915	130	165	2 382	3 635	2 702	27,2	20,2
» 9 ...	5 530	5 277	148	357	4 339	6 391	4 816	42,4	31,9
» 10 ...	3 077	2 956	53	277	2 422	3 413	2 616	70,1	53,7
» 11-12 .	289	273	3	40	230	338	259	81,4	62,4
I alt.	24 659	22 407	1 789	1 646	21 459	28 393	23 778	14,3	12,0

¹ Sjå note tabell 9 side 30.

Prosenttalet for bruk som har personar med landbruksutdanning, aukar med aukande bruksstorleik frå vel 4 prosent ved bruka mellom 5 og 20 dekar til vel 81 prosent for bruka med over 500 dekar jordbruksareal.

Prosenttalet for bruk med husmorskule aukar og jamt og sterkt med bruksstorleiken.

Tabell 55. Fagutdanning (minst 5 månaders kurs) i einiskilde fylke og jordbruksområde. 1959.¹

	Mannlege brukarar med landbruksfagskule				Kvinnelege brukarar og ekteamkar med husmor-skule	Bruk i alt der det var personar med		Prosent bruk der det var personar med	
	I alt	Av desse med				landbruks-fag-skule	hus-mor-skule	land-bruks-fag-skule	hus-mor-skule
		jord-bruks-skule	hage-bruks-skule	skog-skule					
Fylka:									
Østfold	1 765	1 639	81	110	1 541	1 943	1 654	27,5	23,4
Akershus og Oslo.....	1 900	1 740	132	97	1 848	2 144	1 996	25,6	23,8
Hedmark	2 694	2 332	94	448	2 532	3 017	2 800	17,6	16,3
Oppland	2 499	2 320	116	227	2 026	2 764	2 230	18,4	14,8
Buskerud	1 604	1 423	125	238	1 578	1 801	1 733	19,9	19,1
Vestfold	1 234	1 116	129	41	1 048	1 360	1 108	24,5	19,9
Telemark	1 232	1 123	80	118	1 080	1 364	1 192	17,3	15,1
Aust-Agder.....	923	816	86	80	747	1 018	827	19,3	15,7
Vest-Agder.....	551	495	59	21	758	627	838	8,7	11,6
Rogaland	1 569	1 450	137	4	1 354	1 874	1 513	16,1	13,0
Hordaland og Bergen ..	1 481	1 267	248	18	1 212	1 735	1 348	11,5	8,9
Sogn og Fjordane.....	1 322	1 255	116	13	1 326	1 564	1 538	13,8	13,6
Møre og Romsdal.....	1 724	1 579	174	19	1 229	1 975	1 388	12,8	9,0
Sør-Trøndelag	1 203	1 133	52	37	839	1 600	979	13,2	8,1
Nord-Trøndelag	1 826	1 657	102	134	1 495	2 153	1 651	20,4	15,7
Nordland	655	610	43	21	474	843	551	3,9	2,5
Troms	374	359	12	10	290	480	339	3,7	2,6
Finnmark	103	93	3	10	82	131	93	2,8	2,0
Jordbruksområda:									
Søraustlege slettebygder	4 837	4 431	369	214	4 284	5 349	4 586	27,6	23,6
Silurb. inne i landet....	2 476	2 266	148	225	1 985	2 714	2 130	24,3	19,1
Mellom- eller skogbygder	2 852	2 410	156	611	2 649	3 223	2 944	14,6	13,3
Dal- og fjellbygder.....	2 763	2 586	84	229	2 735	3 107	3 053	17,7	17,4
Austl. m. Telemark i alt	12 928	11 693	757	1 279	11 653	14 393	12 713	20,5	18,1
Kystbygder	665	561	110	26	643	735	691	13,1	12,3
Mellom-eller skogbygder	521	473	29	52	569	580	653	12,4	14,0
Dal- og fjellbygder.....	288	277	6	23	293	330	321	14,9	14,5
Agder i alt.....	1 474	1 311	145	101	1 505	1 645	1 665	13,1	13,3
Skiferl. ved Boknfjorden	130	115	17	—	135	160	151	18,3	17,3
Jærens sletteland	899	849	56	—	693	1 054	759	24,2	17,4
Andre ytre bygder.....	2 495	2 280	264	31	2 128	2 851	2 384	9,6	8,1
Indre bygder	2 572	2 307	338	23	2 165	3 083	2 493	16,5	13,4
Vestlandet i alt	6 096	5 551	675	54	5 121	7 148	5 787	13,4	10,8
Kystbygder	233	228	4	4	145	285	165	7,4	4,3
Ytre fjordbygder.....	323	302	11	17	230	404	261	15,2	9,8
Bygder ved Trøndh.fj..	1 518	1 385	108	63	1 148	1 848	1 291	21,5	15,0
Dal- og fjellbygder.....	367	345	8	28	274	498	312	11,8	7,4
Andre indre bygder....	588	530	23	59	537	718	601	21,2	17,7
Trøndelag i alt.....	3 029	2 790	154	171	2 334	3 753	2 630	16,5	11,6
Øyar	335	316	18	10	265	432	313	3,3	2,4
Kystbygder	276	264	14	5	211	350	233	3,3	2,2
Fjord- og dalbygder ...	311	284	17	18	285	423	340	3,4	2,8
Innlandsbygder	210	198	9	8	85	249	97	7,1	2,8
Nord-Noreg i alt.....	1 132	1 062	58	41	846	1 454	983	3,7	2,5

¹ Rikstal sjå tabell 54 side 77.

Det var ein svært liten del av bruka i Nord-Noreg som hadde personar med landbruksutdanning. Elles var det relativt få i Vest-Agder, i dei ytre bygdene på Vestlandet og i dal- og fjellbygdene og dei ytre bygdene i Trøndelag. Relativt flest var det i Østfold, Akershus og Vestfold, der fjerdeparten av brukarane hadde landbruksutdanning. Også husmorskuleutdana personar var det få av på bruka i Nord-Noreg.

Dei distriktswise variasjonane var store. Særleg stor skilnad var det mellom einskilde kommunar. I Borge, Torsnes og Moss i Østfold, Ås og Kråkstad i Akershus, Nes i Hedmark, Borre i Vestfold, Bygland i Aust-Agder og Ullensvang i Hordaland var det personar med landbruksutdanning på 40—45 prosent av bruka over 5 dekar. På den andre sida fanst det kommunar der ikkje noko bruk hadde landbruksutdana folk.

Som nemnt kan ikkje 1959-oppgåvene over brukarar med fagutdanning utan vidare jamførast med 1949-oppgåvene. I 1949 vart oppgåvene for mannlege og kvinnelege brukarar samla i ein post. I 1959 gjekk kvinnelege brukarar saman med kvinnelege ektemakar i ei gruppe, medan mannlege ektemakar gjekk saman med mannlege brukarar i ei anna gruppe.

Ein gjer likevel ikkje nemnande feil ved å samanlikna oppgåvene over mannlege brukarar med fagutdanning i 1959 med oppgåvene over brukarar med fagutdanning i 1949.

Brukarar med fagutdanning i prosent av personlege brukarar i alt auka då frå 9,1 prosent i 1949 til 12,5 prosent i 1959. Auken gjorde seg gjeldande for alle bruksstorleikar og i alle fylke.

Av dei mannlege brukarane med landbruksfagskule hadde 90,9 prosent gått jordbruksskule, 7,3 prosent hagebruksskule og 6,7 prosent skogskule. Dette blir i alt 104,9 prosent. Det var altså ein del av brukarane som hadde gått meir enn eit slag landbruksfagskule.

Tabell 54 viser at det var knapt 24 700 mannlege brukarar som hadde gått landbruksfagskule, medan det var personar med slik utdanning på i alt 28 400 bruk. Det var såleis 3 700 bruk der det ikkje var mannleg brukar, men andre personar som hadde landbruksutdanning. Følgjande oppstilling viser talet på bruk der andre personar hadde slik utdanning:

Andre menn enn brukarane:

Jordbruksskule	5 051 bruk
Hagebruksskule	559 »
Skogskule	420 »

Kvinnelege ektemakar og brukarar:

Jordbruksskule	424 »
Hagebruksskule	534 »

Andre kvinner på bruket:

Jærens sletteiland	0,2	1,1	4,3	2,1	2,6	3,6	0,6	0,6
Andre ytre bygder	0,6	0,3	2,9	0,9	1,8	0,8	0,1	0,4
Indre bygder	0,4	0,3	4,3	1,6	1,7	1,0	0,2	0,3
Vestlandet i alt	1,3	1,9	11,7	4,7	6,4	5,6	1,0	1,3
Kystbygder	0,1	0,1	2,0	0,8	0,9	0,4	0,0	0,0
Ytre fjordbygder	0,3	0,1	3,6	1,6	0,9	0,5	0,1	0,1
Bygder ved Trondh.fj..	4,0	14,3	21,8	12,0	6,2	3,4	0,9	1,0
Dal- og fjellbygder	0,1	0,0	3,6	1,2	0,4	0,2	0,0	0,3
Andre indre bygder	0,3	1,1	7,8	4,2	1,8	0,9	0,1	0,1
Trøndelag i alt	4,8	15,6	38,8	19,8	10,2	5,4	1,1	1,5
Øyar	0,0	—	0,1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Kystbygder	0,0	0,1	0,6	0,2	0,1	0,2	0,0	0,0
Fjord- og dalbygder	0,0	0,0	0,5	0,1	0,1	0,0	0,3	0,0
Innlandsbygder	0,0	—	0,4	0,1	0,1	0,0	—	0,0
Nord-Noreg i alt	0,0	0,1	1,6	0,4	0,3	0,2	0,3	0,0

¹ Korn og erter i alt sjå tabell 63.

Tabell 74. Talet på korndyrkarar og areal pr. dyrkar i ein-skilde fylke og jordbruksområde.

	Tal dyrkarar			Prosent nedgang		Dekar pr. dyrkar		
	1939	1949	1959	1939-1959	1949-1959	1939	1949	1959
Riket	150 313	116 160	82 469	45,1	29,0	12,2	13,1	26,5
Fylka:								
Østfold	7 945	7 400	6 169	22,4	16,6	30,4	28,6	55,1
Akershus og Oslo	9 408	8 881	7 137	24,1	19,6	28,1	26,6	48,9
Hedmark	16 283	14 182	11 916	26,8	16,0	15,1	15,9	30,7
Oppland	15 362	13 925	11 461	25,4	17,7	14,5	13,5	21,1
Buskerud	8 939	8 004	5 842	34,6	27,0	14,0	13,8	28,4
Vestfold	6 329	5 828	4 733	25,2	18,8	21,9	20,6	42,4
Telemark	7 802	5 649	3 569	54,3	36,8	7,6	7,0	15,1
Aust-Agder	5 052	3 753	1 939	61,6	48,3	4,8	4,2	6,2
Vest-Agder	6 780	4 940	1 889	72,1	61,8	3,4	3,2	5,5
Rogaland	10 179	9 077	6 873	32,5	24,3	7,8	6,3	10,3
Hordaland og Bergen	8 323	3 956	729	91,2	81,6	2,0	1,7	4,0
Sogn og Fjordane	6 838	3 743	568	91,7	84,8	2,8	2,1	3,8
Møre og Romsdal	11 313	6 532	3 207	71,7	50,9	4,5	4,4	8,8
Sør-Trøndelag	10 858	8 910	7 553	30,4	15,2	11,3	11,2	15,8
Nord-Trøndelag	10 204	8 836	7 930	22,3	10,3	16,6	16,8	26,4
Nordland	6 564	2 282	898	86,3	60,6	3,9	3,4	8,9
Troms	2 114	260	55	97,4	78,8	2,8	2,8	4,2
Finnmark	20	2	1	95,0	50,0	0,6	1,0	4,0
Jordbruksområda:								
Søraustlege slettebygder	21 630	20 143	16 377	24,3	18,7	27,8	26,3	50,9
Silurb. inne i landet	13 459	12 521	10 606	21,2	15,3	21,1	20,6	37,6
Mellom- eller skogbygder	22 705	20 043	16 130	29,0	19,5	12,5	12,5	24,0
Dal- og fjellbygder	14 274	11 162	7 714	46,0	30,9	9,0	8,2	12,7
Austl. m. Telemark i alt	72 068	63 869	50 827	29,5	20,4	18,0	17,7	33,8
Kystbygder	5 861	4 414	2 072	64,6	53,1	4,1	3,8	6,2
Mellom-ellerskogbygder	4 343	3 191	1 321	69,6	58,6	3,9	3,5	5,7
Dal- og fjellbygder	1 628	1 088	435	73,3	60,0	3,8	3,1	4,9
Agder i alt	11 832	8 693	3 828	67,6	56,0	4,0	3,6	5,9
Skiferl. ved Boknfjorden	753	648	503	33,2	22,4	6,8	5,2	6,4
Jærens slette	4 065	4 133	3 788	6,8	8,3	13,2	9,5	14,5
Andre ytre bygder	20 282	10 797	3 469	82,9	67,9	2,9	2,5	5,1
Indre bygder	11 553	7 730	3 617	68,7	53,2	4,3	4,1	7,9
Vestlandet i alt	36 653	23 308	11 377	69,0	51,2	4,6	4,3	9,2
Kystbygder	3 526	2 224	1 554	55,9	30,1	6,4	6,7	9,0
Ytre fjordbygder	2 612	2 194	1 914	26,7	12,8	10,6	10,4	13,7
Bygder ved Trondh.fj.	8 714	8 130	7 600	12,8	6,5	19,0	18,1	26,9
Dal- og fjellbygder	2 835	2 211	1 659	41,5	25,0	8,1	7,9	10,9
Andre indre bygder	3 375	2 987	2 756	18,3	7,7	16,0	15,4	24,0
Trøndelag i alt	21 062	17 746	15 483	26,5	12,8	13,9	14,0	21,2
Øyar	969	162	75	92,3	53,7	3,3	3,8	9,8
Kystbygder	3 108	906	410	86,8	54,7	3,4	3,5	12,4
Fjord- og dalbygder	3 200	917	304	90,5	66,8	3,4	2,9	4,9
Innlandsbygder	1 421	559	165	88,4	70,5	5,0	3,6	5,4
Nord-Noreg i alt	8 698	2 544	954	89,0	62,5	3,6	3,3	8,6

Talet på korndyrkarar minka frå 150 000 i 1939 til 116 000 i 1949 og 82 000 i 1959. I perioden 1939—1959 vart talet på dyrkarar redusert med 45 prosent. I siste tiårsperioden var det ein reduksjon på 29 prosent i talet på dyrkarar, medan arealet auka med 43 prosent. Nedgangen var relativt størst i Nord-Noreg, på Vestlandet og i Agder, langt mindre i Trøndelag og på Austlandet.

Talet på dyrkarar har gått relativt mest tilbake ved dei mindre bruka. I 1949 vart det t. d. dyrka korn på 30 prosent av bruka mellom 5 og 20 dekar, i 1959 på 18 prosent. Elles var det relativt færre dyrkarar i 1959 i alle bruksklassane under 100 dekar. Ved dei større bruka var det om lag 92 prosent som dyrka korn både i 1949 og 1959.

Av alle bruk over 5 dekar var det 40 prosent som hadde kornareal i 1959, mot 53 prosent i 1949.

Kornarealet pr. dyrkar auka frå 13 dekar i 1949 til over 26 dekar i 1959.

Tabell 74 viser at arealet pr. dyrkar har auka i alle fylke og jordbruksområde, også der samla kornareal har gått tilbake. Dette gjeld og for bruk av ymse storleik. Gjennomsnittleg kornareal auka frå 1949 til 1959 ved både store og små bruk. På bruka mellom 5 og 20 dekar var det såleis auke frå 2,7 til 4,3 dekar, på bruka mellom 50 og 75 dekar frå 10 til 15 dekar og på bruka mellom 500 og 1 000 dekar frå 164 til 307 dekar.

Ved teljinga i 1959 vart det spurt om bruka hadde sal av korn. Knapt 25 000 gav opp at dei hadde regulært kornsal og vel 7 000 at dei selde korn meir tilfeldig. Desse oppgåvene blir nærare omtalt under avsnittet «Sal av ymse landbruksprodukt».

Grønfôr.

I tida 1949—1959 vart grønførarealet redusert med 30 prosent, frå 164 000 til 114 000 dekar. Talet på bruk med grønførareal gjekk samstundes ned frå 63 000 til 37 000.

Grønførdyrking er mest vanleg i dei strok der vilkåra for dyrking av korn til mogning er mindre gode. Der blir det i stor mon nytta som dekkasæd for attlegg.

Rogaland, Møre og Romsdal og Finnmark hadde større grønførareal i 1959 enn i 1949. I dei fleste andre fylka var det sterk reduksjon.

I Østfold og Vestfold var det mindre enn 1 000 dekar grønfôr i 1959. Arealet var størst i Hedmark med 17 000 dekar, Oppland med 16 000 dekar og Nordland med 15 000 dekar. Av i alt 44 000 dekar grønførareal på Austlandet var over 28 000 i dal- og fjellbygdene. Også i dei andre landslutene var grønførdyrkinga mest vanleg i dal- og fjellbygder og andre indre bygder.

I 1959 vart det dyrka grønfôr på 18 prosent av bruka over 5 dekar mot 28 prosent i 1949. I dal- og fjellbygdene på Austlandet vart det dyrka grønfôr på 42 prosent av bruka, i dei søraustlege slettebygder på Austlandet berre på 5 prosent.

Grønførdyrking er langt vanlegare ved bruka mellom 20 og 100 dekar enn ved større og mindre bruk. I 1959 vart det dyrka grønfôr på fjerdeparten av bruka mellom 35 og 75 dekar, men berre på 6—7 prosent av bruka over 200 dekar. Grønførarealet vart også redusert langt sterkare i siste tiåret ved dei største og minste bruka enn ved dei medelstore bruka mellom 35 og 75 dekar, som berre viste liten nedgang frå 1949 til 1959.

Gjennomsnittleg grønfôrareal pr. dyrkar var 3,1 dekar i 1959 mot 2,6 dekar i 1949.

I 1959 som i 1949 var det Tynset i Hedmark som hadde størst grønfôrareal med 2 100 dekar (2 800 i 1949).

Potet.

Potetarealet vart redusert med vel 5 prosent i perioden 1949—1959, frå 582 000 til 552 000 dekar. Fylgjande oppstilling viser utviklinga i potetarealet 1835—1959:

1835	146 638	dekar
1865	323 710	»
1875	355 906	»
1890	388 221	»
1900	364 692	»
1907	409 153	»
1917	457 978	»
1929	463 073	»
1939	506 927	»
1949	582 410	»
1959	552 478	»

Bortsett frå perioden 1890—1900 auka potetarealet frå teljing til teljing fram til 1949. Det aller største potetarealet hadde ein likevel under siste krig. I 1943 vart det dyrka potet på 808 000 dekar.

Frå 1949 til 1959 var det nedgang i potetarealet i alle fylka unntateke Møre og Romsdal, Trøndelagsfylka og Finnmark. Særleg stor auke var det i Nord-Trøndelag med 26 prosent. Nedgangen var sterkast i Akershus med 21 prosent. I Østfold, Buskerud og Vest-Agder var det framimot 20 prosent reduksjon.

Det var noko større potetareal på bruka mellom 50 og 200 dekar i 1959 enn i 1949. Også for bruksklassen inntil 2 dekar var det auke. Det er den svære auken i talet på slike små brukseiningar som har ført til arealauken i denne bruksklassen. Dei andre bruksklassane synte nedgang. Ved bruka mellom 5 og 35 dekar var det relativt stor nedgang i potetarealet, særleg fordi det var færre brukseiningar enn i 1949.

Tabell 76 viser at det prosentvis var langt færre av bruka som dyrka potet i 1959 enn tidlegare. Nedgangen gjorde seg særleg gjeldande på mindre bruk. I 1959 vart det dyrka potet på 88 prosent av bruka over 5 dekar, mot 92 prosent i 1949. Det vart dyrka potet på fjerdeparten av brukseiningane under 5 dekar i 1959, i 1949 på 36 prosent.

I Finnmark var det potetareal på 37 prosent av bruka over 5 dekar i 1959. I dei andre fylka hadde mellom 84 og 95 prosent av bruka potetareal. (Sjå tabell 67.)

Medan kornarealet pr. dyrkar auka sterkt frå 1949 til 1959, heldt potetarealet seg konstant. Det var 2,4 dekar både i 1949 og 1959. Dette kjem av at potet framleis for det meste blir dyrka til eige bruk. Det finst likevel ein del bruk som har spesialisert seg på potetdyrking i større stil. Gjennomsnittssarealet pr. dyrkar auka litt i bruksklassane mellom 35—200 dekar. I dei

Tabell 75. Potetareal, talet på bruk som dyrkar poteter og areal pr. dyrkar i einskilte fylke og jordbruksområde.

	Areal i dekar		Tal dyrkarar		Dekar pr. dyrkar	
	1949	1959	1949	1959	1949	1959
Riket.....	582 410	552 478	244 496	234 332	2,4	2,4
Fylka:						
Østfold	43 511	35 382	10 776	10 382	4,0	3,4
Akershus og Oslo.....	50 240	39 645	14 784	13 431	3,4	3,0
Hedmark	72 179	67 710	22 545	21 591	3,2	3,1
Oppland	60 724	60 313	19 240	18 953	3,2	3,2
Buskerud	26 420	21 224	12 821	12 700	2,1	1,7
Vestfold	39 182	36 064	8 841	7 810	4,4	4,6
Telemark	21 297	17 842	10 817	10 245	2,0	1,7
Aust-Agder.....	13 110	11 360	7 599	7 098	1,7	1,6
Vest-Agder.....	13 385	10 816	9 288	8 052	1,4	1,3
Rogaland	47 516	47 185	13 694	14 237	3,5	3,3
Hordaland og Bergen ..	26 552	22 408	18 316	16 994	1,4	1,3
Sogn og Fjordane.....	19 685	19 594	11 827	10 908	1,7	1,8
Møre og Romsdal.....	29 802	30 152	17 306	17 237	1,7	1,7
Sør-Trøndelag	27 951	30 957	14 291	14 071	2,0	2,2
Nord-Trøndelag	43 484	55 135	13 320	13 688	3,3	4,0
Nordland	30 197	30 120	23 752	22 588	1,3	1,3
Troms	15 580	14 964	12 966	12 472	1,2	1,2
Finnmark	1 595	1 607	2 313	1 875	0,7	0,9
Jordbruksområda:						
Søraustlege slettebygder	129 486	107 323	32 478	29 806	4,0	3,6
Silurb. inne i landet....	86 404	82 224	19 261	18 653	4,5	4,4
Mellom- eller skogbygder	66 673	59 413	29 573	29 328	2,3	2,0
Dal- og fjellbygder.....	30 990	29 220	18 512	17 325	1,7	1,7
Austl. m. Telemark i alt	313 553	278 180	99 824	95 112	3,1	2,9
Kystbygder	12 989	10 852	8 276	6 982	1,6	1,6
Mellom- eller skogbygder	9 935	8 300	6 025	5 781	1,6	1,4
Dal- og fjellbygder.....	3 571	3 024	2 586	2 387	1,4	1,3
Agder i alt.....	26 495	22 176	16 887	15 150	1,6	1,5
Skiferl. ved Boknfjorden	3 333	2 831	947	904	3,5	3,1
Jærens sletteland	27 884	29 961	5 433	6 465	5,1	4,6
Andre ytre bygder.....	53 221	46 580	33 975	32 381	1,6	1,4
Indre bygder	39 117	39 967	20 788	19 626	1,9	2,0
Vestlandet i alt	123 555	119 339	61 143	59 376	2,0	2,0
Kystbygder	7 599	8 559	4 548	4 228	1,7	2,0
Ytre fjordbygder.....	6 876	7 881	3 396	3 344	2,0	2,4
Bygder ved Trondh.fj..	40 661	49 649	11 482	12 079	3,5	4,1
Dal- og fjellbygder.....	6 067	7 014	4 119	3 750	1,5	1,9
Andre indre bygder....	10 232	12 989	4 066	4 358	2,5	3,0
Trøndelag i alt.....	71 435	86 092	27 611	27 759	2,6	3,1
Øyar	16 395	15 008	13 572	12 496	1,2	1,2
Kystbygder	13 795	14 098	10 909	10 006	1,3	1,4
Fjord- og dalbygder ...	13 177	13 365	11 376	11 215	1,2	1,2
Innlandsbygder	4 005	4 220	3 174	3 218	1,3	1,3
Nord-Noreg i alt.....	47 372	46 691	39 031	36 935	1,2	1,3

Tabell 76. Bruk med potetareal og areal pr. dyrkar etter bruksstorleik.

	Bruk med poteter		Bruk med poteter i pst. av alle bruk		Dekar pr. dyrkar	
	1949	1959	1949	1959	1949	1959
Kl. 1. Inntil 2 dekar.....	29 949	43 666	28,9	21,4	0,4	0,3
» 2. 2,1— 5 »	17 899	16 320	63,4	52,7	0,7	0,7
» 3. 5,1— 10 »	18 685	13 668	79,3	70,4	0,9	0,9
» 4. 10,1— 20 »	40 914	33 411	88,1	81,7	1,2	1,1
» 5. 20,1— 35 »	45 519	38 701	92,9	88,5	1,7	1,6
» 6. 35,1— 50 »	29 665	29 257	95,3	92,0	2,3	2,4
» 7. 50,1— 75 »	28 223	27 127	97,0	94,3	3,1	3,3
» 8. 75,1— 100 »	13 123	12 700	98,3	95,1	4,3	4,8
» 9. 100,1— 200 »	15 358	14 481	98,5	96,1	7,1	7,7
» 10. 200,1— 500 »	4 785	4 619	99,5	94,8	15,5	14,4
» 11. 500,1—1000 »	340	345	99,4	92,7	41,3	37,9
» 12. Over 1000 »	36	37	97,3	86,0	77,0	74,6
Alle bruk.....	244 496	234 332	70,8	54,1	2,4	2,4
Bruk over 5 dekar	196 648	174 346	92,1	87,9	2,8	3,0

lægre bruksklassar var det om lag uendra. Ved bruka over 200 dekar var gjennomsnittsårealet pr. dyrkar litt mindre i 1959 enn i 1949. Dette heng først og fremst saman med at korndyrkinga har fått ein breiare plass på desse bruka.

Det var i alt 234 000 bruk som dyrka potet i 1959. For i alt 60 000 vart det oppgjeve at dei selde potet. Knappt 32 000 hadde regulært sal og 28 000 tilfeldig sal. (Meir om dette side 233.)

Østre Toten i Oppland var det heradet som hadde størst potetareal i 1959, med 11 100 dekar. Det var nr. 1 i 1949 og, med 11 300 dekar. Ringsaker i Hedmark var nr. 2 både i 1959 (10 700 dekar) og i 1949 (10 800 dekar).

Rotvokstrar og fôrmergkål.

Samla areal av rotvokstrar og fôrmergkål i 1959 var om lag uendra frå 1949, men fordelinga av arealet på dei einskilte vokstrane hadde endra seg ein god del. Tabell 77 viser utviklinga av arealet til rotvokstrar 1907—1959.

Tabell 77. Areal av rotvokstrar og fôrmergkål. Dekar.

	Fôrnepe	Kålrot	Fôrbete	Fôrmergkål	I alt
1907.....	76 613	3 077	—	—	79 690
1917.....	65 631	8 909	—	—	74 540
1929.....	133 334	37 398	—	—	170 732
1939.....	99 544	82 195	30 783	12 912	225 434
1949.....	47 453	71 802	23 861	11 263	154 379
1959.....	35 382	81 514	13 799	21 114	151 809
Prosentvis endring 1949—1959	— 25,4	+ 13,5	— 42,2	+ 87,5	— 1,7

Tabell 78. Areal av rotvokstrar i einiskilde fylke og jordbruksområde.

	Dekar rotvokstrar og førmergkål		Arealet 1959 prosentvis fordelt				Dekar rotvokstrar pr. mjølkeku	
	1949	1959	Før-nepe	Kål-rot	Før-bete	Før-mergkål	1949	1959
Riket	154 379	151 809	23,3	53,7	9,1	13,9	0,20	0,25
Fylka:								
Østfold	18 370	15 417	3,7	82,6	3,7	10,0	0,41	0,50
Akershus og Oslo	15 291	15 096	5,7	70,5	1,8	22,0	0,31	0,46
Hedmark	19 321	17 166	23,9	56,4	0,7	19,0	0,28	0,38
Oppland	9 023	8 886	20,9	62,0	1,2	15,9	0,12	0,16
Buskerud	7 415	6 945	5,5	75,4	9,6	9,5	0,20	0,31
Vestfold	13 420	12 146	3,9	75,1	11,0	10,0	0,51	0,75
Telemark	4 979	4 447	5,8	73,3	11,9	9,0	0,19	0,27
Aust-Agder	2 040	2 662	7,3	47,3	40,7	4,7	0,15	0,30
Vest-Agder	1 844	3 070	9,9	32,6	38,8	18,7	0,08	0,18
Rogaland	21 521	27 568	15,0	37,5	27,7	19,8	0,34	0,43
Hordaland og Bergen	2 110	3 267	21,2	49,2	4,0	25,6	0,04	0,08
Sogn og Fjordane	2 131	3 443	27,2	50,3	1,1	21,4	0,05	0,09
More og Romsdal	5 508	7 736	53,3	40,6	0,2	5,9	0,10	0,16
Sør-Trøndelag	10 182	8 560	76,0	17,7	0,3	6,0	0,20	0,19
Nord-Trøndelag	19 083	14 141	65,1	30,7	0,5	3,7	0,44	0,37
Nordland	1 904	1 007	58,9	33,6	0,3	7,2	0,03	0,02
Troms	208	212	61,3	31,6	1,9	5,2	0,01	0,01
Finnmark	29	40	95,0	5,0	—	—	—	0,01
Jordbruksområda:								
Søraustlege slettebygder	47 682	42 516	4,1	75,4	6,1	14,4	0,43	0,58
Silurb. inne i landet	21 406	17 979	6,2	74,6	2,1	17,1	0,38	0,52
Mellom- eller skogbygder	14 248	15 210	22,5	62,8	4,0	10,7	0,18	0,30
Dal- og fjellbygder	4 483	4 398	50,7	26,2	0,4	22,7	0,06	0,07
Austl. m. Telemark i alt	87 819	80 103	10,6	70,1	4,5	14,8	0,27	0,37
Kystbygder	2 709	3 611	5,3	43,2	42,0	9,5	0,19	0,37
Mellom- eller skogbygder	1 028	1 880	13,1	32,7	39,2	15,0	0,07	0,16
Dal- og fjellbygder	147	241	26,5	35,3	7,9	30,3	0,02	0,05
Agder i alt	3 884	5 732	8,7	39,4	39,7	12,2	0,11	0,22
Skiferl. ved Boknfjorden	1 577	2 078	11,7	46,2	14,2	27,9	0,35	0,46
Jærens slette	15 616	17 774	18,1	30,0	38,4	13,5	0,47	0,52
Andre ytre bygder	6 269	10 331	28,8	49,9	4,2	17,1	0,06	0,12
Indre bygder	7 808	11 831	29,3	45,3	2,2	23,2	0,10	0,18
Vestlandet i alt	31 270	42 014	23,6	40,0	18,6	17,8	0,14	0,22
Kystbygder	1 300	1 267	81,5	11,4	0,7	6,4	0,13	0,13
Ytre fjordbygder	2 957	2 120	80,6	11,3	0,9	7,2	0,30	0,22
Bygder ved Trondh.fj.	17 413	13 593	60,3	35,8	0,3	3,6	0,46	0,40
Dal- og fjellbygder	1 220	1 471	91,7	5,1	0,3	2,9	0,06	0,09
Andre indre bygder	6 375	4 250	80,7	12,6	0,2	6,5	0,38	0,31
Trøndelag i alt	29 265	22 701	69,2	25,8	0,4	4,6	0,31	0,27
Øyar	304	207	44,9	47,9	1,4	5,8	0,01	0,01
Kystbygder	760	371	59,0	26,7	0,3	14,0	0,03	0,02
Fjord- og dalbygder	384	251	57,0	39,4	0,4	3,2	0,01	0,01
Innlandsbygder	693	430	70,9	25,6	0,5	3,0	0,06	0,04
Nord-Noreg i alt	2 141	1 259	60,4	32,4	0,5	6,7	0,02	0,02

Kålrota har utgjort ein aukande del av rotvoksterarealet frå 1907 til 1959. I den siste delen av perioden tok også arealet av fôrmergkål seg sterkt opp. Fôrbete, som det ei stund var mykje av sør i landet, har gått sterkt attende i areal dei seinare åra. Fôrnepe har utgjort ein stadig mindre del av samla areal til rotvokstrar og fôrmergkål heilt sidan 1907. Det er no stort sett berre i høgreliggande strok og nordafor Dovre det er meir fôrnepe enn kålrot.

Rogaland åleine hadde over halvparten av alt fôrbetearealet i 1959 og over fjerdeparten av arealet til fôrmergkål.

Noko av kålrotavlinga blir nytta til folkemat, men det aller meste går til fôr. For fôrnepe, fôrbete og fôrmergkål kan ein seia at alt går til fôr. Sjølv om rotvokstrane og fôrmergkålen blir nytta til ymse dyreslag, får ein eit mål for rotvoksterdyrkinga ved å sjå den i høve til kutalet. Det er gjort i tabell 78.

Arealet, rekna pr. mjølkeku, auka frå 0,20 dekar i 1949 til 0,25 i 1959.

Ved bruka mellom 5 og 20 dekar var det berre 0,06 dekar pr. mjølkeku i 1959. Arealet auka med bruksstorleiken, til vel 1 dekar ved dei største bruka.

Det vart dyrka rotvokstrar eller fôrmergkål på 54 000 bruk i 1959, mot 59 000 i 1949. Dette svara til 13 prosent av alle bruk i 1959 og 17 prosent i 1949. Det var svært lite rotvoksterdyrking ved brukseiningane under 5 dekar. Av bruka over 5 dekar var det 27 prosent som dyrka rotvokstrar både i 1959 og 1949. Prosenten auka heller sterkt med aukande bruksstorleik. (Sjå tabellane 66, 67 og 68.)

Medels rotvoksterareal pr. dyrkar var 2,6 dekar i 1949 og 2,8 i 1959.

Klepp i Rogaland var det heradet som hadde størst rotvoksterareal i 1959, med 3 600 dekar i alt og av dette 1 900 dekar fôrbete. Klepp hadde størst areal også i 1949 (3 200 dekar i alt og 2 500 dekar fôrbete). Ringsaker i Hedmark var nr. 2 både i 1959 og i 1949. I 1959 var der 2 700 dekar rotvokstrar og fôrmergkål. 1 800 dekar av dette var kålrot. I 1949 var der 2 400 dekar kålrot av i alt 3 100 dekar.

Grønsaker på friland.

Samla grønnsakareal på friland auka med 27 prosent i perioden 1949—1959, frå 43 000 til 54 000 dekar.

Tabell 79 gjev oppgåver fylkesvis og etter bruksstorleik over grønnsakareal og grønnsakdyrkarar.

Arealet auka relativt mest i Møre og Romsdal. Auken fall i første rekkje på gulrotarealet.

90 prosent av grønnsakarealet i 1959 var på bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Brukseiningane under 5 dekar hadde relativt mykje «diverse grønnsaker», det ein ofte kallar kjøkenhage. Det er grønnsaker som ein ikkje får spesifisert ved teljingane fordi areala av dei einskilde slag er mindre enn 0,1 dekar. I 1959 hadde brukseiningane under 5 dekar 36 prosent av dette grønnsakarealet.

Det vart dyrka grønnsaker på 71 000 bruk i 1959. Ein svært stor del av desse dyrka berre til eige bruk. 27 000 av dyrkarane var såleis ved brukseiningane under 5 dekar.

Gjennomsnittleg grønnsakareal pr. dyrkar var 0,8 dekar i 1959, mot 0,7 dekar i 1949. Det var berre knapt 12 000 brukarar som gav opp at dei selde

Tabell 79. Grønsakdyrking på friland.

	Dekar		Prosent- vis endring 1949-1959	Tal grønsak- dyrkarar 1959	Dekar grønsak- areal pr. dyrkar 1959
	1949	1959			
Riket.....	43 012	54 485	+ 26,7	70 858	0,8
Fylka:					
Østfold.....	5 815	7 458	+ 28,3	5 638	1,3
Akershus og Oslo.....	5 430	5 030	— 7,4	5 465	0,9
Hedmark.....	2 910	3 566	+ 22,5	6 688	0,5
Oppland.....	2 391	2 895	+ 21,1	6 832	0,4
Buskerud.....	3 975	6 028	+ 51,6	4 974	1,2
Vestfold.....	4 574	6 310	+ 38,0	3 447	1,8
Telemark.....	2 182	2 308	+ 5,8	3 777	0,6
Aust-Agder.....	1 982	2 666	+ 34,5	2 584	1,0
Vest-Agder.....	1 136	1 261	+ 11,0	2 283	0,6
Rogaland.....	4 210	6 212	+ 47,6	4 036	1,5
Hordaland og Bergen.....	1 246	1 434	+ 15,1	3 127	0,5
Sogn og Fjordane.....	587	800	+ 36,3	2 373	0,3
Møre og Romsdal.....	1 046	1 927	+ 84,2	4 232	0,5
Sør-Trøndelag.....	1 247	1 345	+ 7,9	4 035	0,3
Nord-Trøndelag.....	2 624	3 252	+ 23,9	5 631	0,6
Nordland.....	1 109	1 294	+ 16,7	4 134	0,3
Troms.....	491	639	+ 30,1	1 482	0,4
Finmark.....	57	60	+ 5,3	120	0,5
Bruksklassar:					
Kl. 1. Inntil 2 dekar...	1 802	3 546	+ 96,8	21 325	0,2
» 2. 2,1— 5 » ...	1 292	1 709	+ 32,3	5 619	0,3
» 3. 5,1— 10 » ...	1 226	1 532	+ 25,0	2 859	0,5
» 4. 10,1— 20 » ...	3 261	3 657	+ 12,1	6 100	0,6
» 5. 20,1— 35 » ...	4 856	5 138	+ 5,8	7 749	0,7
» 6. 35,1— 50 » ...	5 206	5 938	+ 14,1	7 068	0,8
» 7. 50,1— 75 » ...	6 208	8 089	+ 30,3	7 804	1,0
» 8. 75,1— 100 » ...	4 195	5 698	+ 35,8	4 263	1,3
» 9. 100,1— 200 » ...	8 262	11 683	+ 41,4	5 718	2,0
» 10. 200,1— 500 » ...	5 451	6 529	+ 19,8	2 132	3,1
» 11. 500,1—1000 » ...	1 008	786	— 22,0	200	3,9
» 12. Over 1000 » ...	245	180	— 26,5	21	8,6

grønsaker, 8 000 med regulært sal og bortimot 4 000 med tilfeldig sal. I desse tala er medrekna også dei som selde grønnsaker dyrka under glas.

Ved teljinga i 1959 vart grønnsakarealet på friland oppsummert for dei bruka der det var oppgjeve at dei hadde regulært grønnsaksal. Tabell 80 gjev eit oversyn etter bruksstorleik.

Tabell 80 viser at berre 11 prosent av grønnsakdyrkarane hadde regulært sal, men dei representerte to tredjepartar av grønnsakarealet på friland. I Buskerud og Vestfold representerte desse bruka over 80 prosent av grønnsakarealet og i Østfold og Rogaland knapt 80 prosent. Minst var det i Sør-Trøndelag med 30 prosent og i Sogn og Fjordane og Nord-Noreg med 40 prosent.

Tala for dei einskilde jordbruksområda viser at bruka med regulært sal hadde over 80 prosent av grønnsakarealet i dei søraustlege slettebygder på Austlandet, i skiferlandskapa ved Boknfjorden og på Jæren. I dal- og fjell-

Tabell 80. Grønsakdyrking på friland ved bruk med regulært grønsaksal. 1959.

	Dekar	Grønsak-areal ved bruk med regulært sal i prosent av alt grønsak-areal	Tal grønsak-dyrkarar med regulært sal	Grønsak-dyrkarar med regulært sal i prosent av alle grønsak-dyrkarar	Dekar grønsakareal pr. dyrkar	
					med regulært grønsaksal	utan regulært grønsaksal
Kl. 1. Inntil 2 dekar.....	66	1,9	220	1,0	0,3	0,2
» 2. 2,1— 5 »	378	22,1	392	7,0	0,9	0,3
» 3. 5,1— 10 »	810	52,9	457	16,0	1,8	0,3
» 4. 10,1— 20 »	2 300	62,9	834	13,7	2,8	0,3
» 5. 20,1— 35 »	3 429	66,7	1 057	13,6	3,2	0,3
» 6. 35,1— 50 »	4 243	71,5	1 201	17,0	3,5	0,3
» 7. 50,1— 75 »	5 701	70,5	1 394	17,9	4,1	0,4
» 8. 75,1—100 »	4 292	75,3	853	20,0	5,0	0,4
» 9. 100,1—200 »	9 510	81,4	1 079	18,9	8,8	0,5
» 10. 200,1—500 »	5 278	80,8	343	16,1	15,4	0,7
» 11—12. Over 500 »	609	63,0	45	20,4	13,5	2,0
I alt	36 616	67,2	7 875	11,1	4,6	0,3

bygdene i Trøndelag var det berre 7 prosent og i dal- og fjellbygdene på Austlandet og i Agder vel 15 prosent.

Medels grønsakareal var langt større ved bruka med regulært sal enn hjå dei andre grønsakdyrkarane. Medan gjennomsnittsarealet ved bruk med regulært sal auka heller mykje med aukande bruksstorleik, var det relativt konstant for dyrkarar utan regulært sal, der det stort sett berre blir dyrka grønsaker til eige forbruk.

Av samla kålareal på 20 000 dekar i 1959 vart vel 5 000 dekar nytta til blomkål, vel 4 000 til sommar- og haustkvitkål, knapt 10 000 til vinterkvitkål og knapt 1 000 dekar til annan kål (raudkål, grønkål m. v.). Det var vinterkålarealet som auka mest frå 1949. I 1917 var samla kålareal berre vel 5 000 dekar og i 1929 13 000 dekar.

Sjølv om kålen er av dei vanlegaste grønsakene, er det likevel visse strok som skil seg ut med heller store areal, og som i stor mon tek seg av salsproduksjonen. Av dei einskilde kommunane hadde Lier i Buskerud størst kålareal i 1959, med 2 700 dekar. Lier var nr. 1 i 1949 og, med 1 300 dekar. Østre Toten, Oppland var nr. 2 både i 1959 (1 100 dekar) og i 1949 (800 dekar). Desse to herada åleine hadde såleis nær femteparten av heile kålarealet i landet. Ein finn ofte ei spesialisering med omsyn til kålslag når det gjeld kåldyrking til sal. Sume stader dominerer t. d. blomkål, andre stader vinterkvitkål.

Gulrotarealet auka med 42 prosent i perioden 1949—1959, frå 9 000 til 13 000 dekar. I 1917 var gulrotarealet 3 500 dekar og i 1929 8 000 dekar. Arealet auka i dei fleste fylka i perioden 1949—1959, men auken var ujamn og i nokre fylke var det nedgang. Særleg sterk auke var det i Rogaland og Møre og Romsdal. Rogaland hadde meir enn fjerdeparten av heile gulrotarealet i 1959.

Ved sida av kål er gulrot det vanlegaste grønsakslaget. Det er visse strok

som har spesialisert seg på gulrot dyrking til sal. I 1959 var det størst gulrotareal i Klepp i Rogaland som hadde 1 340 dekar. I 1949 var Klepp nr. 2, med 480 dekar. Den gongen var det Frosta i Nord-Trøndelag som hadde mest, med 530 dekar. I 1959 hadde Frosta 550 dekar og var nr. 3 etter Rygge i Østfold, med 700 dekar. Det var i alt 8 kommunar som hadde meir enn 300 dekar gulrot. Desse hadde til saman vel tredjeparten av alt gulrotareal.

Av eit samla areal på 2 000 dekar hageerter var 1 900 dekar i Østfold, Hedmark, Vestfold, Telemark og Aust-Agder. Det aller meste var erter til konservering.

Det var 8 herad som kvar hadde meir enn 100 dekar erter. Til saman hadde dei 85 prosent av samla erterareal.

I 1949 og 1939 var erterarealet om lag som i 1959, men i 1929 berre 340 dekar.

Det vart dyrka bønner på 840 dekar i 1959. Av dette hadde Østfold, Vestfold og Aust-Agder 680 dekar. I 1949 var bønnearealet 740 dekar, i 1939 1 430 dekar og i 1929 750 dekar. Landvik og Fjære i Aust-Agder hadde til saman fjerdeparten av heile bønnearealet i 1959.

Purrearealet var 890 dekar i 1959, mot 620 i 1949, 580 i 1939 og 180 i 1929. Av arealet i 1959 fall 650 dekar på Østfold, Buskerud og Vestfold. Lier i Buskerud hadde åleine knapt fjerdeparten av heile purrearealet.

Matlauk vart dyrka på knapt 1 700 dekar i 1959. Det var om lag det same som i 1949. Østfold, Buskerud, Vestfold og Aust-Agder hadde til saman knapt 1 400 dekar, Vestfold åleine nesten 800 dekar. Tjølling og Brunlanes i Vestfold hadde til saman meir enn fjerdeparten av heile arealet til matlauk.

I 1959 vart det dyrka selleri på 590 dekar, mot 500 i 1949, 710 i 1939 og 230 i 1929. Av arealet i 1959 fall 390 dekar på Østfold, Akershus, Buskerud og Vestfold. Asker i Akershus og Lier i Buskerud hadde over fjerdeparten av heile selleriarealet i landet.

Det vart dyrka raudebete på 820 dekar i 1959. Østfold, Vestfold og Rogaland hadde til saman 520 dekar.

I 1959 vart det dyrka agurk på friland på vel 2 000 dekar, mot 1 600 i 1949, 860 i 1939 og 440 i 1929. Over halvparten av arealet i 1959 var i Østfold. Dette fylket, saman med Vestfold og Aust-Agder, hadde knapt 1 800 dekar eller om lag 9/10 av det heile. Rygge i Østfold hadde åleine fjerdeparten av agurkarealet i landet. Dette heradet, saman med Onsøy og Råde i Østfold og Brunlanes i Vestfold, hadde meir enn 2/5 av arealet.

Dei andre frilandsgrønsakene blir dyrka på mindre areal. Tomatdyrkinga på friland har gått sterkt tilbake. Også rabarbraarealet er redusert, men det vart dyrka meir persille, spinat og salat i 1959 enn i 1949.

Det var i alt 58 000 bruk som gav opp areal av «Diverse grønnsaker» (kjøkenhagar) i 1959, og arealet utgjorde vel 11 000 dekar eller 21 prosent av det samla grønnsakarealet. I 1949 utgjorde desse småareala 23 prosent av det heile. I 1939 var det 37 prosent.

Grønnsakdyrking under glas blir behandla i avsnittet «Plantedyrking under glas».

Fylkes- og kommuneoppgåver over samla grønnsakareal på friland finn ein i tabell 2 i første hefte av publikasjonane frå jordbruksteljinga, og meir detaljerte oppgåver i tabell 3. Talet på grønnsakdyrkarar, fylkesvis for bruk av ymse storleik, står i tabell 7, hefte 2. Oppgåver for dei naturlege jordbruksområda er tekne inn i tabellane 3, 6 og 12 i hefte 4.

Jordbær og bringebær.

Arealet til jordbær og bringebær auka frå 1929 til 1949. Særleg stor var auken for jordbær. Frå 1949 til 1959 var det nedgang i arealet både til jordbær og bringebær.

Fylgjande oppstilling viser utviklinga frå 1929 til 1959.

	1929	1939	1949	1959	Prosentvis endring 1949—1959
Jordbær, dekar	5 591	7 095	9 512	8 706	— 8,5
Bringebær, dekar	4 538	4 693	5 079	4 392	— 14,6

Jordbærarealet har minka mykje på Austlandet. Også i Aust-Agder og Rogaland var det noko mindre i 1959 enn i 1949. I resten av landet var det relativt sterk auke.

For bringebær var det meir ujamn utvikling. Arealet auka frå 1949 til 1959 i Telemark, Vest-Agder, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Nordland og Troms. I dei andre fylka gjekk det tilbake.

Femteparten av jordbærarealet og nærmare to femtepartar av bringebærarealet var ved bruk med inntil 5 dekar jordbruksareal.

Det var 16 700 jordbærdyrkarar og 16 600 bringebærdyrkarar i 1959 mot 17 700 og 16 800 i 1949. Gjennomsnittsarealet pr. dyrkar var 0,5 dekar for jordbær og 0,3 for bringebær både i 1959 og 1949. Dei fleste dyrkarane hadde berre eit lite areal, medan salsdyrkinga var sterkt konsentrert til einskilde bygder. Av jordbærarealet i Buskerud var såleis 490 dekar eller 43 prosent i Lier, og i Sør-Trøndelag hadde Lensvik 830 dekar eller 59 prosent av arealet. I 1959 var Lensvik den kommunen som hadde størst jordbærareal. Der vart det dyrka jordbær på større areal enn til nokon annan åkervokster, og 95 prosent av bruka hadde jordbærareal.

Det var Asker i Akershus som hadde størst bringebærareal både i 1959 (320 dekar) og i 1949 (510 dekar).

Oppgaver over arealet av jordbær og bringebær i dei einskilde fylke er tekne inn i tabell 82.

Bærbuskar.

Talet på bærbuskar gjekk ned frå 1929 til 1949, men auka mykje frå 1949 til 1959.

Det var særleg talet på solbærbuskar som auka. Mykje av auken fall på bruk med mindre enn 5 dekar jordbruksareal. I perioden 1949—1959 kom det

Tabell 81. Talet på bærbuskar.

	1929	1939	1949	1959	Prosentvis endring 1949—1959
Rips	1 992 240	1 890 151	1 670 180	1 826 309	+ 9,3
Stikkelsbær	1 283 185	1 221 928	954 093	1 169 513	+ 22,6
Solbær	1 393 587	1 317 159	1 371 075	2 185 785	+ 59,4
Bærbuskar i alt	4 669 012	4 429 238	3 995 348	5 181 607	+ 29,7

til ei mengd nye slike brukseiningar, og svært mange av dei har bærbuskar. Det vart også fleire bærbuskar på bruk mellom 5 og 100 dekar, medan det vart færre på bruk over 100 dekar.

Tabell 82 viser bærbuskane fordelte fylkesvis i 1959.

Talet på bærbuskar auka relativt mest i Nord-Noreg og Trøndelag. Solbærdyrkinga auka over heile landet, medan talet på rips- og stikkelsbærbuskar gjekk litt tilbake frå 1949 til 1959 i nokre få fylke.

Bærbuskane er dei vanlegaste av våre åker- og hagevokstrar. I mange småhagar er bærbuskane dei einaste nyttevokstrar. 332 000 eller 77 prosent av alle brukseiningane hadde bærbuskar i 1959, mot 233 000 eller 67 prosent i 1949. Det var gjennomsnittleg 15,6 buskar pr. bærdrakar i 1959, mot 16,1 i 1949.

Brukseiningane inntil 5 dekar hadde 49 prosent av alle bærbuskane i 1959. Forstadkommunane og byane, der det er mykje villahagar og tomtebruk, hadde ein relativt stor del av bærbuskane.

Av dei 332 000 bærdrakarane i 1959 hadde 7 600 eller 2,3 prosent meir enn 50 buskar. 30 prosent av desse var ved brukseiningar på inntil 5 dekar. Det var elles Rogaland og Hordaland som hadde flest hagar med over 50 buskar.

Tabell 82. Areal jordbær og bringebær og talet på bærbuskar i einskilte fylke. 1959.

	Jordbær Dekar	Bringebær Dekar	Rips- buskar	Stikkels- bærbuskar	Solbær- buskar	Bærbuskar i alt
Østfold	469	220	115 085	69 660	121 039	305 784
Akershus	553	722	163 354	94 336	200 008	457 698
Oslo	42	224	67 914	65 432	59 687	193 033
Hedmark	746	204	123 926	67 991	148 611	340 528
Oppland	222	177	146 440	86 643	138 299	371 382
Buskerud	1 163	616	85 703	49 059	129 063	263 825
Vestfold	1 079	274	78 315	46 085	134 465	258 865
Telemark	298	222	81 910	44 095	102 625	228 630
Aust-Agder	417	146	55 647	22 984	62 571	141 202
Vest-Agder	250	139	72 571	40 128	65 930	178 629
Rogaland	302	172	144 888	120 907	237 396	503 191
Hordaland	318	317	153 819	120 839	209 755	484 413
Bergen	1	2	5 583	3 107	6 034	14 724
Sogn og Fjordane ..	73	283	87 578	64 085	126 408	278 071
Møre og Romsdal ..	423	288	136 539	108 364	165 835	410 738
Sør-Trøndelag ...	1 413	92	111 262	74 599	116 976	302 837
Nord-Trøndelag ..	750	245	93 951	66 938	124 602	285 491
Nordland	133	40	95 092	23 818	35 410	154 320
Troms	54	9	6 409	433	1 055	7 897
Finnmark	—	—	323	10	16	349
I alt	8 706	4 392	1 826 309	1 169 513	2 185 785	5 181 607

Frukttre.

Oppgåvene over frukttretalet skulle gjelda alle tre som var planta på den staden der dei skulle bli ståande, utan omsyn til alder. Tre som enno stod i planteskule skulle ikkje vera med.

Som ved teljinga i 1949 vart eplesortane delte på to grupper etter mog-

ningstid. Men medan det i 1949 vart skilt mellom sommar- og hausteple og vintereple (Gravenstein og seinare sortar), vart det i 1959 skilt mellom sommareple og vintereple. Dette har ført til at sortsgruppene i 1949 og 1959 ikkje heilt kan jamførast. Dei tidlegaste haustepla kom i 1959 i gruppa sommareple, dei seinare sortane i gruppa vintereple.

I 1959 vart det henta inn meir detaljerte oppgåver over fruktdyrkinga ved bruk med meir enn 50 frukttre. Denne tilleggsteljinga var lagt opp etter same mønster som Fruktreteljinga 1955 (sjå Jordbruksstatistikk 1955 (NOS XI 235)), men medan teljinga i 1955 var avgrensa til 60 herad med særleg mykje salsfruktdyrking, var alle bruk med over 50 tre med i spesialteljinga i 1959.

Medan det for dei fleste teljingsobjekt vanta eller var mindre detaljerte oppgåver frå byane enn frå bygdene ved tidlegare jordbruksteljingar, gjorde ikkje dette seg gjeldande for frukttrea. Oppgåvene over frukttre var også ved tidlegare teljingar eins for bygder og byar og samsvarar med teljinga i 1959 når det gjeld dei geografiske einingar. Men ved teljingane før 1959 hadde ein ikkje fordeling av frukttrea etter bruksstorleik i byane og heller ikkje talet på fruktdyrkarar. Jamføring med slike oppgåver frå tidlegare teljingar kan difor berre gjelda bygdene.

Talet på frukttre har auka gjennom heile hundreåret. Frå 1900 til 1959 vart talet tredobla. Som for bærbuskar er ein svært stor del av frukttrea på brukseiningar under 5 dekar, og auken i talet på frukttre har difor i stor mon samanheng med auken i talet på slike små brukseiningar. Men det har vore auke i tretalet også på større bruk.

Eit fylkesvis oversyn over utviklinga er gjeve i tabell 83.

Tabell 83. Talet på frukttre i einskilte fylke.

	1900	1929	1939	1949	1959	Prosentvis endring 1949— 1959
Østfold	142 297	231 787	328 727	274 223	374 188	+ 36,5
Akershus	149 279	373 204	512 504	313 285	389 952	+ 24,5
Oslo ¹	5 237	13 646	9 753	160 198	214 993	+ 34,2
Hedmark	71 633	104 200	176 996	190 438	261 280	+ 37,2
Oppland	62 652	91 073	135 864	154 454	203 401	+ 31,7
Buskerud	174 302	278 581	412 414	392 701	585 424	+ 49,1
Vestfold	188 093	288 065	352 162	337 668	451 960	+ 33,8
Telemark	118 914	201 281	256 705	261 341	393 159	+ 50,4
Aust-Agder	119 317	120 750	148 840	157 611	189 119	+ 20,0
Vest-Agder	144 920	116 957	180 024	195 315	226 886	+ 16,2
Rogaland	92 760	134 737	297 660	325 199	398 866	+ 22,7
Hordaland	218 790	280 944	446 038	478 751	592 477	+ 23,8
Bergen	436	542	2 943	4 522	3 114	— 31,1
Sogn og Fjordane	112 682	185 003	291 195	307 976	411 709	+ 33,7
Møre og Romsdal	47 770	59 483	139 842	183 404	239 238	+ 30,4
Sør-Trøndelag	9 585	9 794	25 145	25 910	53 580	+ 106,8
Nord-Trøndelag	23 217	22 894	49 430	56 292	78 705	+ 39,8
Nordland	639	338	1 724	1 498	3 726	+ 148,7
Troms	3	12	136	35	110	+ 214,3
Finmark	—	—	5	—	—	—
I alt	1 682 526	2 513 291	3 768 107	3 820 821	5 071 887	+ 32,7

¹ 1900—1939 den tidlegare Oslo by, 1949 og 1959 Oslo + det tidlegare Aker herad.

For 1929 og dei seinare teljingane har ein også oppgaver over tretalet fordelt på arter. Tabell 84 gjev eit oversyn.

Tabell 84. Frukttree etter fruktslag.

	Talet på tre				Prosentvis endring		
	1929	1939	1949	1959	1929— 1939	1939— 1949	1949— 1959
Epletre	1 181 398	1 882 661	2 350 533	3 181 217	+ 59,4	+ 24,9	+ 35,3
Pæretre	278 943	402 486	360 049	457 588	+ 44,3	— 10,6	+ 27,1
Plometre	533 939	939 106	743 151	1 046 751	+ 75,9	— 29,9	+ 40,9
Søt- og surkirsebærtre.	519 011	543 854	367 088	386 331	+ 4,8	— 32,5	+ 5,2
I alt	2 513 291	3 768 107	3 820 821	5 071 887	+ 49,9	+ 1,4	+ 32,7

Tabell 85. Frukttre av ymse arter i dei einskilde fylke og ved bruk av ulik storleik. 1959.

	Sommar- eple	Vinter- eple	Pære	Plome	Søt- og surkirse- bær	Frukttre i alt
Riket	714 778	2 466 439	457 588	1 046 751	386 331	5 071 887
Fylka:						
Østfold	63 046	183 024	34 238	68 286	25 594	374 188
Akershus	90 357	181 752	15 309	76 868	25 666	389 952
Oslo	34 722	92 191	17 299	42 025	28 756	214 993
Hedmark	65 650	160 622	2 035	18 342	14 631	261 280
Oppland	53 738	105 178	3 225	17 885	23 375	203 401
Buskerud	71 742	341 097	31 497	108 756	32 332	585 424
Vestfold	47 266	228 127	48 913	81 894	45 760	451 960
Telemark	42 359	235 433	26 930	62 381	26 056	393 159
Aust-Agder	16 621	98 252	14 713	40 822	18 711	189 119
Vest-Agder	22 829	100 473	17 602	56 290	29 692	226 886
Rogaland	43 289	121 324	48 401	162 852	23 000	398 866
Hordaland	52 279	232 743	96 604	158 520	52 331	592 477
Bergen	1 038	622	107	1 293	54	3 114
Sogn og Fjordane	31 192	237 523	72 234	60 287	10 473	411 709
Møre og Romsdal	36 700	94 738	26 987	69 108	11 705	239 238
Sør-Trøndelag	20 938	17 139	700	8 110	6 693	53 580
Nord-Trøndelag	18 877	35 701	723	12 656	10 748	78 705
Nordland	2 074	492	68	361	731	3 726
Troms	61	8	3	15	23	110
Finnmark	—	—	—	—	—	—
Bruksklassar:						
Kl. 1. Inntil 2 da.	291 259	735 382	136 656	404 390	171 362	1 739 049
» 2. 2,1— 5 »	65 277	197 477	31 695	93 592	34 587	422 628
» 3. 5,1— 10 »	25 778	102 228	18 031	52 616	15 722	214 375
» 4. 10,1— 20 »	46 815	181 374	37 907	91 444	28 283	385 823
» 5. 20,1— 35 »	53 692	211 233	48 844	95 735	33 590	443 094
» 6. 35,1— 50 »	50 790	220 102	56 281	92 666	30 112	449 951
» 7. 50,1— 75 »	57 769	269 318	62 981	98 748	30 683	519 499
» 8. 75,1— 100 »	31 680	137 191	28 820	43 101	13 408	254 200
» 9. 100,1— 200 »	55 198	229 749	24 729	49 704	18 397	377 777
» 10. 200,1— 500 »	31 349	140 483	10 758	21 830	9 303	213 723
» 11. 500,1—1000 »	4 640	33 498	506	2 288	808	41 740
» 12. Over 1000 »	531	8 404	380	637	76	10 028

Det har vore ulik utvikling for dei ymse arter. Det var færre kirsebærtre i 1959 enn i 1929. Plomedyrkinga auka særst sterkt frå 1929 til 1939, men både plome, kirsebær og pære gjekk tilbake 1939—1949. Medan talet på plome- og pæretre auka sterkt i perioden 1949—1959, var det liten auke for kirsebærtre. For eple har det vore relativt jamn auke frå teljing til teljing.

47 prosent av alle frukttrea i 1929 var epletre, i 1959 var det 63 prosent. Dei tilsvarande prosenttala for kirsebær var 21 i 1929 og knapt 8 i 1959.

Tabell 85 viser talet på frukttre av dei ymse arter fylkesvis og ved bruk av ulik storleik.

43 prosent av frukttrea i 1959 stod på brukseiningar inntil 5 dekar. Dei hadde 53 prosent av kirsebærtrea, 50 prosent av sommarepla, 48 prosent av plometrea og 37 prosent av vinterepla og pærene.

Tabell 86 viser den prosentvise fordelinga etter arter.

Epletrea utgjorde storparten av frukttrea i alle fylke og ved alle bruksstorleikar, men forholdet mellom sommar- og vintereple varierer mykje. I

Tabell 86. Frukttrea prosentvis etter arter. 1959.

	Sommar- eple	Vinter- eple	Pære	Plome	Søt- og surkirse- bær	Frukttre i alt
Riket.....	14,1	48,6	9,0	20,7	7,6	100,0
Fylka:						
Østfold	16,9	48,9	9,2	18,2	6,8	100,0
Akershus.....	23,2	46,6	3,9	19,7	6,6	100,0
Oslo	16,2	42,9	8,0	19,5	13,4	100,0
Hedmark	25,1	61,5	0,8	7,0	5,6	100,0
Oppland	26,4	51,7	1,6	8,8	11,5	100,0
Buskerud	12,2	58,3	5,4	18,6	5,5	100,0
Vestfold	10,5	50,5	10,8	18,1	10,1	100,0
Telemark	10,8	59,9	6,8	15,9	6,6	100,0
Aust-Agder	8,8	51,9	7,8	21,6	9,9	100,0
Vest-Agder	10,1	44,3	7,7	24,8	13,1	100,0
Rogaland	10,9	30,4	12,1	40,8	5,8	100,0
Hordaland	8,8	39,3	16,3	26,8	8,8	100,0
Bergen	33,3	20,0	3,5	41,5	1,7	100,0
Sogn og Fjordane.....	7,6	57,7	17,5	14,6	2,6	100,0
Møre og Romsdal	15,3	39,6	11,3	28,9	4,9	100,0
Sør-Trøndelag	39,1	32,0	1,3	15,1	12,5	100,0
Nord-Trøndelag	24,0	45,4	0,9	16,1	13,6	100,0
Nordland	55,7	13,2	1,8	9,7	19,6	100,0
Troms	55,5	7,3	2,7	13,6	20,9	100,0
Finnmærk	—	—	—	—	—	—
Bruksklassar:						
Kl. 1. Inntil 2 da.	16,7	42,3	7,9	23,3	9,8	100,0
» 2. 2,1— 5 »	15,5	46,7	7,5	22,1	8,2	100,0
» 3. 5,1— 10 »	12,0	47,7	8,4	24,6	7,3	100,0
» 4. 10,1— 20 »	12,1	47,0	9,8	23,7	7,4	100,0
» 5. 20,1— 35 »	12,1	47,7	11,0	21,6	7,6	100,0
» 6. 35,1— 50 »	11,3	48,9	12,5	20,6	6,7	100,0
» 7. 50,1— 75 »	11,1	51,9	12,1	19,0	5,9	100,0
» 8. 75,1— 100 »	12,5	54,0	11,3	16,9	5,3	100,0
» 9. 100,1— 200 »	14,6	60,8	6,5	13,2	4,9	100,0
» 10. 200,1— 500 »	14,7	65,7	5,0	10,2	4,4	100,0
» 11. 500,1—1000 »	11,1	80,3	1,2	5,5	1,9	100,0
» 12. Over 1000 »	5,3	83,8	3,8	6,4	0,7	100,0

Nord-Noreg var det meir sommareple enn vintereple. Også i Trøndelag og i dal- og fjellbygdene i heile landet spela sommarfrukta ei relativt stor rolle. I Agder og på Vestlandet var det lite sommareple i høve til vintereple.

Pærene hadde ein breiare plass i Hordaland og Sogn og Fjordane enn elles i landet. I Rogaland utgjorde plometrea over 40 prosent av alle frukttræa.

Vinterepla utgjør ein stadig større del av frukttræa di større bruka er. Ved brukseiningane inntil 2 dekar utgjorde desse vel 40 prosent av alle frukttræa i 1959. Prosenten auka til over 80 ved bruka over 500 dekar. Det var derimot relativt færre kirsebærtre med aukande bruksstorleik. Relativtala for plome viser liten skilnad for bruksklassane inntil 50 dekar, men minkar så med aukande bruksstorleik. Pæretrea gjer seg relativt mest gjeldande på bruka mellom 20 og 100 dekar.

Av dei einskilde kommunar hadde Oslo flest frukttræ med 215 000 i 1959. Det er dei mange småhagane som dyrkar til eige hushald, som pregar frukt-

Tabell 87. Bruka etter talet på frukttræ. 1959.

	Bruk med jordbruksareal	Utan frukttræ	Med inntil 10 tre	11-25 tre	26-50 tre	51-100 tre	101-200 tre	201-500 tre	501-1000 tre	Over 1000 tre
Riket.....	432 759	143 136	162 978	94 135	23 180	4 228	2 773	1 716	443	170
Fylka:										
Østfold	30 660	2 514	15 304	10 774	1 748	197	77	29	9	8
Akershus	34 765	3 956	18 578	9 983	1 901	182	93	53	14	5
Oslo	21 201	1 484	12 423	6 504	745	22	15	5	2	1
Hedmark	31 242	13 842	11 843	4 132	1 041	197	98	46	27	16
Oppland	28 826	11 801	11 204	4 759	877	110	49	17	3	6
Buskerud	25 528	4 808	9 286	7 946	2 299	477	354	231	80	47
Vestfold	27 074	1 462	12 424	10 491	2 099	288	168	94	26	22
Telemark	24 944	3 564	10 848	7 953	1 865	341	184	134	39	16
Aust-Agder.....	12 530	1 211	5 537	4 220	1 292	139	78	38	13	2
Vest-Agder.....	14 494	1 664	5 499	5 229	1 735	227	102	33	1	4
Rogaland	23 628	6 609	7 837	5 669	2 365	570	351	200	20	7
Hordaland	26 687	7 259	10 326	5 496	1 992	515	491	437	146	25
Bergen	978	335	611	25	7	—	—	—	—	—
Sogn og Fjordane.....	15 082	4 566	4 290	2 977	1 510	742	600	335	55	7
Møre og Romsdal	25 687	7 772	11 090	5 245	1 248	174	92	55	7	4
Sør-Trøndelag	23 499	14 407	7 979	973	121	13	5	1	—	—
Nord-Trøndelag	18 042	8 818	7 118	1 723	327	32	15	8	1	—
Nordland	28 207	27 403	758	36	7	2	1	—	—	—
Troms	14 329	14 305	23	—	1	—	—	—	—	—
Finnmark	5 356	5 356	—	—	—	—	—	—	—	—
Bruksklassar:										
Kl. 1. Inntil 2 da.	203 503	36 005	103 479	56 227	7 440	332	20	—	—	—
» 2. 2,1— 5 »	30 941	8 991	9 385	7 601	3 843	831	270	19	1	—
» 3. 5,1— 10 »	19 414	9 579	5 000	2 803	1 204	449	289	89	1	—
» 4. 10,1— 20 »	40 889	22 945	9 985	4 880	1 795	592	435	226	29	2
» 5. 20,1— 35 »	43 718	24 547	10 468	5 384	2 015	527	418	305	49	5
» 6. 35,1— 50 »	31 809	16 503	7 888	4 408	1 764	439	379	323	84	21
» 7. 50,1— 75 »	28 769	13 577	7 168	4 689	1 896	473	467	351	113	35
» 8. 75,1— 100 »	13 357	5 519	3 614	2 568	1 034	208	184	155	53	22
» 9. 100,1— 200 »	15 074	4 462	4 631	3 891	1 353	241	210	172	68	46
» 10. 200,1— 500 »	4 870	944	1 304	1 571	717	120	83	61	38	32
» 11. 500,1—1000 »	372	51	54	106	110	13	18	10	5	5
» 12. Over 1000 »	43	13	2	7	9	3	—	5	2	2

dyrkinga i Oslo. Salsfruktdyrkinga kjem sterkare inn i biletet i Lier i Buskerud (145 000 tre) og særleg i Ullensvang i Hordaland (113 000 tre). Det var berre desse tre kommunane som hadde meir enn 100 000 tre i 1959. Det var elles 9 kommunar til som hadde over 50 000 tre, 9 hadde mellom 40 000 og 50 000 tre, 12 hadde 30 000—40 000 og 30 hadde 20 000—30 000 tre. I alt var det 63 kommunar som kvar hadde meir enn 20 000 frukttre. Til saman hadde dei vel 2,6 mill. tre, eller over halvparten av alle frukttrea i landet.

Frukttrea var i 1959 fordelte på 290 000 dyrkarar eller 67 prosent av alle brukseiningane. Det var såleis 17,5 tre pr. dyrkar.

Som tidlegare nemnt er bruka grupperte etter kor mange frukttre dei hadde. Oppgåve over dette finn ein i tabell 8 i andre hefte og tabell 13 og 34 i fjerde hefte. Eit samandrag for fylka og riket etter bruksstorleik er gjeve i tabell 87.

56 prosent av alle fruktdyrkarane hadde berre 10 tre eller mindre, og 33 prosent hadde 11—25 tre. I bruksklassen inntil 2 dekar var det 25 tre eller mindre hjå heile 95 prosent av dyrkarane. Slike små frukthagar dominerer i alle fylke og i dei fleste bruksklassar, men ikkje like sterkt overalt.

Berre vel 3 prosent av frukthagane hadde meir enn 50 tre. Desse kjem ein tilbake til under omtalen av spesialteljinga for hagar med meir enn 50 tre.

Av dei 290 000 fruktdyrkarane var det 10 600 (3,7 prosent) som gav opp at dei hadde regulært sal av frukt og 10 800 at dei hadde tilfeldig sal. Bruka med regulært sal hadde tredjeparten av alle frukttrea i landet. Dei hadde halvparten av alle frukttrea på Vestlandet, på Austlandet fjerdeparten av trea og i Agder femteparten. I Trøndelag hadde desse bruka berre 6 prosent av alle frukttrea, og i Nord-Noreg var det ingen som gav opp regulært fruktsal.

Tabell 88 gjev eit oversyn for bruk av ymse storleik.

Tabell 88. Frukt dyrking ved bruk med regulært fruktsal. 1959.

	Frukttre	Frukttre ved bruk med regulært sal i prosent av alle frukttre	Frukt-dyrkarar med regulært sal	Frukt-dyrkarar med regulært sal i prosent av alle fruktdyrkarar	Frukttre pr. dyrkar	
					med regulært sal	utan regulært sal
Kl. 1. Inntil 2 dekar	37 739	2,2	1 132	0,7	33,3	10,2
» 2. 2,1— 5 »	78 409	18,6	1 234	5,6	63,5	16,6
» 3. 5,1— 10 »	85 206	39,7	979	10,0	87,0	14,6
» 4. 10,1— 20 »	168 450	43,7	1 442	8,0	116,8	13,2
» 5. 20,1— 35 »	207 562	46,8	1 466	7,6	141,6	13,3
» 6. 35,1— 50 »	253 941	56,4	1 341	8,8	189,4	14,0
» 7. 50,1— 75 »	300 574	57,9	1 412	9,3	212,9	15,9
» 8. 75,1—100 »	141 337	55,6	605	7,7	233,6	15,6
» 9. 100,1—200 »	213 162	56,4	701	6,6	304,1	16,6
» 10. 200,1—500 »	128 733	60,2	271	6,9	475,0	23,3
» 11—12. Over 500 »	37 722	72,9	55	15,7	685,9	47,5
I alt	1 652 835	32,6	10 638	3,7	155,4	12,3

I bruksklassen inntil 2 dekar var det berre 2,2 prosent av alle frukttrea som stod på bruk med regulært sal, medan det var 73 prosent ved dei største bruka.

Det var gjennomsnittleg 155 tre ved dei bruka som hadde regulært sal. Medeltalet auka sterkt med bruksstorleiken. Dei som var utan regulært sal (bruk med tilfeldig sal eller utan sal), hadde gjennomsnittleg 12 tre. Det er først og fremst fruktdyrking til eige bruk ved desse brukseiningane, og tallet varierer lite med bruksstorleiken.

Spesialteljinga for bruk med meir enn 50 tre tok sikte på å gje ein nærare analyse av fruktdyrkinga for sal. Grensa på 50 tre er ikkje noko fast merking for fruktdyrking til sal. Det blir selt frukt frå mindre hagar, og det finst større hagar som ikkje har sal. Alderen på trea, kulturtilstand, dyrkingsføremål m. m. har sterk innverknad.

Oppgaver for bruk med over 50 tre er gjevne i tabellane 11 og 12 i hefte 2.

Teljinga i 1959 syntte at det var 10 600 bruk som hadde regulært fruktsal. Det var i alt 9 300 bruk som hadde over 50 tre. Grensa på 50 tre syner seg såleis å høva godt.

Tabell 89 gjev eit oversyn over bruk med meir enn 50 tre og talet på frukttre på desse i 1949 og 1959. Tabellen gjev og ei jamføring for dei 60 herada som var med i frukttreteljinga i 1955.

Tabell 89. Bruk med over 50 frukttre og talet på tre ved desse.

	Hagestorleik					I alt
	51-100 tre	101-200 tre	201-500 tre	501-1000 tre	Over 1000 tre	
1949:						
Bruk	6 130	2 410	1 252	257	64	10 113
Frukttre i alt	430 000	335 000	350 000	180 000	100 000	1 395 000
» pr. hage	70	139	280	700	1 563	138
1959:						
Bruk	4 228	2 773	1 716	443	170	9 330
Frukttre i alt	306 931	389 521	522 540	296 758	330 063	1 845 813
» pr. hage	73	140	305	670	1 942	198
Dei 60 herada som var med i Frukttreteljinga 1955:						
1949:						
Bruk	3 439	1 680	1 015	219	50	6 403
Frukttre i alt	245 000	240 000	290 000	158 000	80 000	1 013 000
» pr. hage	71	143	286	721	1 600	158
1955:						
Bruk	2 657	2 065	1 435	322	108	6 587
Frukttre i alt	191 934	289 213	437 773	218 011	204 500	1 341 431
» pr. hage	72	140	305	677	1 894	204
1959:						
Bruk	2 545	1 957	1 343	377	140	6 362
Frukttre i alt	186 800	275 779	413 320	254 022	274 389	1 404 310
» pr. hage	73	141	308	674	1 960	221

Talet på bruk med over 50 tre gjekk tilbake medan tallet auka. Det har såleis vore forskyvning mot færre og større einingar innan salsfruktdyrkinga. Medels tretal for bruk med over 50 tre auka frå 138 i 1949 til 198 i 1959.

Tabell 90 gjev eit oversyn over alderen på trea for dei ymse arter og for hagar av ymse storleik.

Tabell 90. Frukttree ved bruk med meir enn 50 tre prosentvis etter planteperiode. 1959.

	Planteperiode			I alt
	Før 1940	1940–1955	Etter 1955	
Sommareple	36,4	38,0	25,6	100,0
Tidlege vintereple	26,5	53,1	20,4	100,0
Seine vintereple	21,8	59,3	18,9	100,0
Eple i alt	25,2	54,7	20,1	100,0
Pære	46,1	32,7	21,2	100,0
Plome	32,0	50,1	17,9	100,0
Søtkirsebær	46,8	33,9	19,3	100,0
Surkirsebær	37,7	45,3	17,0	100,0
Frukttre i alt.....	29,6	50,6	19,8	100,0
Bruk med 51— 100 tre	34,1	51,9	14,0	100,0
» 101— 200 »	34,2	51,0	14,8	100,0
» 201— 500 »	33,4	48,0	18,6	100,0
» 501—1000 »	28,9	48,1	23,0	100,0
» over 1000 »	14,6	55,3	30,1	100,0

Det var dei større hagane som hadde relativt mest unge tre (planta etter 1955).

Tabell 91 viser at epletrea dominerte i alle aldersklassar. Det var relativt mykje eldre pæretre og etter måten mykje nyplanta, men lite pæretre frå perioden 1940—1955.

Tabell 91. Frukttree prosentvis etter arter innan dei ulike planteperiodar. 1959.

	Planteperiode			I alt
	Før 1940	1940–1955	Etter 1955	
Sommareple	8,2	5,0	8,6	6,6
Tidlege vintereple	23,7	27,8	27,2	26,5
Seine vintereple	24,8	39,2	31,9	33,5
Pære	18,3	7,6	12,5	11,7
Plome	18,9	17,3	15,8	17,5
Søtkirsebær	4,1	1,7	2,6	2,6
Surkirsebær	2,0	1,4	1,4	1,6
Frukttre i alt	100,0	100,0	100,0	100,0

Av tabell 92 ser ein at epletrea var sterkare representert di større hagane var, frå 61 prosent av frukttree i gruppa 51—100 tre til 80 prosent ved hagar med over 1 000 tre. Pæretrea gjorde seg mest gjeldande i hagar med 201—1 000 tre, medan det var dei minste hagane som hadde relativt mest plometre.

Tabell 93 syner talet på tre av ymse sortar, gruppert etter plantetid og talet på bruk som hadde dei einskilde sortar.

Teljingsreglane (side 328 o. fl. i hefte 1) viser kva sortar som går inn i samlegruppa «andre sommareple» osb.

Tabell 92. Frukttree i hagar av ulik storleik, prosentvis etter arter. 1959.

	Hagestorleik				
	51-100 tre	101-200 tre	201-500 tre	501-1000 tre	Over 1000 tre
Sommareple	8,2	6,4	5,4	5,9	8,2
Tidlege vintereple	20,3	23,4	26,3	29,3	33,5
Seine vintereple	32,6	33,5	31,8	31,6	38,7
Pære	10,2	11,8	14,1	13,9	7,4
Plome	23,0	20,9	18,2	14,3	9,8
Søtkirsebær	2,8	2,2	3,0	3,7	1,4
Surkirsebær	2,9	1,8	1,2	1,3	1,0
Frukttre i alt.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Tabell 93. Frukttre på bruk med meir enn 50 tre. 1959.

	Bruk	Planteperiode			Frukttre i alt	Planta etter 1955 i pst. av frukttre i alt
		Før 1940	1940-1955	Etter 1955		
Transparente blanche	5 075	13 488	17 270	14 850	45 608	32,6
Säfstaholm	5 441	17 169	14 024	9 435	40 628	23,2
Andre sommareple ..	3 989	13 923	15 234	7 165	36 322	19,7
Prinsar	2 562	11 403	15 542	11 181	38 126	29,3
James Grieve	4 287	6 547	69 591	29 231	105 369	27,7
Gravenstein	6 521	90 423	143 803	50 317	284 543	17,7
Andre tidl. vintereple	3 078	21 169	30 608	8 686	60 463	14,4
Åkerø	4 087	34 623	41 103	7 634	83 360	9,2
Filippa	5 517	18 714	76 698	14 612	110 024	13,3
Cox's Pomona	3 711	6 917	49 270	15 761	71 948	21,9
Ingrid Marie	2 333	1 248	26 847	23 932	52 027	46,0
Ribston	2 102	3 474	28 473	9 655	41 602	23,2
Torstein	5 606	33 336	68 284	25 958	127 578	20,3
Andre seine vintereple	6 015	36 763	76 067	19 005	131 835	14,4
Eple i alt	9 266	309 197	672 814	247 422	1 229 433	20,1
Keiserinne	2 124	10 685	5 579	4 840	21 104	22,9
Andre tidlege pærer .	2 075	4 735	5 259	6 893	16 887	40,8
Amanlis	1 516	7 595	1 515	603	9 713	6,2
Grev Moltke	6 352	47 660	31 537	19 870	99 067	20,1
Dob. Philip	3 396	14 667	13 091	5 729	33 487	17,1
Andre pærer	4 116	14 374	13 868	7 833	36 075	21,7
Pærer i alt	7 961	99 716	70 849	45 768	216 333	21,2
Tidlege plomer.....	4 917	19 441	34 338	23 446	77 225	30,4
R. C. d'Oullins	5 713	28 095	43 271	9 172	80 538	11,4
Victoria.....	6 749	24 310	46 314	11 744	82 368	14,3
Andre seine plomer ..	5 576	31 463	37 488	13 354	82 305	16,2
Plomer i alt.....	8 833	103 309	161 411	57 716	322 436	17,9
Søtkirsebær (morellar)	3 993	22 640	16 389	9 337	48 366	19,3
Surkirsebær	3 154	11 031	13 248	4 966	29 245	17,0
Frukttre i alt	9 330	545 893	934 711	365 209	1 845 813	19,8

Gravenstein var den vanlegaste eplesorten, Grev Moltke den vanlegaste pæresorten og Victoria vanlegaste plomesorten.

Relativt mest nyplanting (etter 1955) var det av Ingrid Marie.

Ved bruka med meir enn 50 tre var knapt 70 000 dekar tilplanta med frukttre. Det var i medel 26,6 tre pr. dekar. Sogn og Fjordane og Hordaland skilde seg ut med berre 21 og 22 tre pr. dekar. På den andre sida kom Hedmark med 37 tre.

Tretallet pr. dekar auka med aukande hagestorleik. På bruk med 51—100 frukttre var det 23 tre pr. dekar, på bruk med 101—200 tre 24, på bruk med 201—500 tre 25, på bruk med 501—1 000 tre 28, og på bruk med over 1 000 frukttre var det 40 tre pr. dekar. Det var litt fleire tre pr. dekar i 1959 enn i 1955.

I spesialteljinga vart det spurt etter kva salsmåtar som vart nytta for frukta. Det var vel 7 400 som gav opplysningar om dette. Sume nytta meir enn ein salsmåte. 27 prosent gav opp heimesal, 1 prosent sal frå eigen butikk, 13 prosent torgsal, 39 prosent selde gjennom salslag og 47 prosent til andre handlande.

Av dei vel 9 300 fruktdyrkarane med meir enn 50 tre, var det 1 600 som gav opp at dei hadde eige lagerrom for frukt. Det var relativt flest av dei større hagane. 1 400 dyrkarar gav opp ein samla lagerkapasitet på vel 100 000 m³ eller i medel 73 m³ pr. bruk. Kapasiteten auka sterkt med aukande hagestorleik.

Planteskular.

Ved jordbruksteljinga i 1959 vart det på eit tilleggsskjema henta inn spesialoppgåver over planteskulane på bruk med minst 1 dekar planteskuleareal (ikkje skogsplanteskular).

Det skulle gjevast oppgåver over arealet og korleis dette var nytta, utplanta grunnstammer i 1958 og om bruket hadde eige lagerrom for planteskuleprodukt. Tabell 13 i andre hefte frå teljinga gjev fylkesvise oppgåver for planteskulane.

Det var i alt 268 planteskular som gav oppgåver i 1959 mot 291 i 1949. Desse hadde til saman 3 000 dekar planteskuleareal (3 400 dekar i 1949). Av arealet vart 776 dekar nytta til frukttre, 223 til bærbuskar, 434 til roser, 128 til bartre til pryd, 792 til andre prydtre og -buskar, 234 til stauder, og 420 dekar var «anna areal».

Av grunnstammer for frukttre vart det i 1958 utplanta 310 000 frøstammer og 174 000 vegetativt formerte. 96 000 av frøstammene og 48 000 av dei vegetativt formerte var norske.

Av rosestammer vart det i 1958 planta ut 1 352 000, og av desse var 323 000 norske.

53 verksemder gav opp at dei hadde lagerrom for planteskuleprodukt. Desse hadde ein samla lagringskapasitet på 8 200 m³.

Plantedyrking under glas.

For areal under glas vart det første gongen henta inn oppgåver ved teljinga i 1929. Seinare har det ved kvar teljing dessutan vore samla inn meir utførlege opplysningar ved spesialteljingar for bedrifter over ein viss storleik.

Tabell 94. Bruk med areal under glas etter storleiken på arealet. 1959.

	Inntil 50 m ²	51- 100	101- 200	201- 300	301- 400	401- 500	501- 1000	1001- 2000	2001- 5000	Over 5000	I alt
Østfold	42	21	30	32	19	16	44	25	9	4	242
Akershus	103	21	37	34	28	28	65	32	19	6	373
Oslo	25	3	5	4	4	8	32	24	12	6	123
Hedmark	35	12	17	26	10	7	20	15	5	—	147
Oppland	44	18	20	10	14	10	26	7	1	2	152
Buskerud	48	23	37	22	26	18	45	31	14	4	268
Vestfold	78	14	39	27	21	13	35	30	14	3	274
Telemark	33	12	19	21	3	3	25	7	3	—	126
Aust-Agder	24	9	20	13	14	5	13	6	5	—	109
Vest-Agder	31	10	17	9	12	7	10	11	—	—	107
Rogaland	232	78	135	130	173	180	235	76	9	—	1 248
Hordaland	94	31	98	60	38	27	42	17	4	—	411
Bergen	1	1	1	2	1	3	4	4	—	—	17
Sogn og Fjordane	11	11	14	8	8	1	12	2	—	—	67
Møre og Romsdal	34	19	45	38	22	9	21	3	—	1	192
Sør-Trøndelag	33	4	14	15	24	6	16	8	4	1	125
Nord-Trøndelag	66	13	23	18	14	9	19	5	—	—	167
Nordland	32	9	5	8	11	5	6	4	—	—	80
Troms	16	4	6	2	5	1	4	1	1	—	40
Finnmark	1	1	—	—	—	—	2	—	—	—	4
I alt 1959	983	314	582	479	447	356	676	308	100	27	4 272
1949	1 219	—	545	374	314	239	504	250	76	17	4 538

¹ Ca. 20—100 m².Tabell 95. Bruk med meir enn 50 m² under glas. 1959.

	Bruk	Samla areal under glas, m ²	Gjen- nom- snittleg areal under glas, m ²	Prosentvis fordeling av arealet under glas			
				Veksthus		Vekstbenker	
				med varme- anlegg	utan varme- anlegg	med varme- anlegg	utan varme- anlegg
Østfold	200	169 708	849	66,6	7,0	9,4	17,0
Akershus	270	233 011	863	59,1	4,9	6,8	29,2
Oslo	98	149 849	1 529	70,1	1,1	11,0	17,8
Hedmark	112	67 711	605	55,6	9,6	6,6	28,2
Oppland	108	62 376	578	44,7	7,7	11,6	36,0
Buskerud	220	176 093	800	38,4	11,3	12,0	38,3
Vestfold	196	156 570	799	59,7	7,9	6,5	25,9
Telemark	93	50 653	545	60,2	7,4	9,6	22,8
Aust-Agder	85	47 759	562	67,1	11,2	6,0	15,7
Vest-Agder	76	36 333	478	62,5	10,8	5,7	21,0
Rogaland	1 016	514 162	506	65,7	19,9	0,8	13,6
Hordaland	317	121 472	383	63,2	15,2	3,3	18,3
Bergen	16	12 370	773	77,5	1,0	3,7	17,8
Sogn og Fjordane	56	19 930	356	70,3	9,1	7,0	13,6
Møre og Romsdal	158	53 843	341	63,2	16,7	2,4	17,7
Sør-Trøndelag	92	65 727	714	71,2	5,5	4,0	19,3
Nord-Trøndelag	101	38 828	384	52,1	8,4	9,7	29,8
Nordland	48	19 299	402	66,1	3,5	5,3	25,1
Troms	24	11 510	480	68,6	3,4	4,0	24,0
Finnmark	3	1 727	576	48,1	7,5	22,9	21,5
I alt	3 289	2 008 931	611	61,1	11,0	6,0	21,9

I 1959 var det på hovudskjemaet til teljinga spørsmål om samla areal under glas. Dei som hadde over 50 m² skulle gje meir utførlege opplysningar på eit tilleggsskjema. I 1949 var grensa ca. 20 m². Spørsmåla på teljingsskjemaet finn ein i første hefte, side 326 og 327.

Fylkesvise oppgaver over areal og plantedyrking under glas er tekne inn i tabellane 14 og 15 i andre hefte og for jordbruksområda i tabell 6 i fjerde hefte.

Talet på verksemdar under 100 m² minka frå 1949 til 1959. Talet på verksemdar over 100 m² auka derimot frå 2 319 til 2 975 i same tidsrom.

Tabell 95 viser talet på bruk som hadde meir enn 50 m², og arealet ved desse.

Samla areal under glas auka frå 1 540 dekar i 1949 til 2 030 dekar i 1959. I 1939 fekk ein oppgaver for ca. 860 dekar under glas og i 1929 for 385 dekar.

I 1959 var det 3 289 bruk med over 50 m² under glas. Glasarealet på desse var 2 009 dekar eller i medel 611 m² pr. bruk.

Ein kan berre til ein viss grad jamføra oppgåvene frå 1959 med tilsvarande oppgaver frå 1949, m. a. fordi arealgrensa nedover for dei som skulle gje spesialoppgaver, ikkje var den same ved dei to teljingane.

I høve til 1949 auka arealet av veksthus med varmeanlegg svært mykje. Også areal veksthus utan varmeanlegg auka, medan arealet til vekstbenker minka.

Tabell 96 gjev eit oversyn over plantedyrkinga under glas.

Tabell 96. Plantedyrking under glas. 1959.

	Areal fritt utplanta				Potteplantar i alt	
	I alt m ²	Av dette i prosent				
		Tomat	Agurk	Andre grønsaker		Blomster til snitt
Østfold	123 473	36,9	8,9	8,6	45,6	703 690
Akershus	182 502	20,9	7,9	15,6	55,6	580 115
Oslo	91 760	6,2	5,2	10,1	78,5	1 946 820
Hedmark	49 677	42,5	8,7	16,0	32,8	192 885
Oppland	41 876	38,7	4,5	19,6	37,2	121 220
Buskerud	115 757	43,1	14,3	27,6	15,0	435 310
Vestfold	139 132	31,9	12,5	18,1	37,5	429 110
Telemark	29 262	35,6	8,2	6,5	49,7	281 635
Aust-Agder	39 106	43,4	13,3	5,8	37,5	171 175
Vest-Agder	30 504	43,1	9,7	15,9	31,3	169 508
Rogaland	474 537	65,6	13,2	10,7	10,5	633 376
Hordaland	97 007	45,5	11,3	9,6	33,6	436 966
Bergen	6 720	7,3	2,4	—	90,3	145 450
Sogn og Fjordane ..	16 550	62,6	4,1	8,0	25,3	71 975
Møre og Romsdal .	39 726	48,5	6,4	6,7	38,4	180 505
Sør-Trøndelag	54 834	33,3	4,6	13,0	49,1	283 095
Nord-Trøndelag ..	21 750	65,2	7,1	10,0	17,7	110 099
Nordland	9 802	45,6	12,0	10,9	31,5	115 051
Troms	4 325	15,5	5,5	8,6	70,4	122 480
Finnmark	570	35,1	—	—	64,9	12 850
I alt	1 568 870	43,7	10,4	13,1	32,8	7 143 315

Om lag 1 570 dekar vart nytta til fritt utplanta kulturar. 685 dekar (44 prosent) av dette arealet vart nytta til tomatdyrking, 163 dekar (10 prosent)

til agurk, 205 dekar (13 prosent) til andre grønsaker og 515 dekar (33 prosent) til blomster for snitt. Den vanlegaste blomsterkulturen for snitt var chrysantemum som vart dyrka på 194 dekar. Det vart dyrka nellikar på 113 dekar, roser på 57 dekar og andre snittblomster på 151 dekar.

Tabell 96 viser store fylkesvise variasjonar med omsyn til arealfordeling etter kulturar. I Rogaland, Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag vart bortimot to tredjepartar av fritt utplanta areal nytta til tomatdyrking. I sume fylke var det blomsterdyrkinga som dominerte. Særleg sterkt gjorde det seg gjeldande i Oslo og Bergen.

Det var stor auke i arealet under glas både til grønsaker og blomster. Størst var auken for snittblomster, der arealet vart meir enn fordobla i 10-årsperioden.

Dei vel 7,1 mill. potteplantane fordelte seg slik: Alpefiol 0,5 mill., julegledde 1,5 mill., hortensia 0,2 mill., utplantingsplantar som pelargonium, fuchsia, begonia o. l. 3,3 mill. og andre potteplantar 1,6 mill.

Talet på potteplantar var ein god del større enn i 1949, men for visse arter, t. d. hortensia, var det nedgang.

Oslo åleine hadde meir enn fjerdeparten av alle potteplantane.

Av dei knapt 3 300 bruka med meir enn 50 m² under glas, var det vel 2 200 (67 prosent) som dyrka tomat. Knapt 700 (21 prosent) hadde agurk, vel 700 (21 prosent) hadde andre grønsaker, og 1 300 (40 prosent) dyrka blomster. Til saman vert dette 149 prosent. Prosenttalet er eit merke på i kor stor grad det vart dyrka fleire kulturar på same bruket. Tilsvarende prosenttal for 1949 var 172. Dette viser at det i perioden 1949—1959 var ein overgang til meir spesialisering, slik at relativt fleire verksemdar har spesialisert seg på visse kulturar.

I alt 1 228 verksemdar gav opp at dei dyrka utplantingsplantar for vårsal.

231 gav opp at dei dyrka unglantar for vidaresal til veksthusgartneri. Plantetalet var oppgjeve til 6,1 mill. Det var særleg mykje i Rogaland, Akershus og Østfold.

Av dei 3 289 bruka med over 50 m² under glas var det 812 som også dreiv med blomsterkulturar til snitt på friland, i alt 958 dekar. Halvparten av dette arealet var i Akershus og Oslo.

I 1959 var det 2 221 verksemdar som hadde veksthus med varmeanlegg, i alt 1 228 dekar. 1 512 av desse opplyste at heile arealet eller ein del av det (i alt 561 dekar) var ute av drift ein større eller mindre del av året.

For 624 verksemdar var det oppgjeve at dei i driftsåret 1958—1959 hadde nytta 9 700 tonn kol, koks og sinders. 1 156 hadde brukt 48 000 tonn olje.

668 gav opp at det vart nytta elektrisitet til oppvarming, 193 at dei nytta ved, og 80 nytta flis.

1 734 verksemdar gav opp heteflata på kjelane, i alt 50 000 m².

122 gav opp at dei hadde eigne lagerrom for blomster. Samla lagerkapasitet var oppgjeven til 6 500 m³, av dette 2 100 m³ med kunstig kjøling.

Under avsnittet om grønsaker på friland er det nemnt kor mange det var som selde grønsaker. Oppgåvene skil ikkje mellom sal frå friland og sal frå veksthus eller benker.

Ved spesialteljinga for bruk med over 50 m² under glas var det spørsmål om kva salsmåtar desse nytta.

Det var 2 737 av dei 3 289 brukarane med glasareal som gav svar på dette spørsmålet. Svara gjeld ikkje berre grønsaker, men også blomster. Mange nytta meir enn ein salsmåte. 37 prosent gav opp heimesal, 9 prosent sal frå

eigen butikk, 30 prosent torgsal, 35 prosent sal gjennom salslag, og 57 prosent gav opp sal til andre handlande.

Det vart og samla inn oppgåver over driftskostnader i 1958. Det vart spurt etter driftskostnader i alt og særskilt for arbeidsløn, brensel og plantevernsmiddel. Disse oppgåvene er av ujamn kvalitet. Driftskostnadene vil dessutan bli påverka av mange ulike faktorar, t. d. kva kulturar som blir dyrka, forholdet mellom veksthus og benker, med og utan varme, driftsperiodar m. m. Dessutan blir mange av verksemdene drivne saman med annan jordbruksdrift. Fordelinga av driftsutgiftene må difor ofte byggja på skjøn.

Oppgåvene over arbeidsløn skulle ikkje berre gjelda utbetalt løn. Det skulle og reknast med godtgjersle for arbeidet til brukarane og andre familimedlemmer utan kontant løn, verdsett som tilsvarende legehjelp. Forbruk av eige brensel skulle reknast med i brenselkostnaden.

Det var 1 410 verksemder som gav opp driftskostnader i alt. Dei hadde i alt 1 093 dekar under glas. I medel svara kostnadene til kr. 39,43 pr. m². Kostnadene var særleg høge i Oslo, Bergen og Troms, med 64—74 kroner pr. m². Dei var minst, 22—25 kroner, i Buskerud og Rogaland, der det var relativt mykje tomatdyrking i forhold til blomsterdyrking.

1 660 gav oppgåver over arbeidsløn. Dei representerte i alt 1 393 dekar under glas, og arbeidsløna svara i medel til kr. 17,06 pr. m². Troms skilde seg ut med 37 kroner. I Østfold, Oslo, Telemark, Vest-Agder og Bergen var den 21—28 kroner. Kostnadene var lægst i Buskerud og Rogaland, med 10—11 kroner.

Brenselkostnadene var oppgjevne for 1 867 verksemder med i alt 1 184 dekar med varmeanlegg. Medelkostnaden pr. m² var kr. 15,01. I Troms var den vel 21 kroner pr. m². Elles varierte det mellom kr. 19 i Bergen og kr. 13 i Buskerud, Rogaland og Nord-Trøndelag.

1 709 verksemder med i alt 1 334 dekar under glas gav opp kostnader til plantevernsmiddel. Medeltalet var 43 øre pr. m². Det varierte mellom om lag 70 øre i Vest-Agder, Nordland og Troms og 29 øre i Rogaland.

Eng til slått.

I eldre tider vart det meste av den dyrka jorda brukt til åker, medan høyet vart sankt inn frå udyrka jord og dyra gjekk på beite i utmarka. Etter kvart har desse tilhøva endra seg. I seinare tid har arealet til slått

Tabell 97. Eng til slått.

	Areal i dekar				Prosenttal			
	1929	1939	1949	1959 ²	1929	1939	1949	1959
På fulldyrka jord	4 801 969	4 937 157	4 864 775	4 303 025	61,9	67,5	76,7	84,9
Natureng og overflate- dyrka eng på innmark	1 849 866	1 627 497	1 097 301	763 496	23,9	22,3	17,3	15,1
Seterlykkjer	217 070	199 061	153 033	..	2,8	2,7	2,4	..
Utslåtter ¹	885 742	548 507	225 430	..	11,4	7,5	3,6	..
I alt	7 754 647	7 312 222	6 340 539	5 066 521	100,0	100,0	100,0	100,0

¹ Gjeld så stort areal som vart hausta årleg. ² Utslåtter ikkje med i jordbruksarealet. Engareal på seterlykkjer ikkje spesifisert som eigen post, men medrekna i dei andre postane etter arten av areala.

Tabell 98. Engareala prosentvis etter bruken og etter art. 1959.

	Engareala etter bruken			Slåttenga etter art		Kulturbeite etter art		Unyttta eng etter art	
	Slått-eng	Kul-tur-beite	Unyt-ta eng	Full-dyrka	Natur-eng og o.fl.-dyrka	Full-dyrka	Natur-eng og o.fl.-dyrka	Full-dyrka	Natur-eng og o.fl.-dyrka
Riket	74,2	22,9	2,9	84,9	15,1	35,9	64,1	26,1	73,9
Fylka :									
Østfold	67,1	30,7	2,2	97,8	2,2	73,1	26,9	47,4	52,6
Akershus og Oslo	64,6	32,7	2,7	95,3	4,7	63,0	37,0	40,7	59,3
Hedmark	71,3	23,7	5,0	90,4	9,6	27,6	72,4	16,8	83,2
Oppland	74,8	21,6	3,6	83,0	17,0	16,6	83,4	10,8	89,2
Buskerud	76,6	19,7	3,7	81,9	18,1	44,4	55,6	24,6	75,4
Vestfold	65,3	31,0	3,7	95,6	4,4	71,2	28,8	47,3	52,7
Telemark	74,8	22,0	3,2	85,2	14,8	40,7	59,3	43,2	56,8
Aust-Agder	78,4	17,0	4,6	93,0	7,0	53,6	46,4	67,3	32,7
Vest-Agder	76,3	20,8	2,9	91,6	8,4	41,4	58,6	57,9	42,1
Rogaland	51,1	47,6	1,3	93,6	6,4	22,9	77,1	28,9	71,1
Hordaland og Bergen ..	73,4	24,2	2,4	70,3	29,7	17,7	82,3	23,8	76,2
Sogn og Fjordane	76,2	21,7	2,1	66,8	33,2	8,0	92,0	7,0	93,0
Møre og Romsdal	73,6	22,5	3,9	83,2	16,8	18,8	81,2	10,9	89,1
Sør-Trøndelag	79,3	18,5	2,2	94,7	5,3	48,3	51,7	20,8	79,2
Nord-Trøndelag	74,9	23,9	1,2	96,7	3,3	60,4	39,6	43,7	56,3
Nordland	85,7	11,5	2,8	78,3	21,7	21,6	78,4	25,2	74,8
Troms	88,9	8,9	2,2	80,4	19,6	17,4	82,6	31,2	68,8
Finnmark	92,4	4,3	3,3	65,8	34,2	36,5	63,5	27,5	72,5
Jordbruksområda :									
Søraustlege slettebygder	65,0	32,3	2,7	96,9	3,1	69,1	30,9	45,8	54,2
Silurb. inne i landet . . .	60,3	35,8	3,9	93,4	6,6	25,0	75,0	16,8	83,2
Mellom- eller skogbygder	73,1	22,4	4,5	88,5	11,5	42,3	57,7	24,7	75,3
Dal- og fjellbygder	82,3	14,2	3,5	80,2	19,8	17,2	82,8	14,6	85,4
Austl. m. Telemark i alt	70,9	25,6	3,5	89,2	10,8	46,8	53,2	26,4	73,6
Kystbygder	75,2	18,7	6,1	92,3	7,7	61,7	38,3	66,9	33,1
Mellom-ellerskogbygder	76,2	21,6	2,2	94,0	6,0	38,1	61,9	58,1	41,9
Dal- og fjellbygder	82,7	15,5	1,8	88,6	11,4	30,9	69,1	47,8	52,2
Agder i alt	77,1	19,3	3,6	92,2	7,8	45,6	54,4	62,7	37,3
Skiferl. ved Boknfjorden	49,1	50,1	0,8	96,0	4,0	19,7	80,3	34,7	65,3
Jærens sletteiland	45,4	53,5	1,1	97,5	2,5	29,2	70,8	29,9	70,1
Andre ytre bygder	72,0	25,0	3,0	73,5	26,5	17,7	82,3	17,1	82,9
Indre bygder	72,0	25,8	2,2	78,2	21,8	12,6	87,4	10,7	89,3
Vestlandet i alt	68,8	28,8	2,4	77,3	22,7	18,3	81,7	15,6	84,4
Kystbygder	86,4	12,5	1,1	91,6	8,4	41,9	58,1	61,3	38,7
Ytre fjordbygder	80,0	18,3	1,7	95,4	4,6	62,6	37,4	37,4	62,6
Bygder ved Trondh.fj..	74,5	24,3	1,2	97,5	2,5	66,5	33,5	40,1	59,9
Dal- og fjellbygder	81,6	15,1	3,3	92,6	7,4	25,4	74,6	6,6	93,4
Andre indre bygder	71,8	26,4	1,8	97,6	2,4	48,6	51,4	35,3	64,7
Trøndelag i alt	77,4	20,9	1,7	95,5	4,5	54,5	45,5	28,0	72,0
Øyar	88,2	9,6	2,2	66,0	34,0	19,0	81,0	26,3	73,7
Kystbygder	86,9	10,8	2,3	80,4	19,6	22,2	77,8	28,5	71,5
Fjord- og dalbygder . . .	88,2	8,6	3,2	80,0	20,0	20,7	79,3	25,7	74,3
Innlandsbygder	84,7	12,1	3,2	92,3	7,7	22,9	77,1	29,4	70,6
Nord-Noreg i alt	87,4	9,9	2,7	77,6	22,4	21,0	79,0	27,1	72,9

minka mykje, men ein stadig større del av det er fulldyrka. Mykje natureng på innmark, seterlykkjer og utslåtter er såleis gått ut av drift, medan det som er att av ikkje fulldyrka slåtteng i større grad enn før er overflatedyrka eng.

Skilnaden i kvalitet mellom dei ymse engareala har såleis vorte mykje mindre etter kvart.

Utslåtterne som i 1929 utgjorde meir enn tiandeparten av alt slåtteng-arealet, har sidan gått sterkt tilbake. I 1958 vart det hausta knapt 60 000 dekar. Då ein rekna med at nedgangen heldt fram, fann ein ikkje grunn til å ta utslåtterne med i jordbruksarealet ved teljinga i 1959. Men for bruk over 5 dekar var det med eit spørsmål om det vart hausta utslåtter. Oppgåver over dette finn ein klassevis for dei einskilde fylke i tabell 2 i tredje hefte og for jordbruksområda i tabell 17 i fjerde hefte.

Det var 4 353 bruk som hausta utslåtter i 1959. I 1949 var det om lag 16 000.

Engarealet i prosent av jordbruksarealet vekslar mykje geografisk. Dette kan ein sjå av tabell 62. Vestfold nytta berre 25 prosent av jordbruksarealet til slåtteng, medan Finnmark nytta heile 87 prosent. Av jordbruksområda låg silurbygdene lægst med 24 prosent, medan øyar og fjord- og dalbygdene i Nord-Noreg låg høgst med over 80 prosent.

Tabell 98 viser engareala prosentvis fordelte etter bruken og tilhøvet mellom fulldyrka eng og natureng og overflatedyrka eng.

I Nord-Noreg vart nære 90 prosent av heile engarealet nytta som slåtteng. I Rogaland vart derimot berre vel halvparten av engareala nytta til slått, medan nesten like stort areal vart nytta til kulturbeite.

85 prosent av slåttengarealet var på fulldyrka jord. I Østfold, Akershus, Vestfold, Aust-Agder, Rogaland og Trøndelag var om lag 95 prosent fulldyrka. I Sogn og Fjordane, Hordaland og Finnmark utgjorde natureng og overflatedyrka eng tredjeparten av slåttengarealet.

Kulturbeite.

Ved teljinga i 1959 vart uttrykket kulturbeite brukt som nemning både for varige kulturbeite og eng som mellombels var lagt ut til beite. Ved dei tidlegare teljingane vart eng som mellombels var utlagt til beite ført som eigen post: «Eng til beite». Slåttengareal som blir beita, t. d. håbeiting, blir ikkje rekna som beiteareal.

I jamføringa i tabell 99 er nytta same nemningane som i 1959 også for tidlegare teljingar.

Tabell 99. Kulturbeite.

	Areal i dekar				Prosent av jordbruksarealet			
	1929	1939	1949	1959	1929	1939	1949	1959
På fulldyrka jord	225 650	359 203	557 484	560 786	2,0	3,2	5,3	5,5
På natureng og overflatedyrka jord	412 207	544 384	856 595	1 001 119	3,7	4,9	8,2	9,7
I alt	637 857	903 587	1 414 079	1 561 905	5,7	8,1	13,5	15,2

Arealet til kulturbeite har auka kraftig dei siste 30 åra.

Størst var auken på overflatedyrka jord, der arealet vart om lag fordobla på 20 år.

Også arealet av kulturbeite vekslar mykje geografisk. I Rogaland vart 34 prosent av jordbruksarealet nytta til kulturbeite, i Finnmark berre 4 prosent. Av jordbruksområda hadde skiferlandskapa ved Boknfjorden relativt mest, med 38 prosent av jordbruksarealet, medan fjord- og dalbygder i Nord-Noreg hadde minst, med 8 prosent. (Sjå tabell 62.)

Av tabell 98 ser ein at 23 prosent av heile engarealet vart nytta til kulturbeite. I Rogaland var det 48 prosent. Over 30 prosent var det også i Østfold, Akershus og Vestfold, men i Finnmark berre vel 4 prosent.

64 prosent av kulturbeitearealet var på natureng og overflatedyrka jord. I Sogn og Fjordane var over 90 prosent av kulturbeitet på slik jord og over 80 prosent var det også i Oppland, Hordaland, Møre og Romsdal og Troms.

Tabell 100. Kulturbeiteareal i høve til kutalet.

	Dekar pr. ku			Dekar pr. ku	
	1949	1959		1949	1959
Riket.....	1,8	2,6	Jordbruksområda:		
Fylka:			Søraustlege slettebygder ...	2,9	3,8
Østfold	2,9	3,5	Silurbygdene inne i landet ..	3,3	3,8
Akershus og Oslo	3,0	4,0	Mellom- eller skogbygder ...	2,1	2,8
Hedmark	2,4	2,8	Dal- og fjellbygder.....	0,9	1,6
Oppland	1,8	2,1	Austlandet med Telemark		
Buskerud	1,6	2,5	i alt	2,3	3,0
Vestfold	2,6	3,6	Kystbygder	1,2	2,2
Telemark	1,9	3,0	Mellom- eller skogbygder ...	1,2	2,4
Aust-Agder.....	1,1	2,3	Dal- og fjellbygder.....	0,7	2,1
Vest-Agder.....	1,1	2,3	Agder i alt.....	1,1	2,3
Rogaland	2,4	3,3	Skiferlandskapa ved Boknfj.	2,4	3,8
Hordaland og Bergen	1,5	2,9	Jærens sletteland	2,5	3,1
Sogn og Fjordane.....	1,2	2,4	Andre ytre bygder	1,6	2,7
Møre og Romsdal	1,7	2,4	Indre bygder	1,5	2,8
Sør-Trøndelag	1,9	2,2	Vestlandet i alt	1,7	2,8
Nord-Trøndelag	2,2	2,6	Kystbygder	0,8	1,3
Nordland	0,7	1,7	Ytre fjordbygder	1,5	2,0
Troms	0,4	1,2	Bygder ved Trondheimsfj...	2,5	2,7
Finnmark	0,3	0,8	Dal- og fjellbygder.....	1,5	1,7
			Andre indre bygder	2,7	3,4
Bruksklassar:			Trøndelag i alt.....	2,0	2,4
Inntil 2 dekar	0,1	0,5	Øyar	0,4	1,3
2,1— 5 »	0,2	0,9	Kystbygder	0,7	1,6
5,1— 10 »	0,2	0,8	Fjord- og dalbygder	0,5	1,4
10,1— 20 »	0,4	0,9	Innlandsbygder	1,0	1,7
20,1— 35 »	0,7	1,4	Nord-Noreg i alt	0,6	1,5
35,1— 50 »	1,2	1,9			
50,1— 75 »	1,7	2,5			
75,1— 100 »	2,1	2,9			
100,1— 200 »	3,1	3,6			
200,1— 500 »	4,4	5,2			
500,1—1000 »	6,3	6,8			
Over 1000 »	6,4	7,2			

I andre strok, slik som Østfold, Akershus, Vestfold og Nord-Trøndelag, var det meste av kulturbeitet på fulldyrka jord.

I tabell 100 er det rekna ut kor stort kulturbeitearealet var i høve til talet på mjølkekyr. Desse tala gjev ikkje noko direkte mål for kor stort areal kyrne hadde til disposisjon. Kulturbeite blir nytta til andre husdyr og. Men tala skulle gje eit visst grunnlag for jamføring, geografisk og etter bruksstorleik.

Unytta eng.

I 1959 vart unytta eng skilt ut som ein eigen post under jordbruksarealet. Til unytta eng skulle reknast eng- og kulturbeiteareal som for tida låg unytta, utan at det var avgjort om areala skulle gå varig ut av bruk.

Det vart i alt oppgjeve om lag 195 000 dekar eng av dette slaget (51 000 dekar fulldyrka og 144 000 dekar natureng og overflatedyrka eng).

Av teksttabellane i avsnittet «Jordbruksarealet og fordelinga av det» ser ein kva rolle unytta eng spela i dei ymse strok og ved ulik bruksstorleik. (Sjå også tabell 98.)

I høve til samla jordbruksareal var det mest unytta eng i kystbygdene i Agder.

Areal tilsådd med engfrø.

Ved teljinga i 1959 vart det oppgjeve at 641 000 dekar vart tilsådd med engfrø i 1958. Dette svara til 6,4 prosent av jordbruksarealet i 1959. Trøndelagsfylka skilde seg ut med vel 11 prosent og Hordaland og Sogn og Fjordane med 2,4 prosent. Elles varierte det mellom 4,0 prosent i Troms og 7,8 prosent i Rogaland.

Det tilsådde arealet var relativt størst, 7,6 prosent, på bruka med 100,1—200 dekar jordbruksareal. Prosenten minka med både avtakande og aukande bruksstorleik.

Tabell 12 i tredje hefte gjev fylkesvise oppgåver for bruk av ulik storleik. Oppgåver for dei einskilde kommunar finn ein i tabell 14 i same heftet. I tabell 27 i fjerde hefte er det oppgåver for jordbruksområda.

Ein har ikkje tilsvarende oppgåver frå tidlegare teljingar.

Produktiv skog.

Etter oppgåvene til skogbruksteljinga i 1957 var det 70,3 mill. dekar produktiv skog her i landet. Av dette var 48,4 mill. dekar eller 68,9 prosent barskog og 21,9 mill. dekar eller 31,1 prosent lauvskog. Ein viser til publisjonane Skogbrukstellingen 1957 (NOS XII 6 og 21). Kommunevise oppgåver over samla skogareal etter skogbruksteljinga er dessutan tekne inn i tabell 2 i første hefte frå Jordbruksteljinga 1959.

Jordbruksteljingane viser berre det skogarealet som var knytt direkte til dei einskilde bruk som var med i teljingane. Reine skogeigedomar der brukaren ikkje hadde jordbruksareal, er ikkje med i jordbruksteljingane. Skog i sameige er heller ikkje med. Det same gjeld skog som brukaren berre har bruksrett til (allmenningsrett, forpaktars bruksrett i skogen til eigaren o. l.).

Til jordbruksteljinga i 1959 vart det oppgjeve 26,9 mill. dekar barskog og 9,7 mill. dekar lauvskog. Bruka som var med i jordbruksteljinga hadde etter dette 55,7 prosent av barskogarealet og 44,2 prosent av lauvskogarealet.

Storleiken og samansetnaden av skogarealet skifter mykje geografisk. Austlandet, Agder og Trøndelag har relativt mest skog, og det meste av skogen i desse landslutene er barskog. På Vestlandet og i Nord-Noreg utgjer produktivt skogareal ein mindre del av landarealet (sjå tabell 1), og lauvskogen utgjer ein mykje større del av skogarealet. I Nord-Noreg er lauvskogen dominerande.

I tillegg til skogarealet som høyrer direkte til bruka som er med i teljinga, har desse bruka rettar i allmenningar og del i sameigeskogar.

Ved jordbruksteljinga i 1959 var det 10 700 som gav opp at dei hadde del i sameigeskog og 26 000 at dei hadde allmenningsrett til skogsvyrke. I alt var det knapt 35 000 bruk som hadde skog i sameige eller rett til skogsvyrke. 12 000 av desse hadde ikkje annan skog som høyrde direkte til bruket. Av bruka med allmenningsrett var 17 500 i dei tre fylka Hedmark, Oppland og Nord-Trøndelag. Bruka med del i sameiger var meir spreidd over heile landet, med ein relativt stor del på Vestlandet. (Sjå tabell 2 i tredje hefte og tabell 16 i fjerde hefte.)

Bruka er grupperte etter kor mykje skog dei hadde. 301 000 bruk var utan skog i 1959, medan 133 000 bruk hadde skog. Av dei skoglause brukseiningane hadde 226 000 inntil 5 dekar jordbruksareal. Elles var det relativt fleire som hadde skog di større bruka var.

Tabell 101. Bruka kryssgrupperte etter jordbruksareal og skogareal. 1959.

Jordbruksareal \ Skogareal	Ut	Inntil	25,1–	100,1–	250,1–	500,1–	1000,1–	Over	Bruk i alt	Av desse med skog
	an	25	100	250	500	1000	5000	5000		
	skog	dekar	dekar	dekar	dekar	dekar	dekar	dekar		
Kl. 0 ¹	1 110	15	12	9	8	3	3	1	1 161	51
» 1	198 222	3 041	1 059	481	330	193	160	17	203 503	5 281
» 2	27 025	2 346	966	282	180	84	53	5	30 941	3 916
» 3	13 834	3 070	1 734	446	186	89	47	8	19 414	5 580
» 4	22 421	7 335	7 344	2 196	966	417	197	13	40 889	18 468
» 5	16 703	7 152	10 497	4 871	2 621	1 248	601	25	43 718	27 015
» 6	9 094	4 413	8 078	4 777	3 012	1 559	840	36	31 809	22 715
» 7	6 583	3 269	7 194	5 144	3 380	1 984	1 147	68	28 769	22 186
» 8	2 620	1 139	3 113	2 476	1 955	1 165	835	54	13 357	10 737
» 9	2 516	776	2 960	3 137	2 538	1 737	1 322	88	15 074	12 558
» 10	788	129	551	959	1 029	681	655	78	4 870	4 082
» 11	34	6	13	52	69	84	89	25	372	338
» 12	10	1	1	2	4	7	13	5	43	33
Alle bruk . . .	300 960	32 692	43 522	24 832	16 278	9 251	5 962	423	433 920	132 960
Bruk over 5 dekar . . .	74 603	27 290	41 485	24 060	15 760	8 971	5 746	400	198 315	123 712

¹ Sjå note tabell 9 side 30.

Dei fleste gardsskogane er små. 24,6 prosent var på inntil 25 dekar, og 32,7 prosent hadde frå 25 til 100 dekar. Berre 423 eller 0,3 prosent av skog-eigedomane som var med i teljinga, var over 5 000 dekar. I fylgje Skogbruks-teljinga 1957 var det i alt 1 090 skog-eigedomar over 5 000 dekar i heile landet.

Tabell 102 gjev eit oversyn over skogareal og bruk med skogareal eller anna tilgjenge til skog i dei einskilde fylke og jordbruksområde etter Jordbruksteljinga 1959.

Tabell 102. Skogareal, bruk med skog, del i sameige og allmenningsrett. 1959.

	Skogareal		Bruk med skog				Bruk med skog i sameige eller med rett til skogs-vyrke ¹
	I alt. Dekar	Av dette barskog. Prosent	I alt	Av disse i prosent			
				med inntil 100 da.	100,1–500 da.	over 500 da.	
Riket.....	36599035	73,6	132 960	57,3	30,9	11,8	34 842
Fylka:							
Østfold	1 389 323	97,8	5 668	57,2	33,1	9,7	280
Akershus og Oslo.....	1 633 827	97,4	6 312	59,7	31,4	8,9	1 680
Hedmark	4 879 569	89,5	11 227	54,0	30,0	16,0	5 377
Oppland	3 667 231	84,1	11 711	53,1	33,4	13,5	8 592
Buskerud	3 141 587	88,1	7 529	44,5	36,6	18,9	642
Vestfold	800 263	92,7	4 996	62,8	31,7	5,5	108
Telemark	2 997 149	90,2	6 374	45,8	33,2	21,0	500
Aust-Agder.....	2 393 338	84,2	5 017	45,4	31,0	23,6	287
Vest-Agder.....	1 541 055	63,3	6 486	50,5	36,6	12,9	432
Rogaland	428 863	52,8	4 513	81,1	15,9	3,0	347
Hordaland og Bergen ..	1 113 600	59,3	9 914	72,2	24,4	3,4	1 318
Sogn og Fjordane.....	1 261 322	44,2	7 899	66,3	27,5	6,2	2 409
Møre og Romsdal.....	1 397 316	52,9	9 033	67,5	26,0	6,5	1 484
Sør-Trøndelag	2 589 479	70,2	7 855	45,4	38,2	16,4	2 546
Nord-Trøndelag	2 933 275	86,5	7 247	49,4	32,3	18,3	4 757
Nordland	2 377 548	29,1	10 773	57,3	33,0	9,7	1 775
Troms	2 021 974	5,4	9 597	60,0	31,0	9,0	900
Finnmark	32 316	6,2	809	92,5	7,5	—	1 408
Jordbruksområda:							
Søraustlege slettebygder	3 177 336	95,6	15 836	61,1	31,8	7,1	1 848
Silurb. inne i landet	1 737 049	97,7	6 761	55,3	33,5	11,2	7 268
Mellom- eller skogbygder	7 866 980	97,9	16 023	53,4	28,4	18,2	2 130
Dal- og fjellbygder.....	5 727 584	73,0	15 197	44,2	37,8	18,0	5 933
Austl. m. Telemark i alt	18508 949	89,8	53 817	53,3	32,7	14,0	17 179
Kystbygder	861 121	67,8	5 041	63,7	28,7	7,6	121
Mellom- eller skogbygder	2 037 215	80,6	4 542	39,1	37,8	23,1	270
Dal- og fjellbygder.....	1 036 057	73,8	1 920	29,5	39,7	30,8	328
Agder i alt.....	3 934 393	76,0	11 503	48,3	34,1	17,6	719
Skiferl. ved Boknfjorden	32 521	55,8	313	80,8	15,7	3,5	25
Jærens sletteland	23 251	67,8	754	95,5	4,1	0,4	32
Andre ytre bygder	1 696 159	62,1	15 277	75,9	20,0	4,1	2 022
Indre bygder	2 449 170	44,8	15 015	63,8	30,1	6,1	3 479
Vestlandet i alt	4 201 101	52,0	31 359	70,6	24,4	5,0	5 558
Kystbygder	352 583	83,9	1 297	61,2	25,6	13,2	240
Ytre fjordbygder.....	618 205	87,6	1 578	43,9	38,3	17,8	205
Bygder ved Trondh.fj..	1 227 848	90,8	5 886	56,4	35,0	8,6	4 866
Dal- og fjellbygder.....	1 813 184	57,7	3 414	37,4	37,3	25,3	1 228
Andre indre bygder....	1 510 934	89,9	2 927	36,4	36,6	27,0	764
Trøndelag i alt.....	5 522 754	78,9	15 102	47,3	35,4	17,3	7 303
Øyar	615 519	3,6	4 764	72,5	23,2	4,3	932
Kystbygder	962 451	11,5	5 672	64,6	28,9	6,5	525
Fjord- og dalbygder ...	1 604 997	14,0	7 943	59,0	33,3	7,7	1 942
Innlandsbygder	1 248 871	35,5	2 800	31,1	42,6	26,3	684
Nord-Noreg i alt.....	4 431 838	18,1	21 179	59,9	31,1	9,0	4 083

¹ Gjeld berre bruk med over 5 dekar jordbruksareal.

Anna areal.

Jordbruksarealet og skogarealet, som er omtala tidlegare, utgjer i alt knapt 81 mill. dekar eller 26,1 prosent av landarealet. «Anna areal» utgjer 228 mill. dekar eller 73,9 prosent. Av dette er 29,3 mill. dekar eller 12,9 prosent oppgjeve å høyra til bruka som var med i teljinga.

Under nemninga «anna areal» kjem tun, vegar, hustomter, utslåtter, hamnehagar og andre utmarksbeite og elles alt som ikkje kjem med under jordbruks- og skogarealet.

Mykje av dette arealet er snauffjell og anna meir og mindre uproduktivt areal, men det er og mykje som gjev beite til husdyra. Noko av «anna areal» er skikka til oppdyrking eller skogreisning og vert etter kvart teke i bruk til desse føremål.

Den geografiske fordelinga av det samla «anna areal» er vist i tabell 1. Oppgåver over «anna areal» ved dei bruk som var med i Jordbruksteljinga 1959, finn ein fylkesvis og etter bruksstorleik i tabellane 2 og 7 i hefte 1. For jordbruksområda finn ein oppgåvene i tabellane 3 og 30 i hefte 4. På side 80 er gjeve ei vurdering av kvaliteten på oppgåvene. I avsnittet «Beite-tilhøve og beitetid» er teke inn oversyn over avkastinga av utmarksbeite.

Areal skikka til oppdyrking.

Med dyrkingsareal eller areal skikka til oppdyrking meiner ein jord som det er føremålstenleg å dyrka. Vurderinga vert gjort av kvar einskild oppgævegjevar. Dyrkingsarealet som vert oppgjeve, er såleis avhengig av om brukarane reknar det som økonomisk føremålstenleg å dyrka arealet med dyrkingsteknikken og pris- og lønstilhøva slik desse vert vurderte på teljings-tidspunktet. Det er såleis ikkje berre spørsmål om det er teknisk mogleg å dyrka jorda. Det er t. d. teknisk mogleg å dyrka mykje av skogarealet, men oftast vil brukaren ikkje finna det føremålstenleg. I mange tilfelle vil brukaren også finna det meir tenleg å planta skog på snaumark enn å dyrka den opp.

Natureng og overflatedyrka jord skikka til fulldyrking skal vera med i oppgåvene.

Denne subjektive vurderinga, ut i frå tilhøva i tida, gjer at dyrkingsarealet kan variera mykje frå teljing til teljing. At tilhøva vert vurderte driftsøkonomisk for kvart einskilt bruk, gjer at dyrkingsarealet totalt sett kan bli av ein heilt annan storleik enn om nærings- eller samfunnsøkonomiske vurderingar vart lagde til grunn for oppgåvene.

Omfanget av oppgåvene over dyrkingsareal har skifta frå teljing til teljing. I 1939 og seinare er det berre teke med areal som høyrer til bruka som var med i teljinga. I 1949 og 1959 vart det skilt mellom areal skikka for fulldyrking og areal skikka berre for overflatedyrking. I 1939 vart dyrkingsarealet delt i natureng, barskog, lauvskog, myr og anna areal. I 1949 vart det skilt mellom fastmark og myr. I 1959 vart det spurt om kor mykje av dyrkingsarealet som var produktiv skog.

Fylgjande oppstilling viser dyrkingsarealet 1939—1959.

	Til fulldyrking Dekar	Berre til overflatedyrking Dekar	I alt Dekar
1939	4 937 000
1949	2 722 000	573 000	3 295 000
1959	2 841 000	743 000	3 584 000

Både areal skikka til fulldyrking og areal skikka berre til overflatedyrking auka frå 1949 til 1959. Auken gjorde seg særleg gjeldande i Nord-Noreg og på Vestlandet. I Agder og einskilde fylke på Austlandet var det nedgang. Særleg stor var nedgangen i Hedmark der dyrkingsarealet minka frå 330 000 dekar til 218 000 dekar.

Som nemnt tidlegare er ikkje desse oppgåvene uttrykk for samla dyrkingsareal i landet. Dei gjeld berre det som høyrer direkte til dei bruka som er med i teljinga. Oppgåvene representerer altså den dyrkingsjorda som er å finna innan det 76 mill. dekar store landarealet ved desse bruka. Resten av landarealet, 233 mill. dekar, er ikkje med i teljinga. Den dyrkingsjorda som finst på dette arealet, kjem såleis heller ikkje med.

Tabell 103 viser bruka kryssgrupperte etter dyrkingsareal og jordbruksareal.

Tabell 103. Bruka kryssgrupperte etter dyrkingsareal og jordbruksareal. 1959.

Jordbruksareal \ Dyrkingsareal	Utan dyrkingsareal	Med dyrkingsareal						Dyrkingsareal i alt Dekar
		Inntil 10 da.	10,1–20 da.	20,1–50 da.	50,1–100 da.	Over 100 da.	I alt	
Kl. 0 ¹	1 108	33	3	7	7	3	53	1 448
» 1.....	199 141	3 897	187	187	68	23	4 362	28 385
» 2.....	27 896	2 336	321	279	84	25	3 045	33 762
» 3.....	14 020	3 729	749	656	192	68	5 394	78 818
» 4.....	24 126	9 258	3 654	2 630	937	284	16 763	322 456
» 5.....	20 053	10 190	5 482	5 319	1 838	836	23 665	659 923
» 6.....	12 437	6 357	4 655	5 299	2 076	985	19 372	692 084
» 7.....	10 538	4 709	4 230	5 801	2 309	1 182	18 231	782 773
» 8.....	5 477	1 620	1 659	2 717	1 222	662	7 880	390 256
» 9.....	7 798	1 329	1 449	2 371	1 288	839	7 276	403 705
» 10.....	2 833	304	354	591	438	350	2 037	153 817
» 11.....	172	10	22	48	46	74	200	28 087
» 12.....	25	—	—	1	4	13	18	8 636
Alle bruk....	325 624	43 772	22 765	25 906	10 509	5 344	108 296	3 584 150
Bruk over 5 dekar ..	97 479	37 506	22 254	25 433	10 350	5 293	100 836	3 520 555

¹ Sjø note tabell 9 side 30.

I alt 108 000 bruk gav opp at dei hadde dyrkingsareal i 1959. Av desse hadde 40 prosent inntil 10 dekar, medan 5 prosent hadde over 100 dekar.

Av dei vel 198 000 bruka med over 5 dekar jordbruksareal var det knapt 101 000 eller 51 prosent som hadde dyrkingsareal. I Troms og Finnmark var det dyrkingsareal ved over 70 prosent av bruka. Mellom 60 og 70 prosent var det i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nordland. Relativt færrest med dyrkingsareal var det i Østfold, med 12 prosent og Vestfold med 15 prosent.

Det oppgjevne dyrkingsarealet svara til 35 prosent av jordbruksarealet i 1959. Ein må vera merksam på at i dyrkingsarealet er medteke natureng og overflatedyrka jord som er rekna skikka til fulldyrking. Dette arealet er frå før medrekna i jordbruksarealet og vil ikkje auka dette ved at det blir fulldyrka.

I Nord-Noreg var dyrkingsarealet om lag like stort som jordbruksarealet i 1959. I Østfold og Vestfold svara derimot dyrkingsarealet berre til 3—5 prosent av jordbruksarealet.

Dei bruka med over 5 dekar jordbruksareal som hadde dyrkingsareal, hadde gjennomsnittleg 35 dekar dyrkingsjord. Gjennomsnittet var størst i Nord-Trøndelag med 54 dekar. I Akershus, Rogaland, Nordland og Troms var det 42—45 dekar. Det var mellom 30 og 40 dekar i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Finnmark, og mellom 20 og 30 dekar i Østfold, Hedmark, Oppland, Vestfold, Vest-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane. I Buskerud, Telemark og Aust-Agder var det 18—20 dekar dyrkingsjord pr. bruk med slikt areal.

Ved jordbruksteljinga i 1959 vart det spurt etter kor mykje av dyrkingsarealet som vart rekna som skikka til drift med 4-hjuls traktor etter oppdyrking.

Av samla dyrkingsareal på knapt 3,6 mill. dekar, vart vel 2,4 mill. dekar (knapt 68 prosent) rekna som skikka for traktordrift.

Det er tidlegare peikt på at 73 prosent av jordbruksarealet vart rekna som skikka til drift med 4-hjuls traktor. Dette skulle tyda på at det som er tenkt til oppdyrking, ikkje er fullt så godt skikka til traktordrift som det som alt er dyrka. Skilnaden er ikkje stor, men den gjer seg gjeldande så å seia over heile landet. I strok med særleg mykje traktorjord på jordbruksarealet, t. d. i Østfold og Vestfold, var skilnaden heller stor.

Av fylka var det berre Telemark, Hordaland og Sør-Trøndelag som synte litt større prosent traktorjord av dyrkingsarealet enn av jordbruksarealet. I dal- og fjellbygdene på Austlandet og i Trøndelag var det relativt sett ein god del meir traktorjord på dyrkingsareala enn på jordbruksarealet.

Oppgåver over dyrkingsareala finn ein i tabell 4 i hefte 1 for fylka og kommunane og i tabell 7 for bruk av ymse storleik i dei einskilte fylke. Tilsvarande oppgåver for jordbruksområda står i tabellane 4 og 30 i hefte 4.

Nydyrking.

Etter oppgåvene til teljinga var nydyrkinga bortimot dobbelt så stor i siste 10-årsperiode som i perioden 1939—1948. Det var særleg arealet av fulldyrka jord som auka.

Tabell 104 viser fulldyrking og overflatedyrking 1939—1948 og 1949—1958 etter oppgåvene til jordbruksteljingane og etter Landbruksdepartementet sine oppgåver over nydyrking med tilskot.

Tabell 104. Nydyrking frå 1939 til 1958. Dekar.

	1939—1948		1949—1958	
	Full- dyrking	Overflate- dyrking	Full- dyrking	Overflate- dyrking
Jordbruksteljinga	261 442	96 567	511 587	130 001
Landbruksdepartementet	345 469	96 401	529 453	272 403

Som ein ser er det dårleg samsvar mellom arealoppgåvene når det gjeld fulldyrka areal i 1939—1948 og overflatedyrka areal i 1949—1958. Skilnaden i overflatedyrka areal 1949—1958 kan ha fleire årsaker. For det eine kan eit areal først ha blitt overflatedyrka og så seinare i 10-året fulldyrka. Det kan då, dersom det har gått minst 5 år mellom dei to dyrkingsformene, bli gjeve statstilskot både til overflatedyrking og fulldyrking. Til jordbruksteljinga er det derimot naturleg å ta med slike areal berre som fulldyrka. Ein må rekna med at ved jordbruksteljinga blir eitt og same areal berre ført opp ein gong. Elles kan tidlegare natureng, som mellombels er gått ut av drift, bli teken i bruk att etter overflatedyrking. Dersom slik natureng både har gått ut av drift og blitt overflatedyrka i perioden 1949—1958, kan slikt areal vera med i tilskotsstatistikken. Det er derimot ikkje rimeleg å ta arealet med som overflatedyrka i jordbruksteljinga, då det både i 1949 og 1959 var å finna i gruppa natureng og overflatedyrka jord. For mange oppgøvegjevarar kan det og vera vanskeleg å ha fullt oversyn over kva som er dyrka i ein 10-årsperiode. Ikkje minst gjeld dette der det har vore brukarskifte i perioden og der det har vore samanslåing av bruk. For bruk som var blitt heilt borte frå jordbruket i tida 1949—1959, fekk ein ikkje registrert eventuell nydyrking.

Fulldyrkinga hadde størst omfang i Hedmark og Oppland og frå Møre og Romsdal og nordover. Overflatedyrkinga hadde størst omfang på Vestlandet.

193 000 dekar av det fulldyrka arealet vart oppgjeve som tidlegare natureng og overflatedyrka jord. 115 000 dekar av det fulldyrka arealet og 28 000 dekar av det overflatedyrka vart oppgjeve som tidlegare produktiv skog.

I Hedmark var 47 prosent av det oppdyrka arealet teke frå produktiv skog og i Vestfold 44 prosent. Bortimot 40 prosent var det i Østfold, Akershus og Troms. I Rogaland og Hordaland var berre om lag 5 prosent teke frå produktiv skog.

Oppgøve over nydyrking i dei einskilde fylke og herad er teke inn i tabell 4 i første hefte frå teljinga. For jordbruksområda finn ein oppgåvene i tabell 4 i fjerde hefte.

Grøfting.

1 690 000 dekar eller 20 prosent av den fulldyrka jorda trong, men mangla grøfting heilt eller delvis i fylgje oppgåvene til teljinga. Dette var det same som i 1949. I 10-årsperioden 1949—1958 var det grave 87,1 mill. meter grøfter mot 36,8 mill. meter i perioden 1939—1948. Oppgåvene gjeld all grøfting i jordbruket, utan omsyn til om det var i samband med fulldyrking, overflatedyrking eller grøfting av tidlegare dyrka jord. Skogsgrøfter, veggrøfter o. l. skal ikkje vera med.

Ein ser at det vart grøfta over dobbelt så mykje siste 10-årsperiode som førre periode, utan at arealet av dyrka jord som trong grøfting minka. Dette kjem for det første av at nydyrkinga var mykje større siste 10-årsperiode, og det var såleis mykje meir grøfting i samband med denne. Elles har krava til jordkultur, og dermed også til grøfting, auka. Det vart såleis også grøfta mykje meir tidlegare dyrka jord i 1949—1958 enn i 1939—1948. Etter oppgøver frå Landbruksdepartementet vart det i 1939—1948 grøfta 222 000 dekar tidlegare dyrka jord med tilskot eller lån frå staten. I 1949—1958 var det 534 000 dekar.

Stort sett er trongen for grøfting av tidlegare dyrka jord størst i leirjordstroka. Der vart det og grave mest grøfter og grøfta størst areal tidlegare dyrka jord. Av fylka står Østfold i særstode. Der vart det grave 16,9 mill. meter grøfter siste 10-årsperiode. Det var langt meir enn i noko anna fylke. I 1959 var det framleis 37 prosent av den dyrka jorda i Østfold som trong grøfting (42 prosent i 1949). Nærast kjem Akershus og Vestfold med 28 og 27 prosent.

Tabell 105. Fulldyrka jord som trong grøfting i 1949 og 1959. Grøfting i perioden 1949—1958.

	Dyrka jord som trong grøfting			Grøfter gravne 1949—1958	Grøfting av tidlegare dyrka jord ¹ 1949—1958
	1959	Prosent			
		1949	1959		
	Dekar			Km	Dekar
Østfold	279 498	42,3	37,1	16 891	121 680
Akershus og Oslo	225 435	27,8	27,7	9 698	50 986
Hedmark	123 379	12,5	13,9	5 862	72 559
Oppland	69 083	9,2	9,6	3 654	32 957
Buskerud	86 475	17,4	19,3	2 731	20 439
Vestfold	120 396	34,9	26,5	10 395	76 912
Telemark	66 967	21,5	24,2	1 818	17 500
Aust-Agder	25 393	14,8	17,7	909	9 294
Vest-Agder	26 839	14,1	14,3	977	6 474
Rogaland	55 626	13,0	12,4	4 643	12 532
Hordaland og Bergen	53 571	13,4	15,7	2 477	6 050
Sogn og Fjordane	46 092	11,5	16,6	1 529	3 173
Møre og Romsdal	79 044	16,2	18,2	4 234	13 196
Sør-Trøndelag	105 373	17,0	16,8	4 361	20 909
Nord-Trøndelag	122 987	20,3	18,4	7 848	37 599
Nordland	126 488	19,2	24,2	6 026	19 929
Troms	63 802	16,0	21,0	2 317	7 746
Finnmark	13 129	16,2	15,7	700	4 533
I alt	1 689 577	20,3	20,1	87 070	534 468

¹ Etter oppgaver frå Landbruksdepartementet over grøfting med tilskot og lån.

Fylkes- og kommuneoppgåver over jord som trong grøfting og gravne grøfter, er tekne inn i tabell 13 i tredje hefte. I fjerde hefte, tabell 25, finn ein oppgåver for jordbruksområda.

Kalking.

På teljings skjemaet i 1959 var det spørsmål om areal kalka i 1958. Ved tidlegare teljingar har det berre vore med spørsmål om utgifter til kalk.

Etter oppgåvene, som gjeld bruk med over 5 dekar jordbruksareal, vart 237 000 dekar eller 2,4 prosent av jordbruksarealet kalka i 1958. Det var relativt mest kalking i Vestfold, Agder, Rogaland og Møre og Romsdal, med mellom 4 og 5 prosent av jordbruksarealet. I Nord-Noreg var det berre 0,4 prosent og i Oppland 0,5 prosent.

Det var knapt 26 000 eller 13 prosent av bruka over 5 dekar som gav oppgåve over kalka areal i 1958. I Møre og Romsdal var det 35 prosent, i Rogaland 32 prosent (på Jæren 42 prosent), i Vestfold og Agderfylka mellom 20 og 30 prosent. I Oppland var det berre 2,2 prosent og i Troms 0,5 prosent.

Tabell 106. Kalking ved bruk over 5 dekar. 1958.

	Bruk med kalka areal		Kalka areal		Kalka areal i dekar pr. bruk med kalking	Utgifter til kjøp av kalk. Kroner pr. dekar kalka areal
	I alt	I prosent av alle bruk over 5 dekar	Dekar	I pst. av heile jordbruksarealet ved bruk over 5 dekar		
Østfold	1 101	15,6	29 348	3,8	26,7	20,85
Akershus og Oslo	790	9,4	16 759	2,0	21,2	24,02
Hedmark	1 180	6,9	15 754	1,6	13,4	27,21
Oppland	336	2,2	4 659	0,5	13,9	22,85
Buskerud	1 057	11,7	14 592	2,9	13,8	25,53
Vestfold	1 308	23,5	20 638	4,5	15,8	25,38
Telemark	716	9,1	6 012	1,9	8,4	23,62
Aust-Agder.....	1 155	21,9	6 894	4,5	6,0	26,33
Vest-Agder.....	1 693	23,4	8 790	4,1	5,2	29,23
Rogaland	3 708	31,9	29 829	4,8	8,0	21,47
Hordaland						
og Bergen	1 984	13,2	11 983	2,2	6,0	21,17
Sogn og Fjordane	1 752	15,5	9 032	1,9	5,2	24,98
Møre og Romsdal	5 433	35,2	27 813	4,7	5,1	21,28
Sør-Trøndelag ...	1 576	13,0	13 310	1,9	8,4	18,93
Nord-Trøndelag .	1 412	13,4	16 387	2,3	11,6	14,88
Nordland	581	2,7	3 832	0,5	9,7	21,16
Troms	63	0,5	349	0,1	5,5	24,16
Finnmark	109	2,3	906	0,7	8,3	34,19
I alt.....	25 954	13,1	236 887	2,4	9,1	22,60

Tabell 106 viser og kor stor del av jordbruksarealet som var kalka i dei einskilde fylka og gjennomsnittleg kalka areal ved dei bruk som har gjeve opp kalking.

Utgifter til kjøp av kalk var for 1958 oppgjeve til 5,4 mill. kroner mot 4,0 mill. i 1948. I 1958 vart det i medel kr. 22,60 pr. dekar kalka areal.

Utgiftene var størst i Finnmark, minst i Trøndelag. Utgiftene til kjøp av kalk heng m. a. saman med kva kalkingsmiddel ein nyttar og transportutgiftene.

Utgiftene pr. dekar kalka areal var større i dal- og fjellbygdene enn i dei andre jordbruksområda.

Oppgåve over kalking er gjeve for fylka etter bruksstorleik i tabell 13 i tredje hefte og for jordbruksområda i tabell 25 i fjerde hefte.

Seterbruk.

Ved jordbruksteljinga i 1907 vart det for første gong henta inn statistiske oppgåver over seterbruket. Det vart den gongen spurt etter kor mange setrar som var i bruk, kor lenge setertida varte, og kor mange dyr som var på setra.

Nye oppgåver vart henta inn ved teljinga i 1939. Forutan dei same spørsmåla som i 1907 vart det i 1939 også spurt om det var bilveg eller annan køyreveg til setra og om det vart kinna og ysta der.

Ved teljinga i 1949 vart det berre spurt om bruka hadde seter som var

i bruk til vanleg seterdrift, og om så var, kor mange setrar eller kor stor part dei hadde i setrar.

Resultata frå teljinga i 1907 finn ein i tabellane 4 og 7 i første hefte av Jordbrukstillingen 1907 (NOS V 85). I oversynsheftet (NOS V 145, side 114—117) er det ein omtale av oppgåvene.

Resultata frå teljinga i 1939 finn ein for fylka i tabell 14 i andre hefte av Jordbrukstillingen 1939 (NOS X 9). For dei naturlege jordbruksområda finn ein tala i tabell 14 i tredje hefte (NOS X 40). På side 99—109 i same heftet er det gjeve eit oversyn over teljingsresultata.

For 1949-teljinga er fylkestala tekne inn i tabell 16 i andre hefte frå teljinga (NOS XI 71). Tala for jordbruksområda finn ein i tabell 24 i tredje hefte (NOS XI 87). I fjerde hefte (NOS XI 103) er det gjeve eit oversyn over teljingsresultata.

Ved teljinga i 1959 vart det berre spurt om bruka hadde seter eller del i seter som var i bruk til vanleg seterdrift. Med vanleg seterdrift meiner ein at dyra vert haldne ved setra i kortare eller lengre tid om sommaren og er under oppsyn og røkt i samband med seterhusa. At dyra går på sjølvstyr i seterområdet blir ikkje rekna som seterdrift. Resultata for fylka er tekne inn i tabell 2 i tredje hefte frå teljinga. For jordbruksområda finn ein resultat i tabell 17 i fjerde hefte.

Det var i alt knapt 13 700 bruk som gav opp at dei hadde seter eller del i seter som var i bruk til vanleg seterdrift i 1959. I 1949 var det vel 22 600 bruk og i 1939 vel 26 400.

Seterbruket er sterkt avgrensa geografisk. Dal- og fjellbygdene på Austlandet, indre bygder på Vestlandet og dal- og fjellbygdene i Trøndelag hadde i alt knapt 10 600 eller 77,2 prosent av alle bruka med seter i 1959. Oppland fylke åleine hadde 4 336 bruk med seter eller over dobbelt så mange som noko anna fylke. Det var også i Oppland nedgangen frå 1949 var minst.

6,9 prosent av bruka over 5 dekar hadde seter eller del i seter i 1959, mot 10,6 prosent i 1949. Nedgangen var relativt sterkast i dei strok der det var lite seterbruk i 1949. I dei mest typiske seterstrokk var nedgangen relativt mindre, men sterkt varierende. Dette ser ein av fylgjande oppstilling:

	Prosent bruk med seter	
	1949	1959
IV. Dal- og fjellbygder på Austlandet		
Hedmark	48,9	41,4
Oppland	48,9	45,1
Buskerud	49,0	43,5
Telemark	16,8	7,0
XI. Indre bygder på Vestlandet		
Rogaland	3,0	0,6
Hordaland	28,7	14,4
Sogn og Fjordane	56,0	27,4
Møre og Romsdal	30,6	12,2
XV. Dal- og fjellbygder i Trøndelag		
Sør-Trøndelag	33,7	24,9
Nord-Trøndelag	22,3	10,1

Seterbruket har halde seg godt oppe i dal- og fjellbygdene i Hedmark, Oppland og Buskerud.

For 1939 og 1949 har ein oppgåver både over talet på bruk med seter og over talet på settrar, for 1959 berre over talet på bruk med seter. I 1939 var det gjennomsnittleg 1,15 settrar pr. bruk med seter. I 1949 var det 0,96.

Utviklinga gjekk sikkert i same lei i perioden 1949—1959. Det har blitt mindre vanleg at eit bruk har meir enn ei seter, og det har blitt meir vanleg med fellesettrar. Sjølv seterdrifta er og blitt omlagt i mange strom. Tidlegare var drifta i stor mon basert på produksjon av smør og ost på setra. I mange strom er det no bygd bilveg fram til setrane slik at mjølka kan leverast til meieri. Dei største problema for seterbruket har vore vanskelege transporttilhøve og mangel på arbeidshjelp. Det er i første rekkje desse problema som er freista løyst ved fellesettrar.

Beitetilhøve og beitetid.

Ved jordbruksteljinga i 1959 vart det spurt om kor lang den vanlege beitetida var og kor mykje av beitetida som fall på jordbruksarealet (kulturbeite, håbeite m. v.). Ein skulle ha svar på dette for kyr og sau. I 1949 vart det også spurt om beitetida for hest, ungfø og geit. Berre bruka over 5 dekar skulle gje oppgåver.

I 1959 vart det dessutan spurt om det vart beita i produktiv skog, om bruka hadde beite i sameige eller rett til beite i allmenning eller på andre bruk.

Oppgåver over beitetid og beitetilhøve er gjevne for bruk av ulik storleik, fylkesvis og for heile landet i tabell 2 i tredje hefte. Oppgåver for jordbruksområda finn ein i tabellane 16 og 17 i fjerde hefte.

Etter oppgåvene i 1959 var gjennomsnittleg beitetid for ku 126 dagar. Av dette fall 77 dagar på jordbruksarealet. Tilsvarande dagtal i 1949 var 119 og 61. Beitetida i alt auka såleis med 7 dagar og beitetida på kulturbeite m. v. med 16 dagar.

Tabell 107. Beitetid og beitetilhøve ved bruk av ulik storleik.

	Beitetid i pst. av året		Beitetid på jordbruksareal i pst. av beitetid i alt		Pst. bruk med høve til beiting i sameige eller ved bruksrett	Pst. bruk med beiting i produktiv skog
	Ku	Sau	Ku	Sau		
Kl. 3. 5,1— 10 dekar..	32,3	46,0	39,8	26,8	39,5	15,8
» 4. 10,1— 20 » ..	32,9	45,8	42,5	26,9	47,8	26,8
» 5. 20,1— 35 » ..	33,4	46,0	47,5	27,4	50,3	35,5
» 6. 35,1— 50 » ..	34,0	47,4	55,6	27,7	49,9	37,8
» 7. 50,1— 75 » ..	34,5	49,0	61,1	29,1	48,6	37,6
» 8. 75,1— 100 » ..	35,1	51,2	67,2	31,6	43,2	34,1
» 9. 100,1— 200 » ..	35,3	51,5	73,6	34,0	36,8	28,8
» 10. 200,1— 500 » ..	35,3	49,3	78,3	39,4	31,5	20,8
» 11. 500,1—1000 » ..	38,1	47,9	86,3	38,9	36,6	14,2
» 12. Over 1000 » ..	37,0	45,8	92,6	20,4	20,9	9,3
I alt 1959	34,5	48,2	61,1	29,0	46,4	31,4
I alt 1949	32,6	45,8	51,3	22,8

Tabell 108. Beitetid og beitetilhøve i einsskilte fylke og jordbruksområde. 1959.¹

	Beitetid i pst. av året		Beitetid på jordbruksareal i pst. av beitetid i alt		Pst. bruk med høve til beiting i sameige eller ved bruksrett	Pst. bruk med beiting i produktiv skog
	Ku	Sau	Ku	Sau		
Fylka:						
Østfold	33,7	42,5	79,7	34,2	9,5	14,8
Akershus	34,2	38,6	72,0	29,1	29,6	24,1
Hedmark	33,4	38,6	54,9	25,5	52,4	35,9
Oppland	33,2	40,5	38,0	21,6	69,8	51,9
Buskerud	32,9	39,7	46,7	20,7	39,1	37,2
Vestfold	34,5	42,7	82,5	38,5	11,9	17,6
Telemark	34,5	41,6	65,1	23,7	16,0	23,8
Aust-Agder	34,0	44,7	72,6	24,5	21,7	22,1
Vest-Agder	38,4	53,2	70,0	36,1	15,3	21,4
Rogaland	42,2	67,9	83,8	43,5	16,4	11,2
Hordaland	35,1	52,1	59,4	32,6	40,4	21,7
Sogn og Fjordane	35,1	49,0	46,9	21,8	70,8	39,2
Møre og Romsdal	35,3	45,5	67,4	23,5	55,5	24,7
Sor-Trøndelag	32,3	41,6	65,3	22,4	48,8	41,0
Nord-Trøndelag	33,2	40,5	76,0	24,3	38,7	27,0
Nordland	32,1	41,4	37,6	19,9	66,4	35,8
Troms	28,2	37,0	30,1	22,2	77,7	57,5
Finnmark	26,0	36,4	21,1	14,3	55,3	10,1
Jordbruksområda:						
Søraustlege slettebygder	34,2	40,3	77,6	34,0	16,0	17,3
Silurb. inne i landet	34,8	40,8	59,1	27,5	62,3	27,4
Mellom- eller skogbygder	33,7	39,5	62,6	24,3	33,9	34,5
Dal- og fjellbygder	32,3	40,0	30,5	21,9	60,1	52,6
Austl. m. Telemark i alt	33,7	40,0	58,5	23,3	40,0	33,1
Kystbygder	37,5	58,9	70,8	42,3	14,2	10,3
Mellom-ellerskogbygder	37,8	51,2	73,2	29,4	14,3	27,2
Dal- og fjellbygder	33,2	46,0	64,5	28,6	35,3	39,0
Agder i alt	36,7	49,6	70,9	31,5	18,0	21,7
Skiferl. ved Boknfjorden	42,7	72,9	67,3	44,4	15,1	13,3
Jærens sletteland	43,0	77,0	87,9	52,3	3,2	2,1
Andre ytre bygder	36,7	55,6	67,9	36,5	43,4	16,0
Indre bygder	35,3	51,0	55,8	25,3	61,5	42,3
Vestlandet i alt	37,5	55,9	67,9	33,8	45,9	24,0
Kystbygder	34,5	49,3	69,8	29,4	37,2	13,8
Ytre fjordbygder	33,2	41,4	77,7	22,5	40,3	29,8
Bygder ved Trondh.fj.	33,4	40,5	80,3	23,6	41,6	30,0
Dal- og fjellbygder	29,6	37,8	40,7	20,3	67,2	59,9
Andre indre bygder	32,9	40,0	74,2	21,2	32,6	41,7
Trøndelag i alt	32,6	41,1	70,6	23,3	44,1	34,5
Øyar	31,2	41,9	36,0	19,6	73,1	26,4
Kystbygder	31,0	40,5	38,9	20,3	65,0	38,5
Fjord- og dalbygder	29,0	36,4	30,2	21,8	69,6	50,4
Innlandsbygder	29,3	34,2	30,8	16,0	61,0	57,3
Nord-Noreg i alt	30,1	39,2	34,5	20,3	68,8	39,9

¹ Rikstal sjå tabell 107 side 137.

Gjennomsnittleg beitetid for sau var 176 dagar i 1959. 51 av beitedagane fall på jordbruksarealet. I 1949 var dei tilsvarande dagtal 167 og 38. Medan den totale beitetida auka med 9 dagar, auka beitetida på jordbruksarealet med 13 dagar.

Tabell 107 viser m. a. beitetida i alt i prosent av året og beitetida på jordbruksarealet i prosent av total beitetid ved bruk av ulik storleik.

Det er ikkje særleg stor skilnad mellom bruksklassane når det gjeld total beitetid. Når det gjeld beite på jordbruksarealet, derimot, er det stor skilnad mellom bruk av ymse storleik, særleg for ku. Det fell ein stadig større part av beitetida til kyrne på jordbruksarealet di større bruka er. Berre ved bruk under 35 dekar vart det beita lengre på utmarksbeite o. l. enn på jordbruksarealet.

Kulturbeite o. l. spelar langt mindre rolle for sauene enn for kyrne. Sjølv om det også for sauene var relativt meir beiting på jordbruksarealet med aukande bruksstorleik, var skilnaden mellom klassane langt mindre enn for kyrne.

Tabell 108 gjev oppgåver for fylka og jordbruksområda.

Beitetida var lengst i Rogaland og særleg lang på Jæren. Der var og beitetida på jordbruksarealet, både rekna i dagar og i høve til beitetid i alt, lengre enn elles i landet. Finnmark og Troms hadde kortast beitetid i alt og relativt minst beiting på jordbruksareal. Oppgåvene for jordbruksområda viser at beitetida var kortast i dal- og fjellbygdene og indre bygder elles. Jamt over fall ein relativt liten part av beitetida på jordbruksarealet i desse områda. Fjellbeite og andre utmarksbeite spela såleis ei særleg stor rolle.

Oversyn over kulturbeite i dei ymse distrikt er gjeve i avsnittet «Kulturbeite», side 125.

Tabell 109 viser kor stor del beitefôret utgjer av samla årsfôr til dei ymse dyreslag og korleis beitet fordeler seg på jordbruksareal og utmarksbeite.

Tabell 109. Beite fordelt på beitedyr og beiteart.

	Beite i alt				Fordeling av beitefôret 1959			
	1000 f.e.		I pst. av årsfôret		På jordbruksareal 1000 f.e.	Utmarksbeite 1000 f.e.	Prosent	
	1949	1959	1949	1959			På jordbruksareal	Utmarksbeite
Hest.....	122 500	72 900	28,9	30,0	43 700	29 200	60,0	40,0
Storfe	537 800	597 700	29,8	31,5	409 000	188 700	68,4	31,6
Av dette								
mjølkekyr	433 200	456 000	30,5	32,8	319 200	136 800	70,0	30,0
Sau	177 600	211 000	53,3	60,2	61 200	149 800	29,0	71,0
Geit	16 000	12 600	53,5	48,4	1 900	10 700	15,0	85,0
I alt	853 900	894 200	33,0	35,5	515 800	378 400	57,7	42,3

Samla beitefôr vart utrekna til 894 mill. f. e. i 1959 mot 854 mill. i 1948.

Beiteprosenten som var 33 i 1949, auka til vel 35 i 1959.

Dersom ein ser beitefôret i høve til samla årsfôr for alle husdyr (unnta teke pelsdyr), utgjorde beitet 30 prosent i 1959 mot 28 prosent i 1949.

Det var beite på jordbruksarealet (kulturbeite) som auka. I 1959 vart beite på jordbruksareal utrekna til 516 mill. f. e., mot 384 mill. i 1949. Utmarksbeitet vart samstundes redusert frå 470 til 378 mill. f. e. I 1949 utgjorde

utmarksbeita 55 prosent av alt beitefôret, i 1959 42 prosent. Utmarksbeitet utgjorde ein særleg stor del av samla beitefôr til sau og geit.

Av tabell 110 ser ein kor stor del av beitet som fall på dei einiskilde dyreslag i 1959, jamført med 1949.

Tabell 110. Beitefôret prosentvis etter dyreslag.

	Beitefôr i alt		Beite frå jordbruksareal		Utmarksbeite	
	1949	1959	1949	1959	1949	1959
Hest	14,3	8,2	17,8	8,5	11,5	7,7
Storfe	63,0	66,8	71,0	79,3	56,4	49,9
Av dette mjølkekyr.....	..	51,0	..	61,9	..	36,1
Sau	20,8	23,6	10,6	11,8	29,2	39,6
Geit	1,9	1,4	0,6	0,4	2,9	2,8
I alt.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

To tredjepartar av alt beitet fall på storfeet i 1959 (over halvparten på mjølkekyrne åleine). Storfeet tok ein større del av beitet på jordbruksarealet i 1959 enn i 1949, men ein mindre del av utmarksbeitet. Ein gjer merksam på at i 1949 vart beitedagar på jordbruksareal og utmarksbeite rekna som jamverdige. I 1959 vart det for kyrne rekna med at ein beitedag på jordbruksareal representerte ei større førmengd enn ein beitedag på utmarksbeite.

To femtepartar av alt utmarksbeitet fall på sauene i 1959.

Utmarksbeite spelar framleis ei relativt stor rolle for husdyrhaldet, særleg i visse strok og for dyreslag som sau og geit. Likevel har samla beiteavkasting frå utmark utgjort ein stadig mindre del av samla førmengd. Dette ser ein av fylgjande oppstilling:

	1939	1949	1959
Utmarksbeite i 1000 f.e.	530 000	470 000	378 000
Utmarksbeite i pst. av årsfôret til hest, storfe, sau og geit	20,6	18,2	15,0
Utmarksbeite i pst. av årsfôret til alle husdyr (unnateke pelsdyr)	17,7	15,3	12,8

I alt 92 000 bruk, dvs. 46 prosent av alle bruk over 5 dekar, gav opp at dei hadde høve til beiting i sameige eller ved beiterett i allmenning eller på andre bruk. Ein stor del av desse har beite også på eige bruk, men ein veit ikkje kor mange det er.

Av tabell 107 ser ein at det var relativt flest med beite utanom eige bruk i storleiksklassane mellom 20 og 75 dekar. Tabell 108 viser at dei distriktsvise variasjonane var svært store. Fylkesvis varierte det mellom 78 prosent i Troms og 10 prosent i Østfold og områdevis mellom 73 prosent på øyane i Nord-Noreg og 3 prosent på Jæren.

Det var i alt vel 62 000 eller 31 prosent av bruka over 5 dekar som gav opp at det vart beita i produktiv skog.

Det var relativt flest med beiting i skog i bruksklassen mellom 20 og 100 dekar. I Troms var det 58 prosent og i Oppland 52 prosent som gav opp at det vart beita i produktiv skog, mot 10—11 prosent i Finnmark og Rogaland. Beiting i produktiv skog var langt vanlegare i dal- og fjellbygdene og indre bygder elles enn i dei andre jordbruksområda.

I avsnittet «Seterbruk» har ein gjeve eit oversyn over talet på bruk der det vart drive seterdrift.

Avling.

Ved utgangen av kvar månad frå mai til september sender landbruksdirektøren ut meldingar om vokstertilhøva og avlingsvonenene for jordbruks- og hagebruksvokstrane. Ved utgangen av september vert det gjort ei førebels utrekning av avlingsmengdene. I år med sein innhausting vert dette gjort ved utgangen av oktober.

Byrået reknar ut dei endelege avlingsmengdene for jordbruksvokstrane etter arealoppgåvene frå dei årlege representative jordbruksteljingane og oppgåver frå jordstyra over avling pr. dekar. Denne ordninga går attende til 1925. Før den tid bygde oppgåvene over avlinga på 5-årsmeldingar frå lensmennene.

Jordstyra gjev også oppgåver over årets avling i høve til «medelåret». Medelåret er ikkje det faktiske gjennomsnitt av avlingane gjennom fleire år, men nærast det ein reknar med å få i jamt gode år. I avlingsstatistikken er medelåret definert som «den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvonenene».

Det er berre høyet som gjennom ei lengre årrekke kjem opp i om lag 100 prosent av medelårsavling. For åkervokstrane ligg gjennomsnittsprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92, og for samla avling på 95 prosent. Medelårsavlingane vert såleis vurderte noko for høgt. Likevel skulle dei gje eit brukbart uttrykk for den trendmessige utviklinga av avling pr. dekar.

Korn, grønfôr, poteter, rotvokstrar og fôrmergkål, høy og halm er med i avlingsstatistikken for jordbruket. Derimot har ein ikkje med avkastning av beita. Høyavlingane er rekna ut for heile arealet av eng til slått og gjeld såleis også eng der slåtten er lagt i silo. Andre gongs slått til høy vert rekna med, men hå som er nytta til silo eller beite, er ikkje rekna med i høyavlinga. Avlinga gjeld no hovudsakleg første gongs slått.

Avlingsstatistikken for hagebruket går attende til 1933 og gjeld frukt, hagebær og dei viktigaste grønnsaker på friland og under glas. Oppgåvene både for areal, talet på tre og buskar og avling pr. eining vert gjevne av fylkesgartnarane. Dei åra det er fullstendige jordbruksteljingar blir oppgåvene over areal, tretal m. v. henta frå desse.

Jordbruket.

Tabell 111 viser avling pr. dekar for dei viktigaste vokstrane frå 1925 til 1961, avling pr. dekar i prosent av medelår 1900—1961 og utrekna medelårsavling pr. dekar 1925—1961.

Tabell III. Avling pr. dekar.

	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Bland- korn	Pote- ter	Fôr- nepe	Kål- rot	Høy ¹ frå		F.e. pr. dekar hausta areal
									eng på full- jord	natur- eng ²	
Avling i kg pr. dekar											
1925—29	171	173	187	187	197	1 777	3 985	3 509	422	222	177
1930—34	167	177	189	186	191	1 800	3 920	3 652	417	230	182
1935—39	202	194	206	219	224	1 736	3 920	3 561	459	226	200
1940—44	167	174	182	177	199	1 709	3 759	3 282	398	217	184
1945—49	199	190	218	209	229	1 879	3 765	3 202	494	275	218
1950....	209	214	237	231	250	1 892	4 270	4 166	578	314	246
1951....	165	185	224	220	230	1 735	3 839	3 848	505	279	222
1952....	193	214	231	201	231	2 049	4 206	4 199	550	310	239
1953....	225	221	254	248	258	2 225	5 284	5 081	590	322	263
1954....	205	219	240	228	245	2 072	4 756	4 188	595	339	259
1955....	174	197	207	167	193	1 748	4 139	3 498	473	291	209
1956....	269	270	274	275	288	2 395	4 237	4 683	563	343	271
1957....	213	230	233	224	239	1 830	4 466	4 314	611	374	262
1958....	211	221	234	225	231	2 249	4 375	4 623	554	340	254
1959....	215	214	216	182	170	1 938	4 766	3 983	574	368	243
1960....	251	255	276	266	277	2 196	4 903	5 111	634	398	288
1961....	283	304	278	280	281	2 293	4 829	5 551	617	374	287
Avling i prosent av medelår											
1900—59	90	91	91	90	92	90	89	..	97		94
1950—54	89	93	94	94	95	90	93	94	103	98	98
1955—59	86	90	87	83	84	88	89	88	95	95	91
1950....	94	96	97	97	97	86	93	94	108	103	102
1951....	75	84	90	92	91	79	83	85	92	89	90
1952....	85	95	90	83	88	94	89	93	101	99	96
1953....	102	97	101	103	103	100	107	107	107	97	104
1954....	91	92	94	94	96	92	95	89	106	102	101
1955....	74	82	80	67	71	77	84	74	81	83	79
1956....	109	108	103	108	108	104	86	99	98	96	101
1957....	85	92	87	86	88	80	90	91	106	104	96
1958....	84	87	88	86	87	98	89	96	94	93	92
1959....	81	81	79	70	65	83	94	79	97	98	87
1960....	98	95	103	101	104	95	97	104	105	104	103
1961....	105	111	103	105	104	98	95	107	101	99	101
Utrekna medelårsavl i kg pr. dekar											
1925....	180	195	203	201	206	1 900	4 191	—	409	233	180
1939....	215	209	231	234	243	2 078	4 619	4 347	481	241	216
1949....	227	217	247	239	269	2 204	4 695	4 459	526	305	239
1954....	225	238	254	242	255	2 259	5 007	4 707	559	333	257
1959....	267	263	273	260	264	2 343	5 082	5 031	594	374	278
1960....	257	267	268	263	267	2 305	5 033	4 934	602	382	280
1961....	269	275	271	268	270	2 348	5 085	5 190	610	377	285

¹ Gjeld ikkje gjenvekst til silo og beite. 1. slått til silo rekna som høy. ² Seterlykkjer og utslåtter ikkje med.

Medelårsavlingane for dei einskilde vokstrar auka med 21 til 62 prosent frå 1925 til 1961. Relativt størst var auken for høy, noko mindre for korn og minst for potet og rotvokstrar. For samla avling, rekna i føreiningar, var auken 58 prosent. Dette talet er elles ikkje berre eit uttrykk for avlingsauken pr. dekar. Arealfordelinga verkar og inn.

Tabell 112 viser avlinga i jordbruket frå 1949 til 1961.

Tabell 112. Avlinga i jordbruket.

	Korn og erter	Grøn- fôr	Potet	Rot- vokst- rar	Høy ¹	Halm	I alt mill. f.e.	Utrekna medel- årsav- ling i mill. f.e.	Avling i året i pst. av me- delår
	1000 tonn								
1949.....	329	83	1 099	647	3 060	443	1 977	2 036	97
1950.....	358	65	1 116	724	3 205	515	2 084	2 049	102
1951.....	344	68	1 015	661	2 741	523	1 860	2 072	90
1952.....	358	60	1 187	675	2 962	516	1 999	2 084	96
1953.....	433	58	1 249	913	3 155	574	2 201	2 115	104
1954.....	433	58	1 130	737	3 114	609	2 150	2 138	101
1955.....	362	50	981	597	2 444	402	1 718	2 189	79
1956.....	545	60	1 392	724	2 859	667	2 230	2 216	101
1957.....	487	66	1 010	677	3 062	623	2 163	2 248	96
1958.....	489	62	1 202	744	2 752	584	2 081	2 252	92
1959.....	448	57	1 071	673	2 753	408	1 959	2 243	87
1960.....	606	54	1 247	836	3 034	662	2 338	2 275	103
1961.....	637	48	1 222	850	2 936	652	2 322	2 300	101

¹ Sjå note 1 tabell 111.

Tabell 113. Gjennomsnittleg avling pr. år i 5-årsperiodar.
1000 tonn.

	1906— 1910	1916— 1920	1926— 1930	1936— 1940	1946— 1950	1956— 1960
Kveite	8	19	19	69	67	29
Rug	25	20	14	9	3	2
Bygg	65	106	106	113	90	331
Havre	167	227	187	183	167	147
Blandkorn	11	19	13	10	10	5
Erter	6	4	2	2	1	1
Korn og erter i alt	282	395	341	386	338	515
Poteter	583	842	823	972	1 158	1 184
Fôrnepe	} 281	322	487	459	231	169
Kålrot			105	255	285	372
Fôrbete	94	75
Fôrmergkål	40	115
Poteter og rotvokstrar i alt	864	1 164	1 415	1 686	1 808	1 915
Høy ¹	2 231	2 125	2 384	2 607	2 848	2 892
Halm	539	631	531	571	474	589
Grønfor	78	60
Stråfor i alt	2 770	2 756	2 915	3 178	3 400	3 541
I mill. f.e.:						
Korn og erter	253	355	309	354	310	485
Poteter og rotvokstrar	155	216	235	283	323	338
Stråfor ¹	1 024	1 004	1 083	1 182	1 286	1 325
I alt	1 432	1 575	1 627	1 819	1 919	2 148

¹ Sjå note 1 tabell 111.

Samla förverdi av dei jordbruksvokstrane som er med i avlingsstatistikken, har jamt over vore 2 200—2 300 millioner f. e. dei siste åra.

Tabell 113 viser gjennomsnittleg avling pr. år i nokre 5-årsperiodar etter 1900.

Dei einskilde vokstrane har hatt ei noko skiftande utbreiing dei siste 50 åra. Under krig og avsperring vert meir enn elles av areala nytta til matvokstrar, men samstundes vil avling pr. dekar ha lett for å minka.

Tabell 114 viser areal og avling av dei einskilde vokstrar i heile landet i 1959.

Tabell 114. Avling av ymse jordbruksvokstrar. 1959.

	Areal. Dekar	Avling		Prosent av medelår	Kvalitet ²
		Kg pr. dekar	Tonn		
Kveite	92 555	215	19 864	81	4,4
Rug	10 831	214	2 316	81	4,6
Bygg	1 409 303	216	304 357	79	4,3
Havre	647 043	182	117 458	70	4,3
Blandkorn	20 263	178	3 612	68	4,6
Erter (til mogning)	1 685	205	346	88	..
Korn og erter i alt	2 181 680	205	447 953	76	4,3
Poteter	552 478	1 938	1 070 641	83	4,0
Førnepe	35 382	4 766	168 626	94	4,0
Kålrot	81 514	3 983	324 687	79	4,2
Førbete	13 799	5 565	76 797	100	4,4
Førmergkål	21 114	4 893	103 302	86	4,5
Grønfor (tørt)	114 109	497	56 744	88	4,0
Høy frå eng på fulldyrka jord ¹	4 303 025	574	2 471 830	97	4,3
Høy frå natureng og overflate- dyrka jord ¹	763 496	368	280 961	98	4,0
Halm	2 181 680	187	408 190	65	4,2
I alt mill. føreiningar	1 959	87	..

¹ Sjå note 1 tabell 111. ² Kvalitetsgradering: 5 = særsgod, 4 = mykje god, 3 = god, 2 = mindre god, 1 = dårleg.

Tabell 116 viser avlinga av dei einskilde vokstrane delt på fylke og jordbruksområde. For dei viktigaste grupper av vokstrar viser tabellen også kor stor avlinga var i forhold til eit medelår.

1959 var eit dårleg avlingsår over Austlandet. Dette kom særleg av at det var uvanleg tørt i veksttida. Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg hadde over medelårsavling i 1959. Eit enkelt år, slik som t.d. 1959, er såleis mindre godt skikka for jamføring av avlingsmengdene i dei ymse distrikt. I tabell 115 er det difor sett opp ei jamføring som byggjer på medelåret (rekna i føreiningar). Tabellen gjev samstundes ei jamføring med medelåret i 1949.

Tabell 115. Samla avling av einskilde avlingsgrupper, prosentvis etter fylke og jordbruksområde. Rekna etter medelår i 1949 og 1959.

	1949					1959				
	Korn	Pote-ter	Rot-vokst-rar	Strå-før	I alt	Korn	Pote-ter	Rot-vokst-rar	Strå-før	I alt
Riket.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Fylka:										
Østfold	12,8	7,3	11,8	6,2	7,6	15,5	6,2	10,5	5,6	8,3
Akershus og Oslo	14,4	8,0	10,0	7,0	8,4	14,5	6,5	10,2	5,8	8,2
Hedmark	15,5	12,4	12,9	9,0	10,7	16,7	12,1	11,8	8,4	11,1
Oppland	14,0	10,9	5,9	8,5	9,6	11,3	11,3	6,1	8,5	9,5
Buskerud	6,9	4,3	5,1	4,8	5,1	7,4	3,8	4,7	4,4	5,1
Vestfold	7,5	6,7	9,5	3,9	5,1	10,2	6,5	8,7	2,9	5,4
Telemark	2,5	3,6	3,3	3,1	3,1	2,5	3,2	2,8	2,9	2,8
Aust-Agder	1,0	2,1	1,3	1,7	1,7	0,6	2,0	1,9	1,6	1,4
Vest-Agder	0,9	2,2	1,2	2,5	2,1	0,4	1,9	2,0	2,4	1,9
Rogaland	4,5	9,1	16,7	5,3	6,1	4,0	9,6	20,6	5,8	6,4
Hordaland og Bergen	0,4	4,4	1,2	6,2	4,8	0,1	3,9	2,0	6,4	4,3
Sogn og Fjordane	0,5	3,3	1,2	5,6	4,3	0,1	3,5	2,2	6,3	4,2
Møre og Romsdal	2,0	5,1	3,1	7,3	6,0	1,3	5,5	3,9	7,8	5,8
Sør-Trøndelag	6,7	5,2	5,4	8,0	7,3	5,4	5,9	4,6	8,4	7,2
Nord-Trøndelag	9,8	8,2	10,4	6,3	7,3	9,7	10,8	7,5	7,1	8,2
Nordland	0,5	4,7	0,9	8,3	6,3	0,3	4,7	0,4	8,8	5,9
Troms	0,1	2,3	0,1	5,1	3,7	0,0	2,3	0,1	5,4	3,4
Finnmark	0,0	0,2	0,0	1,2	0,8	0,0	0,3	0,0	1,5	0,9
Jordbruksområda:										
Soraustlege slettebygder	32,7	21,3	32,0	16,0	20,0	37,9	18,6	29,5	13,2	20,7
Silurbygdene inne i landet	19,0	15,2	14,8	7,3	10,6	19,6	14,8	13,1	6,0	10,8
Mellom- eller skogbygder	15,3	11,3	9,1	10,3	11,2	16,0	10,5	9,6	9,5	11,2
Dal- og fjellbygder	6,6	5,4	2,6	8,9	7,8	4,6	5,7	2,6	9,8	7,7
Austlandet med Telemark i alt	73,6	53,2	58,5	42,5	49,6	78,1	49,6	54,8	38,5	50,4
Kystbygder	1,0	2,1	1,8	1,7	1,7	0,6	1,9	2,6	1,5	1,4
Mellom- eller skogbygder	0,7	1,6	0,7	1,6	1,4	0,3	1,4	1,2	1,7	1,3
Dal- og fjellbygder	0,2	0,6	0,1	0,9	0,7	0,1	0,6	0,1	0,8	0,6
Agder i alt	1,9	4,3	2,6	4,2	3,8	1,0	3,9	3,9	4,0	3,3
Skiferlandsk. ved Boknfjord. .	0,2	0,6	1,3	0,4	0,4	0,2	0,6	1,5	0,4	0,4
Jærens sletteland	3,3	5,6	12,1	2,3	3,2	3,1	6,2	13,5	2,5	3,5
Andre ytre bygder	1,8	9,0	3,9	12,2	9,8	0,9	8,2	6,4	13,4	9,4
Indre bygder	2,2	6,7	4,8	9,6	7,9	1,3	7,5	7,3	10,0	7,4
Vestlandet i alt	7,5	21,9	22,1	24,5	21,3	5,5	22,5	28,7	26,3	20,7
Kystbygder	1,0	1,3	0,6	1,5	1,4	0,6	1,6	0,7	1,8	1,4
Ytre fjordbygder	1,5	1,2	1,5	1,6	1,5	1,2	1,6	1,1	1,8	1,6
Bygder ved Trondheimsfj.	10,0	8,0	9,6	6,2	7,2	9,6	9,8	7,2	6,6	7,8
Dal- og fjellbygder	1,1	1,1	0,6	2,5	2,0	0,8	1,2	0,8	2,6	1,9
Andre indre bygder	2,9	1,8	3,5	2,5	2,5	2,9	2,5	2,3	2,7	2,7
Trøndelag i alt	16,5	13,4	15,8	14,3	14,6	15,1	16,7	12,1	15,5	15,4
Øyar	0,0	2,3	0,1	4,4	3,2	0,0	2,2	0,1	4,4	2,8
Kystbygder	0,2	2,1	0,4	3,7	2,8	0,2	2,2	0,1	4,2	2,8
Fjord- og dalbygder	0,2	2,1	0,2	4,6	3,4	0,1	2,2	0,1	5,1	3,3
Innlandsbygder	0,1	0,7	0,3	1,8	1,3	0,0	0,7	0,2	2,0	1,3
Nord-Noreg i alt	0,5	7,2	1,0	14,5	10,7	0,3	7,3	0,5	15,7	10,2

Tabell 116. Avling i einiskilde

Nr.		Kveite	Rug	Bygg	Havre	Bland- korn og erter	Korn og erter i alt	Potet
	Riket.....	19 864	2 316	304 357	117 459	3 958	447 954	1 070 641
	Fylka:							
	Østfold	2 740	866	33 876	15 803	553	53 838	44 492
01	Akershus og Oslo	2 455	114	23 709	23 871	478	50 627	59 004
02/03	Hedmark	4 759	163	48 067	26 233	374	79 596	101 894
04	Oppland	1 446	90	42 306	6 481	1 668	51 991	104 998
05	Buskerud	1 146	118	18 975	9 457	332	30 028	32 599
06	Vestfold	1 504	814	27 689	9 840	241	40 088	52 113
07	Telemark	935	19	7 614	2 525	107	11 200	32 531
08	Aust-Agder	120	14	1 764	665	23	2 586	23 632
09	Vest-Agder	70	32	1 523	579	3	2 207	24 279
10	Rogaland	438	65	13 907	10 961	19	25 390	127 550
11	Hordaland og Bergen	4	4	676	88	3	775	47 972
12/13	Sogn og Fjordane	5	1	454	109	10	579	44 788
14	Møre og Romsdal	121	4	5 991	1 022	24	7 162	68 843
15	Sør-Trøndelag	675	5	26 625	3 999	86	31 390	81 028
16	Nord-Trøndelag	3 432	6	50 076	5 586	35	59 135	150 626
17	Nordland	14	1	1 077	240	1	1 333	47 699
18	Troms	—	0	28	—	1	29	23 578
19	Finmark	—	—	0	—	—	0	3 015
20	Jordbruksområda:							
	Søraustlege slettebygder....	6 162	1 502	82 473	44 980	1 242	136 359	148 890
I.	Silurbygdene inne i landet ..	6 155	230	60 841	16 899	1 677	85 802	123 222
II.	Mellom- eller skogbygder ...	2 548	415	38 685	30 423	369	72 440	98 149
III.	Dal- og fjellbygder	120	37	20 237	1 908	465	22 767	57 370
IV.	Austlandet med Telemark i alt	14 985	2 184	202 236	94 210	3 753	317 368	427 631
	V.	143	41	1 587	910	25	2 706	22 865
	VI.	44	5	1 286	297	1	1 633	18 590
	VII.	3	0	414	37	0	454	6 456
	Agder i alt	190	46	3 287	1 244	26	4 793	47 911
VIII.	Skiferlandsk. ved Boknfj....	49	2	516	500	3	1 070	8 592
IX.	Jærens sletteiland	353	55	11 105	8 631	15	20 159	83 891
X.	Andre ytre bygder	68	7	3 558	1 233	24	4 890	102 804
XI.	Indre bygder	98	10	5 849	1 816	14	7 787	93 866
	Vestlandet i alt	568	74	21 028	12 180	56	33 906	289 153
XII.	Kystbygder	18	2	2 561	614	2	3 197	20 562
XIII.	Ytre fjordbygder	21	3	5 902	827	6	6 759	21 896
XIV.	Bygder ved Trondheimsfj. .	3 896	5	48 985	6 468	83	59 437	137 887
XV.	Dal- og fjellbygder	6	0	4 248	338	21	4 613	17 055
XVI.	Andre indre bygder	166	1	15 005	1 338	9	16 519	34 254
	Trøndelag i alt.....	4 107	11	76 701	9 585	121	90 525	231 654
XVII.	Øyar	—	0	103	21	—	124	19 972
XVIII.	Kystbygder	12	1	646	181	0	840	22 038
XIX.	Fjord- og dalbygder	2	0	197	26	2	227	23 857
XX.	Innlandsbygder	—	—	159	12	0	171	8 425
	Nord-Noreg i alt	14	1	1 105	240	2	1 362	74 292

fylke og jordbruksområde. 1959. Tonn.

Rot- vokstrar og fôrmerg- kål	Grønfor	Høy frå eng på fulldyrka jord	Høy frå natur- eng	Høy i alt	Halm	Mill. föreinin- gar	Avling i 1959 i prosent av medelårsavling				Nr.
							Korn og erter i alt	Potet	Høy i alt	Føre- ningar i alt	
673 412	56 744	2 471 830	280 962	2 752 792	408 190	1 959,5	76,5	82,7	97,0	87,4	
51 422	171	96 956	868	97 824	41 231	116,0	58,8	55,1	80,2	62,0	01
54 311	279	88 793	2 222	91 015	41 774	112,4	57,6	69,9	69,5	61,2	02/03
67 070	7 480	159 116	7 618	166 734	69 226	191,4	80,8	65,2	81,6	77,1	04
33 646	7 803	161 782	20 523	182 305	47 087	165,1	80,0	71,8	79,9	77,4	05
26 621	2 075	71 678	8 653	80 331	30 713	79,0	69,1	66,6	72,3	69,5	06
46 409	326	45 330	1 137	46 467	25 898	80,2	67,3	61,8	71,2	66,1	07
17 864	797	57 092	5 266	62 358	9 578	47,6	78,5	79,4	74,1	75,9	08
13 692	756	38 393	1 594	39 987	2 738	26,2	78,4	90,8	80,1	82,4	09
15 222	1 402	61 999	3 790	65 789	2 325	36,6	83,8	99,3	86,6	88,4	10
165 253	3 784	173 851	6 484	180 335	26 169	149,7	106,6	102,0	104,7	104,2	11
15 754	2 083	173 151	46 378	219 529	972	101,9	101,8	95,9	106,4	104,9	12/13
17 258	2 149	156 799	52 356	209 155	675	97,0	103,6	98,6	102,8	102,2	14
33 191	5 806	240 973	23 554	264 527	9 171	135,8	99,6	97,0	107,3	105,0	15
43 267	4 244	264 078	7 520	271 598	37 438	172,1	102,8	106,5	109,4	107,2	16
68 486	2 552	216 813	3 481	220 294	61 087	202,0	107,6	107,5	114,1	109,4	17
3 203	7 652	264 617	47 078	311 695	2 025	140,4	73,5	78,7	111,1	106,6	18
640	4 802	164 535	29 524	194 059	83	84,9	60,8	78,2	113,5	110,0	19
103	2 583	35 874	12 916	48 790	0	21,2	0,0	94,6	105,9	105,5	20
153 985	774	213 264	3 449	216 713	101 288	290,5	60,7	61,8	74,2	62,7	I.
68 189	1 480	87 458	2 988	90 446	71 705	172,0	75,6	64,3	71,3	71,0	II.
58 413	3 406	173 239	10 620	183 859	68 877	187,0	75,6	72,2	76,1	74,1	III.
16 756	13 271	206 786	29 230	236 016	23 637	142,2	87,0	78,3	82,7	82,3	IV.
297 343	18 931	680 747	46 287	727 034	265 507	791,7	69,0	66,6	76,9	70,0	
18 530	542	36 341	2 154	38 495	2 547	25,9	78,3	92,9	83,5	84,9	V.
9 282	1 049	42 068	1 696	43 764	1 846	25,1	86,1	99,7	83,3	86,3	VI.
1 102	567	21 983	1 534	23 517	670	11,8	79,0	89,4	86,3	86,8	VII.
28 914	2 158	100 392	5 384	105 776	5 063	62,8	80,8	94,9	84,0	85,8	
12 204	230	14 788	268	15 056	1 240	10,6	102,8	105,3	114,9	109,3	VIII.
110 883	631	70 657	910	71 567	20 044	82,9	107,8	104,2	103,3	104,5	IX.
48 958	6 537	375 215	82 471	457 686	6 061	219,8	99,2	96,6	106,2	104,6	X.
59 411	6 424	284 114	45 123	329 237	9 642	171,1	101,8	97,4	104,5	103,1	XI.
231 456	13 822	744 774	128 772	873 546	36 987	484,4	104,9	99,2	105,5	104,2	
5 730	1 023	59 757	3 463	63 220	4 397	34,9	91,9	98,1	112,2	107,1	XII.
10 242	697	57 985	1 123	59 108	8 522	38,4	98,3	107,4	113,1	108,5	XIII.
65 356	1 301	203 659	2 278	205 937	59 028	192,4	108,9	108,6	114,8	110,4	XIV.
8 147	2 856	80 232	3 238	83 470	5 449	44,9	105,1	105,1	103,5	103,7	XV.
22 278	919	79 258	899	80 157	21 129	63,5	102,4	107,8	110,0	106,4	XVI.
111 753	6 796	480 891	11 001	491 892	98 525	374,1	105,9	107,1	111,4	108,4	
631	2 202	113 031	42 861	155 892	118	67,9	73,1	70,6	110,8	106,4	XVII.
1 137	3 450	132 318	19 263	151 581	1 289	68,1	69,7	77,9	113,7	108,4	XVIII.
708	6 329	156 809	24 179	180 988	372	80,6	75,1	85,3	111,8	108,9	XIX.
1 470	3 056	62 868	3 215	66 083	329	29,9	92,9	89,2	107,2	105,3	XX.
3 946	15 037	465 026	89 518	554 544	2 108	246,5	73,2	79,0	111,4	107,6	

Tabell 117. Samla avling prosentvis på avlingsgrupper innan dei einskilde fylke og jordbruksområde. Rekna etter medelår i 1949 og 1959.

	1949				1959			
	Korn	Poteter	Rot- vokst- rar	Strå- fôr	Korn	Poteter	Rot- vokst- rar	Strå- fôr
Riket	16,4	14,0	3,6	66,0	24,8	12,8	3,7	58,7
Fylka:								
Østfold	27,4	13,3	5,7	53,6	46,3	9,6	4,6	39,5
Akershus og Oslo.....	27,9	13,3	4,3	54,5	43,9	10,2	4,6	41,3
Hedmark	23,8	16,3	4,4	55,5	37,5	14,0	3,9	44,6
Oppland	23,7	15,9	2,2	58,2	29,7	15,2	2,4	52,7
Buskerud	22,2	11,8	3,6	62,4	36,2	9,6	3,4	50,8
Vestfold	24,3	18,4	6,8	50,5	46,9	15,4	5,9	31,8
Telemark	13,1	16,6	3,8	66,5	21,9	14,5	3,7	59,9
Aust-Agder	9,6	17,9	2,9	69,6	9,9	18,2	4,9	67,0
Vest-Agder	7,0	14,2	2,1	76,7	6,1	13,1	4,1	76,7
Rogaland	12,1	20,9	9,9	57,1	15,4	19,3	11,8	53,5
Hordaland og Bergen ..	1,4	12,6	0,9	85,1	0,8	11,4	1,7	86,1
Sogn og Fjordane.....	2,1	10,8	1,0	86,1	0,6	10,6	1,9	86,9
Møre og Romsdal.....	5,4	12,0	1,8	80,8	5,4	12,2	2,5	79,9
Sør-Trøndelag	15,0	9,9	2,7	72,4	18,6	10,5	2,3	68,6
Nord-Trøndelag	21,9	15,8	5,2	57,1	29,3	16,9	3,3	50,5
Nordland	1,3	10,6	0,5	87,6	1,3	10,2	0,3	88,2
Troms	0,2	8,9	0,1	90,8	0,0	8,7	0,1	91,2
Finnmark	0,0	3,4	0,1	96,5	0,0	3,5	0,1	96,4
Jordbruksområda:								
Søraustlege slettebygder	26,7	14,9	5,8	52,6	45,6	11,6	5,2	37,6
Silurb. inne i landet ...	29,3	20,1	5,1	45,5	45,2	17,6	4,5	32,7
Mellom- eller skogbygder	22,3	14,1	2,9	60,7	35,3	12,0	3,2	49,5
Dal- og fjellbygder.....	13,8	9,8	1,2	75,2	14,9	9,4	1,2	74,5
Austl. m. Telemark i alt	24,2	15,0	4,3	56,5	38,5	12,6	4,0	44,9
Kystbygder	10,0	17,4	4,0	68,6	10,7	17,9	6,9	64,5
Mellom- eller skogbygder	7,7	16,2	1,7	74,4	6,3	14,2	3,5	76,0
Dal- og fjellbygder.....	4,7	11,4	0,4	83,5	4,2	11,7	0,9	83,2
Agder i alt.....	8,1	15,8	2,5	73,6	7,8	15,3	4,4	72,5
Skiferl. ved Boknfjorden	9,1	21,1	11,1	58,7	9,9	18,7	12,9	58,5
Jærens sletteiland	16,5	24,0	13,6	45,9	21,9	22,6	14,0	41,5
Andre ytre bygder.....	3,0	12,9	1,5	82,6	2,2	11,3	2,5	84,0
Indre bygder	4,6	12,0	2,2	81,2	4,4	12,9	3,7	79,0
Vestlandet i alt	5,8	14,4	3,8	76,0	6,5	13,9	5,1	74,5
Kystbygder	11,8	13,3	1,7	73,2	10,3	14,3	1,6	73,8
Ytre fjordbygder.....	16,0	11,3	3,5	69,2	19,0	12,8	2,6	65,6
Bygder ved Trondh.fj.	22,7	15,5	4,9	56,9	30,8	16,2	3,4	49,6
Dal- og fjellbygder.....	9,4	7,5	1,1	82,0	10,0	8,3	1,5	80,2
Andre indre bygder....	18,8	10,2	5,0	66,0	26,6	11,8	3,2	58,4
Trøndelag i alt.....	18,5	12,8	3,9	64,8	24,3	13,9	2,9	58,9
Øyar	0,2	10,3	0,2	89,3	0,3	9,8	0,1	89,8
Kystbygder	1,1	10,6	0,4	87,9	1,9	10,0	0,2	87,9
Fjord- og dalbygder ...	0,8	8,6	0,1	90,5	0,4	8,4	0,1	91,1
Innlandsbygder	1,7	7,4	0,9	90,0	0,6	7,4	0,5	91,5
Nord-Noreg i alt.....	0,8	9,5	0,3	89,4	0,8	9,1	0,2	89,9

Tabell 117 viser høvet mellom dei ymse avlingsgrupper innan dei ein-skilde distrikt i 1949 og 1959. Også desse oppgåvene byggjer på medelårsavling rekna i føreiningar.

Etter utrekna medelårsavling hadde Austlandet ein større part av kornavlinga i 1959 enn i 1949, men ein mindre part av dei andre avlingsgruppene. I 1959 fall vel halvparten av samla medelårsavling på Austlandet, mot knapt halvparten i 1949.

Agder hadde ein mindre part av samla medelårsavling i 1959 enn ti år tidlegare. Landsdelen hadde ein mindre del av korn-, potet- og stråføravlinga, men ein større part av rotvokstrane.

Også Vestlandet hadde ein mindre part av samla medelårsavling enn i 1949. Denne landsdelen hadde mindre av kornavlinga, men ein større del av potetene, rotvokstrane og stråføret.

Trøndelag hadde ein større del av medelårsavlinga i 1959 enn i 1949. Landsdelen hadde ein større part av potetene og stråføret, men ein mindre del av kornet og rotvokstrane.

Også Nord-Noreg hadde ein større part av stråføret og potetene, men mindre av kornet, rotvokstrane og totalavlinga i 1959 enn i 1949.

Tabell 117 viser tydeleg kor dominerande rolle stråføret har på Vestlandet og i Nord-Noreg. Den viser og at kornet utgjorde ein langt større part av totalavlinga på Austlandet og i Trøndelag i 1959 enn i 1949.

Hagebruket.

Avlingane i hagebruket skal for alle vokstrar gjelda varer som er godt brukande i hushaldet eller som ved sal kan reknast som god torgvare. For grønsakene gjeld avlingstala berre hovudkulturane. Heller ikkje er små-

Tabell 118. Avlinga i hagebruket. Tonn.

År	Frukt	Bær	Grønsaker ¹	År	Frukt	Bær	Grønsaker ¹
1933...	47 725	16 112	57 892	1947...	42 042	18 400	90 941
1934...	24 636	17 494	73 451	1948...	59 141	21 831	164 498
1935...	49 161	20 192	54 979	1949...	24 749	20 280	76 745
1936...	32 574	19 403	70 234	1950 ² .	87 086	26 269	105 822
1937...	38 034	20 616	72 199	1951...	62 581	24 266	93 167
1938...	26 408	19 104	74 202	1952...	69 138	25 008	98 914
1939...	61 969	19 676	73 803	1953...	46 691	26 578	148 819
1940...	35 020	18 464	87 779	1954...	95 581	27 766	105 686
1941...	43 894	18 975	125 881	1955...	67 428	22 496	109 825
1942...	28 439	17 891	106 460	1956...	94 913	28 381	144 644
1943...	24 938	20 212	135 380	1957...	64 711	29 940	134 015
1944...	24 621	19 150	124 290	1958...	96 040	27 832	127 469
1945...	19 559	20 093	122 346	1959...	98 121	28 984	120 424
1946...	56 033	21 160	75 826	1960...	128 396	30 838	124 243
				1961...	74 849	28 787	134 526

¹ Hovudkulturar på friland og under glas. ² Grunlaget for utrekninga revidert i 1950.

Tabell 119. Avling av ymse hagevokstrar. 1959.

	Talet på einingar 1959	Avling i 1959		Prosent av medelår
		Kg pr. eining	Tonn	
Sommareple	714 778 tre	20,3	14 518	102
Vintereple.....	2 466 439 »	20,3	50 174	102
Eple i alt	3 181 217 tre	20,3	64 692	102
Pærer	457 588 »	18,7	8 551	85
Plomer	1 046 751 »	19,3	20 177	121
Søt- og surkirsebær	386 331 »	12,2	4 701	101
Frukt i alt	5 071 887 tre		98 121	103
Rips.....	1 826 309 buskar	6,2	11 343	104
Stikkelsbær	1 169 513 »	4,3	5 032	108
Solbær	2 185 785 »	2,9	6 283	96
Jordbær	8 706 dekar	515	4 483	103
Bringebær.....	4 392 »	420	1 843	93
Hagebær i alt.....			28 984	102
Kål	20 494 »	2 892	59 266	90
Gulrot	12 804 »	2 960	37 892	106
Bønner	840 »	587	493	90
Hageerter	1 982 »	633	1 255	97
Purre	892 »	2 531	2 259	101
Selleri	591 »	1 342	793	89
Raubeter	818 »	1 917	1 569	96
Matlauk	1 688 »	2 033	3 432	102
Rabarbra	266 »	3 975	1 058	99
Agurkar på friland	2 044 »	509	1 041	102
Tomatar på friland.....	67 »	1 090	73	109
Grønsaker i alt på friland	42 486 dekar		109 131	96
Agurkar under glas	163 138 m ²	15,6	2 551	104
Tomatar under glas	684 821 »	12,8	8 742	106
Grønsaker i alt under glas.....	847 959 m ²		11 293	106
Grønsaker i alt ¹			120 424	97

¹ Småkulturar og kjøkenhagar ikkje med.

hagane (kjøkenhagane) med i utrekningane. I 1959 var 78 prosent av grøn-sakarealet med i avlingsstatistikken.

Tabell 118 viser dei utrekna avlingane i hagebruket 1933 til 1961.

Fruktavlingane varierer mykje frå år til år, men vart gjennomgåande om lag dobla frå 1930-åra og fram til dei siste åra. Avlinga av hagebær viser langt mindre årlege variasjonar. Auken i dei knapt 30 åra ein har statistikk for, er litt mindre enn for frukt. Grønsakavlinga har auka særleg sterkt. Noko av auken skriv seg frå at ein større part av grøn-sakarealet har kome med i avlingsstatistikken.

Tabell 119 viser avlinga i hagebruket i 1959.

Avlinga i 1959 er utrekna til i alt 98 000 tonn frukt, 29 000 tonn hagebær, 109 000 tonn grøn-saker på friland og 11 000 tonn grøn-saker under glas.

Tabell 120 viser medelårsavling pr. dyrkingseining i gjennomsnitt for heile landet.

Tabell 120. Medelårsavling av hagevokstrar i kg pr. dyrkingseining. Utrekna gjennomsnitt for heile landet.

	Eining	1938	1949	1950— 1959 ¹	1960	1961
Sommareple	Tre	..	215,3	220,0	21,4	21,2
Vintereple.....	»	..	15,5	20,0	22,3	22,5
Eple i alt	»	14,6	15,4	20,0	22,1	21,9
Pærer	»	14,2	15,1	22,0	23,6	25,7
Plomer	»	12,9	14,2	16,0	18,1	16,6
Kirsebær, søt-, sur-	»	10,0	10,0	12,0	14,9	15,2
Rips.....	Busk	4,5	5,0	6,0	6,5	6,1
Stikkelsbær	»	2,7	2,7	4,0	4,9	4,5
Solbær	»	2,0	3,1	3,0	3,7	3,4
Jordbær	Dekar	429,0	485,0	500,0	593,0	592,0
Bringebær.....	»	440,0	457,0	450,0	548,0	513,0
Blomkål	»	1 226,0	1 374,0
Sommar- og haustkål	»	2 381,0	2 431,0
Vinterkål	»	3 677,0	3 610,0
Annan kål	»	899,0	907,0
Kål i alt	»	2 937,0	3 125,0	3 200,0	2 639,0	2 646,0
Gulrot	»	2 287,0	2 539,0	2 800,0	2 832,0	3 050,0
Bønner	»	473,0	632,0	650,0	750,0	751,0
Hageerter	»	548,0	621,0	650,0	597,0	651,0
Hageerter, konserver ³	»	368,0	382,0
Purre	»	1 922,0	2 092,0	2 500,0	2 236,0	2 448,0
Selleri	»	1 182,0	1 419,0	1 500,0	1 473,0	1 598,0
Persillerot	»	1 029,0	1 118,0	1 200,0
Raubbeter	»	2 194,0	1 818,0	1 882,0
Neper	»	1 865,0
Matlauk	»	2 000,0	2 341,0	2 355,0
Rabarbra	»	3 840,0	3 689,0	4 000,0	3 721,0	3 999,0
Agurkar på friland	»	364,0	436,0	500,0	522,0	565,0
Tomatar på friland	»	852,0	985,0	1 000,0	1 000,0	1 038,0
Andre grønnsaker på friland	»	486,0
Agurkar under glas	m ²	12,2	12,4	15,0	15,3	19,6
Tomatar under glas	»	9,6	9,9	12,0	11,5	11,6

¹ Fastsett for perioden. ² Sommar- og hausteple. ³ Treskt avling.

Frøavl.

Som ved teljingane i 1939 og 1949 hadde ein også i 1959 med spørsmål om frøavl. Oppgåvene gjeld frø avla i 1958.

Klassevise oppgåver over frøavlen i riket og fylka er gjevne i tabell 12 i tredje hefte frå teljinga. Oppgåver for dei einskilte kommunar er gjevne i tabell 14 i same heftet. For jordbruksområda har ein oppgåver i tabell 27 i fjerde hefte.

Avlinga av engfrø (grasfrø og kløverfrø samla) vart oppgjeven til 1 600 tonn i 1958 mot vel 2 700 tonn i 1948. Av fylka avla Østfold i særklasse mest engfrø i 1958 med 709 tonn. Dernest kom Akershus med 352 tonn. Vestfold og Hedmark avla kvar 146 tonn. I alt 1 475 tonn av engfrøavlen fall på Austlandet og 115 tonn på Trøndelag. I dei andre landsdelane var det ikkje nemnande engfrøavl.

Av andre frøslag vart det m. a. oppgjeve 6 982 kg kålrot, 2 495 kg kål, 1 057 kg bete, 50 kg gulrot, 50 kg mainepe og 600 kg roer. Dessutan fekk ein oppgjeve 32 276 kg frø utan opplysning om kva slag det var.

Alt frø av kålrot, bete og roer vart oppgjeve dyrka i Agder, medan frøet av gulrot og mainepe og 343 kg av kålfrøet vart dyrka på Vestlandet (Rogaland og Hordaland). Det meste av kålfrøet vart dyrka på Austlandet.

Husdyrhald.

Talet på husdyr og korleis dei fordeler seg.

Når ein skal samanlikna talet på husdyr i ulike år, må ein vera merksam på tidspunktet for teljingane. Det kan vera svært stor skilnad mellom dyretalet i vintertida og sommartida. Særleg tydeleg er dette for sau. Lamma som kjem til om våren, gjer at samla dyretal er stort i sommartida, men langt mindre etter slaktinga om hausten.

Frå 1835 til 1900 vart det halde husdyrteljingar saman med folketeljingane. Oppgåvene galdt den vinterfødde buskapen. Ved jordbruksteljingane i 1907 og 1917 fekk ein oppgåver både pr. 30. september og pr. 1. januar. I 1929 fekk ein oppgåver pr. 1. januar og pr. 20. juni. Ved seinare fullstendige teljingar har ein oppgåver pr. 20. juni.

Tabell 121. Talet på husdyr.

	30/9 1907	30/9 1917	20/6 1929	20/6 1939	20/6 1949	20/6 1959
Hestar i alt	163 621	202 365	177 169	203 931	198 266	116 815
Storfe i alt	1 087 918	1 149 526	1 224 182	1 455 016	1 224 133	1 104 482
Av desse mjølke- kyr	723 325	743 441	755 135	864 336	769 251	597 476
Sauer i alt	1 390 421	1 294 906	1 533 015	1 743 802	1 735 623	1 806 036
Geiter i alt	295 767	238 641	323 677	248 916	146 594	100 894
Svin i alt	307 165	237 921	289 039	361 953	418 840	475 063
Vaksne høns	1 390 283	1 860 172	2 903 606	3 422 368	3 710 906	3 039 165
Andre vaksne fjørfe	20 818	23 546	25 834	15 500	19 183	15 979
Kaninar over 6 mnd.	26 928	4 047	16 267
Bikubar	20 702	20 837	21 313	38 790	41 114	44 350
Sølv- og platinarev i alt	29 857	498 027	119 341	2 601
Blårev i alt	1 687	29 345	84 028	71 411
Mink i alt	308	26 209	70 534	797 394

Frå 1953 har det kvart år ved sida av dei representative teljingane pr. 20. juni også vore representative husdyrteljingar pr. 31. desember.

Tabell 121 viser husdyrtala etter dei fullstendige jordbruksteljingane. Tala for 1959 gjeld både bygdene og byane. Oppgåvene frå dei tidlegare teljingane gjeld berre bygdene. Når det gjeld eldre teljingar, viser ein til Statistiske oversikter 1948 (NOS X 178). Der finn ein oppgåver over vinterfodd buskap tilbake til 1835. Dei same oppgåvene finn ein og i fjerde hefte frå Jordbruksteljinga 1949 (NOS XI 103).

Talet på hest og storfe var etter tabell 121 på det høgste i 1939, og særleg hestetalet har seinare minka mykje. Talet på sauer auka stort sett frå 1917 til 1959, medan talet på geiter var på det høgste i 1929 og har etterpå minka

til mindre enn ein tredjepart. Talet på svin auka frå 1917 til 1959. Hønsetalet auka frå 1907 til 1949, men synte nedgang att i 1959.

For pelsdyr har ein ikkje oppgåver før i 1929. Pelsdyravl var då ei heller ny næring. Dyretalet var lite og i første rekkje basert på sal av avlsdyr. Etterpå fekk først sølvrevavlen eit stort oppsving og seinare blårevavlen. Ved siste teljinga var det minken som dominerte.

Tabell 122. Utviklinga i husdyrhaldet 1907—1959. 1907=100.

	Hest	Storfe		Sau	Geit	Svin	Vaksne høns	Andre vaksne fjørfe	Bikubar
		I alt	Kyr						
1907	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
1917	123,7	105,7	102,8	93,1	80,7	77,5	133,8	113,1	100,7
1929	108,3	112,5	104,4	110,3	109,4	94,1	208,8	124,1	103,0
1939	124,6	133,7	119,5	125,4	84,2	117,8	246,2	74,5	187,4
1949	121,2	112,5	106,3	124,8	49,6	136,4	266,9	92,1	198,6
1959	71,4	101,5	82,6	129,9	34,1	154,7	218,6	76,8	214,2

Talet på dyr kan variera mykje i tida mellom kvar fullstendig teljing. Særleg gjeld dette dyreslag som har kort reproduksjonstid, slik som svin og høns. Då desse dyreslaga også i stor utstrekning nyttar mat som kan brukast direkte til menneskeføde, vil dei gå ned i tal under krig og avsperring. Under den andre verdskrigen var såleis hønsetalet nede i 1,2 mill. og svine- talet i 145 000. Talet på hest auka derimot under siste verdskrigen og var på det høgste i 1946 med 238 000 dyr.

Berre ein liten del av husdyrhaldet fall på byane. I 1959 hadde byane 6 prosent av kaninane, 3 prosent av bikubane, 2 prosent av svina og minken og 1 prosent av hønsa. Av hest, storfe, sau, geit og rev hadde byane mindre enn 1 prosent.

Tabell 123 viser korleis talet på ymse husdyr fordelte seg på bruk av ymse storleik i 1959.

Pelsdyravlen er berre i liten grad avhengig av vanleg jordbruksdrift. Ein ser då og at over tredjeparten av minken og bortimot tredjeparten av blåreven var å finna ved brukseiningane under 5 dekar. Brukseiningane inntil 5 dekar hadde 11 prosent av hønsa og vel 8 prosent av svina, men av dei andre husdyrslaga hadde dei berre 1—3 prosent.

Gjennomsnittstala i tabell 123 gjeld alle bruk, utan omsyn til om dei har vedkomande dyreslag eller ikkje. Stort sett aukar dyretalet pr. bruk med aukande bruksstorleik. Bruka utan jordbruksareal skil seg ut med relativt store gjennomsnittstal, særleg når det gjeld pelsdyr. Det er få av desse bruks- og mange av dei er med i teljinga nettopp fordi dei har husdyr. Bruks- klassane med 35,1—200 dekar skil seg ut med etter måten store gjennom- snittstal for sau og geit. Det er i stor mon dei distriktstise variasjonane i husdyrhaldet som gjev seg utslag på denne måten. I dei meir typiske sau- og geitdistrikta er det relativt vanleg med bruksstorleik på 35,1—100 dekar.

Tabell 124 viser korleis dei ymse dyreslaga fordeler seg på fylke og jordbruksområde.

Austlandsfylka hadde stort sett ein mindre part av dei ymse husdyrslag i 1959 enn 10 år tidlegare. I 1959 hadde Austlandet 43,0 prosent av hestane, mot 46,3 i 1949. Prosenttalet for storfe gjekk ned frå 42,4 til 36,0, for sau

Tabell 123. Husdyrhaldet etter bruksstorleik. 1959.

	Hestar	Storfe	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns	Blårev	Mink
Talet på dyr:								
Kl. 0 ¹	124	101	1 797	25	3 200	15 577	3 625	85 712
» 1.....	496	1 224	17 846	737	24 481	194 069	13 278	129 177
» 2.....	397	3 807	35 408	969	12 137	136 271	4 181	76 803
» 3.....	746	14 245	63 604	2 208	11 765	134 874	4 020	45 097
» 4.....	5 873	74 041	210 253	9 896	30 551	291 611	5 840	67 288
» 5.....	19 870	152 940	321 122	22 775	46 602	397 443	10 471	102 045
» 6.....	22 579	177 412	327 681	24 897	54 867	403 792	9 778	84 527
» 7.....	25 365	229 517	393 500	24 754	76 655	480 540	8 505	61 585
» 8.....	14 003	139 910	202 504	9 226	53 549	309 080	5 247	47 481
» 9.....	18 545	201 455	190 198	4 822	98 484	451 628	4 910	54 459
» 10.....	7 781	91 934	37 524	584	51 940	190 903	1 051	33 219
» 11.....	931	13 985	3 012	1	8 753	30 409	505	10 001
» 12.....	105	3 911	1 587	—	2 079	2 968	—	—
Alle bruk....	116 815	1 104 482	1 806 036	100 894	475 063	3 039 165	71 411	797 394
Bruk over 5 dekar ..	115 798	1 099 350	1 750 985	99 163	435 245	2 693 248	50 327	505 702
Prosenttal:								
Kl. 0.....	0,1	0,0	0,1	0,0	0,7	0,5	5,1	10,7
» 1.....	0,4	0,1	1,0	0,7	5,2	6,4	18,6	16,2
» 2.....	0,3	0,3	2,0	1,0	2,6	4,5	5,8	9,6
» 3.....	0,7	1,3	3,5	2,2	2,5	4,4	5,6	5,7
» 4.....	5,0	6,7	11,6	9,8	6,4	9,6	8,2	8,4
» 5.....	17,0	13,8	17,8	22,6	9,8	13,1	14,7	12,8
» 6.....	19,3	16,1	18,1	24,7	11,6	13,3	13,7	10,6
» 7.....	21,7	20,8	21,8	24,5	16,1	15,8	11,9	7,7
» 8.....	12,0	12,7	11,2	9,1	11,3	10,2	7,3	6,0
» 9.....	15,9	18,2	10,5	4,8	20,7	14,8	6,9	6,8
» 10.....	6,7	8,3	2,1	0,6	10,9	6,3	1,5	4,2
» 11.....	0,8	1,3	0,2	0,0	1,8	1,0	0,7	1,3
» 12.....	0,1	0,4	0,1	—	0,4	0,1	—	—
Alle bruk....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Bruk over 5 dekar ..	99,2	99,6	96,9	98,3	91,5	88,6	70,5	63,5
Gjennomsnitt pr. bruk:								
Kl. 0.....	0,1	0,1	1,5	0,0	2,8	13,4	3,1	73,8
» 1.....	0,0	0,0	0,1	0,0	0,1	1,0	0,1	0,6
» 2.....	0,0	0,1	1,1	0,0	0,4	4,4	0,1	2,5
» 3.....	0,0	0,7	3,3	0,1	0,6	6,9	0,2	2,3
» 4.....	0,1	1,8	5,1	0,2	0,7	7,1	0,1	1,6
» 5.....	0,5	3,5	7,3	0,5	1,1	9,1	0,2	2,3
» 6.....	0,7	5,6	10,3	0,8	1,7	12,7	0,3	2,7
» 7.....	0,9	8,0	13,7	0,9	2,7	16,7	0,3	2,1
» 8.....	1,0	10,5	15,2	0,7	4,0	23,1	0,4	3,6
» 9.....	1,2	13,4	12,6	0,3	6,5	30,0	0,3	3,6
» 10.....	1,6	18,9	7,7	0,1	10,7	39,2	0,2	6,8
» 11.....	2,5	37,6	8,1	0,0	23,5	81,7	1,4	26,9
» 12.....	2,4	91,0	36,9	—	48,3	69,0	—	—
Alle bruk....	0,3	2,5	4,2	0,2	1,1	7,0	0,2	1,8
Bruk over 5 dekar ..	0,6	5,5	8,8	0,5	2,3	13,6	0,3	2,3

¹ Sjå note tabell 9 side 30.

Tabell 124. Husdyra prosentvis etter fylke og jordbruksområde. 1959.

	Hest	Storfe	Sau	Geit	Svin	Vaksne høns	Mink
Riket.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Fylka:							
Østfold	5,8	5,1	0,1	0,0	8,2	11,0	8,7
Akershus og Oslo.....	6,4	5,3	0,5	0,1	11,0	9,2	6,1
Hedmark	8,5	7,4	4,7	8,9	12,7	7,7	18,2
Oppland	9,7	9,0	6,0	17,3	11,4	5,0	9,3
Buskerud	5,1	3,6	3,0	2,2	3,8	4,6	4,1
Vestfold	3,5	3,1	0,2	0,0	5,8	6,3	6,0
Telemark	4,0	2,5	2,0	2,6	3,5	4,0	5,2
Aust-Agder.....	2,2	1,4	1,7	0,1	1,8	2,1	0,7
Vest-Agder	2,6	2,6	2,2	0,1	1,6	3,3	0,6
Rogaland	8,3	11,0	17,4	3,1	18,8	20,1	11,1
Hordaland og Bergen ..	6,4	6,2	12,3	7,1	4,0	5,7	1,5
Sogn og Fjordane.....	6,2	6,4	11,8	19,7	3,0	2,2	3,5
Møre og Romsdal.....	6,1	7,9	8,2	10,8	2,9	4,0	10,1
Sør-Trøndelag	8,3	8,1	6,5	2,3	3,9	3,6	4,1
Nord-Trøndelag	6,1	7,3	4,0	4,6	6,3	5,3	2,1
Nordland	6,2	7,8	10,2	7,2	1,0	3,9	4,4
Troms	3,8	4,2	6,9	13,4	0,2	1,6	3,9
Finmark	0,8	1,1	2,3	0,5	0,1	0,4	0,4
Jordbruksområda:							
Søraustlege slettebygder	14,3	12,5	0,6	0,1	23,9	25,0	19,2
Silurb. inne i landet....	7,1	5,8	1,4	0,0	13,0	8,5	12,1
Gruppa 5—10 HK var størst i alle fylke, men gruppa 5 HK og mindre gjorde seg relativt sterkt gjeldande på Austlandet, i Agder og Nord-Trøndelag. I høve til samla tal 2-hjuls traktorar var det flest små traktorar på dei minste og største bruka.

Ved teljinga i 1959 vart 4-hjuls traktorane også fordelte etter om dei hadde diesel- eller forgassarmotor.

Vel 17 200 eller 38 prosent av traktorane hadde dieselmotor, og bortimot 27 800 eller 62 prosent hadde forgassarmotor. Fylkesvis varierte det mellom 25 prosent med dieselmotor i Østfold og vel 50 prosent i Sogn og Fjordane og Troms.

Forholdet mellom diesel- og forgassarmotor skifta mykje med traktorstorleiken. Av dei medelstore traktorane mellom 20 og 40 HK hadde 35 prosent diesel- og 65 prosent forgassarmotor. I gruppa 20 HK og mindre hadde 49 prosent diesel- og 51 prosent forgassarmotor. Av dei største traktorane, på 40 HK og meir var 70 prosent med diesel- og 30 prosent med forgassarmotor.

Den sterke auken i traktortalet har sjølvsagt også ført til auke i traktorreiskapen. Som døme kan ein nemna at traktorplogane utgjorde 5 prosent av alle plogar i 1949, men 25 prosent i 1959. Ein rekna med at det var 110 skurdtreskjarar i 1949. I 1959 var talet oppe i knapt 4 700. Bortimot 1 000 av desse var sjølvgåande.

Mekaniseringa har og gjort seg gjeldande innan husdyrhaldet. Trass i at talet på bruk med kyr gjekk tilbake frå 204 000 i 1949 til 151 000 i 1959, auka talet på mjølkemaskinanlegg frå om lag 6 400 til knapt 40 000.

Av dei knapt 108 000 elektromotorane i 1959 var 51 prosent på 3 HK og mindre, 39 prosent var på 3—10 HK, og 10 prosent var på 10 HK eller meir.

Av lastebilane i 1959 var 13 prosent oppgjevne å ha under 1 tonns lasteevne, 34 prosent hadde 1—1,9 tonns lasteevne, 49 prosent 2—4,9 tonn, og 4 prosent hadde lasteevne på minst 5 tonn.

Detaljerte oppgåver over maskinar og reiskapar i dei einskilde fylka finn

ein i tabell 1 i andre heftet. Same tabellen har og oppgåver for dei ein-skilde kommunar, men noko mindre detaljerte. Tabell 2 i same heftet gjev riks- og fylkestal for bruk av ymse storleik. I tabellane 8 og 32 i fjerde hefte er det oppgåver for dei naturlege jordbruksområda.

Talet på brukseiningar som har, låner eller leiger ymse maskinar og reiskapar.

Ved teljinga i 1949 vart det for første gong talt opp kor mange som hadde ymse slag maskinar og reiskapar, og det vart også for første gong spurt etter kor mange som lånte eller leigde ymse maskinar og reiskapar. Det same vart gjort ved teljinga i 1959.

Det er stor skilnad på kor utbreidde og vanleg brukte dei ymse maskinar og reiskapar er. Dette heng i første rekkje saman med kapasitetsutnyttinga i forhold til kostnaden, noko som vil variera både med bruksstorleik og driftsform. På større bruk er det ofte to eller fleire av same slag maskin, medan fleire små bruk ofte er saman om ein maskin. I sume strok vil det i det heile ikkje finnast visse slag maskinar og reiskapar, t. d. fordi det ikkje blir dyrka slike vokstrar som maskinane er konstruerte for.

Oppgåver over talet på bruk med ymse maskinar og reiskapar i dei ein-skilde fylke og bruksklassar er tekne inn i tabell 3 i andre hefte. Tabell 4 i same heftet gjev oppgåver over bruk som låner eller leiger, og bruk i alt som eig, låner eller leiger sume maskinar og reiskapar.

Oppgåver for jordbruksområda finn ein i tabell 9 i fjerde hefte.

Tabell 175 gjev eit oversyn etter bruksstorleik over prosent bruk som hadde ymse maskinar.

Tabell 175. Bruk som hadde ymse maskinar og reiskapar.
Prosenttal.

	Trak- tor	Radså- maskin for korn	Potet- setje- maskin	Åker- sprøy- te	Slå- maskin	Sjolv- bindar	Skurd- tresk- jar	Potet- opp- takar
Kl. 1. Inntil 2 dekar.....	0,2	0,1	0,0	0,0	0,2	0,0	0,0	0,1
» 2. 2,1— 5 »	1,4	0,4	0,1	0,1	1,1	0,1	0,0	0,4
» 3. 5,1— 10 »	4,0	1,0	0,1	0,1	3,8	0,1	0,0	1,0
» 4. 10,1— 20 »	8,2	3,3	0,3	0,4	16,8	0,2	0,0	3,3
» 5. 20,1— 35 »	14,8	10,5	1,0	1,4	47,5	0,5	0,1	10,5
» 6. 35,1— 50 »	21,1	21,8	2,7	3,9	71,1	1,5	0,3	23,6
» 7. 50,1— 75 »	32,6	36,9	6,6	7,6	81,5	5,7	0,8	39,3
» 8. 75,1—100 »	50,0	55,7	13,0	12,3	87,7	17,8	3,1	58,1
» 9. 100,1—200 »	75,6	80,0	26,0	18,2	91,2	47,1	13,8	76,1
» 10. 200,1—500 »	95,3	95,3	40,8	36,6	92,6	71,4	48,6	85,6
» 11—12. Over 500 »	98,3	97,8	67,2	74,0	93,7	78,6	77,6	89,2
Alle bruk	11,7	11,2	2,6	2,5	24,4	3,7	1,3	11,3
Bruk over 5 dekar:								
1959.....	25,1	24,3	5,7	5,4	52,8	7,9	2,8	24,6
1949.....	4,9	23,9	0,8	2,9	50,5	5,8	..	17,6

Dei maskinane som er tekne med i dette oversynet, er svært lite vanlege ved dei minste brukseiningane, men prosenttala aukar sterkt med aukande bruksstorleik. Samanlikninga med oppgåvene frå 1949 syner at det var relativt fleire av bruka over 5 dekar som hadde desse maskinane i 1959 enn 10 år tidlegare. Særleg sterk auke var det for traktor og potetsetjemaskin.

Gjennomsnittstala for maskinar pr. eigar auka også. I 1959 var det t. d. i medel 1,09 traktorar pr. bruk med traktor, i 1949 var det 0,90.

Lån og leige av maskinar var mykje meir vanleg i 1959 enn i 1949. Dette heng saman med at det i 1959 vart nytta mykje meir traktorar og maskinar og reiskapar for traktor. Likevel er det nok mange maskinar som vert lite utnytta.

Tabell 176 gjev eit klassevis oversyn over lån og leige av ymse maskinar.

Tabell 176. Bruk som ikkje hadde, men lånte eller leigde ymse maskinar og reiskapar. Prosenttal.

	Trak- tor	Radså- maskin for korn	Potet- setje- maskin	Åker- sprøy- te	Slå- maskin	Sjøl- vbindar	Skurd- tresk- jar	Potet- opp- takar
Kl. 1. Inntil 2 dekar.....	3,4	0,1	0,2	0,0	0,1	0,0	0,0	0,3
» 2. 2,1— 5 »	20,2	2,8	1,9	0,5	4,3	0,4	1,0	3,7
» 3. 5,1— 10 »	48,4	8,9	4,2	1,8	20,9	2,1	3,4	8,3
» 4. 10,1— 20 »	57,2	11,3	5,5	2,6	28,6	4,0	4,7	10,7
» 5. 20,1— 35 »	61,7	10,2	7,6	4,1	23,6	6,6	5,4	12,3
» 6. 35,1— 50 »	62,5	9,3	11,0	7,0	15,4	10,5	8,0	13,7
» 7. 50,1— 75 »	57,0	8,4	15,1	12,2	11,2	15,7	12,2	14,4
» 8. 75,1—100 »	43,2	7,5	20,7	19,5	7,3	19,7	19,9	12,4
» 9. 100,1—200 »	21,0	6,1	26,3	32,2	4,7	15,6	29,9	10,0
» 10. 200,1—500 »	3,7	3,1	26,4	37,6	2,9	4,4	25,3	6,9
» 11—12. Over 500 »	0,7	0,5	10,8	16,9	0,7	1,4	12,0	2,9
Alle bruk	27,4	4,5	5,4	4,3	8,7	4,2	4,6	5,8
Bruk over 5 dekar:								
1959.....	53,0	9,2	11,2	9,2	18,2	9,1	9,8	11,8
1949.....	9,7	6,6	..	0,4	8,0	1,5	0,1	4,8

Bruka mellom 5 og 75 dekar kjem særleg sterkt inn i biletet når det gjeld lån og leige av traktor, radsåmaskin, slåmaskin og potetopptakar. Elles er det relativt mange også av større bruk som låner eller leiger, særleg gjeld det potetsetjemaskin, åkersprøyte og skurdtreskjar.

Samanlikninga med 1949 for bruk over 5 dekar syner tydeleg at lån og leige av desse maskinane var mykje vanlegare i 1959.

Jamføring med klassetala i tabell 175 viser at i alle bruksklassane inntil 75 dekar, var det langt fleire som leigde eller lånte enn som sjølv hadde traktor. Om lag same tilhøve har ein for t. d. sjølvbindar og skurdtreskjar. For alle bruk over 5 dekar, sett under eitt, var det fleire som leigde eller lånte traktor, potetsetjemaskin, åkersprøyte, sjølvbindar og skurdtreskjar enn dei som sjølv hadde desse maskinane.

Spørsmåla om lån og leige var ved teljinga avgrensa til eit utval av større maskinar. Det vart spurt om det siste året hadde vore lån eller leige av desse maskinane.

Ein gjer merksam på at oppgåvene berre gjeld dei bruka som ikkje sjølv hadde vedkomande maskin. I mange tilfelle kan t. d. eit bruk som sjølv har traktor, av ymse årsaker også låna eller leiga traktor. Slike tilfelle av lån og leige er ikkje med i oppgåvene. Teljinga tok sikte på å visa kor mange det var som sjølv hadde dei ymse maskinar og kor mange det var som var utan slike maskinar, men nytta seg av dei ved lån eller leige. Tabell 177 viser summen av desse tala, rekna som prosent av brukstalet i dei einiskilde bruksklassar.

Tabell 177. Bruk som hadde, lånte eller leigde ymse maskinar og reiskapar. Prosenttal.

	Trak- tor	Radså- maskin for korn	Potet- setje- maskin	Åker- sprøy- te	Slå- maskin	Sjølvs- bindar	Skurd- tresk- jar	Potet- opp- takar
Kl. 1. Inntil 2 dekar.....	3,6	0,2	0,2	0,0	0,3	0,0	0,0	0,4
» 2. 2,1— 5 »	21,6	3,2	2,0	0,6	5,4	0,5	1,0	4,1
» 3. 5,1— 10 »	52,4	9,9	4,3	1,9	24,7	2,2	3,4	9,3
» 4. 10,1— 20 »	65,4	14,6	5,8	3,0	45,4	4,2	4,7	14,0
» 5. 20,1— 35 »	76,5	20,7	8,6	5,5	71,1	7,1	5,5	22,8
» 6. 35,1— 50 »	83,6	31,1	13,7	10,9	86,5	12,0	8,3	37,3
» 7. 50,1— 75 »	89,6	45,3	21,7	19,8	92,7	21,4	13,0	53,7
» 8. 75,1—100 »	93,2	63,2	33,7	31,8	95,0	37,5	23,0	70,5
» 9. 100,1—200 »	96,6	86,1	52,3	50,4	95,9	62,7	43,7	86,1
» 10. 200,1—500 »	99,0	98,4	67,2	74,2	95,5	75,8	73,9	92,5
» 11—12. Over 500 »	99,0	98,3	78,0	90,9	94,4	80,0	89,6	92,1
Alle bruk.....	39,1	15,7	8,0	6,8	33,1	7,9	5,9	17,1
Bruk over 5 dekar:								
1959.....	78,1	33,5	16,9	14,6	71,0	17,0	12,6	36,4
1949.....	14,6	30,5	..	3,3	58,5	7,3	..	22,4

Ein må vera merksam på at desse tala ikkje utan vidare viser kor mange det var som nytta dei ymse maskinar. Ein del bruk kunne ha maskinar i brukande stand utan at dei vart nytta det året. Dei kunne t. d. ha sjølvbindar som ikkje vart nytta fordi det vart brukt skurdtreskjar til kornberginga.

Sjølv i bruksklassen 5,1—10 dekar var det eige, lån eller leige av traktor ved over halvparten av bruka. 78 prosent av alle bruka over 5 dekar hadde, lånte eller leigde traktor i 1959, mot knapt 15 prosent i 1949.

Dei bruka som har traktor, kan ha meir eller mindre utstyr til traktorane. Særleg når det gjeld spesialutstyr kan det vera heller store variasjonar mellom ymse distrikt og bruksklassar. I medel for heile landet var det t. d. vel 13 prosent av bruka med 4-hjuls traktor som hadde lesseapparat for traktor. Relativt flest var det i Rogaland, der 32 prosent hadde lesseapparat. Det var færrest i dei andre Vestlandsfylka, med berre 9—10 prosent. Det var relativt færrest med lesseapparat på bruka mellom 10 og 50 dekar. Relativtala auka både med aukande og med avtakande bruksstorleik.

Traktortimar på bruka.

Ved teljinga i 1959 vart det for første gong spurt etter traktortimar på bruka siste år. Oppgåvene var delte på eigen traktor og leigd traktor og innafor desse gruppene spesifiserte på jordbruket, skogen og anna arbeid på bruket. Oppgåvene gjeld berre bruk over 5 dekar.

Følgjande oppstilling viser korleis traktortimane fordeler seg:

Med eigen traktor:

	Traktortimar	Prosent
I jordbruket	11 899 000	74,1
I skogen	794 000	4,9
Anna arbeid på bruket	1 077 000	6,7
I alt	13 770 000	85,7

Med leigd traktor:

I jordbruket	2 051 000	12,8
I skogen	88 000	0,5
Anna arbeid på bruket	155 000	1,0
I alt	2 294 000	14,3
Traktortimar i alt	16 064 000	100,0

Oppgåvene viser berre traktortimar på bruk som var med i teljinga. Dei gjeld både beltetraktorar, 4-hjuls og 2-hjuls traktorar. Traktortimar på reine skogeigedomar kjem ikkje med fordi slike eigedomar ikkje er med i teljinga. Traktortimane i skogen representerer såleis dei knapt 37 mill. dekar skogareal som var med i jordbruksteljinga. Resten av det totale skogarealet på 70 mill. dekar, fell utanom desse oppgåvene.

Ein fekk i alt oppgjeve at det siste året var nytta traktor på bruka i knapt 16,1 mill. timar. Av dette fall 13,8 mill. timar eller 86 prosent på egne og 14 prosent på leigde traktorar. Tabell 178 gjev eit oversyn for dei ein-skilde fylka.

Timetalet pr. traktor er rekna ut på grunnlag av alle traktorane, også dei ved bruk med under 5 dekar jordbruksareal. Dei fleste av desse traktorane blir for det meste nytta til leigekøyning på større bruk. Dei oppgjevne time-tala gjeld berre bruken av traktorane på bruk over 5 dekar. Gjennomsnittstala pr. traktor viser såleis ikkje heilt ut kor mykje traktorane har vore i bruk. Ein del av traktorane blir nytta også til køyning utanom bruka, t. d. på reine skogeigedomar som ikkje er med i teljinga, til vegbygging og anna bygge- og anleggsarbeid og elles i andre næringar.

I Østfold, Akershus og Vestfold fall over 90 prosent av traktortimane på egne traktorar. Leige av traktor spela relativt størst rolle i Finnmark, der 42 prosent av alle traktortimane fall på leigetruktorar, men var heller vanleg også i dei andre fylka i Nord-Noreg og i Agder.

Det var Hedmark og Oppland som nytta traktorane mest, med vel 350 timar pr. traktor pr. år. Minst var utnyttinga i Aust-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane, med om lag 200 timar pr. år. Den høge utnyttinga i Hedmark og Oppland heng delvis saman med at traktorane der vert nytta relativt mykje i skogen. I høve til samla timetal var det likevel Telemark og Aust-Agder som nytta traktorane mest i skogen, med 16 prosent av time-talet. I Hordaland og Sogn og Fjordane var det relativt svært mange 2-hjuls traktorar, og det er rimeleg å sjå det låge timetalet ut frå dette.

Tabell 178. Traktortimar i einssilde fylke.

	Traktor- timar i alt. 1000 timar	Av dette med eigen traktor. Prosent	Timetal i alt prosentvis fordelt			Timar pr. traktor	Timar pr. dekar jord- bruks- areal
			I jord- bruket	I skogen	Anna ar- beid på bruket		
Østfold	1 350	94,1	90,4	4,4	5,2	288	1,8
Akershus og Oslo	1 369	92,4	90,0	3,7	6,3	305	1,6
Hedmark	1 770	84,3	85,3	7,4	7,3	351	1,7
Oppland	1 685	88,1	83,2	8,6	8,2	352	1,9
Buskerud	862	87,6	83,5	9,1	7,4	258	1,7
Vestfold	1 021	91,9	90,5	4,1	5,4	310	2,2
Telemark	521	83,4	76,7	16,3	7,0	235	1,6
Aust-Agder	190	70,8	77,3	16,3	6,4	199	1,3
Vest-Agder	215	72,1	82,5	9,2	8,3	209	1,0
Rogaland	1 124	83,1	91,3	0,4	8,3	344	1,8
Hordaland og Bergen .	598	85,8	88,5	2,4	9,1	201	1,1
Sogn og Fjordane	449	81,7	88,1	2,7	9,2	203	0,9
Møre og Romsdal	1 021	81,4	88,3	2,5	9,2	247	1,7
Sør-Trøndelag	1 033	84,6	87,7	4,1	8,2	317	1,5
Nord-Trøndelag	1 496	89,6	85,4	5,8	8,8	325	2,1
Nordland	809	75,7	86,7	3,4	9,9	247	1,1
Troms	439	69,3	87,6	5,5	6,9	250	1,1
Finnmark	112	57,6	90,7	1,2	8,1	244	0,9
I alt	16 064	85,7	86,8	5,5	7,7	288	1,6

Av jordbruksområda hadde Jæren det høgste timetalet med 390. Kystbygdene og dal- og fjellbygdene i Agder hadde lægst tal, med 195 timar pr. traktor.

Rekna pr. dekar jordbruksareal vart traktorane nytta mest i Vestfold og Nord-Trøndelag og minst i Sogn og Fjordane og Finnmark. Av jordbruksområda hadde Jæren størst timetal med 2,3 timar pr. dekar, og dal- og fjellbygdene i Agder det minste med 0,7.

Tabell 179 gjev eit oversyn for bruk av ymse storleik.

Tabell 179. Traktortimar ved bruk av ulik storleik.

	Traktor- timar i alt. 1000 timar	Av dette med eigen traktor. Prosent	Timetal i alt prosentvis fordelt			Timar pr. dekar jord- bruks- areal
			I jord- bruket	I skogen	Anna ar- beid på bruket	
Kl. 3. 5,1— 10 dekar	114	39,0	85,7	4,0	10,3	0,7
» 4. 10,1— 20 »	557	52,3	87,1	3,4	9,5	0,9
» 5. 20,1— 35 »	1 221	64,2	85,9	4,3	9,8	1,0
» 6. 35,1— 50 »	1 538	71,3	84,7	5,7	9,6	1,1
» 7. 50,1— 75 »	2 533	79,9	85,8	5,3	8,9	1,4
» 8. 75,1— 100 »	2 049	87,6	85,7	6,0	8,3	1,8
» 9. 100,1— 200 »	4 410	94,5	87,5	5,5	7,0	2,1
» 10. 200,1— 500 »	2 943	97,7	88,6	5,8	5,6	2,1
» 11. 500,1—1000 »	533	98,9	89,0	6,4	4,6	2,2
» 12. Over 1000 »	166	99,4	86,6	5,8	7,6	2,8
I alt	16 064	85,7	86,8	5,5	7,7	1,6

På dei største bruka vart det nytta nesten berre eigne traktorar, medan leige av traktor spela relativt større rolle di mindre bruka var. Ein ser elles at traktortimar pr. dekar jordbruksareal veks med aukande bruksstorleik.

Fylkes- og kommunevise oppgåver over traktortimar finn ein i tabellane 17 og 18 i tredje hefte. Oppgåver for dei naturlege jordbruksområda er gjevne i tabell 29 i fjerde hefte.

Driftsbygningar.

Det vart henta inn fleire opplysningar om driftsbygningane i 1959 enn ved tidlegare jordbruksteljingar.

Ein fekk fleire detaljar om alderen enn i 1949. Dessutan fekk ein oppgåver over kor mange bruk det var som trong ny driftsbygning og kor mange som trong større tilbygg eller hovudreparasjon av driftsbygningane.

Andre nye teljingsobjekt ved 1959-teljinga var automatiske drikkekar i fjøset, tørkeanlegg for korn og hø, låveheis, permanente grassiloar, halm-lutingsanlegg og lagerrom for poteter og grønnsaker.

Ved tidlegare teljingar har det vore med spørsmål om innlagt vatn i fjøset. Dette vart ikkje teke med i 1959.

Alle oppgåvene om driftsbygningane gjeld bruka med over 5 dekar jordbruksareal.

Grunnflate og alder.

Ved teljinga i 1949 vart det for første gong spurt etter grunnflata på driftsbygningane. Den gongen vart det vidare spurt etter kor mykje som var bygd i siste 30- og 50-årsperiode.

Ved teljinga i 1959 vart grunnflata delt på 4 byggjeperiodar, før 1900, 1900—1920, 1921—1940 og etter 1940.

Som driftsbygningar er ikkje rekna med sagbruk, møller, sjøbuer o.l. Heller ikkje veksthus skal vera med, men derimot spesielle driftsbygningar i samband med desse. Oppgåvene gjeld berre grunnflata. Det er ikkje teke omsyn til storleiken på bygningane elles.

Samla grunnflate på driftsbygningane var 36,2 mill. m² i 1959 mot 36,6 mill. i 1949. Brukstalet gjekk noko tilbake i perioden 1949—1959, så gjennomsnittleg grunnflate pr. bruk auka litt, frå 176 m² i 1949 til 189 m² i 1959. Gjennomsnittet auka i alle bruksklassane mellom 5 og 200 dekar, men var litt mindre enn i 1949 ved bruka over 200 dekar.

Grunnflata på driftsbygningane svara til 3,6 m² pr. dekar jordbruksareal både i 1949 og 1959. I høve til jordbruksarealet var driftsbygningane størst på dei minste bruka og avtok med aukande bruksstorleik.

Det er særleg Finnmark som skil seg ut med relativt mange nye driftsbygningar. Der måtte det meste byggjast opp på nytt under gjenreisninga etter krigen. Elles var det også relativt mange nye driftsbygningar i Nordland og Troms. Av fylka lenger sør var det Rogaland og Nord-Trøndelag som hadde flest nye driftsbygningar. Flest gamle var det i Aust-Agder og Møre og Romsdal. På Jæren var berre 12 prosent av grunnflata bygd før 1900, medan 42 prosent var så gamalt i kystbygdene i Agder.

Tabell 11 i tredje hefte viser grunnflata på driftsbygningane fylkesvis etter bruksstorleik, og tabell 16 gjev heradstal. Oppgåvene for jordbruksområda finn ein i tabell 26 i fjerde hefte.

Tabell 180. Grunnflata på driftsbygningane. 1959.

	Bruk utan driftsbygningar	Grunnflate						Pr. dekar jordbruksareal m ²	Pr. bruk med driftsbygning, m ²
		I alt 1000 m ²	Prosentvis fordelt etter byggeperiode						
			For 1900	1900—1920	1921—1940	Etter 1940			
Riket.....	6 378	36 258	27,9	22,3	26,9	22,9	3,6	189	
Fylka:									
Østfold	251	2 703	27,9	25,9	27,9	18,3	3,5	397	
Akershus og Oslo	417	2 896	27,7	26,7	26,9	18,7	3,5	363	
Hedmark	401	4 227	30,0	20,6	26,5	22,9	4,2	252	
Oppland	327	3 690	30,9	19,9	26,1	23,1	4,2	251	
Buskerud	289	2 108	30,3	24,6	24,2	20,9	4,2	241	
Vestfold	215	1 600	33,5	24,2	25,5	16,8	3,5	300	
Telemark	226	1 391	28,8	24,1	27,1	20,0	4,3	182	
Aust-Agder.....	108	738	39,2	20,9	22,4	17,5	4,9	143	
Vest-Agder.....	202	896	29,6	24,0	27,5	18,9	4,2	127	
Rogaland	246	2 409	20,0	21,9	31,2	26,9	3,9	212	
Hordaland og Bergen ...	330	1 702	36,2	22,7	23,5	17,6	3,2	115	
Sogn og Fjordane	178	1 491	35,2	24,8	22,2	17,8	3,1	134	
Møre og Romsdal	362	2 127	37,6	21,4	22,5	18,5	3,6	142	
Sør-Trøndelag	266	2 549	26,4	22,4	28,0	23,2	3,7	214	
Nord-Trøndelag	207	2 508	19,8	22,4	31,6	26,2	3,5	243	
Nordland	889	1 915	16,3	17,7	32,4	33,6	2,7	92	
Troms	723	1 070	10,2	16,1	32,3	41,4	2,7	87	
Finnmark	741	238	1,0	2,2	6,4	90,4	1,9	59	
Bruksklassar:									
Kl. 3. 5,1— 10 dekar	2 141	1 181	24,4	21,8	26,4	27,4	7,6	68	
» 4. 10,1— 20 »	2 132	3 350	25,6	21,2	27,4	25,8	5,4	86	
» 5. 20,1— 35 »	1 068	5 148	26,1	20,1	28,7	25,1	4,3	121	
» 6. 35,1— 50 »	427	5 174	26,6	20,6	27,9	24,9	3,8	165	
» 7. 50,1— 75 »	281	6 235	26,9	21,2	27,0	24,9	3,5	219	
» 8. 75,1— 100 »	135	3 923	28,2	22,6	26,4	22,8	3,4	297	
» 9. 100,1— 200 »	145	6 675	29,5	24,7	26,2	19,6	3,2	447	
» 10. 200,1— 500 »	43	3 912	32,9	25,6	25,3	16,2	2,8	810	
» 11. 500,1—1000 »	3	560	31,8	25,4	22,2	20,6	2,4	1 517	
» 12. Over 1000 »	3	100	28,1	14,7	35,0	22,2	1,7	2 505	

Behov for nybygg, større tilbygg eller hovudreparasjon.

Ved teljinga i 1959 vart det spurt om bruka trong ny driftsbygning eller om driftsbygningane trong større tilbygg eller hovudreparasjon. 54 300 eller vel 27 prosent av bruka over 5 dekar gav opp at dei trong ny driftsbygning og 59 600 eller 30 prosent at bygningane trong større tilbygg eller hovudreparasjon. Fordelinga på fylke og bruk av ymse storleik kan ein sjå av tabell 181.

I Hedmark, Oppland, Buskerud og Finnmark var det fleire bruk som trong ny driftsbygning enn som trong større tilbygg eller hovudreparasjon. I dei andre fylka var det omvendt.

Stort sett er det relativt liten skilnad mellom dei ymse distrikt når det

Tabell 181. Behov for ny driftsbygning, tilbygg eller hovudreparasjon. Gjødseloppsamling, drikkekar i fjøset, låveheis. 1959.

	Prosent bruk som trong		Prosent bruk med			
	større tilbygg eller hovudreparasjon av driftsbygningen	ny driftsbygning	gjødselkjellar eller overtekt gjødsel-plass	urinkum	automatiske drikkekar i fjøset	låveheis
Riket.....	30,1	27,4	74,4	21,7	41,4	3,4
Fylka:						
Østfold	30,5	25,0	44,8	11,0	22,8	1,4
Akershus og Oslo	27,3	25,8	54,1	5,3	31,5	1,0
Hedmark	29,6	33,4	61,3	6,8	38,8	1,2
Oppland	30,4	31,7	81,0	10,9	37,8	0,6
Buskerud	25,2	27,6	74,9	11,3	35,7	0,8
Vestfold	31,3	22,0	56,6	21,4	36,9	3,7
Telemark	32,5	26,4	75,5	23,7	38,4	0,9
Aust-Agder.....	29,3	25,5	80,4	20,1	36,2	0,8
Vest-Agder.....	26,9	26,1	82,6	28,4	42,2	3,0
Rogaland	27,2	25,1	89,6	77,0	62,1	12,4
Hordaland og Bergen.....	31,3	23,9	73,9	51,9	43,3	0,8
Sogn og Fjordane	32,5	25,7	80,7	34,8	59,8	1,2
Møre og Romsdal	30,9	26,9	78,3	24,2	59,5	3,3
Sør-Trøndelag	31,4	27,0	82,5	10,3	44,8	8,1
Nord-Trøndelag	30,1	25,0	84,1	6,8	51,4	10,0
Nordland	31,6	29,5	71,3	15,9	29,3	3,2
Troms	32,7	27,0	79,7	8,9	36,8	5,2
Finnmark	21,6	31,6	53,6	15,7	12,9	1,6
Bruksklassar:						
Kl. 3. 5,1— 10 dekar...	20,6	24,3	49,3	9,4	8,8	0,2
» 4. 10,1— 20 » ...	26,7	27,9	64,0	13,7	20,0	0,7
» 5. 20,1— 35 » ...	30,4	29,0	75,7	19,8	36,0	1,8
» 6. 35,1— 50 » ...	33,2	28,9	81,9	26,7	50,9	3,6
» 7. 50,1— 75 » ...	34,0	28,1	85,1	31,4	61,5	6,0
» 8. 75,1— 100 » ...	33,6	26,6	84,7	31,5	65,5	8,1
» 9. 100,1— 200 » ...	32,9	24,0	82,9	25,7	67,6	8,5
» 10. 200,1— 500 » ...	30,7	20,2	82,4	24,4	70,0	7,3
» 11. 500,1—1000 » ...	29,0	15,3	84,7	41,4	78,8	14,5
» 12. Over 1000 » ...	30,2	9,3	81,4	55,8	79,1	41,9

gjeld behov for større tilbygg, hovudreparasjon og ny driftsbygning. Dersom ein ser desse behova under eitt, som eit uttrykk for kva tilstand driftsbygningane er i, finn ein at det var trong for ny bygning, større tilbygg eller hovudreparasjon på over halvparten av bruka i alle fylka. Det varierte mellom 63 prosent i Hedmark og 52 prosent i Rogaland.

Jærens sletteland var det einaste jordbruksområdet der mindre enn halvparten (48 prosent) av bruka hadde slike bygningsbehov. Behovet var jamt over størst i dal- og fjellbygdene.

Oppgåvene for bruk av ymse storleik syner at behovet var størst ved bruka mellom 35 og 75 dekar, der 62 prosent trong nybygg, større tilbygg eller hovudreparasjon. Behovet vart relativt mindre både med aukande og avtakande bruksstorleik.

Ein må vera merksam på at desse oppgåvene er gjevne etter oppgåve-gjevaren si subjektive vurdering. Dei einskilde brukarar kan ha ulike mei-

ningar om kva tilstand bygningane må vera i før dei reknar med at det trengst hovudreparasjon, større tilbygg eller ny driftsbygning.

Behova vil heller ikkje berre retta seg etter om bygningane er gamle eller skrale. Årsaka er ofte at bygningane, utan å vera særleg gamle, er upraktiske, for små eller har andre manglar som gjer dei lite høvande til den driftsform bruket har eller som brukaren tek sikte på. Ei representativ teljing i 1953 synte at det var slike ting som var i vegen på 36 prosent av dei bruka som ikkje hadde tilfredsstillande driftsbygningar.

Den sterke mekaniseringa og anna omlegging av jordbruksdrifta har også ført til andre krav til driftsbygningane.

G j ø d s e l o p p s a m l i n g .

Opplysningar om gjødseloppsamlinga har vore henta inn ved teljingane frå og med 1929. I 1959 vart det spurt om bruket hadde gjødselkjellar eller overtekt gjødselplass og om det hadde urinkum. I 1939 og 1949 vart det også spurt om gjødselplassen hadde tett botn og om urinkummen var i fullnøyande stand.

I alt 147 600 eller 74 prosent av bruka over 5 dekar gav opp at dei hadde gjødselkjellar eller overtekt gjødselplass i 1959. I 1949 var det 71 og i 1939 67 prosent. 43 000 bruk eller 22 prosent av bruka i 1959 gav opp at dei hadde urinkum. I 1949 hadde 18 prosent urinkum og i 1939 16 prosent.

Tabell 181 viser kor stor del av bruka det var som hadde gjødselkjellar eller overtekt gjødselplass og urinkum i dei ymse fylke og ved bruk av ymse storleik.

I Rogaland var det gjødselkjellar eller overtekt gjødselplass på 90 prosent av bruka over 5 dekar. Over 80 prosent var det elles i Oppland, Agderfylka, Sogn og Fjordane og Trøndelag. Det var relativt færrest i Østfold. Det var i det heile relativt færre på Austlandet enn i dei andre landslutene, men gjødselkjellar eller overtekt gjødselplass var langt vanlegare i dal- og fjellbygdene på Austlandet enn i dei andre jordbruksområda innan landsluten.

Det var urinkum på meir enn tre fjerdepartar av bruka i Rogaland. Heile 90 prosent av bruka på Jæren hadde urinkum. Rogaland skil seg sterkt ut frå resten av landet. I det fylket som kom nærast, Hordaland, hadde vel halvparten av bruka urinkum. Urinkum er i det heile langt vanlegare på Vestlandet enn elles i landet og minst vanleg i Trøndelag og på Austlandet.

A u t o m a t i s k e d r i k k e k a r .

Spørsmål om automatiske drikkekar i fjøset var for første gong med ved teljinga i 1959. Ved teljingane i 1939 og 1949 var det spørsmål om innlagt vatn i fjøset.

82 200 eller vel 41 prosent av bruka over 5 dekar svara ja på spørsmålet om automatiske drikkekar. Relativt flest var det på Vestlandet og i Trøndelag. På Vestlandet hadde knapt 56 prosent av bruka gjeve opp at dei hadde drikkekar. Fordelinga fylkesvis og for bruk av ymse storleik finn ein i tabell 181.

Særleg vanleg var automatiske drikkekar på Jæren der dei fanst på over 70 prosent av bruka. På Austlandet var drikkekar langt vanlegare i dal- og fjellbygdene enn i dei andre jordbruksområda. Elles skil Østfold seg ut frå dei andre fylka på Austlandet. I Østfold var det berre 23 prosent som hadde automatiske drikkekar, medan det var 32—38 prosent i dei andre fylka.

Drikkekar er relativt vanlegare di større bruka er. Prosent bruk med drikkekar aukar sterkt frå bruksklasse til bruksklasse til ein kjem opp i bruksstorleikar på 50,1—75 dekar. Auken er mindre i dei høgre bruksklassar.

Ved vurderinga av desse oppgåvene bør ein vera merksam på at relativtala er rekna ut på grunnlag av alle bruk over 5 dekar. Ein del av desse bruka er utan fjøs.

I 1949 hadde 52 prosent av bruka over 5 dekar innlagt vatn i fjøset. Ei representativ teljing i 1957 synte at det då var 71 prosent. Ein har ikkje oppgåver som viser kor mange det var som hadde automatiske drikkekar ved desse teljingane.

Låveheis og tørkeanlegg.

På teljingsskjemaet i 1959 var det for første gong med spørsmål om låveheis og om tørkeanlegg for korn og høy. Det var svært få tørkeanlegg i 1959, og oppgåvene høyrer til dei meir usikre. For heile landet vart det gjeve opp 489 tørkeanlegg for korn og 183 tørkeanlegg for høy. Som ein kunne venta, var dei fleste korntørkeanlegga på Austlandet og i Trøndelag, medan høytørkeanlegga var meir jamt spreidde over heile landet.

Det vart oppgjeve at det var låveheis på 6 800 bruk. Etter teljingsreglane skulle desse oppgåvene gjelda alle innreingar for motordrift til heising og transport på låven.

Fordelinga på fylke og bruk av ymse storleik er vist i tabell 181. Det var Rogaland og Trøndelagsfylka som hadde flest låveheisar. På Jæren var det låveheis på fjerdeparten av bruka. På Austlandet var det få bruk som hadde heis.

Det var relativt fleire som hadde låveheis di større bruka var.

Halm luting.

Også for halm luting vart det for første gong henta inn oppgåver i 1959. Det vart spurt om bruket hadde eige lutingsanlegg, om det vart nytta halm frå felles lutingsanlegg og samla forbruk av luta halm.

5 100 bruk gav opp at dei hadde eige lutingsanlegg og 7 200 at dei nytta halm frå felles lutingsanlegg.

Det var knapt 10 800 som gav opp forbruk av luta halm siste år. Sume bruk kan ha eige lutingsanlegg utan at det er i bruk. Sume har del i fellesanlegg utan at dei nytta halm frå dette anlegget siste året, og sume nyttar halm frå fellesanlegg ved sida av at dei har eige anlegg.

Samla forbruk av luta halm var oppgjeve til 230 000 tonn eller i medel 21,3 tonn pr. bruk med oppgåve.

Tabell 182 gjev eit oversyn over halm lutinga i dei einskilde fylka og for bruk av ymse storleik.

Tabell 182. Halmluting.

	Prosent bruk med		Forbruk av luta halm siste år			
	eige lutingsanlegg	luta halm frå felles lutingsanlegg	Tal bruk med oppgåve		Forbruk, Tonn	Tonn pr. bruk med oppgåve
			I alt	I prosent av bruk over 5 dekar		
Riket.....	2,6	3,7	10 760	5,4	229 673	21,3
Fylka:						
Østfold	5,7	12,6	1 069	15,1	20 720	19,4
Akershus og Oslo	4,1	12,8	1 226	14,6	28 687	23,4
Hedmark	2,9	8,4	1 719	10,0	53 536	31,1
Oppland	7,8	5,7	1 766	11,7	41 659	23,6
Buskerud	1,5	3,0	329	3,6	4 655	14,1
Vestfold	3,2	10,8	630	11,3	10 625	16,9
Telemark	0,6	1,4	108	1,4	1 197	11,1
Aust-Agder.....	0,3	—	14	0,3	95	6,8
Vest-Agder.....	0,6	—	32	0,4	388	12,1
Rogaland	8,9	1,6	1 101	9,5	28 865	26,2
Hordaland og Bergen.....	0,3	0,0	48	0,3	273	5,7
Sogn og Fjordane	0,4	0,0	40	0,4	248	6,2
Møre og Romsdal	1,1	0,2	156	1,0	1 193	7,6
Sør-Trøndelag	2,6	2,4	541	4,4	5 948	11,0
Nord-Trøndelag	6,4	14,1	1 973	18,7	31 534	16,0
Nordland	0,1	0,0	8	0,0	50	6,3
Troms	—	—	—	—	—	—
Finnmark	—	—	—	—	—	—
Bruksklassar:						
Kl. 3. 5,1— 10 dekar.....	0,0	0,2	36	0,2	154	4,3
» 4. 10,1— 20 »	0,2	0,4	197	0,5	1 023	5,2
» 5. 20,1— 35 »	0,4	1,0	557	1,3	3 718	6,7
» 6. 35,1— 50 »	1,2	2,2	942	3,0	7 839	8,3
» 7. 50,1— 75 »	2,9	4,1	1 748	6,1	19 414	11,1
» 8. 75,1— 100 »	5,7	7,9	1 591	11,9	24 950	15,7
» 9. 100,1— 200 »	11,4	16,3	3 656	24,3	79 645	21,8
» 10. 200,1— 500 »	21,4	22,8	1 807	37,1	71 529	39,6
» 11. 500,1—1000 »	50,5	23,1	200	53,8	16 277	81,4
» 12. Over 1000 »	55,8	18,6	26	60,5	5 124	197,1

Det var relativt flest bruk med halmluting i Nord-Trøndelag og òderne i Østfold, Akershus, Oppland, Vestfold, Hedmark og Rogaland. Desse fylka skilde seg sterkt ut frå dei andre fylka. 88 prosent av dei som gav opp forbruk av luta halm var i desse fylka, og dei hadde 94 prosent av samla forbruk av luta halm.

Forbruket av luta halm skulle oppgjevast som vekt i luta tilstand. Ein reknar at 1 kg tørr halm svarar til 4 kg luta halm. Det samla forbruket på 230 000 tonn luta halm svarar såleis til vel 57 000 tonn tørr halm. Dette var knapt 10 prosent av samla halmavling i 1958. I Rogaland svara luta halm-mengd til knapt 28 prosent av halmavlinga i fylket, i Hedmark, Oppland og Nord-Trøndelag til 14—15 prosent. I dei andre fylka var det langt mindre.

Av jordbruksområda skil Jæren og bygdene ved Trondheimsfjorden seg ut med relativt mykje halmluting. Der var det oppgjeve forbruk av luta halm

på over fjerdeparten av bruka. Deretter fylgde dei søraustlege slettebygdene og silurbygdene inne i landet med knapt 15 prosent.

Det gjennomsnittlege forbruk av luta halm pr. bruk som gav oppgåve, var vel 21 tonn (dvs. noko over 5 tonn tørr halm). Gjennomsnittsförbruket var størst i Hedmark, med 31 tonn pr. bruk. Dernest fylgde Rogaland med 26 og Akershus og Oppland med vel 23 tonn pr. bruk. Av jordbruksområda kom silurbygdene på Austlandet høgst med 38 tonn, og deretter kom Jæren med gjennomsnittleg 28 tonn.

Tabell 182 viser at det er sterk samanheng mellom bruksstorleik og gjennomsnittleg forbruk av luta halm.

Oppgåver over halmluting i dei einskilde fylka og ved bruk av ymse storleik er tekne inn i tabell 11 i tredje hefte. Tabell 14 i same heftet gjev oppgåver for dei einskilde kommunar. Oppgåver for jordbruksområda finn ein i tabell 26 i fjerde hefte.

Siloar og silofôr.

Oppgåver over siloar og silofôr vart for første gong samla inn ved teljinga i 1939. Omfanget av oppgåvene vart noko utvida i 1949, og i 1959 vart det i tillegg spurt etter talet på permanente grassiloar på bruka og samla rominnhald av desse.

Nedlagt silomasse (i 1958) er først delt på masse med og utan konserveringsmiddel, og innafor kvar av desse gruppene er det ei tredeling etter kva fôr som var nedlagt, om det var gras, hå og grønfôr, poteter eller anna silomasse. Det vart vidare spurt etter kva slag silotype som vart nytta til nedlegginga.

I alt vel 46 700 eller 23,6 prosent av bruka over 5 dekar gav opp at dei hadde permanente grassiloar i 1959. Desse bruka hadde i alt knapt 58 300 siloar med eit samla rominnhald på vel 2,1 mill. m³. Gjennomsnittleg rominnhald pr. silo var noko over 36 m³. I Akershus var gjennomsnittet 59, i Østfold 57 og i Vestfold 51 m³. Elles varierte det mellom 42 i Hedmark og 25 i Nordland.

Gjennomsnittleg rominnhald av permanente grassiloar pr. bruk med slike siloar var 45 m³, varierende mellom 73 m³ i Akershus og 29 m³ i Telemark og Nordland.

Dei permanente grassiloane var større di større bruka var. Gjennomsnittleg rominnhald pr. silo auka frå 15 m³ ved bruka mellom 5 og 10 dekar til 45 m³ ved bruka mellom 100 og 200 dekar og 137 m³ ved bruka over 1 000 dekar. Dessutan var permanente grassiloar relativt vanlegare di større bruka var, og talet på siloar pr. bruk med permanente siloar auka og med bruksstorleiken.

Oppgåvene over silofôr skulle gjelda det som var nedlagt året før teljinga (1938, 1948 og 1958), oppgjeve som ferdig masse.

50 400 bruk la ned silomasse i 1958. Rekna som ferdig masse vart det i alt lagt ned 1 165 000 m³. 89,0 prosent av dette var gras, hå og grønfôr, 8,5 prosent poteter og 2,5 prosent «anna silomasse».

I 1958 vart det lagt ned 1 037 000 m³ gras, hå og grønfôr. I 1948 var det 500 000 m³. Av poteter vart det lagt ned 99 000 m³ i 1958, mot 12 000 m³ i 1948. Anna silofôr, vesentleg bladmasse frå rotvokstrane, gjekk ned frå 53 000 m³ i 1948 til 29 000 m³ i 1958.

Tabell 183 syner kor vanleg silonedlegginga var i dei ymse fylka og ved bruk av ymse storleik. Tabellen viser og m. a. kor store silomengder det var pr. bruk.

Tabell 183. Silofôr.

	Prosent bruk med silofôr		Prosent nedlagt med konserveringsmiddel		Ferdig masse pr. bruk med silo. m ³		Nedlagt masse pr. 1000 dekar jordbruksareal. m ³		Prosent auke i silomassen 1948—1958
	1948	1958	1948	1958	1948	1958	1948	1958	
Riket	17,3	25,4	50,3	76,2	15,3	23,1	55,0	116,2	106,4
Fylka:									
Østfold	17,5	19,9	66,5	92,0	22,3	37,3	39,2	68,2	71,0
Akershus og Oslo	18,9	20,5	82,4	90,1	28,7	37,5	61,2	77,5	21,2
Hedmark	22,8	24,4	74,1	87,8	17,7	24,4	74,7	100,4	33,7
Oppland	21,6	23,3	55,5	84,2	15,6	24,7	57,4	97,9	62,8
Buskerud	18,4	18,0	55,8	81,3	13,6	19,4	45,8	62,3	28,4
Vestfold	16,0	33,2	71,2	63,2	17,7	18,1	37,9	72,2	81,1
Telemark	13,3	14,2	72,1	71,4	11,7	13,0	38,1	45,4	8,1
Aust-Agder	3,0	7,6	89,9	75,9	11,6	12,1	12,2	32,2	128,6
Vest-Agder	3,2	7,7	75,6	91,7	11,0	17,4	13,3	45,0	210,0
Rogaland	15,3	34,0	79,5	87,1	17,3	25,1	60,0	160,2	208,6
Hordaland og Bergen .	43,5	54,0	14,5	60,1	16,3	29,1	206,8	440,1	105,7
Sogn og Fjordane	37,8	56,0	8,5	63,8	12,5	25,1	113,5	332,5	188,0
Møre og Romsdal	21,4	36,6	31,6	77,6	11,2	19,5	61,9	184,8	187,1
Sør-Trøndelag	9,1	22,4	72,3	81,6	10,2	15,1	16,1	59,0	249,2
Nord-Trøndelag	14,6	32,4	64,9	73,6	10,7	15,9	25,3	76,5	212,9
Nordland	6,4	11,1	75,0	92,9	8,8	15,9	17,5	54,0	194,5
Troms	3,7	9,4	66,0	92,8	13,0	19,6	15,8	60,2	276,2
Finnmark	0,9	3,7	67,3	96,6	12,7	19,7	4,9	27,4	526,8
Bruksklassar:									
Kl. 3. 5,1—10 da.	2,1	2,7	28,6	52,3	3,8	6,3	10,0	21,1	76,5
» 4. 10,1—20 »	5,8	7,5	27,0	56,9	5,3	8,8	20,1	43,2	88,9
» 5. 20,1—35 »	12,2	17,7	28,0	64,7	8,0	13,0	35,7	83,6	110,1
» 6. 35,1—50 »	19,5	30,8	30,7	68,5	10,6	17,9	48,9	129,1	172,3
» 7. 50,1—75 »	28,1	42,6	33,0	74,1	13,5	22,7	61,2	156,0	153,0
» 8. 75,1—100 »	31,8	47,3	42,5	76,8	15,7	26,5	57,6	143,6	149,3
» 9. 100,1—200 »	39,0	50,6	62,3	81,1	18,7	29,3	53,1	107,5	96,4
» 10. 200,1—500 »	60,7	56,5	75,4	89,7	37,7	52,8	81,6	105,9	32,1
» 11. 500,1—1000 »	85,7	71,4	79,0	88,1	97,0	130,3	131,7	145,7	21,5
» 12. Over 1000 »	94,6	86,0	79,2	90,6	207,5	295,4	148,4	184,6	50,5

Fjerdeparten av bruka over 5 dekar hadde silofôr i 1959, mot 17 prosent av bruka i 1949. I Hordaland og Sogn og Fjordane hadde dei silofôr ved over halvparten av bruka og i Møre og Romsdal, Rogaland, Vestfold og Nord-Trøndelag ved om lag tredjeparten av bruka. Relativt færrest var det i Finnmark (knappt 4 prosent), men også i Agder og Troms var det mindre enn 10 prosent.

Vel tre fjerdedelar av silomassen var nedlagt med konserveringsmiddel i 1958, mot halvparten i 1948. I dei aller fleste fylka vart ein større del av silofôret lagt ned med konserveringsmiddel i 1958 enn i 1948. Denne omlegginga kjem særleg tydeleg til syne i Hordaland og Sogn og Fjordane, der storparten vart lagt ned utan konserveringsmiddel i 1948. Trass i den sterke

auken i bruk av konserveringsmiddel i desse fylka, var dei likevel mellom dei fylka der det vart lagt ned relativt minst med konserveringsmiddel i 1958. I nokre få fylke vart det lagt ned relativt mindre med konserveringsmiddel i 1958 enn i 1948. Dette heng saman med auke i nedlagt potetmengd. Det meste av potetene blir nedlagt utan konserveringsmiddel.

Den nedlagde silomengd svara til 23 m³ ferdig masse pr. bruk med silo i 1959 mot vel 15 m³ i 1949. Det var auke i alle fylke. Den nedlagde masse pr. bruk var størst i Østfold og Akershus, med gjennomsnittleg vel 37 m³, minst i Aust-Agder og Telemark med 12—13 m³.

I 1959 svara silomengda til 116 m³ pr. 1 000 dekar jordbruksareal ved bruka med over 5 dekar. I 1949 var det 55 m³. Det er her rekna med alt jordbruksareal ved bruka over 5 dekar, også ved dei bruka som ikkje hadde silofôr. Rekna etter denne målestokken, er dei distriktsvise variasjonane svært store. Det er særleg Vestlandet som skil seg ut. For heile Vestlandet under eitt var det 271 m³ silofôr pr. 1 000 dekar jordbruksareal. På Austlandet var det 80, i Trøndelag 68, i Nord-Noreg 53 og i Agder 40 m³ pr. 1 000 dekar.

Oppgåvene for bruk av ymse storleik viser at samla silomasse auka særleg sterkt på bruka mellom 35 og 100 dekar. Det er relativt fleire bruk med silofôr di større bruka er. Det var likevel færre bruk over 200 dekar som hadde silofôr i 1959 enn i 1949. Bruk av konserveringsmiddel til silofôret er og meir vanleg di større bruka er. I forhold til jordbruksarealet var det i 1959 mest silofôr på bruka over 500 dekar og på bruk med 35—100 dekar.

Fylgjande oppstilling viser bruka fordelte etter kva silotype dei nytta.

	1959		1949
	Bruk	Prosent	Prosent
Betongsilo	30 240	56,6	35,0
Plankesilo	18 768	35,1	36,0
Staursilo eller stakk	3 662	6,9	24,9
Gropsilo	756	1,4	4,1
I alt	53 426	100,0	100,0

Ein ser at det har vore sterk omlegging frå meir primitive silotypar til betongsiloar.

Ved ein del bruk vart det nytta meir enn eit slag silo. Desse bruka har ein rekna med under kvar silotype dei har. Summen av bruk med ymse silotypar (53 426) er difor større enn bruk med silofôr (50 396).

Tabell 12 i tredje hefte gjev oppgåver over siloar og silofôr i dei ein-skilde fylke og ved bruk av ymse storleik. Oppgåver for dei ein-skilde kommunar finn ein i tabell 14 i same heftet. Tabell 27 i fjerde hefte gjev oppgåver for dei naturlege jordbruksområda.

Lagerrom for poteter, grønsaker m. m.

Ved teljinga i 1959 var det for første gong med spørsmål om lagerrom for poteter og grønsaker. Lagerplassen for poteter skulle gjevast opp i m². For grønsaker vart det spurt om bruket hadde spesielt lagerrom og i tilfelle om lagerrommet hadde kunstig kjøling, og om samla lagringskapasitet i m³.

Ved tilleggsteljing (skjema 2) for større frukthagar, bruk med areal under glas og planteskular vart det spurt etter lagerrom for frukt, blomster og planteskuleprodukt.

I alt 158 600 eller 80 prosent av bruka over 5 dekar gav opp at dei hadde lagerrom for poteter. Lagerflata var oppgjeven til knapt 2,7 mill. m² eller 16,9 m² pr. bruk med lagerrom.

Relativt flest med lagerrom for poteter var det i Nord-Trøndelag. Der var det lagerrom på 91 prosent av bruka. I dei fleste fylka varierte det elles mellom 75 og 87 prosent, men i Finnmark var det berre 30 prosent som gav opp at dei hadde rom for potetlagring.

I bruksklassen 5,1—10 dekar var det 65 prosent som hadde potetlager og i klassen 10,1—20 dekar, 74 prosent. For dei høgre bruksklassane varierte det frå 80 til vel 90 prosent.

Lagerromma var størst i Vestfold. Der var det gjennomsnittleg 30 m² potetlager pr. bruk som hadde slikt lagerrom. I Nord-Trøndelag var gjennomsnittet 29 m² og i Østfold 27 m². Minst lagerrom hadde Finnmark med gjennomsnittleg 8 m².

Storleiken på lagerromma auka med bruksstorleiken frå 9 m² ved bruka mellom 5 og 10 dekar til 158 m² ved bruka over 500 dekar.

1 814 bruk gav opp at dei hadde lagerrom for grønsaker. Av desse var det 130 med kunstig kjøling. 1 578 bruk gav opp lagringskapasitet, til saman 132 000 m³.

Diverre vart ikkje oppgåvene over lager og lagringskapasiteten så gode som ein kunne ynskja, og oppgåvene for grønsaklagerromma er difor ikkje publiserte i tabellhefta. Oppgåver over lagerrom for poteter er tekne inn i tabell 11 i tredje hefte og i tabell 26 i fjerde hefte.

Oppgåver over lagerrom for frukt vart samla inn frå bruka med over 50 frukttre (skjema 2). Dei er omtala side 119. Oppgåver for fylka og for hagar av ymse storleik er tekne inn i tabell 11 i hefte 2.

På skjema 2 var det og med spørsmål om lagerrom for blomster ved bruk med meir enn 50 m² under glas. Oppgåvene er omtala side 122. Fylkesvise oppgåver er tekne inn i tabell 15 c i andre hefte.

På same skjema vart det og spurt om lagerrom for planteskuleprodukt ved bruk med minst 1 dekar planteskuleareal. Desse oppgåvene er omtala side 119. Fylkesvise oppgåver finn ein i tabell 13 i andre hefte.

Vatningsanlegg.

Spørsmål om vatningsanlegg har vore med på teljingsskjemaet frå 1939. I 1939 og 1949 vart vatningsanlegga delte på trykkvatn, risleanlegg og pumpeanlegg. I 1959 vart det spurt om bruka hadde vatningsanlegg og i tilfelle kor stort areal som kunne vatnast med anlegga. Det vart ikkje spurt om kva slags vatningsanlegg dei hadde.

I alt vel 5 300 eller 2,7 prosent av bruka over 5 dekar gav opp at dei hadde vatningsanlegg i 1959 mot 3 300 bruk i 1949 og 3 100 i 1939. Arealet som kunne vatnast i 1959 var 180 000 dekar eller knapt 34 dekar i gjennomsnitt pr. bruk med vatningsanlegg.

Oppland hadde flest vatningsanlegg med i alt 1 152 (833 i 1949). Deretter kom Buskerud med 557 (283 i 1949) og Sogn og Fjordane med 515 (354 i 1949) anlegg.

I Vestfold var det vatningsanlegg på 7,9 prosent av bruکا over 5 dekar i 1959, i Oppland på 7,7 prosent og i Buskerud på 6,2 prosent av bruکا. Relativt færrest var det i fylka i Nord-Noreg og Trøndelag og i Møre og Romsdal, der mindre enn 1 prosent av bruکا hadde vatningsanlegg.

Vatningsanlegg var meir vanleg i dal- og fjellbygdene på Austlandet enn i dei andre jordbruksområda. Relativt flest var det i dal- og fjellbygdene i Oppland, der 10,7 prosent av bruکا hadde vatningsanlegg i 1959 (7,9 prosent i 1949).

Oppgåvene over vatningsareal skulle ikkje gjelda det arealet som vart vatna i eit visst år, men det arealet som kunne vatnast med anlegga slik dei var i 1959. Det arealet som faktisk blir vatna vil variera mykje frå år til år, særleg etter korleis nedbøren er.

Vatningsanlegga var størst i Hedmark der det gjennomsnittleg kunne vatnast 61 dekar pr. bruk med anlegg. I Akershus var gjennomsnittet 44 dekar, i Oppland og Buskerud 40 dekar og i Østfold, Vestfold og Nord-Trøndelag 37 dekar. I Finnmark var gjennomsnittet berre knapt 3 dekar. Elles var gjennomsnittsarealet minst i Agderfylka, Møre og Romsdal, Nordland og Troms, med 12—15 dekar.

Samla areal som kunne vatnast, 180 000 dekar, svara til 1,8 prosent av heile jordbruksarealet i landet. I Oppland kunne 5,3 prosent av arealet vatnast, i Buskerud 4,4 prosent, i Vestfold 3,6 og i Sogn og Fjordane 3,1 prosent. I dei andre fylka var det mindre. Bortsett frå Sogn og Fjordane var det mindre enn 1 prosent som kunne vatnast i alle fylka på Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg.

Det var relativt færrest bruk med vatningsanlegg i bruksklassen 20,1—35 dekar, men i alle bruksklassane mellom 5 og 100 dekar var det berre 2—3 prosent av bruکا som hadde vatningsanlegg og 1,2—1,9 prosent av jordbruksarealet som kunne vatnast med anlegga. I dei høgre bruksklassar var det relativt fleire som hadde vatningsanlegg og ein noko større del av jordbruksarealet kunne vatnast. Sjølv ved bruکا over 500 dekar var det likevel berre 15 prosent som hadde vatningsanlegg og 5,4 prosent av jordbruksarealet som kunne vatnast.

Oppgåver over vatningsanlegg, fylkesvis og for bruk av ymse storleik, er tekne inn i tabell 13 i tredje hefte. Oppgåver for jordbruksområda er gjevne i tabell 25 i fjerde hefte.

Køyreveg.

Oppgåver over køyreveg til bruکا har vore med i jordbruksteljingane frå 1939. I 1939 og 1949 vart det spurt om bruکا hadde køyreveg og i tilfelle om vegen var svært god, god eller dårleg. I 1959 vart det spurt om bruکا hadde køyreveg og i tilfelle om vegen var farande med bil heile året, eventuelt farande med bil berre om sommaren. Dersom bilveg vanta i 1959, skulle det gjevast opp kor langt det var til næraste bilveg, jernbanestasjon eller kai.

Knapt 177 000 eller 89 prosent av bruکا over 5 dekar gav opp at dei hadde køyreveg til bruket i 1959. I 1949 var det vel 86 prosent og i 1939 knapt 83 prosent.

Fylgjande oppstilling viser fordelinga etter svara på spørsmål om køyreveg til bruket.

	1959		1949
	Bruk	Prosent	Prosent
Ja	176 786	89,1	86,4
Nei.....	18 956	9,6	9,9
Ikkje svar.....	2 573	1,3	3,7
I alt.....	198 315	100,0	100,0

Dei som svara ja på spørsmålet om køyreveg til bruket, skulle opplysa om vegen var farande med bil heile året eller berre om sommaren.

Fylgjande oppstilling viser svara på spørsmålet om bilveg heile året.

	Bruk	Prosent
Ja	123 318	69,8
Nei.....	51 825	29,3
Ikkje svar.....	1 643	0,9
I alt med køyreveg	176 786	100,0

Dei som svara nei på spørsmålet om bilveg heile året, skulle gje svar på spørsmålet om vegen var farande med bil berre om sommaren. Svara på dette spørsmålet fordelte seg slik:

	Bruk	Prosent
Ja	42 130	81,3
Nei.....	8 503	16,4
Ikkje svar	1 192	2,3
I alt	51 825	100,0

På grunnlag av svara på spørsmåla om køyreveg kan ein setja opp dette oversynet:

	Bruk	Prosent
Bruk som har gjeve opp bilveg heile året	123 318	62,2
Bruk som har gjeve opp bilveg berre om sommaren	42 130	21,2
Bruk som har gjeve opp køyreveg ikkje farande med bil	8 503	4,3
Bruk som har gjeve opp køyreveg, men ikkje svara på spørsmålet om bilveg	2 835	1,4
Bruk i alt som har gjeve opp køyreveg	176 786	89,1
Bruk som har gjeve opp at dei ikkje har køyreveg	18 956	9,6
Bruk som ikkje har svara på spørsmålet om køyreveg	2 573	1,3
Bruk over 5 dekar i alt	198 315	100,0

Tabell 184 gjev eit oversyn for dei einskilte fylka og jordbruksområda.

Tabell 184. Bruka prosentvis etter oppgaver over køyreveg.
 Bruk i alt over 5 dekar = 100. 1959.

	Bruk som har gjeve opp						Bruk utan svar på spørsmål om køyreveg
	køyreveg	Av desse				at dei ikkje har køyreveg	
		bilveg heile året	bilveg berre om sommaren	køyreveg ikkje farande med bil	køyreveg, men ikkje svara på spørsmål om bilveg		
Riket.....	89,1	62,2	21,2	4,3	1,4	9,6	1,3
Fylka:							
Østfold	96,7	83,1	10,9	1,8	0,9	1,7	1,6
Akershus og Oslo.....	96,3	78,3	15,6	1,6	0,8	1,8	1,9
Hedmark	96,1	71,9	21,6	1,8	0,8	2,9	1,0
Oppland	92,1	56,0	31,1	3,5	1,5	6,9	1,0
Buskerud	95,0	62,9	27,3	3,7	1,1	3,7	1,3
Vestfold	97,5	77,5	17,7	1,4	0,9	1,4	1,1
Telemark	89,0	53,6	28,7	5,5	1,2	10,0	1,0
Aust-Agder	91,9	49,2	38,4	2,9	1,4	7,4	0,7
Vest-Agder	92,3	68,2	17,8	4,7	1,6	6,0	1,7
Rogaland	93,1	83,9	4,2	3,8	1,2	6,0	0,9
Hordaland og Bergen ..	80,6	62,2	8,0	7,8	2,6	17,7	1,7
Sogn og Fjordane.....	78,1	56,1	12,2	8,1	1,7	21,2	0,7
Møre og Romsdal.....	92,1	66,9	19,0	4,3	1,9	6,9	1,0
Sør-Trøndelag	91,8	48,7	35,5	6,3	1,3	7,1	1,1
Nord-Trøndelag	91,4	63,6	23,8	3,5	0,5	8,0	0,6
Nordland	81,1	47,8	26,6	5,5	1,2	17,4	1,5
Troms	85,1	61,8	18,9	2,4	2,0	13,3	1,6
Finnmark	71,1	32,0	32,8	4,0	2,3	23,4	5,5
Jordbruksområda:							
Søraustlege slettebygder	96,9	79,2	15,1	1,6	1,0	1,4	1,7
Silurb. inne i landet	96,6	71,9	21,7	1,8	1,2	2,0	1,4
Mellom- eller skogbygder	94,7	68,2	22,8	2,7	1,0	4,4	0,9
Dal- og fjellbygder.....	90,3	51,3	33,1	4,6	1,3	8,8	0,9
Austl. m. Telemark i alt	94,5	67,6	23,0	2,8	1,1	4,3	1,2
Kystbygder	91,5	63,9	20,9	4,8	1,9	6,8	1,7
Mellom- eller skogbygder	92,9	58,9	29,0	3,5	1,5	6,1	1,0
Dal- og fjellbygder.....	92,3	53,5	35,5	2,6	0,7	6,7	1,0
Agder i alt.....	92,2	60,2	26,5	4,0	1,5	6,5	1,3
Skiferl. ved Boknfjorden	93,3	81,3	4,7	5,7	1,6	5,7	1,0
Jærens slette land	98,4	95,9	1,1	1,0	0,4	0,6	1,0
Andre ytre bygder.....	83,0	65,1	9,7	6,0	2,2	15,7	1,3
Indre bygder	88,0	62,4	16,3	7,4	1,9	11,3	0,7
Vestlandet i alt	86,1	67,0	11,2	6,0	1,9	12,8	1,1
Kystbygder	76,2	44,6	21,9	9,0	0,7	23,1	0,7
Ytre fjordbygder.....	88,2	53,0	28,0	5,6	1,6	11,0	0,8
Bygder ved Trondh.fj..	96,2	65,1	26,8	3,4	0,9	2,8	1,0
Dal- og fjellbygder.....	93,8	44,1	43,4	5,3	1,0	5,0	1,2
Andre indre bygder.....	97,5	60,4	32,7	4,1	0,3	2,1	0,4
Trøndelag i alt.....	91,6	55,6	30,1	5,0	0,9	7,5	0,9
Øyar	81,3	49,3	26,9	3,3	1,8	16,7	2,0
Kystbygder	77,3	47,2	21,3	7,2	1,6	20,4	2,3
Fjord- og dalbygder ...	84,1	54,6	25,2	2,9	1,4	13,9	2,0
Innlandsbygder	83,0	50,6	26,1	5,0	1,3	15,8	1,2
Nord-Noreg i alt.....	81,3	50,5	24,8	4,4	1,6	16,7	2,0

Relativt flest utan køyreveg var det i Finnmark og Sogn og Fjordane. I dei fleste Austlandsfylka var det berre få bruk som ikkje hadde køyreveg. Områdetala viser at det var relativt flest som hadde køyreveg på Jæren, færrast i kystbygdene i Trøndelag.

Av bruka over 5 dekar hadde 62 prosent veg som var farande med bil heile året. 21 prosent hadde veg som var farande med bil berre om sommaren, og vel 4 prosent hadde gjeve opp køyreveg som ikkje var farande med bil.

Relativt flest med bilveg farande heile året var det i Rogaland og Østfold. Veg som var farande med bil berre om sommaren, var særleg vanleg i Oppland, Aust-Agder, Sør-Trøndelag og Finnmark. I Rogaland var det derimot svært få vegar som berre var farande om sommaren dersom det først var bilveg.

Om vegen kan brukast til bilkøyning også om vinteren, er først og fremst eit spørsmål om brøyting. Områdetala viser også at det var relativt flest med bilveg berre om sommaren i dal- og fjellbygdene og andre indre bygder. På Jæren kunne nesten alle bilvegane brukast heile året.

Relativt flest med køyreveg som ikkje var farande med bil (det ein til vanleg kaller kjerreveg), var det i Hordaland og Sogn og Fjordane. Det var elles etter måten mange bruk med slike vegar også i Telemark, Sør-Trøndelag og Nordland. Områdeoppgåvene viser relativt flest bruk med slike vegar i dei indre bygder på Vestlandet og i kystbygdene i Trøndelag og Nord-Noreg.

Køyreveg til bruket var relativt vanlegare di større bruka var. Om lag fire femtepartar av bruka mellom 5 og 20 dekar hadde gjeve opp køyreveg, og praktisk talt alle bruka over 500 dekar. Veg farande med bil heile året var og meir vanleg ved dei større bruka.

Av oppstillingane framanfor ser ein at 18 956 bruk hadde gjeve opp at dei ikkje hadde køyreveg, og 8 503 hadde svara nei på spørsmålet om vegen var farande med bil. Desse 27 459 bruka skulle gje opp kor lang veg dei hadde til næraste bilveg, jernbanestasjon eller kai.

Tabell 185 syner resultatet av svara. Desse oppgåvene er ikkje tekne inn i tabellhefta.

Det var flest bruk med mellom 100 og 500 meter fram til bilveg, jernbanestasjon eller kai, men det var og mange med mellom $\frac{1}{2}$ og 5 km avstand. Større avstandar var mest vanleg i Nord-Noreg.

For dei som gav opp at dei ikkje hadde bilveg og som gav opplysning om avstand til bilveg, jernbanestasjon eller kai, får ein denne prosentvise fordelinga etter avstand:

Inntil 0,1 km	6,1 prosent
0,11— 0,5 »	31,5 »
0,51— 1,0 »	20,7 »
1,1 — 2,0 »	15,3 »
2,1 — 5,0 »	17,4 »
5,1 —10,0 »	6,5 »
Over 10,0 »	2,5 »
I alt	100,0 prosent

Tabell 185. Bruk som gav opp at dei ikkje hadde bilveg, etter avstand til bilveg, jernbanestasjon eller kai. 1959.

	I alt	Inntil 0,1 km	0,11- 0,5 km	0,51- 1 km	1,1- 2 km	2,1- 5 km	5,1- 10 km	Over 10 km	Utan svar
Riket.....	27 459	1 400	7 256	4 776	3 537	4 006	1 500	583	4 401
Fylka:									
Østfold	250	2	54	60	45	34	2	—	53
Akershus og Oslo.....	285	13	81	63	44	13	4	—	67
Hedmark	799	9	215	199	138	49	17	4	168
Oppland	1 556	52	537	389	269	120	9	—	180
Buskerud	665	28	217	157	107	35	8	4	109
Vestfold	157	4	36	20	14	8	2	—	73
Telemark	1 219	70	365	283	203	125	33	18	122
Aust-Agder.....	548	29	139	108	101	52	6	1	112
Vest-Agder.....	769	46	239	94	112	74	9	2	193
Rogaland	1 138	57	332	214	152	111	26	1	245
Hordaland og Bergen ..	3 854	332	1 500	598	414	383	69	6	552
Sogn og Fjordane.....	3 315	214	952	566	421	558	175	27	402
Møre og Romsdal.....	1 736	132	589	304	146	114	40	2	409
Sør-Trøndelag	1 637	72	438	311	211	259	76	2	268
Nord-Trøndelag	1 211	44	201	195	197	224	90	22	238
Nordland	4 973	155	911	802	583	1 156	459	179	728
Troms	2 043	76	248	240	246	453	301	207	272
Finnmark	1 304	65	202	173	134	238	174	108	210
Jordbruksområda:									
Søraustlege slettebygder	569	10	137	107	84	44	6	—	181
Silurb. inne i landet....	428	8	119	93	72	24	4	—	108
Mellom- eller skogbygder	1 585	51	431	382	291	139	35	3	253
Dal- og fjellbygder.....	2 349	109	818	589	373	177	30	23	230
Austl. m. Telemark i alt	4 931	178	1 505	1 171	820	384	75	26	772
Kystbygder	655	33	175	96	107	67	2	—	175
Mellom-ellerskogbygder	455	24	136	78	74	36	4	1	102
Dal- og fjellbygder.....	207	18	67	28	32	23	9	2	28
Agder i alt.....	1 317	75	378	202	213	126	15	3	305
Skiferl. ved Boknfjorden	100	5	41	20	10	5	2	—	17
Jærens sletteland	69	7	14	3	4	1	2	—	38
Andre ytre bygder.....	6 405	423	2 191	1 065	715	784	193	21	1 013
Indre bygder	3 469	300	1 127	594	404	376	113	15	540
Vestlandet i alt	10 043	735	3 373	1 682	1 133	1 166	310	36	1 608
Kystbygder	1 239	37	252	205	174	268	88	16	199
Ytre fjordbygder.....	440	12	60	69	63	118	53	1	64
Bygder ved Trondh.fj..	531	28	147	93	85	33	4	—	141
Dal- og fjellbygder.....	429	31	136	100	57	43	14	1	47
Andre indre bygder.....	209	8	44	39	29	21	7	6	55
Trøndelag i alt.....	2 848	116	639	506	408	483	166	24	506
Øyar	2 626	87	421	314	309	520	305	230	440
Kystbygder	2 895	88	409	410	308	795	340	117	428
Fjord- og dalbygder ...	2 066	101	411	343	263	424	195	39	290
Innlandsbygder	733	20	120	148	83	108	94	108	52
Nord-Noreg i alt.....	8 320	296	1 361	1 215	963	1 847	934	494	1 210

Våningshus.

Ved teljingane i 1929, 1939 og 1949 vart det spurt om bruka hadde elektrisitet til lys, koking eller varme. I 1939 og 1949 vart det dessutan spurt om innlagt vatn i våningshuset, og i 1949 om det var utslagsvask på kjøkenet. Andre spørsmål om våningshusa har ikkje vore med ved dei fullstendige teljingane før i 1959. Ei representativ teljing i 1957 hadde med mange spørsmål om våningshusa og tekniske hjelperåder i huset. Resultata av denne teljinga er publiserte i Jordbruksstatistikk 1957 (NOS XI 308).

Ved teljinga i 1959 vart det for bruk over 5 dekar spurt om kor mange våningshus bruka hadde, kva tid hovudbygningen vart bygd, om det var behov for nytt våningshus eller om våningshuset trong større tilbygg eller hovudreparasjon. Dessutan hadde ein med spørsmål om viktige tekniske hjelperåder i våningshuset.

Riks- og fylkestal for bruk av ymse storleik er tekne inn i tabell 15 i tredje hefte. Oppgåver for dei einskilde kommunar er gjevne i tabell 16 i same heftet. Tabell 28 i fjerde hefte har oppgåver for jordbruksområda.

Bruka etter talet på våningshus.

Ved teljinga i 1959 gav 194 300 eller 98,0 prosent av bruka opp at dei hadde våningshus. Av bruka med våningshus hadde 169 900 eller 87,4 prosent 1 våningshus, 22 100 eller 11,4 prosent hadde 2 og 2 300 eller 1,2 prosent 3 eller fleire.

Av tabell 186 ser ein at det var mest vanleg med 2 eller fleire våningshus i Østfold, Akershus, Oppland og Buskerud. I Finnmark var det svært få bruk som hadde meir enn eitt våningshus. Det var elles relativt få også i Nordland og Troms, i Møre og Romsdal og i Agder.

Talet på våningshus varierer elles svært mykje med bruksstorleiken. I bruksklassane mellom 5 og 35 dekar var det 2 eller fleire våningshus på mindre enn 10 prosent av bruka. Ved bruka mellom 200 og 500 dekar var 2 eller fleire hus vanlegare enn eitt hus, og over tre fjerdepartar av bruka over 500 dekar hadde meir enn eitt våningshus.

Stort sett var 2 eller fleire hus relativt vanlegast i dal- og fjellbygder og andre indre bygder, medan det var relativt minst vanleg i kystbygdene.

Alder.

Ved teljinga vart det spurt om kva tid våningshuset var bygd. Dersom det var meir enn eitt våningshus på bruket, skulle svaret gjelda hovudbygningen.

Bruka er grupperte på fire periodar etter kva tid våningshuset (hovudbygningen) vart bygd: før 1900, 1900—1920, 1921—1940 og etter 1940.

Tabell 186 viser prosentvis fordeling etter byggjeperiode for dei bruk som hadde gjeve opp byggjeår.

Relativt flest med bygningar frå før 1900 var det i Vestfold, der vel 55 prosent av bruka kom i denne gruppa. Over 50 prosent var det elles i Østfold og Agderfylka.

Tabell 186. Våningshus. 1959.

	Bruka prosentvis etter tal våningshus			Bruka prosentvis etter våningshuset sitt byggjeår				Prosent bruk som trong	
	Utan våningshus	1 hus	2 eller fleire hus	Før 1900	1900—1920	1921—1940	Etter 1940	større tilbygg eller hovudreparasjon	nytt våningshus
Riket.....	2,0	85,7	12,3	35,0	21,7	20,7	22,6	24,5	11,7
Fylka:									
Østfold	2,4	71,8	25,8	52,6	22,6	13,5	11,3	24,1	10,5
Akershus og Oslo	3,6	71,1	25,3	46,5	24,5	15,9	13,1	25,2	10,7
Hedmark	1,9	81,9	16,2	31,4	22,3	24,2	22,1	27,0	15,3
Oppland	1,8	70,5	27,7	35,6	18,4	22,1	23,9	24,9	17,1
Buskerud	2,7	73,5	23,8	40,3	23,6	17,8	18,3	24,0	12,8
Vestfold	2,3	82,6	15,1	55,2	20,6	12,4	11,8	24,2	8,3
Telemark	1,8	83,1	15,1	44,4	19,8	18,4	17,4	29,1	11,7
Aust-Agder.....	1,8	92,5	5,7	54,4	16,7	16,0	12,9	20,3	8,3
Vest-Agder	2,5	92,4	5,1	51,2	19,9	17,8	11,1	20,5	8,7
Rogaland	1,8	89,1	9,1	33,8	28,0	21,8	16,4	17,9	10,8
Hordaland og Bergen	2,0	89,1	8,9	38,8	27,5	20,0	13,7	23,9	10,0
Sogn og Fjordane	1,8	86,9	11,3	31,7	28,9	21,3	18,1	23,3	11,6
Møre og Romsdal	1,6	93,7	4,7	38,7	23,2	21,8	16,3	24,5	9,2
Sør-Trøndelag	1,5	86,5	12,0	42,0	22,1	19,1	16,8	26,4	11,6
Nord-Trøndelag	1,0	85,6	13,4	35,4	19,8	21,8	23,0	23,6	14,0
Nordland	1,5	94,4	4,1	22,8	20,1	27,0	30,1	27,6	11,7
Troms	2,0	94,6	3,4	10,6	17,4	23,9	48,1	25,8	11,0
Finmark	5,6	93,2	1,2	2,2	3,3	6,3	88,2	16,5	9,1
Bruksklassar:									
Kl. 3. 5,1— 10 da.	5,0	91,1	3,9	21,9	23,3	23,6	31,2	19,1	8,8
» 4. 10,1— 20 »	3,1	91,9	5,0	26,4	22,9	22,7	28,0	23,3	11,1
» 5. 20,1— 35 »	1,7	90,6	7,7	30,7	22,1	22,8	24,4	25,2	12,6
» 6. 35,1— 50 »	1,2	88,0	10,8	35,7	21,7	21,6	21,0	25,8	12,9
» 7. 50,1— 75 »	0,9	84,5	14,6	40,9	21,1	19,2	18,8	26,2	12,8
» 8. 75,1—100 »	1,0	78,3	20,7	46,2	21,3	16,7	15,8	26,5	12,2
» 9. 100,1—200 »	0,8	67,2	32,0	54,2	19,3	13,4	13,1	25,1	10,9
» 10. 200,1—500 »	1,2	43,4	55,4	63,6	16,4	10,2	9,8	22,9	8,5
» 11—12. Over 500 »	2,9	19,5	77,6	69,4	11,6	7,7	11,3	21,0	7,2

Finmark skil seg sterkt ut frå dei andre fylka. Der var det berre vel 2 prosent av bruka som kom i gruppa før 1900, medan heile 88 prosent hadde våningshus bygde etter 1940. Dette heng saman med gjenreisninga etter krigen. Relativt mange med nye bygningar var det og i Troms og Nordland. Elles var det etter måten mange som kom i gruppa etter 1940 også i Hedmark, Oppland og Nord-Trøndelag. Relativt færrest var det i Østfold, Vestfold og Agder.

Opgåvene for bruk av ymse storleik syner at det var relativt fleire nye våningshus på små enn på store bruk. I alle bruksklassane over 100 dekar hadde meir enn halvparten av bruka hovudbygning som var reist før 1900.

Av jordbruksområda hadde kystbygdene i Agder relativt flest gamle hovudbygningar, med 64 prosent bygd før 1900 og berre 8 prosent etter 1940. Relativt mange gamle hus var det også i dei søraustlege slettebygdene på Austlandet, med 51 prosent. I fjord- og dalbygdene i Nord-Noreg var 55

prosent bygd etter 1940. Dette var meir enn i noko anna område, men det var mange nye hus, 36—42 prosent, også i dei andre jordbruksområda i Nord-Noreg.

Behov for nybygg, større tilbygg eller hovudreparasjon.

23 200 eller 11,7 prosent av bruka over 5 dekar gav opp at dei trong nytt våningshus og 48 500 eller 24,5 prosent at våningshuset trong større tilbygg eller hovudreparasjon. Tabell 186 viser kor mange prosent av bruka i kvart fylke og i ymse storleiksgrupper som trong nytt våningshus eller større tilbygg eller hovudreparasjon. Skilnaden frå fylke til fylke er ikkje særleg stor. Vestfold og Aust-Agder, som hadde relativt flest gamle våningshus, hadde relativt færrest bruk som gav opp at dei trong nytt våningshus. Rekna etter storleiken, var det færrest store bruk som gav opp at dei trong nytt våningshus.

Dersom ein ser behovet for nybygg og større tilbygg eller hovudreparasjon under eitt, finn ein at det var relativt størst i Hedmark, Oppland og Telemark, der 41—42 prosent av bruka hadde gjeve opp behov. Det var minst i Finnmark med 26 prosent. For dei andre fylka varierte det mellom 29 og 39 prosent.

Oppgåvene for jordbruksområda viser at det jamt over var noko større behov i dal- og fjellbygdene og andre indre bygder enn i dei andre jordbruksområda innan dei einskilde landsdelar.

Behovet var minst i kystbygdene i Agder, trass i at det var dette jordbruksområdet som hadde relativt flest gamle våningshus.

Oppgåvene for bruk av ymse storleik syner at behovet var størst ved bruka mellom 35 og 100 dekar, der 39 prosent trong nybygg, større tilbygg eller hovudreparasjon. Om lag like stort var behovet i bruksklassane 20,1—35 og 100,1—200 dekar, medan det var noko mindre ved dei største og minste bruka.

Oppgåvene over behovet er gjevne av brukaren ut frå det syn han har på våningshusa. Dette blir sjølvstøtt ei subjektiv vurdering. Dei einskilde brukarane kan setja ulike krav til husa, men elles vil familiestorleik, familiestruktur, framtidsplanar og andre faktorar prega vurderinga.

Bad, vaskemaskin og andre hjelpemiddel.

Tabell 187 gjev eit oversyn over prosent bruk med bad, vaskemaskin m.m. i dei einskilde fylka og ved bruk av ymse storleik.

Bad. 35 400 eller knapt 18 prosent av bruka over 5 dekar hadde bad i 1959. Relativt flest var det i Finnmark, med 30 prosent. Dette heng saman med at dei fleste våningshusa i fylket er bygde etter krigen. Tidlegare var det lite vanleg at det vart bygd bad ved reising av nye våningshus. Der det er bad i eldre bygningar, er desse som oftast installerte i seinare år.

Relativt mange med bad, om lag fjerdeparten av bruka, var det også i Vestfold og Buskerud. Minst vanleg var bad i Nordland (11 prosent) og Troms (13 prosent).

Tabell 187. Bruk med bad, vaskemaskin og andre hjelpemiddel. Prosenttal. 1959.

	Bad	Vaske- maskin	Kjøle- skåp	Mix- master	Støv- sugar	Fryse- boks, eigen eller leigd
Riket	17,9	53,4	14,0	5,8	32,6	51,3
Fylka:						
Østfold	19,3	64,9	48,6	12,8	44,9	75,4
Akershus og Oslo	21,3	59,7	36,8	11,0	43,9	72,4
Hedmark	14,8	63,7	16,4	5,8	35,8	79,2
Oppland	16,3	55,2	15,7	5,3	26,8	71,8
Buskerud	24,1	60,8	30,3	9,2	37,8	72,1
Vestfold	26,4	67,4	40,4	10,9	52,1	72,7
Telemark	17,0	61,2	21,6	5,2	29,8	53,2
Aust-Agder	17,8	51,6	18,2	6,3	38,0	49,4
Vest-Agder	17,0	41,9	18,2	8,5	40,6	27,9
Rogaland	21,4	56,7	9,4	5,9	50,0	27,0
Hordaland og Bergen	18,0	52,3	6,9	4,6	34,9	29,8
Sogn og Fjordane	16,4	39,4	5,1	3,3	25,0	44,0
Møre og Romsdal	20,9	52,6	6,6	6,4	29,5	69,6
Sør-Trøndelag	15,9	47,9	8,4	5,1	29,8	63,3
Nord-Trøndelag	22,7	55,2	14,6	6,9	35,5	69,8
Nordland	11,2	48,4	2,9	3,0	21,7	22,2
Troms	12,7	48,1	1,6	2,2	21,4	23,3
Finnmark	29,8	35,7	1,1	1,5	14,5	18,8
Bruksklassar:						
Kl. 3. 5,1— 10 dekar	15,8	41,5	12,5	4,5	29,3	33,3
» 4. 10,1— 20 »	12,8	42,7	9,2	3,5	25,5	35,6
» 5. 20,1— 35 »	12,7	47,4	8,5	3,4	26,3	43,3
» 6. 35,1— 50 »	14,1	53,3	9,6	4,0	29,9	52,0
» 7. 50,1— 75 »	18,2	60,4	12,3	4,9	34,1	62,0
» 8. 75,1—100 »	23,9	67,4	19,7	7,5	41,4	72,0
» 9. 100,1—200 »	36,0	77,2	35,2	14,3	54,7	85,1
» 10. 200,1—500 »	59,1	86,8	62,3	33,7	72,9	92,3
» 11—12. Over 500 »	87,0	86,3	80,5	63,6	80,7	88,0

Av jordbruksområda kom Jæren først med bad på 31 prosent av bruka. Over 20 prosent (22—24 prosent) var det elles berre i dei søraustlege slettebygder og silurbygdene på Austlandet og i bygdene ved Trondheimsfjorden og «andre indre bygder» i Trøndelag. I kystbygdene i Trøndelag var det berre 7 prosent av bruka som hadde bad.

Bad var noko meir vanleg ved bruka mellom 5 og 10 dekar enn i bruksgruppa 10,1—50 dekar, men elles var det meir vanleg di større bruka var. Ein måtte likevel heilt opp i bruksklassane over 200 dekar før bad var så vanleg at det var å finna ved over halvparten av bruka.

Vaskemaskin. 105 800 eller vel 53 prosent av bruka gav opp at dei hadde vaskemaskin i 1959. Fylkesvis varierte det mellom 67 prosent i Vestfold og 36 prosent i Finnmark. Det var vaskemaskin på over halvparten av bruka i dei aller fleste fylka. På mindre enn halvparten var det berre i Nord-Noreg, Sogn og Fjordane, Vest-Agder og Sør-Trøndelag.

Av jordbruksområda kom Jæren fremst med vaskemaskin på bortimot tre fjerdepartar av bruka. Dernest fylgde dei søraustlege slettebygder og silur-

bygdene inne i landet på Austlandet, der 65 prosent av bruka hadde vaske-maskin. Relativt færrest var det i kystbygdene i Trøndelag, der tredjeparten av bruka hadde vaskemaskin.

Vaskemaskin var relativt vanleg ved alle bruksstorleikar, men likevel vanlegare di større bruka var. Ved bruka mellom 5 og 10 dekar var det vaskemaskin på to femtepartar av bruka, i bruksklassen 35,1—50 dekar på vel halvparten og i klassen 100,1—200 dekar på over tre fjerdepartar av bruka.

Kjøleskåp. Det vart oppgjeve at det var kjøleskåp på 27 800 eller 14 prosent av bruka over 5 dekar.

Dei distriktswise variasjonane var svært store. Kjøleskåp var heller vanleg på Austlandet, der det fanst på vel fjerdeparten av bruka, men innan denne landsdelen var det store fylkeswise variasjonar. I Østfold hadde 49 prosent av bruka kjøleskåp, i Vestfold 40 og i Akershus 37 prosent. I Oppland og Hedmark var det om lag 16 prosent.

I Nord-Noreg var det berre vel 2 prosent som hadde kjøleskåp, og gjennomsnittet for Vestlandet var 7 prosent.

Tala for dei naturlege jordbruksområda viser at dei søraustlege slettebygdene på Austlandet låg langt framom dei andre områda. Der var det 44 prosent som hadde kjøleskåp, medan det var 29 prosent i neste område, silurbygdene på Austlandet. Deretter fylgde mellom- eller skogbygdene på Austlandet og kystbygdene i Agder med 22 prosent. I dal- og fjellbygdene i dei same landslutene var det 10—11 prosent som hadde kjøleskåp. Relativt færrest var det i jordbruksområda i Nord-Noreg og i kystbygdene i Trøndelag, der berre 2—4 prosent hadde kjøleskåp.

Det var relativt færrest med kjøleskåp i bruksklassen 20,1—35 dekar. Det var litt fleire ved dei mindre bruka. Stort sett var kjøleskåp likevel vanlegare di større bruka var, men først i bruksklassen 200,1—500 dekar var det så vanleg at meir enn halvparten av bruka hadde kjøleskåp.

Mixmaster. 11 500 eller knapt 6 prosent av bruka gav opp at dei hadde mixmaster i 1959.

Mixmaster var lite vanleg over alt, sjølv om det til dels var heller store distriktswise skilnader. Relativt flest med mixmaster, 11—13 prosent, var det i Østfold, Akershus og Vestfold. I fylka i Nord-Noreg var det berre 2—3 prosent.

Av jordbruksområda kom dei søraustlege slettebygder på Austlandet og kystbygdene i Agder først, med mixmaster på 13 og 10 prosent av bruka.

Relativt minst vanleg var mixmaster på bruka mellom 20 og 35 dekar. Den var litt vanlegare ved dei mindre bruka, men var elles meir vanleg di større bruka var. Det var likevel mindre enn 10 prosent som hadde mixmaster i alle bruksklassar under 100 dekar. Mixmaster på meir enn halvparten av bruka var det berre i bruksklassane over 500 dekar.

Støvsugar. Støvsugaren har etter kvart vorte eit heller vanleg hjelpemiddel i huset. Det vart oppgjeve at 64 600 eller knapt 33 prosent av bruka hadde støvsugar i 1959.

I Vestfold og Rogaland var det støvsugar på halvparten av bruka eller vel så det. Det var minst i Finnmark, med bortimot 15 prosent, men elles var det ikkje noko fylke der mindre enn femteparten av bruka hadde støvsugar.

På Jæren var det støvsugar ved 65 prosent av bruka. Deretter fylgde dei søraustlege slettebygdene på Austlandet og skiferlandskapane ved Bokn-

fjorden med 48 prosent. Relativt færrest var det i kystbygdene i Trøndelag, med 16 prosent.

Bortsett frå at det var relativt fleire med støvsugar i bruksklassen 5,1—10 dekar enn i gruppa 10,1—35 dekar, var støvsugar vanlegare di større bruka var. Om lag fjerdeparten av bruka mellom 10 og 35 dekar hadde støvsugar, vel tredjeparten av bruka mellom 50 og 75 dekar, vel halvparten av bruka mellom 100 og 200 dekar og fire femtepartar av bruka over 500 dekar.

Fryseboks. Ved teljinga vart det spurt om bruket hadde eller leigde fryseboks. Det vart ikkje skilt mellom eige og leige, då ein berre tok sikte på å få registrert kor mange det var som nytta fryseboks.

Ved teljinga var det 101 600 eller vel 51 prosent av bruka over 5 dekar som gav opp at dei hadde eller leigde fryseboks. Det var heller store fylkesvise variasjonar. I sume fylke, særleg på Austlandet, var fryseboks svært vanleg. I Hedmark var det såleis fire femtepartar av bruka som hadde eller leigde fryseboks. På Vestlandet var det langt mindre, bortsett frå Møre og Romsdal der prosenten var 70. Relativt minst var det i Nord-Noreg, der det i dei einskilde fylka var 19—23 prosent som hadde eller leigde fryseboks.

For jordbruksområda varierte det mellom vel 80 prosent i silurbygdene på Austlandet og andre indre bygder i Trøndelag og 10 prosent i skiferlandskapa ved Boknfjorden.

Fryseboks var meir vanleg di større bruka var. Det auka frå tredjeparten av bruka i klassen 5,1—10 dekar til vel halvparten av bruka i klassen 35,1—50 dekar, knapt tre fjerdepartar i klassen 75,1—100 dekar og til 90 prosent av bruka over 200 dekar.

Utgifter til kjøp av driftsmiddel, sal av landbruksprodukt, prisar m. m.

Utgifter til kjøp av kraftfôr, kunstgjødsel o. a. driftsmiddel.

Spørsmål om utgifter til kjøp av ymse viktige driftsmiddel har vore med ved teljingane frå 1929, men vart noko utvida ved teljingane i 1939 og 1949. I 1959 hadde ein ikkje med utgifter til stråfôr, men elles dei same postane som i 1949.

Oppgåvene gjeld bruk over 5 dekar. I 1959 var det spørsmål om kraftfôr, kunstgjødsel, kalk, elektrisitet, bensin, olje m. v. til jordbruksmaskinar og bilar og plantevernsmiddel. For plantevernsmiddel skulle det og gjevast opp kor mykje som fall på hagebruket. Oppgåvene skulle gjelda utgifter til kjøp i 1958.

Ved teljinga i 1959 samla ein inn spesielle oppgåver for frukthagar med over 50 tre og veksthus- og benkegartneri med over 50 m² under glas. For desse spurde ein om driftskostnader i alt i 1958 og kor mykje av desse som var arbeidsløn og plantevernsmiddel. Dei økonomiske oppgåvene vart dessverre ikkje så gode som ein kunne ynskja, og oppgåvene for frukthagane er ikkje publiserte.

For veksthus- og benkegartneri finn ein oppgåver i tabell 15 d i andre hefte. Sjå elles side 123.

Oppgåver over utgifter til kjøp av kraftfôr, kunstgjødsel m. m. er tekne inn i tabell 17 og 18 i tredje hefte. Den første av desse tabellane gjev oppgåver for bruk av ymse storleik i dei einskilde fylka og for heile landet.

Den andre gjev kommunevise oppgåver. Tabell 29 i fjerde hefte gjev tal for dei einskilde jordbruksområda, og tabell 37 gjev områdeoppgåver etter bruksstorleik.

Tabell 188 syner utgiftene i alt og pr. dekar jordbruksareal ved kvar teljing.

Tabell 188. Utgifter til kjøp av kraftfôr, kunstgjødsel m.m.

	I alt. 1000 kroner				Kroner pr. dekar jordbruksareal ¹			
	1928	1938	1948	1958	1928	1938	1948	1958
Kraftfôr	52 789	81 982	123 441	424 105	5,37	7,35	11,98	42,28
Kunstgjødsel	14 068	21 434	71 807	152 889	1,43	1,92	7,00	15,24
Kalk	4 013	5 354	0,39	0,53
Elektrisitet	20 822	56 192	2,03	5,60
Bensin, olje m.m.	4 790	51 044	0,47	5,09
Plantevernsmiddel	553	2 203	7 711	..	0,05	0,21	0,77

¹ For 1928 pr. dekar innmarksareal.

Tabell 189. Bruk som gav opp utgifter til kjøp av kraftfôr, kunstgjødsel m.m. i 1958. Prosenttal.

	Kraftfôr	Kunstgjødsel	Kalk	Bensin, olje m.m. til landbruksmaskinar og bilar	Plantevernsmiddel
Riket	84,5	89,7	13,2	29,6	21,8
Fylka:					
Østfold	81,6	88,6	14,4	58,2	38,3
Akershus og Oslo	77,4	85,9	8,9	45,8	28,5
Hedmark	81,7	91,4	6,7	27,6	18,1
Oppland	85,7	91,0	2,4	31,1	16,4
Buskerud	77,4	85,7	12,2	39,2	28,8
Vestfold	78,7	90,0	22,7	56,5	48,4
Telemark	78,5	83,4	8,5	32,8	24,5
Aust-Agder	78,5	86,1	21,7	18,7	19,2
Vest-Agder	81,4	87,4	23,7	17,3	13,0
Rogaland	92,9	95,7	31,7	34,8	49,5
Hordaland og Bergen	86,8	89,9	13,9	25,9	22,4
Sogn og Fjordane	93,1	94,1	15,8	27,1	29,1
Møre og Romsdal	88,4	91,9	35,8	28,5	28,0
Sør-Trøndelag	88,3	91,5	12,4	34,2	14,3
Nord-Trøndelag	90,9	93,9	12,6	45,5	26,8
Nordland	84,4	86,8	3,5	15,5	6,3
Troms	83,9	90,0	0,8	13,3	4,5
Finnmark	66,5	79,6	3,0	8,4	0,9
Bruksklassar:					
Kl. 3. 5,1— 10 dekar	57,7	72,9	4,7	6,0	10,4
» 4. 10,1— 20 »	76,1	83,6	6,5	10,6	10,0
» 5. 20,1— 35 »	86,2	90,0	10,5	19,0	14,0
» 6. 35,1— 50 »	91,6	94,0	15,8	27,8	21,5
» 7. 50,1— 75 »	94,0	96,0	19,7	40,5	29,1
» 8. 75,1— 100 »	93,7	96,5	21,3	56,4	36,5
» 9. 100,1— 200 »	93,4	97,5	21,4	78,5	48,0
» 10. 200,1— 500 »	90,4	97,9	21,5	94,9	67,1
» 11. 500,1—1000 »	88,4	99,2	22,8	97,8	83,1
» 12. Over 1000 »	83,7	100,0	25,6	97,7	83,7

Tabell 189 viser kor mange prosent av bruka det var som gav opp at dei hadde hatt utgifter til kjøp av kraftfôr, kunstgjødning, bensin, olje m. v. og plantevernsmiddel i 1958.

Ein gjer merksam på at det ved teljinga ikkje vart spurt om bruka nytta dei nemnde driftsmiddel i 1958. Spørsmåla galdt berre kor store utgifter dei hadde hatt i 1958.

Tabell 190 viser utgiftene, etter teljinga i 1959, i gjennomsnitt pr. bruk av ymse storleik. Utgiftene er fordelte på alle bruk i bruksklassen, også dei som ikkje hadde utgifter til kjøp av vedkomande driftsmiddel.

Tabell 190. Utgifter til kjøp av kraftfôr, kunstgjødning m.m. ved bruk av ulik storleik. Kroner pr. bruk over 5 dekar. 1958.

	Kraftfôr	Kunstgjødning	Kalk	Bensin, olje m.m. til landbruksmaskinar og bilar	Plantevernsmiddel
Kl. 3. 5,1— 10 dekar....	473	117	3	29	12
» 4. 10,1— 20 »	706	208	6	37	11
» 5. 20,1— 35 »	1 163	375	12	69	15
» 6. 35,1— 50 »	2 030	628	23	131	26
» 7. 50,1— 75 »	3 025	962	35	252	40
» 8. 75,1— 100 »	4 187	1 377	51	491	57
» 9. 100,1— 200 »	5 303	2 181	79	1 035	115
» 10. 200,1— 500 »	7 716	4 469	159	2 100	312
» 11. 500,1—1000 »	20 974	10 678	385	4 600	824
» 12. Over 1000 »	54 664	25 318	676	10 416	2 125
I alt 1958	2 139	771	27	257	39
» 1948	576	336	19	22	10

Kraftfôr. Utgiftene til kraftfôr skulle gjevast opp utan frådrag av kraftfôrrabatt. Dei fleste gav likevel opp nettoutgift til kraftfôrkjøp, slik at oppgåvene nærmast viser kraftfôrutgifter etter frådrag av kraftfôrrabatten.

Kraftfôrutgiftene var i alt oppgjevne til 424 mill. kroner i 1958 mot 123 mill. kroner 10 år tidlegare. Dette er ein auke på 245 prosent. Samstundes auka prisen pr. f. e. (kraftfôrrabatt frårekna) i gjennomsnitt frå 29 øre til 67 øre pr. f. e. eller med 131 prosent. Etter dette utgjorde innkjøpt kvantum om lag 424 mill. f. e. i 1948 og 633 mill. i 1958. Det var ein auke på 49 prosent.

Av fylka hadde Rogaland over dobbelt så store kraftfôrutgifter som noko anna fylke. Ved bruk over 5 dekar vart det i Rogaland kjøpt kraftfôr for over 92 mill. kroner i 1958. Hedmark kjøpte for knapt 43 og Oppland for 39 mill. kroner. I Finnmark var utgiftene til kraftfôrkjøp berre 2,6 mill. kroner.

Tabell 191 viser utgiftene til kjøp av kraftfôr, rekna pr. dekar jordbruksareal, i dei einskilte fylke og jordbruksområde.

I gjennomsnitt for heile landet vart det kjøpt kraftfôr for vel 42 kroner pr. dekar jordbruksareal i 1958, mot 12 kroner i 1948. Det vart kjøpt mest i Rogaland, med 149 kroner (33 i 1948). Derneft fylgde Hordaland med 47

Tabell 191. Utgifter til kjøp av kraftfôr, kunstgjødsel m. v. i
einskilde fylke og jordbruksområde. Kroner pr. dekar jordbruks-
areal. 1958.

	Kraft- fôr	Kunst- gjødsel	Kalk	Elektri- sitet	Bensin, olje m.m. til land- bruksma- skinar og bilar	Planteverns- middel	
						I alt	Til hage- bruket
Riket	42,28	15,24	0,53	5,60	5,09	0,77	0,28
Fylka:							
Østfold	35,26	14,78	0,79	3,76	7,47	0,93	0,08
Akershus og Oslo	34,46	13,52	0,48	3,92	6,76	0,94	0,20
Hedmark	41,93	15,39	0,42	4,96	5,66	0,71	0,10
Oppland	44,15	13,12	0,12	5,20	5,43	0,44	0,05
Buskerud	29,89	13,54	0,73	4,81	6,84	1,53	0,81
Vestfold	36,36	17,52	1,14	4,54	8,84	1,37	0,37
Telemark	42,54	12,16	0,44	6,90	5,12	1,12	0,67
Aust-Agder	46,88	15,83	1,20	8,09	3,81	0,69	0,41
Vest-Agder	45,85	16,71	1,19	9,13	2,83	0,40	0,20
Rogaland	148,66	30,28	1,03	7,82	6,46	1,24	0,28
Hordaland og Bergen ..	47,49	15,66	0,47	6,71	2,93	1,53	1,29
Sogn og Fjordane	37,79	13,61	0,47	6,69	1,95	1,22	1,01
Møre og Romsdal	34,34	14,35	0,99	7,59	3,61	0,52	0,13
Sør-Trøndelag	29,96	12,54	0,36	5,41	3,96	0,24	0,03
Nord-Trøndelag	29,59	16,00	0,34	4,99	6,50	0,52	0,08
Nordland	20,33	11,46	0,11	6,23	2,34	0,12	0,03
Troms	22,58	14,66	0,02	4,99	1,95	0,10	0,04
Finmark	20,91	14,72	0,25	4,47	2,08	0,07	0,01
Jordbruksområda:							
Søraustlege slettebygder	35,51	15,46	0,82	4,08	7,97	1,17	0,31
Silurb. inne i landet	40,89	15,72	0,21	4,55	7,38	1,20	0,31
Mellom- eller skogbygder	33,65	13,49	0,62	5,22	5,03	0,79	0,24
Dal- og fjellbygder	47,99	11,39	0,12	5,62	4,07	0,16	0,03
Austl. m. Telemark i alt	38,20	14,34	0,54	4,71	6,49	0,91	0,25
Kystbygder	49,17	16,34	1,03	9,33	4,12	0,89	0,52
Mellom-ellerskogbygder	45,50	16,25	1,37	8,42	2,82	0,31	0,13
Dal- og fjellbygder	41,70	16,58	1,15	7,94	2,23	0,15	0,09
Agder i alt	46,28	16,35	1,19	8,70	3,24	0,52	0,28
Skiferl. ved Boknfjorden	109,88	30,99	0,79	9,45	3,81	1,72	0,97
Jærens slette-land	176,44	32,12	1,17	7,99	9,71	1,41	0,11
Andre ytre bygder	45,00	16,10	0,74	7,67	2,94	0,42	0,12
Indre bygder	59,45	16,92	0,65	6,33	2,91	1,81	1,46
Vestlandet i alt	69,99	18,93	0,77	7,25	3,88	1,11	0,64
Kystbygder	26,97	14,82	0,43	7,20	3,83	0,34	0,01
Ytre fjordbygder	28,79	16,29	0,61	5,58	4,99	0,34	0,01
Bygder ved Trondh.fj..	31,01	15,54	0,31	4,61	6,16	0,53	0,10
Dal- og fjellbygder	33,84	10,01	0,20	5,51	3,71	0,10	—
Andre indre bygder	25,22	13,43	0,40	5,20	5,07	0,29	0,01
Trøndelag i alt	29,77	14,29	0,35	5,20	5,24	0,38	0,05
Øyar	22,80	12,79	0,08	6,95	1,88	0,15	0,06
Kystbygder	20,76	11,83	0,08	5,72	2,31	0,11	0,02
Fjord- og dalbygder	21,24	13,43	0,15	5,17	2,09	0,09	0,02
Innlandsbygder	17,96	13,49	0,04	3,91	2,84	0,07	0,01
Nord-Noreg i alt	21,12	12,83	0,10	5,65	2,19	0,11	0,03

kroner (15 i 1948). Relativt minst kjøp var det i Nordland og Finnmark med vel 20 kroner pr. dekar (7 i 1948).

Jæren skilde seg ut mellom jordbruksområda med 176 kroner pr. dekar (38 i 1948). Deretter kom skiferlandskapene ved Boknfjorden med 110 kroner (33 i 1948) og dei indre bygdene på Vestlandet med 59 kroner pr. dekar (14 kroner i 1948). I høve til jordbruksarealet var kraftfôrkjøpet minst i innlandsbygdene i Nord-Noreg, med 18 kroner pr. dekar (6 i 1948).

Tabell 192 viser kraftfôrkjøpet pr. dekar jordbruksareal ved bruk av ymse storleik.

Tabell 192. Utgifter til kjøp av kraftfôr, kunstgjødsel m.v. etter bruksstorleik. Kroner pr. dekar jordbruksareal. 1958.

	Kraftfôr	Kunstgjødsel	Kalk	Elektrisitet	Bensin, olje m.m. til landbruksmaskinar og bilar	Plantevernsmiddel	
						I alt	Til hagebruket
Kl. 3. 5,1— 10 da.	58,67	14,51	0,42	23,66	3,55	1,45	0,11
» 4. 10,1— 20 »	46,43	13,67	0,37	13,38	2,44	0,72	0,52
» 5. 20,1— 35 »	42,42	13,66	0,43	8,30	2,51	0,53	0,34
» 6. 35,1— 50 »	47,49	14,68	0,53	6,11	3,06	0,61	0,35
» 7. 50,1— 75 »	48,80	15,52	0,57	4,90	4,07	0,65	0,30
» 8. 75,1— 100 »	48,01	15,78	0,58	4,23	5,63	0,65	0,22
» 9. 100,1— 200 »	38,51	15,84	0,57	3,52	7,52	0,83	0,19
» 10. 200,1— 500 »	27,36	15,85	0,56	2,89	7,45	1,11	0,15
» 11. 500,1—1000 »	32,91	16,76	0,60	3,25	7,22	1,29	0,15
» 12. Over 1000 »	39,70	18,39	0,49	3,37	7,56	1,54	0,26
I alt	42,28	15,24	0,53	5,60	5,09	0,77	0,28

Rekna pr. dekar jordbruksareal vart det kjøpt minst kraftfôr ved bruka mellom 200 og 500 dekar (27 kroner pr. dekar). Denne bruksklassen hadde relativt minst kjøp også i 1948 (vel 9 kroner pr. dekar). Bruka mellom 5 og 10 dekar hadde relativt størst kjøp i 1958 (59 kroner) og i 1948 (23 kroner).

Bruka mellom 35 og 100 dekar hadde større kjøp enn bruka mellom 10 og 35 dekar. I 1948 var det derimot relativt mindre kraftfôrkjøp di større bruka var heilt til ein kom opp i bruksklassane over 500 dekar.

Forbruket av kraftfôr av eigen avl er nokså ulikt i dei ymse distrikt. Det same gjeld for bruk av ymse storleik. Kraftfôrutgiftene gjev difor ikkje rett inntrykk av det totale kraftfôrforbruk. Sjå meir om dette side 252.

Kunstgjødsel. Til kjøp av kunstgjødsel vart det ved teljinga i 1959 gjeve opp 153 mill. kroner mot 72 mill. kroner i 1949. Dette er ein auke på 113 prosent. Samstundes var det etter prisindeksen til Budsjettnemnda for jordbruket ein prisauke på 48 prosent. Ein kan difor rekna med ein auke i kunstgjødselforbruket på om lag 44 prosent i 10-årsperioden. Oppgåvene gjeld bruk over 5 dekar. Småbrukartilskotet til kunstgjødsel er ikkje rekna frå i verditala ovanfor. I 1948—49 utgjorde dette 7 mill. kroner og i 1958—59 24 mill. kroner.

Utgiftene pr. dekar jordbruksareal er vist i tabellane 191 og 192.

Det vart i gjennomsnitt for heile landet kjøpt kunstgjødsel for vel 15 kroner pr. dekar jordbruksareal i 1958, mot 7 kroner i 1948.

Særleg stort kunstgjødselkjøp var det i Rogaland, med vel 30 kroner pr. dekar (vel 18 kroner i 1948). Nest Rogaland kom Vestfold med knapt 18 og Vest-Agder med knapt 17 kroner pr. dekar. Relativt minst var utgiftene til kunstgjødselkjøp i Nordland med vel 11 kroner pr. dekar (knapt 4 kroner i 1948).

Mellom jordbruksområda skilde Jæren seg ut med 32 kroner pr. dekar (21 i 1948) og skiferlandskapene ved Boknfjorden med 31 kroner (20 i 1948). Relativt minst var det kjøpt i dal- og fjellbygdene i Trøndelag, med 10 kroner pr. dekar (knapt 4 kroner i 1948).

I høve til jordbruksarealet var det litt større utgifter til kunstgjødsel ved bruka mellom 5 og 10 dekar enn ved dei som hadde mellom 10 og 35 dekar. Elles auka utgiftene pr. dekar med aukande bruksstorleik.

Kalk. Ved bruka over 5 dekar vart det kjøpt kalk for 5,4 mill. kroner i 1958 mot 4,0 mill. kroner i 1948. Utgifter pr. dekar jordbruksareal er vist i tabellane 191 og 192.

Utgiftene til kjøp av kalk svara til 53 øre pr. dekar jordbruksareal i 1958, mot 39 øre i 1948. I Agderfylke og Vestfold svara kalkkjøpet til kr. 1,20 pr. dekar. Minst var det i Troms, med 2 øre.

I mellom- eller skogbygdene i Agder vart det kjøpt kalk for kr. 1,37 pr. dekar. Det var over 1 krone også i dei andre jordbruksområda i Agder og på Jæren. På Austlandet var det stor skilnad mellom jordbruksområda. I dei søraustlege slettebygder vart det kjøpt for 82 øre pr. dekar og i mellom- eller skogbygdene for 62 øre. I silurbygdene vart det berre kjøpt for 21 øre og i dal- og fjellbygdene for 12 øre pr. dekar jordbruksareal.

Stort sett var det små variasjonar mellom bruk av ymse storleik. For alle bruksklassane over 35 dekar skifta det mellom 49 og 60 øre pr. dekar. Ved dei mindre bruka var det noko mindre.

Det kalka arealet i 1958 var oppgjeve til 237 000 dekar.

Elektrisitet. Utgifter til elektrisitet var gjeve opp med 56 mill. kroner i 1958 mot 21 mill. kroner i 1948. Utgiftsauken kom både av at elektrisiteten vart dyrare og av at forbruket auka mykje.

Oppgåvene skal omfatta både gardsdrifta og privat forbruk, men ikkje sagbruk, heimeindustri m. v. Utgiftene, utrekna pr. dekar jordbruksareal, er vist i tabellane 191 og 192.

Totalt sett var utgiftene til elektrisitet størst i Hedmark, med vel 5 mill. kroner.

Som gjennomsnitt for heile landet svara utgiftene til kr. 5,60 pr. dekar jordbruksareal i 1958, mot kr. 2,03 i 1948. Utgiftene var størst i Vest-Agder med kr. 9,13 og minst i Østfold med kr. 3,76.

Rekna pr. dekar jordbruksareal var utgiftene til elektrisitet særleg store ved dei minste bruka. Dette heng saman med at privatforbruket berre i mindre mon rettar seg etter bruksstorleiken. I høve til arealet var utgiftene minst i bruksklassen 200,1—500 dekar.

Bensin, olje m. m. til landbruksmaskinar og bilar. Denne posten auka frå 4,8 mill. kroner ved teljinga i 1949 til 51,0 mill. kroner ved teljinga i 1959. Bensinutgiftene skulle gjevast opp utan frådrag av refundert bensinavgift.

Den veldige utgiftsauken kom i første rekkje av at talet på traktorar og bilar auka kraftig, men også prisen på bensin og olje gjekk opp.

Utgiftene til bensin, olje m. m. var størst i Østfold, Akershus og Hedmark, med om lag 5,5 mill. kroner i kvart fylke. I Finnmark var utgiftene 260 000 kroner. Elles var det berre Agderfylka, Sogn og Fjordane og Troms som hadde brukt mindre enn 1 mill. kroner.

Tabellane 191 og 192 viser utgiftene rekna i høve til jordbruksarealet.

I medel for heile landet svara utgiftene til bensin m. m. til kr. 5,09 pr. dekar jordbruksareal i 1958, mot kr. 0,47 i 1948.

Utgiftene var relativt størst i Vestfold med kr. 8,84 pr. dekar (kr. 0,74 i 1948). Dei var minst i Sogn og Fjordane og Troms med kr. 1,95.

Tala for områda viser at utgiftene var nærmare 10 kroner pr. dekar på Jæren og 8 kroner i dei søraustlege slettebygder på Austlandet. Dei var minst på øyane i Nord-Noreg, med bortimot 2 kroner. Elles var utgiftene rekna pr. dekar jamt over mindre i dal- og fjellbygdene enn i dei andre områda innan same landslutene.

Utgiftene pr. dekar auka stort sett med aukande bruksstorleik, men auken frå 1948 var relativt sett langt sterkare ved mindre enn ved større bruk. I bruksklassen 10,1—20 dekar, t. d., auka utgiftene pr. dekar frå 17 øre til kr. 2,44 og i klassen over 1 000 dekar frå kr. 2,77 til kr. 7,56.

Plantevernsmiddel. Utgifter til plantevernsmiddel var ved teljinga i 1959 gjeve opp til 7,7 mill. kroner mot 2,2 mill. kroner ved teljinga i 1949. Av plantevernsmidla i 1959 var 2,8 mill. kroner oppgjevne som brukt i hagebruket. Ein vesentleg del av midla i hagebruket gjekk til sprøyting av frukttre. Dette var særleg tilfelle i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Størst utgifter til plantevernsmiddel hadde Hordaland, med 818 000 kroner. Over 700 000 kroner var det elles i Østfold, Akershus, Hedmark, Buskerud og Rogaland. I Finnmark var det berre kjøpt for 9 000 kroner.

Utgiftene til plantevernsmiddel gjeld, på same måte som dei andre oppgåvene over utgifter, bruka over 5 dekar og året 1958. Brukseiningane under 5 dekar spelar ein relativt stor rolle når det gjeld hagebruket, men ein har ikkje oppgåver over utgiftene til plantevernsmiddel ved desse brukseiningane.

Tabellane 191 og 192 viser kjøp av plantevernsmiddel rekna pr. dekar jordbruksareal. Gjennomsnittet for heile landet var 77 øre pr. dekar i 1958, mot 21 øre i 1948.

I Buskerud og Hordaland vart det kjøpt for vel kr. 1,50 pr. dekar og i Vestfold, Rogaland og Sogn og Fjordane for kr. 1,20—1,40. Kjøpet var minst i fylka i Nord-Noreg, med 7—12 øre pr. dekar.

Av jordbruksområda står dei indre bygder på Vestlandet og skiferlandskapa ved Boknfjorden i ein klasse for seg med kr. 1,70—1,80 pr. dekar. Elles var det berre dei søraustlege slettebygder og silurbygdene på Austlandet og Jæren som hadde kjøpt for meir enn 1 krone pr. dekar. Forbruket av plantevernsmiddel var langt mindre i dal- og fjellbygdene enn i dei andre områda i Sør-Noreg.

Rekna pr. dekar jordbruksareal var utgiftene størst ved dei aller minste og aller største bruka. Slik var det i 1948 og. Utgiftsauken pr. dekar var elles relativt størst for bruka mellom 100 og 500 dekar.

Knapt 37 prosent av utgiftene til plantevern fall på hagebruket i 1958. Ein har ikkje særskilde oppgåver for hagebruket frå tidlegare teljingar.

Fylgjande oppstilling viser kor stor part (prosent) som fall på hagebruket av samla utgifter til kjøp av plantevernsmiddel.

Etter fylke:

Etter bruksstorleik:

Østfold	9,1 prosent	Kl. 3.	5,1—	10 dekar...	78,4 prosent
Akershus og Oslo	20,9 »	» 4.	10,1—	20 » ...	72,4 »
Hedmark	14,5 »	» 5.	20,1—	35 » ...	62,8 »
Oppland	11,5 »	» 6.	35,1—	50 » ...	56,9 »
Buskerud	53,2 »	» 7.	50,1—	75 » ...	46,7 »
Vestfold	27,3 »	» 8.	75,1—	100 » ...	33,2 »
Telemark	59,9 »	» 9.	100,1—	200 » ...	22,8 »
Aust-Agder	58,9 »	» 10.	200,1—	500 » ...	13,6 »
Vest-Agder	49,8 »	» 11.	500,1—	1000 » ...	12,0 »
Rogaland	22,4 »	» 12.	Over	1000 » ...	16,7 »
Hordaland og Bergen	84,5 »				
Sogn og Fjordane	82,9 »				
Møre og Romsdal	24,7 »				
Sør-Trøndelag	12,7 »				
Nord-Trøndelag	14,4 »				
Nordland	25,9 »				
Troms	42,8 »				
Finnmark	18,5 »				
Riket	36,6 prosent				

Ein særleg stor part av utgiftene fall på hagebruket i Hordaland og Sogn og Fjordane, som har mykje frukt og bær dyrking. Også i Buskerud, Telemark og Aust-Agder fall meir enn halvparten av utgiftene på hagebruket. Desse fylka dyrkar og mykje frukt og bær og til dels mykje grønsaker i høve til samla areal åker og hage.

I Nord-Noreg er det lite hagebruk. Likevel har ein relativt stor del av utgiftene til plantevernsmiddel gått til hagebruket. Særleg merkande er dette i Troms. Det heng saman med at det i det heile er lite vanleg med bruk av plantevernsmiddel i Nord-Noreg (sjå tab. 191), men likevel meir vanleg for hagebruks- enn for jordbruksvokstrane.

I dei indre bygder på Vestlandet fall 81 prosent av utgiftene på hagebruket, medan det på Jæren berre var knapt 8 prosent. Relativt minst på hagebruket var det likevel i kystbygdene i Trøndelag, med knappe 2 prosent.

Oppgåvene for bruk av ulik storleik syner at hagebruket tok ein større del av utgiftene til plantevernsmiddel di mindre bruka var. Ved bruka over 500 dekar gjekk berre ein åttandepart av plantevernsmidla til hagebruket, medan knapt fire femtepartar fall på hagebruket ved bruka mellom 5 og 10 dekar.

Oppgåvene over utgifter til plantevernsmiddel i veksthus- og benkegartneri (tabell 15 d i hefte 2) gjeld ein spesiell type av bruk. Det meste av desse utgiftene er med i dei ordinære oppgåvene over utgifter til plantevernsmiddel. Ein del veksthus- og benkegartneri har mindre enn 5 dekar jordbruksareal, og plantevernsmidlet ved desse er med i spesialoppgåvene, men ikkje i dei ordinære oppgåvene som gjeld bruk over 5 dekar.

Det er såleis to sett av oppgåver som ein må sjå kvar for seg. Det eine settet (dei ordinære oppgåvene) gjeld alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Det andre (spesialoppgåvene) gjeld utgifter til plantedyrking under glas ved brukseiningar med meir enn 50 m² areal under glas.

Sal av landbruksprodukt.

Ved teljinga i 1959 vart det for første gong ved dei fullstendige jordbruksteljingane henta inn oppgåver over kor mange bruk som hadde sal av ymse produkt.

I samband med den representative jordbruksteljinga i 1953 vart det henta inn om lag liknande oppgåver. Resultata frå denne undersøkinga er tekne inn i Jordbruksstatistikk 1953 (NOS XI 176).

I 1959 vart det i alt spurt om 13 produkt, og det vart skilt mellom regulært og tilfeldig sal. Oppgåvene fortel berre om bruket hadde sal av vedkomande produkt, regulært eller tilfeldig. Dei fortel ingen ting om dei omsette produktmengder.

Resultata for fylka og dei einskilde kommunar er gjevne i tabell 9 i andre hefte frå teljinga. Tabell 10 i same heftet gjev oppgåver for bruk av ymse storleik i dei einskilde fylka. For jordbruksområda finn ein oppgåver i tabell 14 i fjerde hefte.

Tabell 193. Bruk over 5 dekar med sal av ymse produkt,

Nr.		Korn		Poteter		Høy		Grønsaker		Frukt	
		I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal
	Riket	15,9	12,3	29,2	15,6	12,7	7,2	5,2	3,7	6,6	4,2
	Fylka:										
01	Østfold	52,3	44,0	39,2	21,8	10,1	5,4	11,4	9,0	6,4	2,8
02/03	Akershus og Oslo	41,8	32,2	31,1	17,1	12,3	6,9	6,6	4,9	5,3	2,9
04	Hedmark	29,9	23,8	26,7	15,7	19,5	11,2	2,3	1,5	2,8	1,7
05	Oppland	21,7	15,8	28,3	16,6	12,5	7,4	2,2	1,7	2,3	0,9
06	Buskerud	27,3	21,6	25,9	12,3	14,0	8,1	5,9	4,4	14,8	10,2
07	Vestfold	52,0	44,7	50,4	35,1	11,8	7,2	13,4	11,5	12,9	7,9
08	Telemark	17,8	13,9	26,3	13,8	19,7	12,5	5,0	3,3	13,9	8,6
09	Aust-Agder	6,1	3,6	35,6	18,1	18,8	10,3	10,9	8,0	13,0	6,4
10	Vest-Agder	4,7	2,5	23,7	11,5	15,9	8,9	5,0	3,1	10,3	4,6
11	Rogaland	10,4	7,9	49,0	33,6	5,9	3,0	16,1	12,8	13,1	9,5
12/13	Hordaland og Bergen	0,2	0,1	23,8	10,6	6,8	3,5	5,3	3,2	14,3	10,1
14	Sogn og Fjordane	0,3	0,1	27,3	14,7	4,8	2,9	3,0	1,8	18,1	14,5
15	Møre og Romsdal	4,5	3,1	35,9	17,5	8,8	5,0	4,3	2,4	4,8	2,0
16	Sør-Trøndelag	16,8	10,3	25,6	9,5	18,2	11,2	2,6	1,4	0,5	0,1
17	Nord-Trøndelag	40,5	31,5	44,9	26,9	17,5	8,3	8,5	5,8	2,2	1,0
18	Nordland	1,3	0,9	22,2	9,0	10,8	5,8	2,5	1,3	—	—
19	Troms	0,1	0,0	16,4	7,9	11,0	6,9	1,7	1,0	—	—
20	Finmark	—	—	3,7	1,3	22,1	12,7	0,3	0,2	—	—
	Bruksklassar:										
	Kl. 3. 5,1— 10 da. j.br.areal	3,2	1,8	7,5	2,9	17,4	10,3	3,3	2,4	8,0	5,0
	» 4. 10,1— 20 » »	4,5	3,0	11,6	4,6	14,2	9,0	2,9	2,0	5,7	3,5
	» 5. 20,1— 35 » »	5,8	3,9	21,3	9,3	10,7	6,6	3,5	2,4	5,3	3,4
	» 6. 35,1— 50 » »	9,6	6,5	32,7	15,9	8,7	4,8	5,5	3,8	6,4	4,2
	» 7. 50,1— 75 » »	17,2	11,7	42,6	22,6	9,0	4,3	7,1	4,8	7,4	4,9
	» 8. 75,1— 100 » »	32,4	23,9	51,7	30,5	12,2	5,5	9,1	6,4	7,3	4,5
	» 9. 100,1— 200 » »	62,7	52,9	61,2	40,2	19,0	9,6	9,9	7,2	7,8	4,7
	» 10. 200,1— 500 » »	90,1	84,0	68,6	51,7	26,3	15,7	9,6	7,0	9,8	5,6
	» 11. 500,1—1000 » »	96,2	94,4	78,0	68,3	29,0	16,4	13,4	9,1	18,8	11,8
	» 12. Over 1000 » »	88,4	88,4	79,1	72,1	39,5	25,6	30,2	25,6	27,9	25,6

Det er stor skilnad i talet på bruk som sel dei ymse produkt. Sameleis varierer tilhøvet mellom regulært og tilfeldig sal mykje frå produkt til produkt. Dette går fram av fylgjande oppstilling:

	Bruk med sal i alt	Prosent av desse med regulært sal		Bruk med sal i alt	Prosent av desse med regulært sal
Kjøtt	131 558	74,5	Korn	31 914	76,8
Mjølkk	122 418	92,0	Høy	27 499	56,7
Ull	69 761	73,7	Hagebær	22 606	44,2
Potet	59 717	52,7	Frukt	21 455	49,6
Tømmer og ved	57 665	58,3	Smør	14 013	79,0
Flesk	57 185	69,6	Grønsaker	11 548	68,2
Egg	54 631	68,9			

etter fylke og bruksstorleik. Prosenttal. 1959.

Hagebær		Mjølkk		Smør		Kjøtt		Flesk		Egg		Ull		Tømmer og ved		Nr.
I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	
7,4	3,9	61,2	56,5	7,0	5,5	65,3	49,0	27,8	19,7	25,2	17,7	33,9	25,3	28,5	16,7	
6,6	3,0	56,7	54,2	2,1	1,2	61,5	50,0	54,5	40,4	57,1	45,2	0,6	0,4	42,8	25,2	01
7,5	4,0	50,5	47,4	1,4	0,8	51,8	38,0	47,8	31,2	36,6	25,0	4,4	2,9	35,7	20,9	02/03
4,6	2,2	52,4	47,8	7,5	4,5	55,5	37,7	34,8	20,9	20,8	14,2	21,6	17,9	38,8	21,2	04
3,8	1,4	69,8	64,7	1,7	0,5	68,7	54,1	36,3	24,7	22,5	13,9	28,6	23,0	45,9	25,1	05
10,5	6,6	49,8	43,9	6,4	4,4	52,1	38,1	23,6	14,4	23,1	14,9	21,3	17,4	52,7	32,1	06
12,5	7,7	51,1	49,1	1,5	1,2	55,5	50,1	57,5	49,8	47,0	38,5	17,1	14,4	48,9	34,9	07
7,2	3,7	47,0	41,6	14,8	11,7	53,9	40,3	37,9	25,5	26,0	18,5	15,7	13,2	47,8	34,4	08
11,6	6,4	46,9	41,5	12,6	10,1	50,2	36,9	29,4	18,8	26,7	17,2	17,2	14,7	50,5	36,6	09
5,1	4,2	57,0	53,4	10,4	9,3	60,4	43,4	12,5	8,1	26,8	18,5	23,3	17,6	37,3	23,8	10
13,8	8,5	73,6	71,7	3,8	3,3	81,9	74,4	40,5	35,5	58,7	53,2	43,6	40,0	10,6	6,0	11
13,9	6,9	63,1	55,9	7,3	5,5	70,3	50,4	21,8	14,7	22,3	15,5	52,6	41,0	17,6	8,2	12/13
12,1	7,8	70,9	67,8	16,2	14,6	83,4	72,8	28,2	20,5	11,8	7,8	68,9	60,2	22,5	12,7	14
10,3	3,8	75,4	71,2	3,5	2,8	70,1	50,5	20,1	13,1	19,9	11,0	43,7	31,9	17,6	9,4	15
5,4	3,1	67,6	63,6	17,8	16,2	78,3	65,9	35,3	23,9	26,0	15,9	43,2	34,0	31,4	16,5	16
10,9	5,9	73,6	69,3	5,8	4,9	77,9	65,5	57,2	45,2	43,8	32,0	35,3	27,2	41,9	26,2	17
1,2	0,5	56,5	49,8	7,6	5,6	64,1	41,9	1,8	0,9	11,0	5,4	42,3	25,5	9,8	4,6	18
0,5	0,3	61,3	56,0	3,0	2,2	61,1	33,0	0,7	0,5	6,4	3,6	44,1	22,4	5,5	2,1	19
—	—	44,1	36,6	0,6	0,2	39,3	14,9	0,6	0,3	2,8	1,8	31,2	12,4	0,9	0,3	20
7,9	4,3	17,3	11,9	3,4	2,3	21,6	9,9	6,8	3,2	12,5	7,3	17,4	9,1	4,4	1,5	Kl. 3
6,6	3,6	38,6	31,1	8,0	5,6	44,1	24,4	11,1	5,9	15,1	9,2	26,7	16,0	10,4	4,1	» 4
6,5	3,5	60,8	54,7	9,7	7,7	65,6	44,0	18,5	10,8	19,4	12,7	35,0	24,3	21,2	10,2	» 5
7,7	4,1	75,2	71,3	8,7	7,3	79,1	60,6	29,1	19,7	25,7	18,2	41,4	32,2	31,4	16,6	» 6
8,4	4,5	82,8	79,9	6,5	5,7	85,5	71,8	40,2	29,5	32,1	23,7	45,0	37,8	41,5	24,4	» 7
7,6	3,8	84,8	82,8	4,7	4,1	86,9	76,9	51,4	40,3	39,4	30,1	43,3	37,5	51,5	33,4	» 8
8,5	3,9	84,2	82,9	2,3	1,9	86,6	79,1	65,5	53,4	49,2	38,0	31,5	28,2	63,0	44,8	» 9
9,3	4,0	74,8	73,7	0,6	0,5	79,0	73,3	70,6	59,5	52,0	39,9	17,9	16,2	71,2	56,4	» 10
16,1	7,8	70,7	69,9	0,3	0,3	74,2	71,8	70,4	60,2	46,2	34,4	16,4	14,8	81,7	73,7	» 11
16,3	9,3	81,4	81,4	2,3	2,3	72,1	72,1	58,1	48,8	34,9	25,6	18,6	16,3	60,5	60,5	» 12

Tabell 194. Bruk over 5 dekar med sal av ymse

Nr.		Korn		Poteter		Høy		Grønsaker		Frukt	
		I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal	I alt	Med regulært sal
	Riket.....	15,9	12,3	29,2	15,6	12,7	7,2	5,2	3,7	6,6	4,2
I.	Dei søraustlege slettebygder ...	49,1	40,9	41,2	25,9	11,7	6,7	11,9	9,7	10,7	6,6
II.	Silurbygdene inne i landet.....	47,8	39,6	47,7	34,2	12,9	7,7	5,4	4,2	10,2	6,3
III.	Mellom- eller skogbygder	28,6	21,4	23,8	10,5	19,6	11,0	3,1	1,9	6,6	3,8
IV.	Dal- og fjellbygder	6,7	4,1	16,4	6,5	13,8	8,8	0,9	0,4	1,3	0,6
	Austlandet med Telemark i alt	31,9	25,4	30,5	17,5	14,9	8,7	5,4	4,1	7,0	4,1
V.	Kystbygder	7,0	4,2	31,3	19,3	17,6	10,5	12,3	9,3	17,3	8,8
VI.	Mellom- eller skogbygder	4,4	1,9	27,5	11,0	18,9	9,3	4,7	2,2	6,9	2,5
VII.	Dal- og fjellbygder	2,8	2,0	24,9	8,2	12,3	7,2	1,2	0,6	5,8	2,6
	Agder i alt	5,3	3,0	28,7	14,3	17,1	9,5	7,5	5,1	11,4	5,4
VIII.	Skiferlandskapa ved Boknfj. ..	9,1	6,4	53,5	40,1	5,8	3,2	33,6	29,6	41,9	32,7
IX.	Jærens sletteland	18,2	14,6	66,8	54,0	6,6	3,4	25,9	21,7	2,5	1,2
X.	Andre ytre bygder	1,9	1,3	27,9	12,5	7,2	4,0	4,6	2,8	4,2	2,0
XI.	Indre bygder	2,9	1,9	33,7	18,6	6,1	3,4	4,7	2,8	25,5	19,5
	Vestlandet i alt	3,7	2,7	33,5	18,5	6,8	3,7	6,8	4,8	12,1	8,5
XII.	Kystbygder	11,9	7,8	19,3	6,3	9,7	5,2	3,1	1,6	0,2	0,1
XIII.	Ytre fjordbygder	21,5	13,1	23,0	7,6	14,6	8,3	3,7	1,9	0,2	0,0
XIV.	Bygder ved Trondheimsfjorden	43,8	33,4	52,7	33,6	24,5	13,8	9,8	7,1	2,9	1,3
XV.	Dal- og fjellbygder	6,4	3,3	19,4	5,8	14,4	8,3	0,7	0,2	0,0	0,0
XVI.	Andre indre bygder	37,3	27,2	34,2	12,7	17,6	8,3	3,5	1,6	0,6	0,2
	Trøndelag i alt.....	27,8	20,1	34,5	17,6	17,9	9,8	5,3	3,4	1,2	0,5
XVII.	Øyar	0,3	0,2	21,1	10,9	10,4	5,9	1,9	1,2	—	—
XVIII.	Kystbygder	1,7	1,0	17,7	6,8	10,5	6,3	2,3	1,1	—	—
XIX.	Fjord- og dalbygder	0,4	0,3	15,3	5,6	15,4	8,9	1,8	1,0	—	—
XX.	Innlandsbygder	0,7	0,4	17,7	5,8	13,1	6,2	2,0	1,0	—	—
	Nord-Noreg i alt	0,7	0,5	18,1	7,7	12,2	7,0	1,9	1,1	—	—

Som ein ser er det mest vanleg med sal av kjøt og mjølk og minst vanleg med sal av smør og grønnsaker.

Med omsyn til regulært sal står mjølka i ei særstilling. Heile 92 prosent av bruka med mjølkesal hadde regulært sal. Elles varierer det frå 79 prosent for smør til 44 prosent for hagebær.

Tabell 193 viser prosent bruk over 5 dekar med sal av ymse produkt, fylkesvis og etter bruksstorleik. Tabell 194 viser det same for jordbruksområda.

I desse tabellane er brukseiningane med inntil 5 dekar haldne utanfor.

produkt, jordbruksområde. Prosenttal 1959.

Hagebær		Mjøl		Smør		Kjø		Flesk		Egg		Ull		Tømmer og ved		Nr.
I alt	Med regu- lært sal	I alt	Med regu- lært sal	I alt	Med regu- lært sal	I alt	Med regu- lært sal	I alt	Med regu- lært sal	I alt	Med regu- lært sal	I alt	Med regu- lært sal	I alt	Med regu- lært sal	
7,4	3,9	61,2	56,5	7,0	5,5	65,3	49,0	27,8	19,7	25,2	17,7	33,9	25,3	28,5	16,7	
10,7	6,5	50,5	48,3	1,1	0,8	53,7	44,3	51,5	39,7	45,8	35,7	2,0	1,4	40,7	25,8	I.
9,6	5,0	50,1	46,7	0,8	0,3	48,9	36,1	47,0	32,5	33,1	23,5	9,6	7,6	38,7	24,5	II.
5,0	2,1	50,4	44,7	8,3	4,9	53,4	33,4	38,7	22,7	24,9	16,0	10,4	6,9	43,5	25,4	III.
2,3	0,8	70,0	64,3	8,6	6,6	73,9	61,4	21,8	14,7	15,6	9,7	45,1	39,2	51,4	29,4	IV.
6,6	3,5	55,3	50,9	5,2	3,5	57,9	43,8	39,3	26,9	29,7	21,1	16,6	13,5	43,9	26,4	
14,4	8,4	51,4	47,2	3,0	2,2	43,9	30,7	20,2	14,1	33,1	23,7	11,2	6,3	29,2	19,4	V.
7,6	2,8	59,5	55,2	10,3	9,0	61,4	40,9	21,0	12,5	23,7	14,6	16,0	12,5	51,8	37,5	VI.
4,2	1,6	42,1	36,9	33,6	29,8	76,0	65,7	15,4	9,2	17,3	10,5	55,1	50,5	54,6	36,8	VII.
port og import ein har av matvarer. Det må elles bli eit definisjonsspørsmål kva som er matvarer og kva som er råvarer (vareinnsats) til matvareproduksjon. I denne oversikta reknar ein som mat alt som er produsert til menneskeføde utan vidare foredling gjennom planter og dyr (unnateke industrielle mikrobekulturar). Derimot treng eventuell industriell foredling ikkje vera utført eller avslutta. Dette fører til at t. d. korn som er brukt til fôr, ikkje vert rekna som mat, men som råstoff (vareinnsats). Derimot kan kvalolje, sildolje m. v. bli rekna som mat dersom dei seinare skal foredlast til matfeitt og ein ikkje har oppgåve over vidare foredla produkt av dei i Noreg. For innanlandsk forbruk er ikkje dette noko særleg problem då ein stort sett kjenner sluttprodukta. (Vesentleg margarin for feittet sitt vedkomande.) Derimot har vi stor utanrikshandel med rå og halvforedla dyriske og vegetabiliske oljar og feittstoff til mat. Som tidlegare nemnt er det særleg desse som skapar problem når ein skal vurdere norsk produksjon og utanrikshandel med matvarer. Ein kjenner om lag total innførsel og total utførsel av feitt, men ein veit ikkje kor mykje av utførselen som går til mat. I gjennomsnitt for 5-årsperioden 1956—1960 har ein rekna med ein overskotseksport av reine feittvarer til mat (smør, margarin, feite oljar m. v.) på 100 000 tonn pr. år. Dette er eit grovt overslag og er ikkje vist i tabell 213. Derimot ligg det til grunn for dei utrekningane som er omtala vidare i teksten.

Etter dei definisjonane som er gjevne, kan ein rekna med at 50—55 prosent av kaloriforbruket, 65—70 prosent av proteinforbruket og 80—85 prosent av feittforbruket i 1956—1960 var av norsk produksjon. I same tidsrommet kan ein rekna med ein overskotsimport på rundt 340 milliardar kcal. og ein overskotseksport på 15 000 tonn protein og 107 000 tonn feitt pr. år. Reknar ein med det som vart eksportert, var altså norsk produksjon stor nok til å dekkja 91 prosent av kaloriforbruket, 114 prosent av proteinforbruket og 165 prosent av feittforbruket. Som norsk produksjon har ein her også rekna med fangst og fiske i fjerne farvatn, jamvel om produkta aldri har vore i Noreg.

Norsk jordbruksproduksjon utgjorde 1 559 milliardar kcal., 65 000 tonn protein og 88 000 tonn feitt. Dette svara til 41 prosent av kaloriforbruket, 60 prosent av proteinforbruket og 54 prosent av feittforbruket. Av dette vart 83 milliardar kcal., 2 400 tonn protein og 7 700 tonn feitt eksportert. På kaloribasis gjekk såleis vel 5 prosent av netto matproduksjon frå jordbruket til eksport.

Av kaloriforbruket vart vel 26 prosent dekt av kornvarer, vel 14 prosent av sukker m. v., 11 prosent av andre reine vegetabiliske matvarer, vel 9 prosent av kjøt, fleisk og egg, vel 2 prosent av fisk, knapt 20 prosent av mjølk og mjølkeprodukt og vel 17 prosent av margarin og andre feittstoff.

Av proteinforbruket fall ein vesentleg større del på animalske produkt og også ein noko større del på kornvarer. Same forholdet gjorde seg elles gjeldande for forbruket av mineralstoff og stort sett også for vitaminar.

Feittforbruket vert i det vesentlege dekt av margarin, mjølk og meieriprodukt og fleisk.

Tabell 214. Forbruk av matvarer. Gjennomsnitt 1956—1960.

	Årsforbruk			Forbruk pr. innbyggjar pr. dag			Prosenttal		
	Kaloriar (Kcal.) Mil- lionar	Protein Tonn	Feitt Tonn	Kaloriar (Kcal.)	Protein Gram	Feitt Gram	Kaloriar	Protein	Feitt
Kveite	805 000	26 910	3 450	622	20,8	2,7	21,0	24,9	2,1
Anna korn	207 560	5 665	1 367	159	4,5	1,1	5,4	5,2	0,9
Korn i alt	1 012 560	32 575	4 817	781	25,3	3,8	26,4	30,1	3,0
Poteter (inkl. potetmjøl) ...	231 000	5 610	330	179	4,3	0,3	6,0	5,2	0,2
Grønsaker	30 480	1 778	254	23	1,4	0,2	0,8	1,6	0,2
Sukker, sirup, honning m.v. .	552 190	160	—	424	0,1	—	14,4	0,1	—
Erter, bønner, kakao, nøtter m.v.	50 460	2 136	2 418	41	1,7	1,8	1,3	2,0	1,5
Frukt og bær ...	106 080	1 428	510	82	1,1	0,4	2,8	1,3	0,3
Storfekjøtt	70 000	8 000	3 400	54	6,2	2,6	1,8	7,4	2,1
Saukjøtt	30 800	1 680	2 940	24	1,3	2,2	0,8	1,6	1,8
Flesk	192 500	5 775	17 050	149	4,5	13,2	5,0	5,3	10,3
Anna kjøtt og innmat	19 440	2 240	1 440	15	1,8	1,1	0,5	2,1	0,9
Kjøtt og flesk i alt	312 740	17 695	24 830	242	13,8	19,1	8,1	16,4	15,1
Egg	41 760	3 190	3 016	32	2,5	2,3	1,1	3,0	1,8
Fisk	82 460	11 704	3 591	64	9,0	2,8	2,2	10,8	2,2
Mjølkk og fløyte .	545 890	25 354	33 627	422	19,5	26,0	14,3	23,5	20,4
Øst	117 000	6 300	8 100	90	4,9	6,3	3,0	5,8	4,9
Smør	88 920	—	9 840	69	—	7,6	2,3	—	6,0
Mjølkk og meieri- produkt i alt .	751 810	31 654	51 567	581	24,4	39,9	19,6	29,3	31,3
Margarin	636 400	258	70 520	493	0,2	54,6	16,6	0,2	42,8
Andre vegeta- bilske og ani- malske feitt- stoff	26 100	—	2 700	19	—	2,0	0,7	—	1,6
Matvarer i alt ..	3 834 040	108 188	164 553	2 961	83,8	127,2	100,0	100,0	100,0

Samandrag.

Jordbruksteljinga 1959 var den sjette i rekkja av særskilde fullstendige jordbruksteljingar. Den første var i 1907, og sidan har dei vore haldne med stort sett 10 års mellomrom. Tidlegare, frå 1835, vart jordbruksteljingane haldne saman med folketeljingane.

Noreg har ei samla flatevidd på 324 000 km². Av dette er 15 000 km² ferskvatn. Landarealet er såleis 309 000 km².

Ved jordbruksteljinga i 1959 var 8,4 mill. dekar eller 2,7 prosent av landarealet fulldyrka jord. 1,9 mill. dekar eller 0,6 prosent var natureng og overflatedyrka jord. Samla jordbruksareal var såleis 10,3 mill. dekar eller 3,3 prosent av landarealet. Jordbruksarealet svara til 2,9 dekar pr. innbyggjar. Gjennomsnittleg jordbruksareal (utslåtter ikkje medrekna) for alle bruk over 5 dekar jordbruksareal, vart det henta inn langt fleire opplysningar,

70,3 mill. dekar eller 22,8 prosent av landarealet er produktiv skog. Halvparten av skogarealet, 36,6 mill. dekar, høyrer direkte til dei bruka som var med i teljinga. I tillegg til dette kjem sameige, bruksrett m. v. slik at om lag $\frac{2}{3}$ av skogarealet er lagt til bruka ved eigedoms- eller bruksrett.

Resten av landarealet, 228,8 mill. dekar eller 73,9 prosent, er høg fjell, utmarksvidder o. a. Utmarks- og fjellbeite spelar stor rolle i sume stork. Om lag 13 prosent av alt husdyrfôret kjem frå slike beite. Elles er det store areal som er lite produktive eller uproduktive. Noko er snaufjell, medan andre areal kan bli produktive ved skogreising eller oppdyrking. Nærare halvparten av heile landarealet ligg over skoggrensa.

Teljinga i 1959 vart stort sett gjennomført etter dei same retningslinjer som i 1949. Teljingsreglane var dei same for bygder og byar. I 1949 vart det samla inn færre og meir summariske oppgaver frå byane enn frå bygdene.

Det skulle teljast ved alle brukseiningar der det vart drive jordbruk, hagebruk, gartneri eller husdyrbruk, utan omsyn til storleik. Ein har såleis med svært mange brukseiningar som ikkje er jordbruk i vanleg mening. Det gjeld t. d. villahagar, tomtebruk o. l. som i første rekkje er bustader for folk i andre yrke, men som likevel har meir eller mindre av dei teljingsobjekt det er spørsmål etter.

Visse oppgaver, t. d. for areal, frukttre, bærbuskar, husdyr, maskinar og reiskapar, vart samla inn frå alle brukseiningar. Men frå dei bruka som hadde over 5 dekar jordbruksareal, vart det henta inn langt fleire opplysningar, t. d. om brukaren sin alder og yrkestilhøve, fagutdanning, arbeidsstyrke, bygningar m. m. Dessutan vart det samla inn spesialoppgaver frå bruk med areal under glas, planteskular og større frukthagar.

Tidsrommet mellom dei to siste jordbruksteljingane, i 1949 og 1959, var ein periode med sterk utvikling og omlegging på mange felt innan landbruket. Først og fremst gjeld dette bruksstrukturen, mekaniseringa og arbeidsstyrken.

Ved teljinga i 1959 fekk ein oppgaver frå i alt 434 000 brukseiningar. 236 000 av desse hadde inntil 5 dekar jordbruksareal. På dei fleste områda innan jordbruket spelar desse brukseiningane lita rolle, men dei hadde 40—50 prosent av alle frukttrea og bærbuskane i landet.

Det var 198 000 bruk med over 5 dekar jordbruksareal i 1959, ein nedgang på om lag 16 000 frå 1949. Nedgangen fall særleg på storleiksgruppa 5,1—35 dekar. Talet på bruk med over 200 dekar auka litt, men det var likevel berre knapt 5 300 bruk som var så store.

Nedgangen i brukstalet over 5 dekar heng saman med samanslåing av bruk eller med at arealet har gått til andre føremål eller ligg unytta. Av dei bruka som hadde over 5 dekar jordbruksareal i 1949, var 9 600 blitt borte som sjølvstendige brukseiningar i 1959, og 10 600 var reduserte til under 5 dekar. I alt var såleis fleire enn 20 000 bruk over 5 dekar blitt borte sidan 1949. Samstundes hadde det kome til 4 300 nye bruk som hadde under 5 dekar eller ikkje eksisterte i 1949.

Det var for det meste små bruk som var blitt borte. 16 300 av dei hadde 5,1—35 dekar jordbruksareal i 1949. Gjennomsnittstorleiken var 27 dekar.

70 prosent av jordbruksarealet ved desse bruka i 1949 hadde gått inn i andre bruk over 5 dekar i 1959. Resten hadde gått til tomter, vegar, skogreising m. v. eller låg ubrukt.

Dei aller fleste bruka her i landet blir drivne av eigarane. 87 prosent av brukarane var eigarar av heile det jordbruksarealet dei dreiv. 7 prosent leigde heile arealet. 1 prosent leigde mellom halve og heile arealet, og 5 prosent leigde mindre enn halvparten av det arealet dei dreiv. 12 prosent av jordbruksarealet var leigejord i 1959.

Storparten av dei norske bruka er typiske familieverksemdar, og mange brukarar har anna yrke ved sida av bruket. 39 prosent av bruka over 5 dekar var brukaren sitt einaste yrke, 23 prosent var hovudyrket til brukaren, og 38 prosent vart drivne som attåtårke. Dei tilsvarande prosenttal i 1949 var 41, 25 og 34. Di mindre bruka er, di meir vanleg er det med yrke utanom bruket.

Dei vanlegaste yrka utanom bruket var bygge- og anleggsarbeid, fiske og fangst og jordbruks- og skogsarbeid hjå andre. Dei brukarane som hadde bruket som hovudyrke, arbeidde gjennomsnittleg 95 dagar i året utanom bruket. Dei som hadde det som attåtårke, arbeidde gjennomsnittleg 210 dagar utanom bruket.

Det var ei tydeleg forskyving mot eldre brukarar i perioden. 18 prosent av dei manlege brukarane var under 40 år i 1959, 55 prosent var 40—59 år og 27 prosent 60 år og eldre. I 1949 var dei tilsvarande tala 23, 53 og 24. Forskyvinga gjorde seg særleg gjeldande for dei mindre bruka. Også tidlegare var brukarane gjennomgåande eldst ved mindre bruk.

Arbeidsstyrken i jordbruket (husarbeid medrekna) gjekk ned med 25 prosent frå 1949 til 1959. Nedgangen var litt større for kvinner enn for menn og gjorde seg særleg gjeldande for framand hjelp og familiehjelp utanom brukaren og eventuell ektemake. Dette førte til at ein større del av arbeidet fall på brukaren og ektemaken i 1959 enn i 1949. Den manlege arbeidsstyrken, rekna i årsverk, fordelte seg slik i 1959 (tala for 1949 i parentes): Brukaren 66 prosent (56), familiemedlemar 21 prosent (29) og framand arbeidshjelp 13 prosent (15). For den kvinnelege arbeidsstyrken var fordelinga: Brukarar og kvinnelege ektemakar 77 prosent (64), familiemedlemar 18 prosent (27) og framande 5 prosent (9).

Sommaren 1958 var det fast arbeidshjelp over 15 år (utanom brukaren og ektemaken) ved 31 prosent av bruka over 5 dekar. I 1948 var det 49 prosent som hadde slik hjelp. Berre 7 prosent hadde fast framand hjelp i 1958 mot 12 prosent i 1948.

Samla folkemengd på bruka gjekk og sterkt tilbake. I 1949 var det 953 000 personar (vaksne og born) på dei bruka over 5 dekar som var med i teljinga. I 1959 var talet 745 000.

Ei fordeling av folkemengda etter hovudpersonen sin leveveg viste at i 1960 (Folketeljinga 1960) fall 15,2 prosent på jordbruk og skogbruk. I 1950 var det 21,7 prosent.

I 1959 var det personar med fagutdanning (minst 5 månaders jordbruks-, hagebruks- eller skogskule) på 14 prosent av bruka over 5 dekar. 12 prosent hadde personar med minst 5 månaders husmorskule.

Arealet til open åker og hage auka frå 2,7 mill. dekar i 1949 til 3,5 mill. i 1959.

Kornarealet auka frå 1,5 mill. dekar i 1949 til 2,2 mill. dekar i 1959. Samstundes var det sterk omlegging av korndyrkinga. Byggarealet auka frå 0,4 til 1,4 mill. dekar. Det andre kornarealet vart redusert, særleg sterkt for kveite. Tidlegare var havren det mest dyrka kornslaget, men i 1959 dominerte bygget med 65 prosent av heile kornarealet.

I 1959 var korndyrkinga i større grad enn tidlegare konsentrert til visse distrikt, i første rekkje på Austlandet og i Trøndelag. I andre strom, t. d. på Vestlandet, vart kornarealet sterkt redusert i 10-årsperioden. Korndyrkinga var dessutan i langt sterkare grad enn før knytt til større bruk.

Jordbruket har i denne perioden hatt ei heller sterk utvikling i retning av spesialisering. Det kjem tydeleg til syne for korndyrkinga. Talet på korndyrkarar gjekk tilbake frå 116 000 i 1949 til 82 000 i 1959. Samstundes auka det gjennomsnittlege kornarealet pr. dyrkar frå 19 til 34 dekar.

Grønfôrarealet var mykje mindre i 1959 enn i 1949. Potetarealet og arealet til rotvokstrar hadde gått litt tilbake. Grønsakarealet på friland hadde auka. Plantedyrkinga under glas hadde og auka både for grønnsaker og blomster. Det var færre bruk med inntil 100 m² under glas i 1959 enn i 1949, men fleire med større glasareal.

Talet på frukttre, 5,1 mill., var 33 prosent større enn i 1949. Berre 9 300 av i alt 290 000 fruktdyrkarar hadde meir enn 50 tre, men dei hadde over tredjeparten av alle frukttrea.

Det var i alt 5,2 mill. bærbuskar (rips, stikkelsbær, solbær) i 1959. Det var 30 prosent meir enn i 1949. Av i alt 332 000 bærdrkarar var det 7 600 som hadde meir enn 50 buskar.

Arealet til jordbær og bringebær var mindre i 1959 enn i 1949.

Når ein ser bort frå utslåttene, gjekk engarealet til slått tilbake frå 6,1 mill. dekar i 1949 til 5,1 mill. i 1959. Reduksjonen har i stor mon samanheng med auken i kornarealet, men det var og ein del engareal som låg unytta i 1959.

Samla kulturbeiteareal auka frå 1,4 til 1,6 mill. dekar. Auken fall særleg på overflatedyrka beite.

Det var 133 000 brukarar som i 1959 gav opp at dei hadde produktivt skogareal. Dei fleste gardsskogane er små. Fjerdeparten var på inntil 25 dekar og tredjeparten mellom 25 og 100 dekar. Berre 420 eller 0,3 prosent var på meir enn 5 000 dekar.

Det var 35 000 bruk som hadde skog i sameige eller rett til skogsvyrke. To tredjepartar av desse hadde elles skog også på sitt eige bruk.

108 000 bruk gav opp at dei hadde til saman 3,6 mill. dekar udyrka jord som vart rekna som skikka og føremålstenleg til oppdyrking. Dei fleste kyrkingsareala var små, berre 5 300 bruk hadde meir enn 100 dekar.

Ved teljinga i 1959 vart det oppgjeve at 20 prosent av den dyrka jorda rong meir grøtting. I perioden 1949—1959 vart det grave 87 000 km grøfter not 37 000 km i 1939—1949.

Det var vatningsanlegg på 5 300 bruk i 1959. I alt 180 000 dekar eller 1,8 prosent av jordbruksarealet kunne vatnast med desse anlegga. I 1949 var det 3 300 anlegg.

Avlingane er relativt store her i landet, trass i at vilkåra for plante- dyrking ikkje alltid er dei beste. Medelårsavlinga (den avlinga ein reknar med å få når ikkje noko uventa støyter til) var for bygg 270 kg pr. dekar i 1959 mot 250 i 1949. For poteter var det auke frå 2 200 kg i 1949 til 2 340 kg i 1959. Høyavlinga frå eng på fulldyrka jord auka frå 530 til 590 kg pr. dekar.

Samla medelårsavling av jordbruksvokstrane (korn, grønfôr, potet, rotvokstrar og fôrmergkål, høy og halm) vart utrekna til noko over 2 200 mill. føreiningar i 1959 mot vel 2 000 mill. i 1949. Beita er ikkje medrekna i dette. Avkastninga frå beita (medrekna fjellbeite og anna utmarksbeite) vart utrekna til 890 mill. føreiningar i 1959 mot 850 mill. i 1949.

Fjerdeparten av bruka over 5 dekar la ned silofôr i 1958 mot 17 prosent av bruka i 1948. Rekna som ferdig masse vart det nedlagt 1,2 mill. m³ silofôr i 1958 mot 0,6 mill. i 1948. I 1948 vart halvparten av silofôret lagt ned med konserveringsmiddel, men i 1958 vart over tre fjerdepartar lagt ned på denne måten.

For å gjera halmen betre skikka som fôr, har det etter kvart vorte vanlegare å luta den. I 1959 var det om lag 11 000 bruk som gav opp at dei hadde nytta luta halm siste året. Samla forbruk vart oppgjeve til 230 000 tonn. Rekna som tørr halm svara dette til knapt 10 prosent av samla halmavling i 1958.

Den uvanleg sterke tekniske utviklinga innan jordbruket i perioden 1949—1959 kjem særleg tydeleg til syne i mekaniseringa.

I 1949 var det knapt 10 000 traktorar i landet. I 1959 var det nesten 56 000 (av desse over 10 000 tohjulstraktorar). I 1949 fall det 1 075 dekar jordbruksareal på kvar traktor, i 1959 berre 185 dekar. Medan det i 1949 var traktor berre på tjuandekvart bruk over 5 dekar, hadde fjerdekvart bruk traktor i 1959. Men traktorane blir brukt på langt fleire bruk enn dei som sjølv har traktor. I 1959 vart det nytta traktor i større eller mindre grad på 155 000 eller 78 prosent av bruka over 5 dekar. Dessutan vart dei nytta på ein god del bruk inntil 5 dekar.

Talet på skurdtreskjarar auka frå vel 100 i 1949 til bortimot 5 000 i 1959.

Talet på mjølkemaskinanlegg auka frå vel 6 000 i 1949 til knapt 40 000 i 1959, trass i at talet på bruk med mjølkekyr gjekk ned med 25 prosent.

Innan husdyrhaldet var det i perioden 1949—1959 ei tydeleg omlegging til færre, men større buskapar. Samstundes auka avdråtten pr. dyr.

Talet på hestar gjekk tilbake frå 198 000 i 1949 til 117 000 i 1959. Traktoren har i stor mon teke over hesten sitt arbeid i jordbruket. I 1949 var det hest på 61 prosent av bruka over 5 dekar, i 1959 på 48 prosent. Det har vore lite oppal av hest. Det var difor få unghestar, men mange gamle hestar i 1959. Heile 32 prosent var 17 år og eldre, mot 10 prosent i 1949. Dessutan var over 40 prosent i alderen 11—16 år. Med denne aldersstrukturen vil det i ei årrekkje framover bli færre og færre hestar, sjølv om det blir lagt vinn på større oppal.

Talet på storfe var 10 prosent mindre i 1959 enn i 1949. For mjølkekyr var reduksjonen 22 prosent, frå 770 000 til knapt 600 000 dyr. Trass i den sterke nedgangen i kutalet, har samla mjølkeproduksjon halde seg på det same. Årsmjølkemengda pr. ku auka nemleg frå knapt 2 100 til 2 700 kg i

denne perioden. Talet på bruk med mjølkekyr gjekk ned frå over 200 000 til 150 000. Buskapane er små. Berre 660 hadde meir enn 20 kyr i 1959. Det var gjennomsnittleg 4 kyr pr. bruk med ku.

Sauetalet, 1,8 mill., var 4 prosent større enn i 1949. Talet på bruk med sau gjekk ned frå 150 000 til 109 000, men gjennomsnittleg buskapsstorleik auka frå 11,5 til 16,5.

Talet på geiter vart redusert med 31 prosent i tiårsperioden og var vel 100 000 i 1959. Samstundes auka årsmjølkemengda pr. geit frå 210 til 300 kg, slik at samla produksjon av geitmjolk var vel så stor i 1959 som i 1949. Talet på bruk med geit gjekk tilbake frå vel 19 000 til 7 000. Gjennomsnittleg dyretal pr. buskap auka frå 7,6 til 14,1.

Svinetalet var 475 000 i 1959, vel 13 prosent større enn i 1949. Talet på bruk med svin gjekk ned frå 152 000 til 102 000, medan gjennomsnittleg dyretal pr. bruk auka frå 2,8 til 4,6.

I 1959 var det vel 3 mill. vaksne høns i landet. Det var 18 prosent mindre enn i 1949. Talet på bruk med høns gjekk ned frå 177 000 til 101 000, men gjennomsnittleg dyretal auka frå 20 til 30. Det var 5 200 bruk som hadde meir enn 100 dyr, men berre 240 hadde meir enn 500.

Talet på pelsdyrgardar gjekk ned frå vel 7 100 i 1949 til 2 500 i 1959. I 1949 var det i gjennomsnitt 39 dyr pr. pelsdyrgard. I 1959 var det 358. I 1939 var det over 20 000 pelsdyrgardar. Før krigen var det sølvreven som dominerte. I 1949 var omlegginga til mink i gang, og i 1959 var det denne som dominerte pelsdyrhaldet. Det var 75 000 revar i 1959. Det aller meste av dette var blårev. Talet på mink var om lag 800 000.

I tidsrommet 1949—1959 auka samla årleg kjøtproduksjon frå 54 000 til 70 000 tonn, fleskeproduksjonen frå 43 000 til 53 000 tonn, eggproduksjonen frå 27 000 til 32 000 tonn og produksjonen av geitmjolk frå 21 000 til 22 000 tonn. Produksjonen av kumjolk var 1 575 000 tonn i 1959 mot 1 610 000 i 1949.

Ved teljinga i 1959 vart det spurt om bruka selde (regulært eller tilfeldig) korn, poteter, høy, grønsaker, frukt, hagebær, mjolk, smør, kjøt, flesk, egg, ull og tømmer og ved. 81 prosent av bruka over 5 dekar hadde regulært sal av eitt eller fleire av dei nemnde produkta, 10 prosent hadde berre tilfeldig sal, og 9 prosent hadde ikkje sal. Kjøt og mjolk var dei vanlegaste salsprodukta.

I fylgje den totalrekneskapen som Budsjettnemnda for jordbruket utarbeider, var samla inntekter i jordbruket 2 658 mill. kroner i driftsåret 1958—1959. Samla kostnader var 1 308 mill. kroner.

Samla grunnflate av driftsbygningane var oppgjeven til 36 mill. m² i 1959. 28 prosent av dette var bygd før 1900 og 23 prosent etter 1940. For 30 prosent av bruka over 5 dekar var det oppgjeve at driftsbygningane trong større tilbygg eller hovudreparasjon. 27 prosent gav opp at dei trong ny driftsbygning.

74 prosent av bruka hadde gjødselkjellar eller overtekt gjødselplass og 22 prosent hadde urinkum. Det var automatiske drikkekar i fjøset på 41 prosent av bruka.

35 prosent av våningshusa (hovudbygningane) var bygd før 1900 og 21 prosent etter 1940. På 25 prosent av bruka trong våningshusa større tilbygg eller hovudreparasjon og 12 prosent trong nytt våningshus.

Oppgåvene frå 1959-teljinga viste at det var bad på 18 prosent av bruka over 5 dekar. 53 prosent hadde vaskemaskin, 14 prosent kjøleskåp, 6 prosent

mixmaster, og 33 prosent hadde støvsugar. 51 prosent nytta anten eigen eller leigd fryseboks.

For 62 prosent av bruka var det oppgjeve at dei hadde køyreveg som var farande med bil heile året, medan 21 prosent hadde veg som kunne køyrast med bil berre om sommaren. I alt var det oppgjeve køyreveg til 89 prosent av bruka i 1959 mot 86 prosent i 1949.

English summary.

The agricultural census of 1959 was the sixth separate and complete agricultural census to be held in Norway. The first was made in 1907, and such censuses have subsequently been held at approximately ten-year intervals. Earlier, dating from 1835, agricultural censuses were combined with censuses of population.

The total area of Norway is 324 000 sq.km. Of this 15 000 sq.km. consists of fresh water, so that the land area is 309 000 sq.km.

At the time of the agricultural census of 1959 8,4 mill. decares or 2,7 per cent of the land area was fully cultivated, 1,9 mill. decares or 0,6 per cent consisted of natural meadows and superficially cultivated land. The total area under cultivation was thus 10,3 mill. decares or 3,3 per cent of the land area. This represents 2,9 decares per head of population. The average area of agricultural land (outlying meadows not included) pertaining to all holdings over 5 decares in area, was 50,6 decares in 1959, against 47,0 in 1949.

70,3 mill. decares or 22,8 per cent of the land area is productive forest. One-half of the forest area, 36,6 mill. decares, is the property of the holdings covered by the census. To this must be added timber that is jointly owned, timber that is held in usufruct, etc., so that some two-thirds of the forest area belongs to holdings by right of ownership or usufruct.

The remainder of the land area, 228,8 mill. decares or 73,9 per cent, is mountain, outfields, etc. In some parts of the country outlying pasture and mountain pasture are of considerable importance, approx. 13 per cent of all fodder deriving from such pasture. Apart from this there are vast areas which are of very limited productivity or totally unproductive. Of such land some is naked rock, but there are other areas which could be rendered productive by afforestation or cultivation. Almost one-half of the total land area is above the timberline.

The census of 1959 was on the whole carried out on the same general principles as that of 1949. This time, however, urban and rural areas were treated alike, whereas in 1949 fewer and more summary returns were taken from urban areas than from rural ones.

A census was to be made of all holdings engaged in agriculture, horticulture, nursery gardening, and the raising of livestock, regardless of size. In consequence the census included a large number of units which are not agricultural holdings in the generally accepted sense of the term. This applies *inter alia* to the gardens of private houses which are primarily the residences of people engaged in other occupations, but which nonetheless fall more or less within the scope of this census.

Certain figures, among them those relating to area, fruit trees, bacciferous shrubs, livestock, and machines and implements, were obtained from all

holdings, but from holdings with more than 5 decares of agricultural land a great deal of additional information was requested, including particulars of the holder's age, occupation and vocational training, the labour force, buildings, etc. Moreover, special returns were required from holdings with land under glass, nurseries and large orchards.

The period between the last two agricultural censuses, those of 1949 and 1959, was one of vigorous expansion and reorganisation in many sectors of agriculture. This applies in particular to the structure of holdings, to mechanisation, and to the labour force.

In the 1959 census returns were obtained from a total of 434 000 holdings. 236 000 of these comprised up to 5 decares of agricultural land. In most sectors of agriculture such modest holdings are of minor importance, but they accounted for between 40 and 50 per cent of all fruit trees and bacciferous shrubs in the country.

There were in 1959 198 000 holdings with more than 5 decares of agricultural land, a reduction of approx. 16 000 since 1949. This decrease occurred largely at the expense of holdings of the order of 5,1 to 35 decares. The number of holdings with more than 200 decares of land underwent a slight increase, but despite this there were barely 5 300 holdings of such a size.

The reduction in the number of holdings over 5 decares in area results from the merging of holdings or from the fact that the land concerned has been put to other use or has been allowed to fall into disuse. Investigation revealed that of holdings which possessed more than 5 decares of agricultural land in 1949, 9 600 no longer existed as independent units in 1959 and 10 600 were reduced to less than 5 decares. This means that a total of more than 20 000 holdings over 5 decares had ceased to exist since 1949. At the same time 4 300 new holdings which in 1949 had less than 5 decares of agricultural land or did not exist at all, had made their appearance.

Most of the holdings which had ceased to exist as independent units were small. 16 300 of them had 5,1 to 35 decares of agricultural land in 1949, the average area was 27 decares.

70 per cent of the agricultural land pertaining to these holdings in 1949 had by 1959 been assimilated by other holdings over 5 decares. The remainder had been used for building land, roads, afforestation, etc. or was not in use at all.

The great majority of holdings in Norway are operated by their owners. 87 per cent of holders were the owners of the agricultural land they farmed. 7 per cent rented all of their land. 1 per cent rented between one-half and all of their land, and 5 per cent rented less than one-half of the land they farmed. In 1959 12 per cent of the agricultural land was rented.

The bulk of Norwegian holdings are typical family enterprises, and many holders pursue another occupation besides farming. In 39 per cent of holdings over 5 decares operation of the holding constituted the holder's sole occupation, 23 per cent were the holder's principal occupation, and 38 per cent were operated as a secondary occupation. The corresponding percentages in 1949 were 41, 25, and 34. The smaller a holding, the more usual it is to have an occupation other than the holding.

The commonest occupations outside the holding were building and construction work, fishing, whaling and sealing, and agricultural and forestry work in the service of others. Such holders as operated their holdings as a principal occupation worked an average of 95 days a year off the holding.

Holders who treated the holding as a secondary occupation worked on the average 210 days a year off the holding.

18 per cent of male holders were under 40 years of age in 1959, 55 per cent were from 40 to 59 years of age, and 27 per cent were 60 years of age and over. In 1949 the corresponding figures were 23, 53, and 24. Thus there has been a marked shift towards older holders during this period. This applies particularly to the smaller holdings, in former years, too, holders of small holdings tended to be oldest.

The agricultural labour force (including persons engaged in domestic work) fell by 25 per cent from 1949 to 1959. The decrease was slightly larger in the case of females than in that of males, and was particularly marked in regard to outside help and help from the holder's own family, apart from the actual holder and spouse, if any. In consequence a greater burden of work devolved onto the holder and his or her spouse in 1959 than in 1949. The male labour force, calculated in terms of man-years, was in 1959 divided up as follows (the figures for 1949 are given in parentheses): holder 66 per cent (56), members of the family 21 per cent (29), outside labour 13 per cent (15). The breakdown of female labour was as follows: holder and female spouse 77 per cent (64), members of family 18 per cent (27), outside labour 5 per cent (9).

In the summer of 1958 there was a permanent labour force over 15 years of age (other than the holder and his or her spouse) at 31 per cent of holdings over 5 decares. In 1948 49 per cent employed such labour. Only 7 per cent employed permanent outside labour in 1958, as compared with 12 per cent in 1948.

The total number of persons living on holdings also underwent a sharp decline. In 1949 there were 953 000 persons (adults and children) on the holdings over 5 decares included in the census. In 1959 the figure was 745 000.

A breakdown of the number of persons grouped according to the occupation of the head of the household revealed that in 1960 (Population Census 1960) 15,2 per cent were engaged in agriculture and forestry. In 1950 21,7 per cent were so engaged.

In 1959 there were people who had undergone specialist training (at least 5 months' agricultural, horticultural, or forestry school) at 14 per cent of holdings over 5 decares. At 12 per cent of the holdings there were people who had completed at least 5 months' domestic science training.

The area of open fields and gardens increased from 2,7 mill. decares in 1949 to 3,5 mill. decares in 1959.

The area devoted to grain increased from 1,5 mill. decares in 1949 to 2,2 mill. decares in 1959. This increase was accompanied by a marked change in the kinds of grain grown. The area under barley increased from 0,4 to 1,4 mill. decares, while the area devoted to other kinds of grain underwent a reduction, that under wheat decreased very heavily. Oats were formerly the principal grain crop, but in 1959 barley, with 65 per cent of the entire grain crop, preponderated.

In 1959 grain cultivation was to a greater extent than formerly concentrated in certain specific areas, primarily the eastern part of the country and Trøndelag. In other areas, among them the West, cultivation of grain fell sharply during the decade under review. Moreover, grain cultivation was to a far greater extent than previously concentrated on larger holdings.

During the period concerned agriculture has shown an increasing tendency

towards specialisation. This is clearly apparent from the figures relating to grain cultivation. The number of grain growers fell from 116 000 in 1949 to 82 000 in 1959, this decline took place concurrently with an increase in the average area under grain per grower from 19 to 34 decares.

The area under grain cut green was much less in 1959 than in 1949. There was a slight decrease in the area devoted to potatoes and root crops. The area under outdoor vegetables increased, as did that devoted to vegetables and flowers under glass in nurseries. There were fewer holdings with up to 100 sq.metres under glass in 1959 than in 1949, but more with a larger area under glass.

The number of fruit trees, 5,1 mill., was 33 per cent higher than in 1949. Only 9 300 of a total of 290 000 fruit growers had more than 50 trees, but they accounted for more than one-third of all fruit trees.

There were in all 5,2 mill. bacciferous shrubs (red currants, gooseberries, black currants) in 1959. This was 30 per cent more than in 1949. Of a total of 332 000 berry-growers, 7 600 had more than 50 shrubs.

The area devoted to strawberries and raspberries was less in 1959 than in 1949.

Not counting outfields, the area of meadowland fell from 6,1 mill. decares in 1949 to 5,1 mill. decares in 1959. This reduction is closely bound up with the increase in the area under grain, but there was also a certain amount of meadowland which was not utilised in 1959.

The total area of permanent pasture increased from 1,4 to 1,6 mill. decares. This increase related in particular to superficially cultivated pasture.

In 1959 there were 133 000 holders whose returns included productive forestland. Most of the stands of timber maintained in conjunction with holdings are small, one-quarter was up to 25 decares in extent and one-third between 25 and 100 decares, only about 420 or 0,3 per cent were more than 5 000 decares in area.

There were 35 000 holdings with jointly owned or usufructuary forestland. Two-thirds of these also had stands of timber on the holding.

Returns revealed that 108 000 holdings had an aggregate of 3,6 mill. decares of uncultivated land which could be considered suitable for and worthy of cultivation. Most such cultivable tracts of land were small, only 5 300 holdings having more than 100 decares.

Census returns in 1959 revealed that 20 per cent of the cultivated land required more ditching. From 1949 to 1959 87 000 km of ditches were dug, as compared with 37 000 km in 1939—1949.

There were irrigation plants on 5 300 holdings in 1959. A total of 180 000 decares, or 1,8 per cent of the area under cultivation could be irrigated by means of these installations. In 1949 there were 3 300 such plants.

Crops are relatively heavy in Norway, despite the fact that conditions of growth are not always the most favourable. The average annual barley crop (the crop that may be expected under normal circumstances) was approx. 270 kg per decare in 1959, as against approx. 250 kg in 1949. The average potato crop increased from 2 200 kg in 1949 to 2 340 kg in 1959. The hay crop from meadows on fully cultivated land increased from 530 to 590 kg per decare.

The aggregate mean annual crop of ripe grain, grain cut green, potatoes, root crops and fodder kale, hay and straw was estimated at something in excess of 2 200 mill. fodder units in 1959 compared with a little over 2 000

mill. units in 1949. These figures do not include pastureland. The crop from pastureland (including mountain pastures and other outlying pastures) was estimated at 890 mill. fodder units in 1959, compared with 850 mill. in 1949.

One-quarter of holdings over 5 decares in area ensiled fodder in 1958, as against 17 per cent of holdings in 1948. In terms of finished product, 1,2 mill. cu.metres of silage were ensiled in 1958, as against 0,6 mill. in 1948. In 1948 one-half of the silage was ensiled with a preservative, but in 1958 over three-quarters were so ensiled.

To improve the fodder qualities of straw it has become increasingly common to lye it. In 1959 some 11 000 holdings reported that they had used lyed straw during the last year. The total consumption was 230 000 tons. In terms of dry straw, this represents 10 per cent of the total straw crop in 1958.

The effects of the tremendous technological advances that have been made in agriculture between 1949 and 1959 emerged clearly in the form of increased mechanization.

In 1949 there were barely 10 000 tractors in Norway. In 1959 this figure had risen to almost 56 000, of which more than 10 000 were two-wheeled vehicles. In 1949 there were 1 075 decares of agricultural land to every tractor, and in 1959 only 185 decares. Whereas in 1949 only every twentieth holding over 5 decares had a tractor, in 1959 every fourth holding had one. But these tractors were utilized by far more holdings than those which actually owned them: in 1959 tractors were employed to a greater or lesser extent on 155 000 or 78 per cent of holdings over 5 decares, in addition, they were used on many holdings of under 5 decares.

The number of combine harvesters increased from just over 100 in 1949 to nearly 5 000 in 1959.

The number of milking machines increased from just over 6 000 in 1949 to slightly below 40 000 in 1959, despite the fact that the number of holdings with milch cows underwent a reduction of 25 per cent.

The figures for livestock reveal that between 1949 and 1959 there was a marked trend towards fewer, but larger herds. During the same period the yield per beast increased.

The number of horses fell from 198 000 in 1949 to 117 000 in 1959, the tractor having in large measure superseded the horse for farmwork. In 1949 there were horses on 61 per cent of holdings over 5 decares and in 1959 on 48 per cent. Breeding of horses has been on a small scale, with the consequence that in 1959 there were few young horses, but many old ones. No less than 32 per cent of horses were 17 years of age and above, compared with 10 per cent in 1949. Moreover, more than 40 per cent were aged between 11 and 16 years. With this age-structure there are bound to be a decreasing number of horses for many years to come, even if a drive is made to encourage breeding.

There were 10 per cent less cattle in 1959 than in 1949. Milch cows suffered a reduction of 22 per cent, falling in number from 770 000 to a bare 600 000. Despite the sharp decline in the number of cows, the total milk production remained the same, as the annual yield of milk per cow increased during the period under review from a bare 2 100 kg to 2 700 kg. The number of holdings with herds of milch cows fell from more than 200 000 to 150 000. Herds were small, only 660 holdings having more than 20 cows in 1959. On holdings where herds were kept the average number of cows was 4.

The number of sheep, 1,8 mill., was 4 per cent higher than in 1949. The number of holdings with flocks of sheep fell from 150 000 to 109 000, but the average size of flock increased from 11,5 to 16,5 animals.

The number of goats fell by 31 per cent in the ten-year period concerned and was in 1959 a little over 100 000. At the same time there was an increase in the annual milk yield per goat from 210 to 300 kg, so that the overall production of goat's milk was the same as in 1949. The number of holdings where goats were kept, fell from just over 19 000 to 7 000. The average number of goats per herd increased from 7,6 to 14,1.

In 1959 the number of pigs was 475 000, which was a good 13 per cent more than in 1949. The number of holdings on which pigs were kept, fell from 152 000 to 102 000, while the average number of pigs per holding increased from 2,8 to 4,6.

In 1959 there were something in excess of 3 mill. fully grown hens in Norway. This was 18 per cent less than in 1949. The number of holdings where hens were kept, fell from 177 000 to 101 000, but the average number of birds per holding increased from 20 to 30. There were 5 200 holdings with more than 100 birds, but only 240 had more than 500.

The number of fur farms fell from a good 7 100 in 1949 to 2 500 in 1959. In 1949 there was an average of 39 animals per farm, in 1959 the figure was 358. In 1939 there were more than 20 000 fur farms. Before the war the silver fox was the commonest animal raised, but in 1949 breeders had turned their attention to mink, and in 1959 mink predominated. There were 75 000 foxes in 1959, most of them blue foxes, and about 800 000 mink.

Between 1949 and 1959 the total annual production of meat rose from 54 000 to 70 000 tons, that of pork from 43 000 to 53 000 tons, egg production from 27 000 to 32 000 tons, and production of goat's milk from 21 000 to 22 000 tons. The production of cow's milk was 1 575 000 tons in 1959, compared with 1 610 000 in 1949.

In the census of 1959 respondents were asked whether their holdings sold (regularly or occasionally) cereals, potatoes, hay, vegetables, fruit, garden berries, milk, butter, meat, pork, eggs, wool, timber and firewood. 81 per cent of holdings over 5 decares in extent engaged in regular sale of one or more of these products, 10 per cent sold them only occasionally, and 9 per cent did no selling at all. Meat and milk were the most commonly sold products.

According to the overall figures compiled by the Agricultural Budget Commission total earnings in agriculture during the working-year 1958—1959 amounted to 2 658 mill. kroner. The total expenditure was 1 308 mill. kroner.

The total floor area of farm buildings (exclusive of dwelling houses) was reported as being 36 mill. sq. metres in 1959. 28 per cent thereof related to buildings erected prior to 1900 and 23 per cent to buildings erected since 1940. In the case of 30 per cent of holdings over 5 decares it was stated that the farm buildings needed considerable extension or major repairs. 27 per cent of holdings were reported to be in need of new farm buildings.

74 per cent of holdings had cellars for fertilizer or covered storage space for fertilizer, and 22 per cent had urinariums. There were automatic drinking vessels in the cowsheds at 41 per cent of holdings.

35 per cent of farmhouses (the main building) had been erected prior to 1900 and 21 per cent since 1940. At 25 per cent of holdings the farmhouse required considerable extension or major repairs, and 12 per cent of holdings needed new farmhouses.

The 1959 census returns revealed that there were bathrooms at 18 per cent of holdings over 5 decares. 53 per cent had washing machines, 14 per cent refrigerators, 6 per cent food mixers, and 33 per cent vacuum cleaners. 51 per cent used a deep freezer of their own, or rented one.

62 per cent of holdings were reported having a road trafficable for motor vehicles throughout the year, while 21 per cent had roads open for motor vehicles traffic only in summer. Altogether there were roads suitable for vehicular traffic leading to 89 per cent of holdings in 1959, compared with 86 per cent in 1949.

Noregs offisielle statistikk, rekkje A

Norway's Official Statistics, series A

Rekkje A

Stensilert 1963

- Nr. 72 Forretningsbanker, statsbanker, kredittforeninger o.l. og livsforsikringsselskaper 1962 *Commercial banks, state banks, loan associations etc. and lifeinsurance companies*
- 73 Norske sparebanker 1962 *Norwegian savings banks*
- 74 Markedstall Fiskeritellingen 1960 *Market data Fishery census*
- 75 Sivilrettsstatistikk 1962 *Civil law statistics*
- 76 Undervisningsstatistikk 1962—63 I Folke- og framhaldsskoler *Educational statistics I Primary and continuation schools*
- 77 Lønnsstatistikk for funksjonærer i bankvirksomhet pr. 30. april 1963 *Salaries of bank employees*
- 78 Undervisningsstatistikk 1962—63 II Folkehøgskoler *Educational statistics II Folk high schools*
- 79 Veitrafikkulykker 1962 *Road traffic accidents*
- 80 Kriminalstatistikk 1962 I Forbrytelser etterforsket av politiet *Criminal statistics I Crimes investigated by the police*

Statistisk Sentralbyrå gjev dessutan ut skriftserien Samfunnsøkonomiske studier (SØS). I denne serien gjev ein ut resultatane av etterrøknader som ikkje er av rein statistisk karakter, m. a. historiske og analytiske studiar, utført ved Byråets forskningsavdeling. *The Central Bureau of Statistics also publishes the series «Samfunnsøkonomiske studier» (SØS). This series contains reports on investigations of not merely statistical character, such as historical and analytical studies, carried out at the Research Department of the Central Bureau of Statistics.*

Stuttare utgreingar vert gjevne i serien «Artikler» *Shorter reports in the series «Artikler».*

Statistisk Sentralbyrå gjev ut desse periodiske hefta: *The Central Bureau of Statistics publishes the following periodical bulletins:*

Statistisk månedshefte *Monthly bulletin of statistics.*

Månedssstatistikk over utenrikshandelen *Monthly bulletin of external trade.*

Statistisk ukehefte *Weekly bulletin of statistics.*

Ein kan teikna abonnement i Statistisk Sentralbyrå. For Statistisk månedshefte er prisen pr. år kr. 20,00, pr. nr. kr. 2,00. Prisen pr. år for Månedssstatistikk over utenrikshandelen er kr. 25,00, pr. nr. kr. 2,50. For Statistisk ukehefte er prisen pr. år kr. 30,00, pr. nr. kr. 0,75. *For subscription of the bulletins please write to the Central Bureau of Statistics, Oslo.*

Publikasjonen kjem ut i kommisjon hos
H. Aschehoug & Co., Oslo, og er til sals hos alle bokhandlarar.
Pris kr. 8,00.

REKLAMETRYKK A.S. • BERGEN